

Kjersti Rongen Breivega
Vitskaplege argumentasjonsstrategiar

© Kjersti Rongen Breivega 2003

Trykk: Lobo Media AS
Omslagsdesign: Aud Gloppen

ISSN 1502-6000
ISBN 82-90954-23-9

Utgitt av Norsk sakprosa i samarbeid med
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF)
Utgivelsen er finansiert av NFF

Norsk Sakprosa
INL
Postboks 1013 Blindern
0315 Oslo

Tlf: (+47) 22 85 67 11
Faks: (+47) 22 85 71 00
E-post: norsk-sakprosa@inl.uio.no
Internett: www.hf.uio.no/inl/sakprosa

FØREORD

Ein spore til innsats under arbeidet med denne avhandlinga har heile tida vore ein grunnleggjande kjærleik til den skrivne *teksten*. Dei første eg vil takke når avhandlinga no kjem ut i bokform, er dei medisinarane, historikarane og språkvitarane som har gjeve sine faglege kunnskapar eit *tekstleg uttrykk* som eg har kunna bruke som eit analysemateriale for å finne svar på dei forskingsspørsmåla eg har vore oppteken av.

Gjennomføringa av eit doktorgradsprosjekt er avhengig av gode faglege og personlege nettverk, og eg har vore heldig fordi eg i rik mon har kunna nyte godt av begge typar. I det faglege nettverket mitt har hovudrettleiaren min, professor Kjersti Fløttum, vore det sentrale ankerfestet. Kjersti har gjennom alle dei ulike stadia av forskingsprosessen vist genuin interesse for idear og tekstutkast og gjeve både rask, relevant og grundig respons. Eg har aust av Kjers-tis generelle tekstlingvistiske kompetanse og ikkje minst sett pris på den brubyggjarfunksjonen ho har hatt for meg i høve til fransk (tekst)lingvistikk. Siderettleiaren min, førsteamanuensis Øivin Andersen, har gjennom heile forskingsprosessen gjeve nyttig “input” i høve til både tekstlingvistiske, allmennlingvistiske og vitskapsteoretiske problemstillingar. Det har òg vore inspirerande å få delta i nettverka “Nordiska språken som vetenskapsspråk” (leidd av professor Christer Laurén, Vasa Universitet, Finland) og “Prosjekt-miljøet Norsk sakprosa” (leidd av professor Kjell Lars Berge, UiO). Det er også takka vere dette sistnemnde prosjektmiljøet at avhand-linga no kjem ut som bok.

Det er elles mange som direkte eller indirekte har hatt noko å seie for ferdigstillinga av avhandlinga. Eg takkar vener og kollegaer for generell moralsk støtte. Ein særleg takk går til Ola Breivega, Kai Innselset, Thana Rongen og John-Erik Ågotnes for hjelp av uvurderleg karakter.

Til slutt vil eg takke for all støtte og omtanke frå dei som står meg nærast: mor, far, Ane, Titta, Sandra og Kjell, og sist, men ikkje minst, Malini, som har vist eksemplarisk tolsemnd og empati overfor ei tidvis anten fråverande eller stressa stipendiatmor.

Kjersti Rongen Breivega

INNHALD

1 INNLEIING	11
1.1 Kvifor studere vitskapsspråk?.....	11
1.2 Humanistisk versus naturvitskapleg skrivestil.....	12
1.3 Den vitskaplege teksten som argumentasjon	13
1.4 Superstrukturomgrepet: ein førebels presentasjon.....	14
1.5 Problemstillingar, grunnleggjande hypotesar og mål: ei oppsummering.....	18
1.6 Oppbygginga av avhandlinga	23
2 DEN VITSKAPLEGE ARTIKKELEN – Forståingsrammer, tidlegare forskning og hypotesedanning	25
2.0 Innleiing.....	25
2.1 Perspektiv og nøkkelomgrep	26
2.1.1 Vitskapsspråket: antidemokratiske, tause tekstnormer?	26
2.1.2 Ei sentral referanseramme: tekstformatet IMROD	29
2.1.3 Den vitskaplege artikkelen i historisk perspektiv	32
2.1.4 Den vitskaplege artikkelen som fagtekst	34
2.2 Tidlegare forskning på den vitskaplege artikkelen: eit oversyn	37
2.2.1 Standardisering, konsentrasjon og komprimering	38
2.2.2 Forfattarnærvære og argumentasjon	42
2.2.3 Strukturell todeling av IMROD-artiklar?.....	46
2.2.4 Humanistisk diskurspraksis	47
2.3 Oppsummering og implikasjonar.....	51
2.3.1 Hypotesedanning på grunnlag av tidlegare tekstforskning.....	51
2.3.2 Legitimering av superstruktur som analytisk verktøy	54
2.3.3 Kva rolle skal IMROD ha?	56
2.3.4 Samanhengshypotesen.....	57
2.3.4.1 Formulerte samanhengshypotesar.....	57
2.3.4.2 Ein vitskapsteoretisk overbygnad	60

3 PRESENTASJON AV MATERIALET	65
3.0 Innleiing.....	65
3.1 Utvalskriterium for det totale artikkelmaterialet.....	66
3.1.1 Om val av artikkelsjangeren	66
3.1.2 Om val av norskspråkleg materiale.....	67
3.1.3 Om val av fagområde.....	67
3.1.3.1 Medisin	68
3.1.3.2 Historie	70
3.1.3.3 Språkvitskap	72
3.1.3.4 Oppsummering.....	73
3.1.4 Om val av tidsskrift.....	74
3.1.5 Om selekteringa	75
3.2 Presentasjon av det totale artikkelmaterialet.....	76
3.2.1 Omfang, forfattarskap og forfattarrettleiingar	76
3.2.2 Bruken av IMROD.....	77
3.2.3 Faglege klassifiseringar av artiklane.....	78
3.2.3.1 Representerte emneområde.....	79
3.2.3.2 Empirisk, eksperimentell eller teoretisk forskings- dokumentasjon?.....	81
3.2.4 Utval og presentasjon av analysematerialet for denne studien	84
4 SUPERSTRUKTUROMGREPET - Framlegg til tekstteoretisk situering.....	87
4.0 Innleiing.....	87
4.1 Tekstteoretisk basis.....	88
4.1.1 Grunnleggjande språk- og tekstsyn.....	88
4.1.2 Tekstomgrepet i tekstlingvistikken	92
4.1.2.1 Kohesjon og koherens	92
4.1.2.2 Kontekst og kommunikasjon	94
4.1.3 Teksttypologiske nøkkelomgrep.....	97
4.1.3.1 Klassifikasjonsgrunnlag og klassifikasjonsmodellar	97
4.1.3.2 Tekstinterne og teksteksterne kriterium	100
4.1.3.3 Teksttype	102
4.1.3.4 Sjanger.....	108
4.1.3.5 Diskurs.....	111

4.1.3.6 Register.....	112
4.2 Superstrukturomgrepet: dei mest sentrale bidraga.....	113
4.2.1 Van Dijks superstrukturomgrep.....	114
4.2.1.1 Superstruktur versus makrostruktur.....	115
4.2.1.2 Superstrukturskjema.....	116
4.2.1.3 Metodisk og ontologisk status.....	118
4.2.2 Hoeys PL-mønster.....	120
4.2.2.1 Ontologisk status.....	121
4.2.2.2 Analytisk tilnærming.....	124
4.2.2.3 Revurdering av ontologisk status.....	130
4.2.3 Tirkkonen-Condits argumenterende PL-struktur.....	132
4.2.3.1 Ontologisk status.....	132
4.2.3.2 Analytisk tilnærming.....	136
4.2.4 Adams prototypiske sekvens.....	141
4.2.4.1 Ontologisk status.....	142
4.2.4.2 Sekvenstypar.....	150
4.2.4.3 Analytisk tilnærming.....	157
4.2.5 Oppsummering.....	159
4.3 Superstrukturomgrepet: framlegg til avklaring.....	162
4.3.1 Grunnleggjande forståing.....	163
4.3.2 PL-modellen og dynamiske framstillingsformer.....	164
4.3.3 Argumenterende og narrative superstrukturar.....	168
4.3.3.1 Val av modellar.....	168
4.3.3.2 Karakteristika ved argumentativen og narrativen.....	173
4.3.4 Statiske eller deskriptive superstrukturar.....	175
4.3.5 Oppsummering.....	180
4.3.5.1 Modellar og framstillingsformer.....	180
4.3.5.2 Distribusjon av superstrukturar.....	182
4.3.5.3 Tekstteoretisk situering av superstruktur.....	183
4.3.6 Reformulering av hypotesar.....	186
5 METODIKK OG LINGVISTISK FORANKRING.....	188
5.0 Innleiing.....	188
5.1 Referent- og setningskopling.....	191
5.1.1 Nokre presiseringar.....	191
5.1.2 Referanse og proposisjonelt innhald.....	193

5.2 Enonsiative spor.....	195
5.2.1 Førstepersonspronomen	197
5.2.2 Metatekstuelle innslag	199
5.2.3 Litteraturreferansar	200
5.2.4 Kvalifiseringar	202
5.2.4.1 Modalitetsomgrepet	204
5.2.4.2 Språkleg realisering av epistemisk og deontisk modalitet på norsk	205
5.2.4.3 Epistemiske kvalifiseringar	208
5.2.4.4 Evaluative kvalifiseringar.....	212
5.2.5 Oppsummering	216
5.3 Temporalitet.....	217
5.3.1 Temporal tekstorganisering	218
5.3.2 Tempus	218
5.4 Kausalitet	220
6 SUPERSTRUKTURELLE KONFIGURASJONAR.....	223
6.0 Innleiing.....	223
6.1 To medisinske artiklar: MED1 og MED5.....	225
6.1.1 Analyse av MED1.....	226
6.1.1.1 Innleiinga i MED1	226
6.1.1.2 Metodeavsnittet	235
6.1.1.3 Resultatavsnittet	243
6.1.1.4 Diskusjonsavsnittet.....	248
6.1.1.5 Den superstrukturelle konfigurasjonen i MED1.....	254
6.1.2 Analyse av MED5.....	260
6.1.2.1 PL-strukturar	261
6.1.2.2 Deskriptive strukturar.....	265
6.1.2.3 Den superstrukturelle konfigurasjonen i MED5.....	266
6.1.3 Oppsummering: MED1 og MED5.....	269
6.2 To historiske artiklar: HIS4 og HIS6	270
6.2.1 «Bottom-up»-tilnærming til det historiske materialet.....	271
6.2.1.1 Enonsiative spor	273
6.2.1.2 Tempus	275
6.2.2 Dei superstrukturelle konfigurasjonane i HIS4 og HIS6	277
6.2.2.1 PL-strukturar	282

6.2.2.2 Narrative strukturar	288
6.2.3 Oppsummering: HIS4 og HIS6.....	295
6.3 To språkvitskaplege artiklar: LING1 og LING6	296
6.3.1 Analyse av LING1	298
6.3.1.1 Ei kompleks innleiing.....	299
6.3.1.2 Den superstrukturelle konfigurasjonen i LING1	301
6.3.2 Analyse av LING6	306
6.3.2.1 Innleiinga	306
6.3.2.2 Metodeavsnittet.....	308
6.3.2.3 Resultatavsnittet.....	310
6.3.2.4 Diskusjonsavsnittet	310
6.3.2.5 Den superstrukturelle konfigurasjonen i LING6	311
6.3.2.6 Enonsiative tekstprofilar: ei jamføring av MED1, MED5 og LING6	313
6.3.3 Oppsummering: LING1 og LING6	314
6.4 Jamføring av analyseresultat og hypotesar	315
7 SLUTTDISKUSJON	317
7.0 Innleiing.....	317
7.1 Superstrukturomgrepet.....	317
7.1.1 Teoretiske konklusjonar.....	318
7.1.2 Metodiske problemstillingar	321
7.2 Empiriske konklusjonar	323
7.2.1 Den humanistiske artikkelen på fagområda historie og språkvitskap.....	324
7.2.2 Den naturvitskaplege artikkelen på fagområdet medisin....	328
7.2.3 Jamføring med samanhengshypotesen.....	332
7.3 Framlegg til vidare forskning	334
REFERANSAR	337
APPENDIKS 1:	353
APPENDIKS 2:	357

1 INNLEIING

1.1 *Kvifor studere vitenskapsspråk?*

Emnet for denne avhandlninga er *tekstopppbygginga* – med vekt på argumentasjonen – i eit utval *vitskaplege artiklar* frå fagområda medisn, historie og språkvitskap. Tilnærminga vil vere komparativ: Kva skilnader kan påvisast med omsyn til tekstopppbygginga i respektive medisinske, historiske og språkvitskaplege artiklar?

Den akademiske skriftkulturen har dei siste åra vorte eit populært studieobjekt i internasjonal tekstforskning både innan litteraturvitskap, tekstlingvistikk og diskursanalyse, men det er til no utført få studiar med utgangspunkt i norskspråkleg materiale. Ein viktig motivasjon for dette prosjektet har såleis vore å bøte på denne mangelen på kunnskap om *norsk* vitenskapsspråk.

Å forske på akademisk språkbruk kan i verste fall oppfattast som eit døme på kor livsfjerne problemstillingar og emne akademikarar interesserer seg for. Skal ikkje vitskapen halde seg til røynda og levere «resultat» som sikrar allmenta t.d. betre helse eller ei auka forståing av krigsutbrotet i 1940? Det får vere grenser for akademisk sjølvdyrking!

Slike motførestellingar byggjer nok på eit altfor enkelt syn på kva type aktivitet vitskap er, og dei tildekkjer i høgste grad at all vitskap må formidlast via språk, som regel i form av lengre tekstar. Vitskaplege teoriar, modellar og data er like fanga i språket som all anna menneskeleg røynsle er det. Og fordi den akademiske skriftkulturen er ein så mektig premissleverandør for den sjølvforståinga ein kultur har, blir det ei legitim oppgåve å studere tekstnormene i denne skriftkulturen. Litteraturvitaren Flyum formulerer dette slik:

Det kan være uheldig å se bort fra at vitenskap er en skrivekunst, fordi vitenskapslitteraturen er den viktigste litteraturen i vår tid, både som «innhold og som «form»: den er ikke bare viktig fordi den leverer samfunnet velprøvde argumenter – såkalte vitenskapelige sannheter – men vel så mye fordi vitenskapene er med på å levere premissene for hvordan den politiske

og offentlige litteraturen lages. Når en sak blir viktig nok, hentes ofte sterke bevisformer og metoder fra vitenskapslitteraturen, fordi den vitenskapelige teksten gjennom århundrene har oppnådd en større troverdighet enn de fleste andre sjangre. (Flyum 1996: 148)

1.2 Humanistisk versus naturvitenskapleg skrivestil

Når vitenskaplege tekstar er interessante forskingsobjekt, kjem dette også av at storleiken akademisk diskurs i seg sjølv er kompleks. Om ein arbeider komparativt, det vere seg i eit diakront eller synkront perspektiv, vil det raskt syne seg at termen akademisk diskurspraksis på ingen måte refererer til eit homogent omgrep. Især om ein går inn på nivået naturvitenskapleg versus humanistisk diskurs og tek utgangspunkt i artikkelsjangeren, vil ganske iaugefallande skilnader i skrivepraksis kome til syne.¹

Vitenskaplege artiklar frå humanistiske fagområde representerer eit mykje meir *heterogent* tekstmateriale enn naturvitenskaplege artiklar. Dette heng m.a. saman med at naturvitenskaplege artiklar normalt er disponerte i samsvar med eit standardisert tekstformat (IMROD, sjå 2.1.2 nedanfor), medan humanistiske artiklar langt sjeldnare følgjer dette tekstformatet. Personleg *stil* vil ofte bli rekna som ein styrke for ein humanist, men er neppe noko naturvitenskaplege artikkelforfattarar blir oppmuntra til å utvikle. Som eit utgangspunkt kan skilnadene mellom humanistisk og naturvitenskapleg artikkelproduksjon karakteriserast med stikkorda idiosynkrasi versus standardisering.² Desse skilnadene er såpass openberre at både akademikarar og «folk flest» har intuitive eller førvitenskaplege førestellingar om dei – og det kanskje i ein slik grad at vi kan operere med ein hypotese om at dette er to ulike skriftkulturar som formidlar forskingsdokumentasjonen sin ved hjelp av ulike *sjangrar*.

¹ Samfunnsvitenskap er ofte rekna som den tredje store vitenskaplege tradisjonen ved sida av naturvitenskap og humaniora. Denne studien avgrensar seg til naturvitenskap og humaniora, men eg vil presisere at eg opererer med eit vidt humanioraomgrep, og at overtermen kulturfag ofte kan erstatte humanistiske fag i denne framstillinga.

² Sjå Breivega 2000.

1.3 Den vitskaplege teksten som argumentasjon

Den meir heterogene og personlege framstillingsforma i humanistisk diskurspraksis fører til at ein lettare får auge på sider ved nettopp framstillingsforma i humanistiske fagtekstar enn det ein gjer i møte med den meir standardiserte naturvitskaplege diskurspraksisen:

In special texts within the humanities we can observe the very common use of persuasive means of textualisation. This suggests, for example, that various rhetorical and stylistic means are used and *the way of speaking and arguing itself becomes more important than in texts within the technologies and the sciences*. (Schröder 1991: 16, mi kursivering)

Schröder legg her klart til grunn at framstillingsforma er viktigare i humanistiske fagtekstar enn i naturvitskaplege, og ser ut til å meine at desse tekstane i større grad enn dei naturvitskaplege er prega av argumentasjon og «retoriske grep». Dette er truleg ei oppfatning mange vil dele. Synspunktet er forståeleg på bakgrunn av det meir forfattaravhengige uttrykket humanistiske fagtekstar synest å ha, men det er likefullt antiretorisk og dermed uheldig. Ein viktig premiss i dette prosjektet er at *all* vitskapleg dokumentasjon i form av tekstar – dei vere seg naturvitskaplege eller humanistiske – nødvendigvis er retoriske konstruksjonar. Meir presist er det ein grunnleggjande hypotese her at alle vitskaplege tekstar er argumenterande i ein eller annan forstand. Ved sida av å referere og gjere greie for data, metodar og resultat på sakleg og vitskapleg stringent vis vil både naturvitarar og humanistar også legitimere val, argumentere for tolkingsalternativ og posisjonere seg i høve til andre forskarar. Spissformulert kan vi seie at vitskaplege tekstar ikkje formidlar vitskaplege «sanningar»: Dei forhandlar om dei. Når humanistiske og naturvitskaplege fagtekstar er ulike, handlar ikkje dette om at dei førstnemnde er argumenterande og dei andre ikkje, men om at det blir teke i bruk *ulike argumentasjonsstrategiar* i humanistiske og naturvitskaplege fagtekstar

Det er altså på dette grunnlaget at skilnadene mellom naturvitskapleg og humanistisk diskurspraksis vil bli granska i denne av-

handlinga. Det vil her skje via ein komparasjon av *artiklar* frå dei tre fagområda *medisin*, *historie* og *språkvitskap*. Bakgrunnen for utvalet av nett desse tre fagområda kjem eg attende til under presentasjonen av materialet i kapittel 3.

Korleis granskar ein så argumentasjonsstrategiar? Ulike tilnærmingar til argumentasjon finn vi t.d. i klassisk retorikk og nyretorikk, i teoriar med utgangspunkt i logikk og i Anscombres og Ducrots radikale argumentasjonsteori, for å nemne nokre sentrale rammeverk.³ Om vi vender attende til Schröder 1991, som vart sitert ovanfor, vil vi sjå at han ved sida av å hevde at humanistiske tekstar er meir retoriske og argumenterande enn naturvitskaplege, også knyter skilnadene mellom desse fagtekstane til ulike tekststrategiske val som det å *beskrive*, *fortelje*, *argumentere* og *evaluere*:

Remembering that special communication includes, besides the technical and natural sciences, also the humanities, we have to acknowledge that special communication is not restricted to *descriptive* and *narrative text types* but consists of *argumentative* and *evaluative text types* as well. (Schröder 1991: 16, mine kursiveringar)

Det er nettopp denne typen tekstlege framstillingsformer som vil vere analyseobjektet her, med teoretisk og metodisk utgangspunkt i den tekstlingvistiske storleiken ‘superstruktur’. Kvifor og korleis dette tekstomgrepet kan vere ein tenleg reiskap for å seie noko om argumentasjonsstrategiar, skal eg kome attende til etter ein nærare presentasjon av det.

1.4 Superstrukturomgrepet: ein førebels presentasjon

Med termen superstruktur refererer eg til eit overordna, *funksjonelt* nivå i tekstar eller meir konkret korleis delar av ein tekst oppfyller ein viss funksjon i teksten eller tekstpartiet som heilskap. Sjølv termene stammar frå van Dijk, som definerte omgrepet slik: «the schematic form that organizes the global meaning of a text» (van Dijk 1980:108). Andre studiar som inneheld meir utbygde framlegg

³ For eit godt oversyn viser eg til Eemeren, Grootendorst og Henkemans 1996.

til denne typen funksjonelle tekstmodellar (utan at det nødvendigvis er referert til storleiken som superstruktur eller i særleg grad er bygd på van Dijks arbeid), er Hoey 1983, Tirkkonen-Condit 1985 og Adam 1992. Desse fire arbeida kjem alle til å stå sentralt i tilnærminga til superstrukturomgrepet her.

Figur 1 nedanfor viser døme på nokre superstrukturskjema det er gjort framlegg om innan denne forskningstradisjonen:

van Dijk 1980	Adam 1992	Adam 1992	Hoey 1983
<u>Narrativt</u>	<u>Deskriptivt</u>	<u>Eksplikativt</u>	<u>Problem-Løysing</u>
ORIENTERING	TEMA	SITUASJON	SITUASJON
KOMPLIKASJON	ASPEKTUALISERING	PROBLEM	PROBLEM
RESOLUSJON	RELASJONSDANNING	EKSPLIKASJON	LØYSING
KODA	TEMATISERING	KONKLUSJON	EVALUERING

Figur 1: Døme på superstrukturskjema⁴

Vi ser at desse modellane gjev att ein tekstsyklus i fleire fasar; desse fasane vil eg referere til som *komponentar* (t.d. Problemkomponenten). To konstruerte døme eksemplifiserer her korleis minimale realiseringar av slike komponentstrukturar kan ta seg ut:

	NARRATIV
ORIENTERING	I går kveld kørde eg heimover i 18-tida.
KOMPLIKASJON	Brått kom ei ku springande midt i vegen.
RESOLUSJON	Eg stod på bremsene og unngjekk så vidt ein samanstøyt.
KODA	I morgon skal eg ta bussen.
	PROBLEM-LØYSING
SITUASJON	I Noreg har vi sjølvbestemt abort.
PROBLEM	Dette fører til 16 000 fosterdrap i året.
LØYSING	Abortlova må avskaffast straks!
EVALUERING	Berre dette ville vere ein rettsstat verdig.

Figur 2: To minimale realiseringar

Vi ser vidare av figur 1 at tre av framlegga til superstrukturskjema reflekterer narrative, deskriptive og eksplikative tekstlege framstillingsformer. Desse framstillingsformene blir – ved sida av argu-

⁴ Det narrative skjemaet til van Dijk er av framstillingstekniske årsaker noko forenkla (sjå 4.2.1.2). Omsetjingane av engelsk og fransk terminologi er ved meg.

mentativen og instruktiven – rekna som teksttypar innanfor den teksttypologiske tradisjonen (jf. t.d. Werlich 1976).⁵ Det er faktisk gjort framlegg om superstrukturar for alle desse teksttypane, og i eitt av dei arbeida eg vil byggje på her – Adam 1992 – er det fullt samanfall mellom teksttypeomgrepet og superstrukturomgrepet.⁶ Men samstundes eksisterer det framlegg til skjema som ikkje er knytte til teksttypologisering. Det viktigaste av desse er «problem-løysing»-skjemaet (frå no: PL-skjemaet) i tradisjonen etter Hoey 1983; eit meir fleksibelt skjema som har vorte brukt både på narrative, argumenterande og eksplikative tekstar. Om ein legg denne modellen til grunn, blir superstrukturen ein autonom storleik i høve til teksttypen.

Korleis superstrukturomgrepet plasserer seg i høve til teksttypeomgrepet, er dermed eit viktig grunnlagsspørsmål som det må takast stilling til. Men anten ein vel å sjå superstruktur og teksttype som samanfallande eller autonome omgrep, vil superstrukturanaly-sar kunne fange opp teksttypologisk variasjon, og det er tenleg i dette prosjektet. Andre grunnlagsspørsmål, som eg også vil kome tilbake til, er korleis superstruktur plasserer seg i høve til tekstom-grep som *sjanger* og *diskurs*.

Viktigare i denne første presentasjonen av superstruktur er det å få fram korleis denne typen tekstmodellar kan ha relevans for ana-lysar av vitskaplege artiklar. Den typen minimale realiseringar som vi ser i figur 2 ovanfor, har lite til felles med akademisk prosa, og det kan sikkert vere vanskeleg å sjå føre seg korleis så komplekse tekstar som vitskaplege artiklar skal kunne analyserast ved hjelp av fire rudimentære komponentar.

Ein sentral føresetnad her er at faktiske tekstar sjeldan er ende-framme realiseringar av eitt superstrukturskjema, slik vi såg i døma ovanfor. Slike minimale realiseringar, som av Tirkkonen-Condit

⁵ Werlichs taksonomi, som er eitt av fleire framlegg til typologisering, omfattar narrativen, argumentativen, deskriptiven, eksposisjonen og instruktiven. For ytterlegare presiseringar og diskusjon av dette tekstomgrepet, sjå 4.1.3.3 nedanfor.

⁶ Adam omtaler rett nok ikkje sjølv dei funksjonelle tekstmodellane han opererer med som superstrukturar. Sjå 4.2.4.1 nedanfor.

(1985: 26) blir omtalte som *minitekstar* og av Adam (1992: 30) som *prototypiske sekvensar*, kan i lengre tekstar bli gjentekne fleire gonger i rekursive syklusar (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 36-38). Omgrepet superstruktur skal såleis ikkje plasserast på heiltekstnivå, men på *deltekstnivå* (jf. Frandsen 1995: 38).

Vidare vil ein ofte kunne observere ein *hierarkisk* ordna superstruktur, dvs. at ein passasje i teksten som på det øvste nivået i teksthierarkiet fungerer som ein gjeven komponent, på eit underordna plan kan brytast ned i nye minimale realiseringar. Tirkkonen-Condits analysar, der PL-modellen ligg til grunn, viser mange døme på dette, t.d. i form av at ein passasje i teksten som på det overordna planet er ein problemkomponent, på det underordna planet kan innehalde nye realiseringar av PL-skjemaet (sjå analysar hos Tirkkonen-Condit 1985, t.d.: 237-242).

Når eg ovanfor presiserte at faktiske tekstar sjeldan er ende- framme realiseringar av eitt superstrukturskjema, sikta eg ikkje berre til at éin struktur kan distribuerast fleire gonger i éin og same tekst både *horisontalt* (lineært) og *vertikalt* (hierarkisk). Eg la òg til grunn at tekstar er grunnleggjande *heterogene*, i den forstand at dei kan innehalde realiseringar av både t.d. argumenterande, narrative og deskriptive strukturar. Dei fleste tekstar er prega av eit *samspel* av ulike framstillingsformer. Hos Adam står denne typen heterogenitet sentralt (sjå t.d. Adam 1992: 16). Når *ulike* superstrukturar interagerer, kan dette òg skje både horisontalt (lineær distribusjon) og vertikalt (hierarkisk distribusjon): horisontalt ved at ulike minimale realiseringar, t.d. ein argumentativ og ein narrativ struktur, følgjer etter kvarandre i teksten; vertikalt ved at ein komponent som på det overordna planet er t.d. ein Situasjonskomponent i ein PL- struktur, på det underordna planet kan innehalde realiseringar av eit narrativt skjema.

Minimale realiseringar av éin eller fleire ulike superstrukturar kan altså distribuerast fleire gonger – horisontalt og vertikalt – i éin og same tekst. Slike samanstillingar av superstrukturar vil eg omtale som konfigurasjonar.

Det er slike *konfigurasjonar av superstrukturar* i eit utval vitenskaplege artiklar denne avhandlinga vil prøve å beskrive. Argumenterende superstrukturar kjem til å få mest merksemd, men andre tekstorganiseringsprinsipp vil også bli kartlagde. Denne målsetnaden kan kanskje meir stå fram som eit ønske om ei generell beskriving av tekstopppbygginga og ikkje av argumentasjonen per se. I høve til det overordna målet om å beskrive *argumentasjonsstrategiar* kan dermed denne målsetnaden verke upresis. Etter mitt syn er det ikkje grunn til slik bekymring:

Når superstrukturomgrepet her er valt som metodisk verktøy, er det ikkje minst fordi dette tekstomgrepet – slik Adam forstår det, og slik det vil bli forstått her – i så stor grad kan synleggjere *tekstleg heterogenitet*. Tekstar er ikkje anten argumenterende eller narrative; ulike superstrukturar vil som regel interagere, og dette samspelet kan i seg sjølv fungere som ein argumentasjonsstrategi. Om ein avgrensa analysen av argumentasjon til ein studie av realiseringar av argumenterende superstrukturar, ville ein nettopp miste dette samspelet av syne. Eg vil altså skilje mellom det *argumenterende* som struktur eller form og *argumentasjon* som funksjon.⁷

1.5 Problemstillingar, grunnleggjande hypotesar og mål: ei oppsummering

Det er altså på bakgrunn av denne forståinga av superstrukturelle konfigurasjonar og argumentasjonsstrategiar at somme av skilnadene mellom naturvitskapleg og humanistisk skrivepraksis – eksemplifisert ved artiklar frå fagområda medisin, historie og språkvitskap – skal kartleggjast. Det basale forskingsspørsmålet er kva karakteristika som kan etablerast ved tekstopppbygginga, og då særleg argumentasjonen, i respektive medisinske, historiske og språkvitskaplege artiklar. Dei to mest grunnleggjande hypotesane er:

- 1 *Både naturvitskaplege og humanistiske artiklar inneheld realiseringar av argumenterende superstrukturar.*

⁷ Sjå òg Virtanen 1992 for eit dynamisk syn på bruken av ulike tekstlege framstillingsformer.

Som eg har gjort greie for ovanfor, er tekstar grunnleggjande heterogene, og vitenskaplege artiklar vil difor som dei fleste andre tekstar mest sannsynleg vere bygde opp av konfigurasjonar av ulike superstrukturar. Hypotesen her er at *i alle høve* argumenterande superstrukturar vil vere realiserte i *både* naturvitenskaplege og humanistiske artiklar. Dette vil *ikkje* nødvendigvis seie at heile tekstmassen er organisert i tråd med ein argumenterande superstruktur, og heller ikkje at den argumenterande strukturen treng vere den dominerande, berre at han kan påvisast. Med utgangspunkt i den heterogeniteten som truleg eksisterer i dei fleste tekstar, kan dette seiast å vere ein ganske svak hypotese. Men med utgangspunkt i det synet mange har på naturvitenskapleg skrivepraksis, kan hypotesen karakteriserast som sterkare.

2 Skilnadene mellom argumentasjonsstrategiane i naturvitenskaplege og humanistiske artiklar er eit resultat av karakteristika ved dei superstrukturelle konfigurasjonane, nærare bestemt distribusjonen av argumenterande superstrukturar.

Det er ovanfor gjort greie for at det er mange ulike måtar superstrukturar kan distribuerast på i tekst, både horisontalt (lineært) og vertikalt (hierarkisk). Når naturvitenskaplege artiklar blir oppfatta som mindre argumenterande enn humanistiske artiklar, er hypotesen her at dette må kunne relaterast til skilnader i distribusjonen av argumenterande tekstlege framstillingsformer i respektive naturvitenskaplege og humanistiske artiklar. I denne granskinga fører dette til ein hypotese om at argumenterande tekstlege framstillingsformer har ein meir samanfallande distribusjon i dei historiske og språkvitenskaplege artiklane enn i dei medisinske.

Desse to grunnleggjande hypotesane vil bli utvikla og presiserte i dei neste tre kapitla. Det er ikkje mogeleg å formulere meir presise hypotesar om dei superstrukturelle konfigurasjonane i materialet før følgjande operasjonar er gjennomførte:

– Det er gjort greie for relevante resultat frå tidlegare forskning om den vitenskaplege artikkelen. Desse resultatata gjev eit grunnlag for hypotesedanning på tekstleg grunnlag (sjå 2.3.1).

– Det er gjort greie for vitenskapsteoretiske karakteristika ved naturvitenskap og humaniora på det overordna planet og for faglege og vitenskapsteoretiske karakteristika ved medisin, historie og språkvitenskap spesielt. Samanhengen mellom fag og tekst vil nemleg vere ei sentral forståingsramme for dette prosjektet som vil gje eit grunnlag for hypotesedanning på fagleg grunnlag (jf. *samanhengshypotesen*, sjå 2.3.4).

– Det er gjort greie for tekstomgrepet superstruktur i større breidd og detalj. Først etter ein kritisk gjennomgang av eksisterande teori på dette feltet vil det m.a. bli avklart *kva* tekstlege framstillingsformer som kan operasjonaliserast i denne granskinga. Først på dette tidspunktet kan altså presise hypotesar om *kva* tekstlege framstillingsformer som interagerer i artiklane formulerast (sjå 4.3.6). Det må her presiserast at denne uvissa ikkje relaterer seg til den argumenterande framstillingsforma, som er sjølvskriven.

Sjølv om den komparative granskinga av særtrekk ved tekstoppbygginga på tre ulike akademiske fagområde her vil vere den berande problemstillinga, er det viktig å understreke at avklaringa av omgrepet ‘superstruktur’ er eit sentralt forskingsmål som det vil krevje ein del plass å behandle. Situasjonen er nemleg den at sjølv om tidlegare forskning på dette feltet gjev eit tilstrekkeleg grunnlag til å kunne bruke tekstomgrepet superstruktur på ein analyse av vitenskaplege artiklar, så representerer ikkje eksisterande superstrukturmodellar eit fiks ferdig analytisk rammeverk som vi kan ta i bruk for å granske det aktuelle materialet. Som det vil bli gjort greie for i kapittel 4, har dei sentrale arbeida på feltet svært ulikt utgangspunkt, og dei er dermed ikkje utan vidare kommensurable. Eg vil her berre skissere nokre av problema vi vil støyte på med utgangspunkt i to av dei mest sentrale arbeida på feltet som det alt er vist til fleire gonger, nemleg Tirkkonen-Condit 1985 og Adam 1992.

Ei sentral utfordring er *den lingvistiske forankringa* av superstrukturomgrepet. Med lingvistisk forankring forstår eg at det skal gjerast greie for *kva* språktrekk det er ein byggjer på når ein tekstpassasje blir påstått å realisere ein viss superstruktur (t.d. den argumenterande) eller ein viss komponent innanfor ein superstruktur (t.d. Problemkomponent). Eit stykke på veg *kan* det her dreie seg

om at språklege variablar på mikroplanet som t.d. leksikalsk kohe- sjon, sambindningar eller modale konstruksjonar fungerer som språk- lege spor av slik overordna tekstorganisering. Men med lingvistisk forankring forstår eg ikkje at det nødvendigvis er noko «ein-til- ein»-tilhøve mellom variablar på mikroplanet og dei overordna strukturane. Til det er tekstar for komplekse og dei ulike byggje- steinane for multifunksjonelle. Det eg meiner vi må krevje i tekst- *lingvistiske* analysar, er at det må gjerast greie for kva karakteristika i teksten det faktisk er ein byggjer på, lokalt som globalt, også når analysen, som her i møte med superstrukturomgrepet, må bli rela- tivt *holistisk*. Gjer vi ikkje det, forsvinn noko av legitimeringa av at tekstlingvistar skal interessere seg for tekststrukturar som dels alt er utførleg beskrivne ut frå andre teoretiske rammeverk, t.d. narratolo- gisk litteraturteori.

Når eg legg så stor vekt på den lingvistiske forankringa her, er det fordi ho etter mitt syn i svært vekslende grad er ivareteken av tidlegare forskning på feltet. Dels botnar dette i at ein del arbeid, som t.d. van Dijk 1980, berre representerer teoretiske skisser. Men andre avstår tilsynelatande frå å gå laus på denne oppgåva av meir prinsi- pielle grunnar. Adam synest å reservere seg mot å presisere den lingvistiske forankringa i analysane sine fordi det, som nemnt ovan- for, ikkje alltid eksisterer noko «ein-til-ein»-tilhøve mellom variab- lar på mikroplanet og dei overordna superstrukturane (jf. Adam 1992: 39). Dette er etter mitt syn ein veikskap som resulterer i eit lite presist tekstlingvistisk beskrivingsapparat hos ein forskar som elles har tilført feltet mykje. Tirkkonen-Condits analytiske tilnær- ming er derimot solid, men omhandlar berre éin funksjonsstruktur (den argumenterande PL-varianten).

Dermed har ikkje tekstleg heterogenitet – som vil stå sentralt her – nokon plass i Tirkkonen-Condits tilnærming. At Tirkkonen- Condit konsentrerer seg om éin type funksjonsstruktur, er sjølvsagt i utgangspunktet ei heilt legitim avgrensing, men resultata hennar blir kanskje likevel mindre overtydande når *heile* den tekstmassen ho analyserer (to populærvitskaplege artiklar), tilsynelatande lèt seg fange opp av argumenterande modellar. Styrken ved Adams til- nærming er nettopp fokuset på tekstleg heterogenitet. Vi møter i

Adams arbeid ein utbygd teksttypologi i form av framlegg til prototypiske sekvensar for narrativen, deskriptiven, eksplikativen, argumentativen og dialogen, og talrike illustrasjonar av korleis dei ulike sekvenstypane kan interagere i éin og same tekst.

I høve til problemstillinga her – samspelet av ulike tekstlege framstillingsformer i vitskaplege artiklar – må det takast stilling til kva sett av strukturar det skal opererast med. Det er ikkje utan vidare sjølvstakt at alle dei superstrukturmodellane som t.d. Adam opererer med, skal nyttast her. Men éin funksjonsstruktur som har ein sjølvskriven plass, er den argumenterande. Når det gjeld den argumenterande superstrukturen, vil det dessutan bli nødvendig å velje mellom to ulike modellar fordi det – i motsetnad til det som er tilfellet for dei andre mest vanlege tekstlege framstillingsformene, som t.d. narrativen – eksisterer to ulike tradisjonar: Tirkkonen-Condit bruker Hoeys PL-modell som utgangspunkt for ein analyse av det ho karakteriserer som argumenterande tekstar, og utviklar dermed ein argumenterande variant av PL-modellen. Adam bruker derimot ein argumenterande modell som byggjer på Toulmins argumentasjonsteori (jf. Toulmin 1958).

Ein del av dei problema som må løysast i avklaringa av superstrukturomgrepet, skulle dermed vere skisserte. Blant dei viktigaste oppgåvene er å

- a) ta stilling til kva sett av modellar som skal innlemmast, og især velje mellom to ulike framlegg til argumenterande modell
- b) syte for teoretisk og metodisk kkommensurabilitet mellom modellar som eventuelt er henta frå ulike forskarar og forskningstradisjonar
- c) presisere lingvistisk forankring i metodisk tilnærming og analytisk praksis

Av dette følgjer at denne studien må bli *kvalitativ* og i nokon mon *eksplorativ*. Den metodologiske tilnærminga til superstrukturomgrepet vil måtte utviklast i møte med tekstane, og relativt få tekstar kan difor analyserast i detalj. Eit *kjernemateriale* på seks artiklar (to

frå kvart fagområde) vil her vere data for *djupanalysar*; dvs. analysar av superstrukturelle konfigurasjonar. For å sikre størst mogeleg grad av representativitet er dette kjernematerialet selektert frå eit *totalt materiale på 30 artiklar* (10 frå kvart fagområde). Dei 24 artiklane som ikkje blir djupanalyserte, har vore datagrunnlag under forskingsprosessen og er her å rekne som eit *referansemateriale* (sjå kapittel 3).

1.6 Oppbygginga av avhandlinga

Denne avhandlinga inneheld sju kapittel. Etter denne innleiinga (kapittel 1), følgjer i kapittel 2 ein del stoff som er viktig i høve til den overordna empiriske og komparative problemstillinga. Sentralt her står eit oversyn over *tidlegare forskning* på feltet akademisk prosa som munnar ut i ei presisering av hypotesane om superstrukturelle konfigurasjonar i respektive naturvitskaplege og humanistiske vitskaplege artiklar. Sentralt står òg vitskapsteoretiske emne som dannar grunnlaget for ein *samanhengshypotese*, som vil vere den sentrale kontekstuelle forståingsramma for denne studien. I kapittel 3 gjer eg greie for utvalskriteria for det totale materialet som har lege til grunn for denne studien og for seleksjonen av kjernematerialet. Denne seleksjonen byggjer m.a. på ein del faglege karakteristika ved artiklane, som det blir gjort nærare greie for. Kapittel 4 er vidd til dei teoretiske problemstillingane som knyter seg til drøftinga av superstrukturomgrepet. Det blir her først gjort greie for ein del grunnleggjande tekstlingvistiske og teksttypologiske omgrep. Deretter blir dei fire nemnde arbeida om superstruktur (sjå 1.4 ovanfor) presenterte og drøfta. Til sist følgjer ei framstilling av den forståinga av superstruktur og dei konkrete superstrukturmodellane som eg vil leggje til grunn i denne studien. Først her er det dermed mogeleg å presentere ei endeleg formulering av hypotesane om superstrukturelle konfigurasjonar i respektive medisinske, historiske og språkvitskapleg artiklar. Avklaringa i kapittel 4 vil m.a. ha viktige implikasjonar for kva *språkleg forankring* dei ulike framstillingsformene har, og desse språklege variablane blir presenterte i kapittel 5. I kapittel 6 blir analysane av *superstrukturelle konfigurasjonar* i dei seks artiklane presenterte, og resultatata blir jamførte med

dei hypotesane som er lagde til grunn. Kapittel 7 oppsummerer og drøftar dei viktigaste empiriske og teoretiske resultata, og dei empiriske resultata blir her vurderte i høve til samanhengshypotesen.

2 DEN VITSKAPLEGE ARTIKKELEN – Forståingsrammer, tidlegare forskning og hypotesedanning

2.0 Innleiing

Som det alt skulle ha gått fram, vil denne granskinga behandle tekstoppbygginga i vitenskaplege artiklar med utgangspunkt i eit tekstlingvistisk beskrivingsapparat. Den tekstlingvistiske analysen er berejdelken i arbeidet. Men dei tekstlingvistiske problemstillingane og hypotesane har sjølv sagt ikkje oppstått i noko kulturelt vakuum.

For det første har tidlegare forskning på akademiske tekstar vore ein viktig føresetnad for arbeidet mitt. Som det vil gå fram nedanfor, er det ingen tidlegare studiar som bruker superstrukturomgrepet, slik eg forstår det, som referanseramme for komparative analyser av vitenskaplege artiklar. Mykje av forskinga har konsentrert seg om distribusjon og omfang av isolerbare parametrar i naturvitenskaplege artiklar. Likevel har mange av forskingspørsmåla og resultata i desse arbeida vore svært nyttige for meg. Det oversynet eg nedanfor vil gje av internasjonal og nordisk forskning på den akademiske artikkelen, er difor ikkje berre motivert ut frå eit ønske om å presentere eit interessant og relativt nytt forskingsfelt. Denne gjennomgangen vil òg danne eit grunnlag for den vidare utviklinga av hypotesar om tekstoppbygginga (eller dei superstrukturelle konfigurasjonane) i materialet.

For det andre har vitenskapsteoretiske og vitenskapshistoriske perspektiveringar av den vitenskaplege artikkelen som sjanger heile tida vore ei inspirasjonskjelde i dette arbeidet. I høve til denne typen problemstillingar har eg hatt nytte av også å lese litteraturvitenskaplege, retoriske, vitenskapssosiologiske og vitenskapshistoriske studiar og drøftingar av akademiske sjanrar. Denne veksande tverrfaglege interessa for akademisk diskurs er neppe tilfeldig. I den «store» vitenskapshistoriske og vitenskapsteoretiske samanhengen må denne interessa for *vitskapen som tekstleg uttrykk* knytast til den postempiristiske eller antipositivistiske kritikken som har dominert

debatten dei siste 30 åra. Kuhn, som understrekar *bruksaspektet* ved vitenskaplege teoriar, er ein sentral premissleverandør for denne sosiale eller retoriske vendinga (jf. Kuhn 1970).

Det som skil akademiske tekstar frå andre fagtekstar, er at dei skal dokumentere ein aktivitet det blir stilt særeigne vitenskaplege krav til. Vidare er det, som nemnt i førre kapitlet, i og for seg eit ukontroversielt faktum at det eksisterer visse skilnader mellom naturvitenskapleg og humanistisk skrivestil. For meg blir det dermed viktig å stille spørsmålet: Kan desse skilnadene relaterast til karakteristika ved dei ulike fagtradisjonane og den vitenskapsteoretiske forankringa deira? Dette vitenskapsteoretiske perspektivet er den viktigaste *kontekstuelle* forståingsramma for den tekstlingvistiske analysen eg gjennomfører.

Dette kapitlet fell i tre hovuddelar. Den første hovuddelen (2.1 med underpunkt) presenterer nokre grunnleggjande perspektiv på vitenskapleg skriving og tekstformatet IMROD. Den andre hovuddelen (2.2. med underpunkt) gjev eit oversyn over tidlegare forskning om den vitenskaplege artikkelen. I den siste hovuddelen (2.3 med underpunkt) blir det drege ein del konsekvensar av det stoffet som er presentert i form av hypotesedanningar og gjeve ei eksplisitering av den kontekstuelle forståingsramma det er vist til ovanfor. Sjølv om tekstteoretiske problemstillingar er emne for kapittel 4, er det sjølvsagt uråd å unngå å referere til ein del sentrale tekstomgrep, som sjanger, diskurs og, ikkje minst, *argumentasjon* alt i dette kapitlet. Eg presiserer difor at eg her stort sett bruker slike omgrep slik dei forskarane eg refererer til bruker dei, og elles tillet meg ein preteoretisk omgang med desse omgrepa inntil vidare.

2.1 Perspektiv og nøkkelomgrep

2.1.1 Vitenskapsspråket: antidemokratiske, tause tekstnormer?

Når vitenskapsspråket har vorte vist så mykje interesse dei siste 10-15 åra, heng det m.a. saman med eit ønske om å gjere det implisitte eksplisitt og det utilgjengeleg tilgjengeleg for elevar, studentar, forskarar og folk flest. I artikkelen «Uttalte og uuttalte normer for vitenskapelig skriving» peiker Hertzberg på mangelen på eksplisitt

formulerte tekstnormer for dei ulike vitenskaplege sjangrane i det norske akademiske miljøet:

Snarere enn å gå ut fra at veiledningene er dårlige, vil jeg si at det i norske akademiske miljøer generelt ser ut til å være *liten bevissthet rundt tekstlige spørsmål*. (Hertzberg 1996: 203, mi kursivering)

Kunnskapen om tekstoppbygging og sjangerkonvensjonar er implisitt – eller *taus* – om vi som Hertzberg vel å knyte dette til Polanyis omgrep ‘taus kunnskap’ (jf. Polanyi 1958). Dette er ikkje noko særnorsk fenomen. Også den internasjonale forskinga fokuserer mykje på mangelen på eksplisitt formulerte tekstnormer, og dette blir til dels ikkje berre oppfatta som ei utfordring for tekstforskinga, men også som ei utfordring for dei demokratiske ideala moderne samfunn er tufta på. Vitskapen er ein mektig premissleverandør for teknologiske nyvinningar, velstand og for sjølvforståinga i ein kultur, og mange opplever det som problematisk at det språket – eller dei sjangrane – denne styringsfaktoren forvaltar, verkar så framandgjerande på store delar av folket. Dei systemisk-funksjonelle lingvistane Halliday og Martin er blant dei som har eit slikt – nesten politisk – perspektiv på forskinga si:

The language of science, though forward-looking in its origins, has become increasingly *anti-democratic*: its *arcane grammatical metaphor* sets apart those who understand it and shields them from those who do not. (Halliday og Martin 1993: 21, mine kursiveringar)

Den grammatiske metaforen Halliday og Martin især er opptekne av, er tendensen til å nominalisere verbaluttrykk. Når ei handling (t.d. ‘refract’ (å bryte lys)) blir rekonstruert i form av eit substantiv (t.d. ‘refraction’ (lysbryting)), er vi vitne til at ei handling eller ein prosess blir tingleggjord via den grammatiske metaforen (jf. Halliday og Martin 1993: 13). Halliday og Martin har studert både eldre og nyare vitenskaplege tekstar, men har i særleg grad eit fokus på *lærebokdiskursen*, som dei meiner er prega av dei same ekskluderande grammatiske metaforane som den profesjonaliserte vitenskaplege diskursen (jf. Halliday og Martin 1993: 222). Halliday og Martin

er slik sett typiske representantar for den delen av forskinga på akademisk diskurs som har sentrale *pedagogiske* siktemål.

Swales' 1990-bok *Genre Analysis. English in academic and research settings* – eit arbeid eg vil kome attende til seinare i dette kapittelet – er kanskje *det* mest sentrale arbeidet om akademisk diskurs innan feltet diskursanalyse. Swales' bidrag femner vidt og kunne rubriserast langs mange aksar i ein presentasjon av forskning på akademisk diskurs. Men også for denne forskaren fungerer det pedagogiske perspektivet som ein overordna legitimeringsfaktor (sjå Swales 1990: 1).

Ein innfallsvinkel til opplæringsperspektivet er å undersøkje *studenttekstar* og diagnostisere kva problem studentane har med å leve opp til akademiske tekstnormer. Her er det gjennomført ein del studiar i nordisk samanheng (sjå t.d. Lindeberg 1988, Wikborg og Björk 1989 og Breivega 1994). Elles er det i norsk samanheng *elevtekstar* som til no har fått mest merksemd (sjå t.d. Berge 1988, Evensen 1990, Evensen m.fl. 1991 og Skjelbred 1992).

I norsk samanheng har det elles vore meir fokus på skrivning som *prosess* enn på elev- og studenttekstar som ferdige *produkt*, og dette heng ikkje minst saman med Dysthes innsats for å innføre den prosessorienterte skrivepedagogikken i norske pedagogiske samanhengar (jf. t.d. klassikaren Dysthe 1988 og Dysthe og Kjeldsen 1997a og 1997b). På dette feltet er det etter kvart kome ei rekkje handbøker, der somme representerer ei generell innføring i skriveprosessen (sjå t.d. Løkensgard Hoel 1990), medan andre meir direkte siktar seg inn mot dei behova universitetsstuderande har (sjå Løkensgard Hoel 1992, Pettersen 1996 og Dysthe, Hertzberg og Løkensgard Hoel 2000).

Sjølv om ideologiske og pedagogiske perspektiv på ingen måte er framande for meg, er det likevel ikkje slike perspektiv som er den berande motivasjonen for mi generelle interesse for vitskapspråket eller for dette prosjektet. Ved sida av den tekstlingvistiske tradisjonen eg står i, vil eg først og fremst situere dette prosjektet innanfor eit fagspråksparadigme. Dette vil seie at eg går ut frå at tekstnormene i den akademiske skriftkulturen – dei vere seg implisitte eller eksplisitte, ekskluderande eller

sitte eller eksplisitte, ekskluderande eller inkluderande - er *fagleg* forankra og motiverte. Det er samstundes sjølvstøtt på ingen måte nokon intensjon her å konstruere noko motsetnadstilhøve mellom dette perspektivet og eit ønske om betre skriveopplæring og høgare tekstmedvit ved universitet og høgskular. Vonleg kan resultatane frå denne granskinga vere eit bidrag til eksplisittering av somme av dei uuttalte normene i vitenskapleg skriving, og ikkje minst håper eg at analysar av eit norskspråkleg materiale vil vere nyttig for *norsk* universitetspedagogikk.

2.1.2 Ei sentral referanseramme: tekstformatet IMROD

Det vart ovanfor fokusert på mangelen på eksplisitt formulerte tekstnormer i akademisk skriving. Dette biletet kan nyanserast noko. For den vitenskaplege artikkelen eksisterer det eksplisitt formulerte tekstnormer i form av tekstformatet IMROD, som vart utvikla innan eksperimentell psykologi på slutten av 1920-talet⁸, og som i dag er normgjevande for artikkelproduksjonen på naturvitenskaplege og eksperimentelle fagområde. Om vi orienterer oss i tidlegare forskning på den vitenskaplege artikkelen, vil vi raskt støyte på akronyma IMRAD, IMRD eller IMROD. Dette tekstformatet er dermed ei viktig side ved den naturvitenskaplege standardiseringa og ei sentral referanseramme for tidlegare forskning på den vitenskaplege artikkelen.⁹

IMRAD reflekterer den lineære oppbygginga av den vitenskaplege artikkelen i avsnitta Introduction, Method, Results and Discussion. I norsk språkdrakt blir dette Innleiing, Metode, Resultat og Diskusjon. Akronymet IMRAD er mykje brukt i norsk samanheng også, men eg vil her bruke den fornorska varianten IMROD (jf. Hertzberg 1995: 197).

⁸ Sjå Bazerman 1988: 257-277 for ei framstilling av utviklinga av IMROD-formatet innanfor eksperimentell psykologi (behaviorismen).

⁹ IMROD er eit ekspanderande tekstformat som vi også kan sjå i bruk i artiklar frå humanistiske fagområde (jf. Hertzberg 1996). Det er like fullt berre i naturvitenskaplege tidsskrift at det normalt blir stilt krav om at dette tekstformatet skal følgjast.

Fordi dette tekstformatet er ei så sentral referanseramme, vil eg – i forkant av presentasjonen av kva tidlegare forskning faktisk har påvist av språklege og tekstlege særtrekk ved artiklar som følgjer IMROD – gje ein presentasjon av den kravspesifikasjonen som blir lagd fram for artikkelforfattarane. Denne typen kravspesifikasjonar er formulerte i alle forfatarrettleiingar for naturvitskaplege tidsskrift, og eg kunne såleis valt å ta utgangspunkt i forfatarrettleiinga i det norske medisinske tidsskriftet som dei medisinske artiklane i denne granskinga er henta frå (sjå 3.2.1 nedanfor). Men for ein generell presentasjonen av dette tekstformatet vil eg heller byggje på handboka til *American Psychological Association*. Som nemnt var det på fagområdet eksperimentell psykologi at dette tekstformatet oppstod, og den beskrivinga *Publication Manual of the American Psychological Association* (heretter APA) gjev, er difor å oppfatte som normgjevande langt ut over fagområdet psykologi.

APAs kravspesifikasjon framhevar at innleiinga skal ha ei klar problemformulering, og at innleiinga kortfatta skal synleggjere *kvifor* nett denne problemstillinga er verd å bli teken opp. Mellom formuleringane som er nytta for å presentere den ønskete «skrivestilen», finn vi: «A good introduction answers these questions [...] by summarizing the relevant *arguments* [...]. *Discuss* the literature [...]» (APA: 11, mine kursiveringar). APAs krav til innleiinga er altså for det første at ho skal vere problemorientert og «to the point». Lange «state of the art»-utgreiingar eller meir essayistiske innfallsvinklar har ingen plass i dette formatet. For det andre vil eg via dei kursiverte sitata framheve at APA signaliserer at forfattaren er velkomen til å posisjonere seg, vere synleg og argumentere for prosjektet sitt i innleiingsavsnittet. I så måte er signala annleis for metode- og resultatavsnitt.

Metodeavsnittet¹⁰ skal i detalj gjere greie for korleis studien vart gjennomført, både for at lesaren skal kunne vurdere kor reliable og

¹⁰ Som vi ser nedanfor, er «participants» og «apparatus (or materials)» tilrådde underavsnitt i dette avsnittet. Avhengig av kva type undersøking det er tale om, vil hovudfokus liggje anten på metodane som er brukte, eller på materialet som vart lagt til grunn for undersøkinga/eksperimentet. Difor blir dette avsnittet tidvis kalla «Method and Materials» og i somme tilfelle berre «Materials». I tråd med det som er vanleg i litteraturen, vil eg likevel alltid referere til dette avsnittet som metodeavsnittet.

valide resultat er, og for at lesaren skal kunne reprodusere («replicate») eksperimentet/forskinga. Dette siste poenget blir teke opp att fleire gonger (APA: 12-15). Tilrådde underavsnitt i metodeavsnittet er «participants», «apparatus (or materials)» og «procedure». Resultatavsnittet skal oppsummere «the data collected and the statistical treatment of them» (APA: 15). Det blir i rettleinga gjeve stor plass til framstillingstekniske val ved bruk av figurar og tabellar og presentasjonar av statistiske data.

Det som elles er slående ved kravspesifikasjonen for metode- og resultatavsnitta samla, er at han fremjar ein meir teknisk og upersonleg skrivestil der forfattaren skal tre tilbake og la data og resultat «tale for seg». I metodeavsnittet skal ikkje forfattaren diskutere («discuss») (som han vart oppmoda til å gjere i innleiinga): Dei mest brukte verba i APA er no *rapportere* («report») og *beskrive* («describe»). Endå tydelegare blir skilnaden poengtert i høve til resultatavsnittet, der det blir presisert at «[d]iscussing the implications of the results *is not appropriate*» (APA: 15, mine kursiveringar). Dette er nemleg først tillateleg i diskusjonsavsnittet:

After presenting the results, you are in a position to evaluate and interpret their implications, especially with respect to your original hypothesis. You are free to examine, interpret, and qualify the results, as well as to draw inferences from them.
(APA: 18, mine kursiveringar)

Vi ser at forfattaren no er blir oppmoda til å posisjonere seg, tolke data og dra andre slutningar enn slike som byggjer på signifikante statistiske data. På visse vilkår er t.o.m. «høgttenking» («speculation») akseptabelt (jf. APA: 19).

Kravspesifikasjonen for tekstformatet IMROD fastset altså rekkefølga av sentrale «tema» i den vitenskaplege artikkelen som metode spørsmål og presentasjonen av resultat. Vidare synest kravspesifikasjonen å leggje ganske klare føringar for kvar i artikkelen det er opportunt å utføre «språkhandlingar» som å beskrive og vurdere. I metode- og resultatavsnitta skal ein *beskrive*, medan ein i innleings- og diskusjonsavsnitta òg kan *vurdere* og dermed *argumentere*.

2.1.3 Den vitskaplege artikkelen i historisk perspektiv

For å forstå meir av bakgrunnen for den vitskaplege artikkelen som sjanger, og då særleg den eksperimentelle og/eller naturvitskaplege forskingsartikkelen som følgjer IMROD-formatet, kan det diakrone perspektivet vere ei nyttig forståingsramme. Døme på ulike former for akademisk tekstproduksjon, t.d. monografien, kan vi finne langt bakover i historia, men det er først når moderne naturvitskap tek til å konstituere seg på 1600- og 1700-talet at sjangeren vitskapleg artikkel byrjar å utvikle seg. Dei fleste oversyna over utviklinga av den vitskaplege artikkelen tek utgangspunkt i det vitskaplege tidskriftet *The Philosophical Transactions of the Royal Society* (heretter: *The Transactions*), som vart grunnlagt i London i 1665 (sjå Bazerman 1988:59ff). Ut over 1600- og 1700-talet voks det fram ei rekkje slike vitskaplege selskap med tilhøyrande tidsskrift. Det første i norsk samanheng var *Det Trondhiemske Selskabs Skrifter. Første Deel* (1761) (jf. Hestmark 1998: 659).

Newtons tekst «A New Theory of Light and Colours», som vart publisert i *The Transactions* i 1672, blir rekna som eit av dei første førelegga for den vitskaplege artikkelen. Men framstillingsforma minner lite om den vi assosierer med moderne naturvitskapleg diskurs:

Sir,

To perform my late promise to you, I shall without further ceremony acquaint you, that in the beginning of the Year 1666 (at which time I applyed myself to the grinding of Optick glasses of other figures than Spherical,) I procured me a Triangular glass-Prisme, to try therewith the celebrated Phaenomena of Colours. (sitert etter Bazerman 1988: 90)

Det vi m.a. ser her, er for det første at forfattarnærværet er slåande, og at framstillingsforma har sterke anekdotiske (potensielt narrative) trekk. Dessutan er teksten retta mot ein spesifikk mottakar; heile kommunikasjonssituasjonen er personleggjord. Dette synleggjer at den vitskaplege artikkelen m.a. har sitt opphav i *brevsjangeren*. Artikkelsjangeren oppstod på grunn av det behovet medlemmene i dei vitskaplege selskapa hadde for å meddele seg til kvarandre over

geografiske avstandar, og i somme fora – t.d. det naturvitskaplege topptidsskriftet *Nature* – blir dei vitskaplege artiklane framleis refererte til som «Letters». Også i norsk samanheng har brevsjangeren stått sterkt som førelegg for tidleg vitskapleg skriving. Til dømes er mange av «artiklane» som i førre hundreåret vart trykte i det medisinske tidsskriftet *Eyr* (grunnlagt 1826), reisebrev med innslag av kasuistikkar og anekdotisk stoff (jf. Nylenna og Larsen 1998: 309).

I tillegg til brevet er det *formale essayet* rekna som ein viktig premissleverandør for utviklinga av den vitskaplege artikkelen. Kjemikaren Robert Boyle var ein av dei viktigaste pådrivarane for dette (jf. Swales 1990: 111 og Fluym 1996: 149). Han formulerte eksplisitte krav både til det vitskaplege arbeidet og formidlinga av det. Boyle la stor vekt på å fremje ei *objektiv framstillingsform* i artikkelen, eller det *eksperimentelle essayet*, som han kalla sjangeren. Det skulle gjerast greie for eksperimenta på ein slik måte at dei kunne gjerast opp att av lesarane. Til dømes oppmuntra Boyle medlemmene i the Royal Society til å gjennomføre sentrale eksperiment i regi av selskapet med vitne som kunne gå god for eksperimenta ved å kvittere i eit eige vitneregister.

Denne vektlegginga av dokumentasjon og etterrettelegheit i vitskapleg praksis og skriving kan verke sjølvstøtt i eit notidsperspektiv. Men som ein måte å forstå og *erkjenne* livet, verda og ikkje minst naturen på representerte framveksten av moderne (natur)vitskap og det skriftlege uttrykket denne vitskapen fekk, noko revolusjonerande nytt og kontroversielt i høve til det teologien og det klassiske dannelsesidealet stod for. Det oppstod eit nytt kollektivt dannelsesprosjekt som ytra seg gjennom slike kanalar som dei vitskaplege selskapa og dei tidsskrifta som etter kvart vart grunnlagde. I samsvar med det nye dannelsesidealet kunne i prinsippet *einskildmennesket* på bakgrunn av observasjonar og eksperiment setje fram påstandar om t.d. årsakssamanhengar i naturen som eventuelt var i strid med kyrkjelæra. Den «individuelle erfaringen», som Flyum formulerer det (jf. Flyum 1996: 150), får dermed ein heilt ny status. For at denne individuelle erfaringa skal ha beviskraft, blir det innan den formale essaytradisjonen eit ideal å setje eit skarpast mogeleg skilje mellom den som observerer, og det som blir obser-

vert. Observasjonane skal tale for seg sjølve, frigjorde frå forfattar-meininga (jf. Fluym 1996: 151; sjå òg Paradis 1987).

Her ligg altså noko av bakgrunnen for at naturvitskapleg skrivning utviklar den upersonlege og saklege framstillingsforma vi kjenner i dag, og for at *eksperimentet* står så sterkt som *tekstorganiseringsprinsipp* i den naturvitskaplege artikkelen. Ein slik måte å sjå den vitskaplege teksten på kan sikkert verke overraskande og beint fram provoserande. Eksperimentet er vel ikkje noko tekstorganiseringsprinsipp, men den sentrale reiskapen for hypotesetesting innanfor nomotetisk vitskap? Situasjonen er nok den at eksperimentet *både* er ein vitskapleg metode *og* ein måte å framstille forskingsresultat på. Det er nemleg mykje som tyder på at «historia» om eksperimentet eller den vitskaplege undersøkinga, både slik ho vart utlagd i eksperimentelle essay på 1700- og 1800-talet, og slik ho kjem til uttrykk i den moderne IMROD-artikkelen, ikkje først og fremst refererer den faktiske forskingsprosessen i t.d. laboratoriet, men snarare reflekterer til dels skiftande retoriske forventningar (sjå Bazerman 1988: 65-68 og Swales 1990: 120-121). Mellom anna blir det hevda at andre forskarar knapt vil vere i stand til å gjere opp att eksperimentet ved å lese metodeavsnittet i ein moderne IMROD-artikkel (jf. Swales 1990: 121), slik det tydelegvis er meininga at dei skal ifølgje kravspesifikasjonen for IMROD (sjå 2.1.2 ovanfor). Dette svekkjer ikkje den vitskaplege gehalten i den forskinga som blir dokumentert i artiklane, men det er ei påminning om at vitskapen òg har ei forside.

Den moderne naturvitskaplege artikkelen og IMROD-artiklar generelt er altså avleggjarar av «the experimental report» som konstituerte seg som sjanger i løpet av 1700-talet. IMROD-formatet er det reindyrka og standardiserte framstillingsformatet for *eksperimentell forskning*.

2.1.4 Den vitskaplege artikkelen som fagtekst

Som nemnt ovanfor vil eit fagspråkperspektiv vere overordna. Det eksisterer mange ulike definisjonar av ‘fagspråk’, og grenseoppgangen mellom fagspråk og allmennspråk er kompleks. Andersen viser til minst fem ulike definisjonstypar av fagspråk: formelt ling-

vistiske (uttrykksbaserte), semantiske (innhaldsbaserte), pragmatisk/stilistiske, fagspråk som kunstig språk og føremålsdefinisjonar (jf. Andersen 1989: 86). Generelt har utviklinga av denne viktige grunnlagsdiskusjonen innan fagspråkforskinga utvikla seg *frå* forsøk på å avgrense fagspråk på grunnlag av lingvistiske kriterium åleine *mot* definisjonar som byggjer på pragmatisk-kommunikative kriterium (sjå Roald 1986: 185, Laurén 1993: 9-12, Engberg 1998: 33-42 og Myking 1999: 20-26). Men det er òg vanskeleg å avgrense fagspråk skarpt i høve til allmennspråk med utgangspunkt i pragmatisk-kommunikative variablar som t.d. sendar-mottakartilhøvet (jf. Gunnarsson 1987: 9). Mange fagspråkforskarar understrekar difor at ein heller må ta utgangspunkt i dei ulike faga og den språkbruken som fagmiljøa sjølve oppfattar som fagspråkleg (jf. t.d. Schröder 1991: 16).

Parallelt med utviklinga i denne teoretiske grunnlagsdiskusjonen har fagspråkforskinga utvikla seg *frå* nesten eksklusivt å interessere seg for *terminologi* til dei siste 20 åra å få ei sterkare og sterkare *tekstorientering*.¹¹ Fagtekstlingvistikken er i dag ein sjølv-sagd del av forskingsfeltet, og innsikter *frå* tekstlingvistikk og ikkje minst pragmatikk påverkar òg den meir «tradisjonelle» fagspråkforskinga (jf. Myking 1999: 21).

Innanfor denne tekstorienterte fagspråkforskinga har akademiske tekstar, i praksis stort sett artikkelsjangeren og samandraget, vorte eit sentralt studieobjekt. Symptomatisk for dette er t.d. at fleire og fleire av innlegga ved den europeiske fagspråkkonferansen (eller LSP-symposiet)¹², som blir arrangert annakvart år, har hatt akademiske tekstar som data. Om vi blar gjennom dei siste fire konferanserapportane (LSP'93-LSP'99), vil vi ikkje berre kunne observere ei aukande mengd innlegg som behandlar akademisk diskurs (*frå* om lag seks i 1993 til 15 i 1999). Vi er også vitne til teikn på autonomisering av dette forskingsfeltet i og med at desse innlegga under LSP'99 for første gong var samla i ein separat sek-

¹¹ Ei undersøking av Lehmann syner at tekstorienterte analysar på slutten av 80-talet utgjorde 43 prosent av forskingsarbeida i fagspråkforskinga mot 4 prosent på slutten av 60-talet (jf. Schröder 1991: 23).

¹² LSP: Language for Special Purposes.

sjon: *LSP in academic discourse*. Under LSP' 93, LSP' 95 og LSP' 97 var desse innlegga fordelte på ulike seksjonar som *Text and Pragmatics* (LSP' 93) og *Discourse and genre analysis* (LSP' 97).¹³

Ein komparasjon av tekstoppbygginga i naturvitskaplege og humanistiske vitskaplege artiklar er interessant i eit fagspråksperspektiv fordi naturvitskaplege artiklar må kunne seiast å vere meir *prototypiske* eksemplar av fagtekst kategorien enn dei humanistiske. Bruken av fagterminologi og ikkje minst IMROD-formatet er *språkleg forankra* kjenneteikn som eksemplifiserer fagspråklege trekk som standardisering, økonomisering og komprimering i naturvitskaplege artiklar. Dei språkleg forankra fagtekstlege trekka ved humanistiske artiklar er det vanskelegare å konkretisere fordi desse tekstane i mykje mindre utstrekning bruker det nemnde tekstformatet, og fordi dei på ein del fagområde, som t.d. historie, også i mindre grad tek i bruk spesifikk fagterminologi, men langt på veg formidlar stoffet via eit ordforråd som lekpersonar med eit visst (ut)danningsnivå deler. Slik fagspråket i dagens forskingsklima blir forsøkt avgrensa frå allmennspråket, er det neppe nokon som vil setje spørsmålsteikn ved humanistiske artiklars status som fagtekstar. Desse tekstane representerer udiskutabelt «ekspert-til-ekspert»-kommunikasjon, og dei kan òg karakteriserast som fagtekstar på grunnlag av meir innhaldsbaserte kriterium (jf. definisjonane ovanfor). Men det er ei utfordring for den tekstorienterte fagspråkforskinga å peike på dei *språkleg forankra* særtrekka desse fagtekstane eventuelt måtte ha. Som det skulle ha gått fram i førre kapitlet (jf. 1.5), er det nettopp ein mest mogeleg språkleg eller uttrykksbasert studie som skal gjennomførast her.

Ei anna sentral side ved å leggje fagtekstperspektivet til grunn er at det nettopp fører til eit fokus på *det faglege*, og at det opnar for hypotesar om at særtrekk ved t.d. tekstoppbygginga i vitskaplege artiklar er faglege forankra. Akademikarar skriv kanskje ikkje slike ekskluderande og utilgjengelege tekstar som mange meiner dei gjer, for å vere sære og udemokratiske, men fordi dei, som andre fagfolk,

¹³ Sjå Brekke, Andersen, Dahl og Myking (red) 1994, Budin (red) 1996, Lundquist, Picht og Qvistgaard (red) 1998 og Mayer (red) 2001 for fleire detaljar.

prøver å bruke dei mest mogeleg presise og føremålstenlege språklege og tekstlege uttrykksmåtane for den faglege innsikta dei vil formidle. Eit fokus på *samanhengen* mellom fag og språk (eller tekst) er ein viktig konsekvens av den utviklinga vi har sett i det teoretiske fundamentet for fagspråkforskinga. Slik oppsummerar Andersen det overordna målet for denne forkinga:

I FS-forskingen bør etter mitt syn et overordnet mål være følgende: Beskrivelse og forklaring av de «faglige verdener», deres selvforståelse, problematiseringer og temafokuseringer på den ene siden, og de system-utslag disse variablene gir på det språklige uttrykket. (Andersen 1989: 97)

Denne typen samanhengar mellom fag og tekstleg framstilling vil vere den overordna *kontekstuelle forståingsramma* i denne granskinga. Det mest særmerkte ved produksjonskonteksten for vitskaplege artiklar er dei faglege, og ikkje minst vitskapsteoretiske, tradisjonane dei inngår i. Samanhengen mellom fag og tekst vil her vere den sentrale forståingsramma for tolkinga av analyseresultata. Denne *samanhengshypotesen* vil eksplisiterast i større detalj nedanfor (sjå 2.3.4), etter at eg har gjeve eit oversyn over det tidlegare forking har peikt på av særtrekk i den vitskaplege artikkelen, slik at vi har meir tekstkunnskap å ta utgangspunkt i.

2.2 Tidlegare forking på den vitskaplege artikkelen: eit oversyn

Eg vil her gje eit oversyn over tidlegare forking på den vitskaplege artikkelen, strukturert i fire delar. Dei tre første delane (2.2.1-2.2.3) refererer forking som først og fremst har hatt den naturvitskaplege IMROD-artikkelen som studieobjekt, eller som har sett på den vitskaplege artikkelen per se utan vekt på komparative perspektiv. Eg fokuserer her først på trekk som peiker i retning av standardisering og eit nøkternt vitskapleg register, går så over til å dokumentere potensielt argumenterande språktrekk tidlegare forking har påvist, og avsluttar med å vise at det kan vere legitimt å tale om ei strukturell todeling av IMROD-artiklane, slik eg var inne på under 2.1.2 ovanfor. I det fjerde avsnittet (2.2.4) presenterer eg forskingsresul-

tat om den humanistiske forskingsartikkelen. Sjølv om det er artik-
kelsjangeren som står i fokus for dette forskingsoversynet, kjem eg
òg inn på andre akademiske sjangrar, i hovudsak samandraget og
læreboka, når resultata kan vere relevante for tematikken her.¹⁴

2.2.1 Standardisering, konsentrasjon og komprimering

Det vitskaplege språket og det tekstlege uttrykket i sjangeren forsk-
ingsartikkel er komprimert og krev store forkunnskapar hos lesaren.
Studiar som komparerer vitskaplege og populærvitskaplege artiklar,
illustrerer dette. Koskela 1996 undersøker *informasjonsstruktur*
(tema og rema) i 20 vitskaplege og 20 populærvitskaplege svensk-
språklege artiklar¹⁵ frå fagområda fysikk og arkeologi. Denne studi-
en viser m.a. at ein berre ved å studere titlar/overskrifter kan syn-
leggjere viktige skilnader mellom vitskapleg og populærvitskapleg
skrivestil. Titlane uttrykkjer tekstinnhaldet eksplisitt i vitskaplege
artiklar, medan titlane i populærvitskaplege artiklar er meir implisit-
te og stilistiske og dermed har funksjon som «lokkemat». Tolkinga
av kva den vitskaplege teksten «handlar om», blir såleis styrt av
«top-down»-strategiar, medan tolkinga av kva den populærvitskap-
lege teksten «handlar om», i større grad blir styrt av «bottom-up»-
strategiar (jf. Koskela 1996: 74, 200).

Når det gjeld informasjonsstrukturen i sjølve brødtekstane, sy-
ner Koskelas studie m.a. at det er større grad av *emnemessig kon-*
sentrasjon i vitskaplege artiklar og større grad av *emnemessig*
heterogenitet i populærvitskaplege artiklar (jf Koskela 1996: 78).
Dette heng saman med at tematiske element som ikkje i seg sjølve
aktualiserer sentrale teksttema (basis og parallelt tema),¹⁶ er

¹⁴ Det kan sjølvstakt vere ulike oppfatningar av kva konvensjonalisert tekstpraksis som skal ha status som akademisk *sjanger*. Swales opererer med følgjande «research-process genres» ved sida av artikkelen: abstracts (samandrag), presentations (munnlege innlegg/presentasjonar), grant proposals (stipendsøknader), books and monographs (bøker og monografiar) og theses and dissertations (avhandlingar) (jf. Swales 1990: 177ff).

¹⁵ Fordi arbeidsspråket til svenske fysikarar er engelsk, lèt det seg vanskeleg gjere å finne svenskpråklege vitskaplege artiklar innan fagområdet fysikk. Dei vitskaplege tekstane i materialet til Koskela er difor ni artiklar og elleve tekstar som blir karakteriserte som *rappor-*
tar (jf. Koskela 1996: 17).

liserer sentrale teksttema (basis og parallelt tema),¹⁶ er vanlegare i populærvitskap. Dette gjer teksten ennemessig meir heterogen og samstundes lettare å forstå fordi «det diskuterade ämnet relateras till läsarens bakgrundskunskaper» (Koskela 1996: 201). Slik «service» er ikkje nødvendig i «spesialist-til-spesialist»-kommunikasjon.

Ei anna side ved den komprimerte skrivestilen i vitskaplege artiklar kjem til syne gjennom den måten det blir vist til andre forskarar på. Dei framstillingstekniske konvensjonane ved *referansar* til andre forskarar i vitskaplege artiklar representerer eit svært komprimert og økonomisk grep samanlikna med andre sakprosasjangrar. Den minst økonomiske måten å referere til andre på er å bruke direkte sitat (verbatim-sitat), ein strategi som difor er fråverande på mange fagområde. Mindre plass tek integrerte parafrasar av synspunkta til andre forskarar og/eller tilvising til namn og publisasjonsår. Aller mest økonomisk er fotnote- og sluttnotesystemet. Sluttnotesystemet er særleg vanleg på fagområdet medisin (jf. Salager-Meyer 1998).

Som nemnt ovanfor (jf. 2.1.4) representerer det standardiserte tekstformatet IMROD også ei side ved komprimeringa i den vitskaplege artikkelen. Forfattaren treng korkje i skriveprosessen eller i sjølve artikkelen legitimere den overordna organiseringa i innleiing, metode, resultat og diskusjon:

The prescribed form of fixed sections with fixed titles creates disjunctions between mandatory sections: *the author does not have to establish overt transitions and continuity among the parts.* (Bazerman 1988: 260, mine kursiveringar)

IMROD fører altså til at forfattaren ikkje treng bygge bruer og lage overgangar i teksten. Dette er eit økonomisk grep og kanskje ein av grunnane til at naturvitskaplege IMROD-artiklar jamt over er svært stutte i høve til humanistiske artiklar.

¹⁶ Koskelas definisjonar av basis og parallelt tema er som følgjer: *Basis*: «ett element som har tematisk funksjon, eftersom det hjälper till att upprätthålla koherensen i texten, men som i sig självt inte är någon aktualisering av ett texttema.» (Koskela 1996: 39). *Parallelt tema*: «ett element som inte hör till textens egentliga ämnesområde, men som har strukturella uppgifter i utsagan.» (Koskela 1996: 41)

Tidlegare forskning har også vist at avsnitta i IMROD-strukturen har ein konvensjonalisert retorisk struktur. Det er særleg den retoriske oppbygginga av innleiingsavsnittet som til no er kartlagd. Blant dei mange bidraga diskursanalytikaren Swales har kome med, er kanskje den modellen han gjev for den typiske tekstopppbygginga i innleiingsavsnittet i den vitskaplege artikkelen (CARS-modellen), særleg kjend (sjå figur 3 nedanfor). Swales meiner innleiingane er inndelte i tre retoriske hovuddelar (moves), og at desse i sin tur kan karakteriserast av typiske innhaldskategoriar (steps), som ikkje må vere realiserte i alle innleiingar.

Move 1	Establishing a territory
Step 1	Claiming centrality and/or
Step 2	Making topic generalization(s) and/or
Step 3	Reviewing items of previous research
Move 2	Establishing a niche
Step 1A	Counter-claiming or
Step 1B	Indicating a gap or
Step 1C	Question-raising or
Step 1D	Continuing a tradition
Move 3	Occupying the niche
Step 1A	Outlining purposes or
Step 1B	Announcing present research
Step 2	Announcing principal findings
Step 3	Indicating RA structure

Figur 3: Create a Research Space (CARS) (Swales 1990: 141)

I MOVE 1, Establishing a territory, blir det ifølgje Swales gjeve ein generell presentasjon av emnet som syter for å påkalle interesse for og legitimere prosjektet (step 1 og 2). Legitimeringa er ofte signalisert via bruk av positivt evaluerande språkbruk som «great importance», «important aspect» eller «classic problem» (jf. Swales 1990: 144). I samband med dette vil det som regel bli vist til tidlegare forskning (step 3). Her har altså referansebruk ei sentral oppgåve i tekstoppbygginga (jf. Swales 1990: 148f).

I MOVE 2, Establishing a niche, blir den spesifikke problemstillinga til artikkelforfattaren som regel klarare ved at det t.d. blir vist til manglar ved rådande kunnskapsnivå (step 1B). Ifølgje Swales er typiske signal for overgangen til MOVE 2 nektingskonstruksjonar, adversative sambindarar som «however», «nevertheless» og «but» og talrike leksikalske uttrykk for manglar og problem som «suffer», «is limited to» og «time consuming» (jf. Swales 1990: 154-155). Vi møter altså her typisk *negativt* evaluerande språkbruk i motsetnad til den positive i MOVE 1. I MOVE 3, Occupying the niche, blir det gjeve ei førebels løysing på problema som vart signaliserte i MOVE 2, ved at den målsetnaden forfattaren har med artikkelen, og/eller den analysen som skal gjennomførast, blir annonsert. Ulike former for tekstdeiksis vil vere vanlege her.

Både Swales' eigne empiriske undersøkingar og tekstanalysar som byggjer på Swales, ser ut til å underbyggje at svært mange innleiingar er bygde opp i tråd med CARS-modellen. Nemnast her kan òg at Gnutzmann og Oldenburg på bakgrunn av Swales' modell og eiga forskning har utvikla ein enklare versjon av ein innleiingsmodell. Dei kallar ikkje hovuddelane MOVES, men Text Part Segments (her forkorta TPS):

- TPS1: Identifying the field of reserach**
- TPS2: Summarizing previous research**
- TPS3: Justifying the authors's own research**
- TPS4: Introducing present research**

Figur 4: Text Part Segments i innleiingar i vitskaplege artiklar (Gnutzmann og Oldenburg 1991: 117)

Modellen reflekterer i hovudsak den same tekstoppbygginga som CARS-modellen, men tilfører etter mitt syn ikkje noko vesentleg nytt, om vi ser bort frå at han i kanskje endå større grad synleggjer forfattarens behov for legitimering av sitt eige prosjekt (TPS3).¹⁷

Swales' modell ser såleis for det første ut til å ha fanga opp endå ei side ved *standardiseringa* i dei vitenskaplege artiklane som følgjer IMROD. Men vel så frapperande er etter mitt syn alle dei evaluative språktrekka Swales peiker på i gjennomgangen av dei ulike hovuddelane i modellen. Om vi skal trekkje inn det teksttypologiske perspektivet, er CARS etter mitt syn klart ein *argumenterende* tekstmodell. Det går òg fram av tittelen at det dreier seg om å skaffe seg eit «forskringsrom» med ein eigen, legitimert «nisje». Det handlar altså om posisjonering. Dette synleggjer at den vitenskaplege diskursen på ingen måte er nøytral og lidenskapslaus, iallfall ikkje i innleiingsavsnitta i forskingsartiklane.

I gjennomgangen av CARS-modellen har eg nemnt *evaluative innslag*, *referansebruk* og *tekstdeiksis* som typiske signal på dei ulike hovuddelane i innleiinga. Nedanfor blir denne typen signal, ved sida av *garderingar* og *førstepersonspronomen*, presenterte som uttrykk for forfattarnærvære og argumentasjon.

2.2.2 Forfattarnærvære og argumentasjon

Mykje av den tidlegare forskinga på den vitenskaplege artikkelen (og den vitenskaplege diskursen generelt) har vore retta mot uttrykksmåtar og språklege signal som synleggjer forfattersubjektet og forhandlinga i den vitenskaplege teksten. Desse trekka er ofte studerte i isolasjon, dvs. utan at dei er knytte til tekstoppbygging, slik dei blir i Swales' modell ovanfor. Eg vil her gå ut frå at dei alle må kunne setjast i samanheng med argumentasjon eller argumenterende tekstoppbygging (sjå òg 5.1 nedanfor).

Den uttrykksmåten som truleg har fått mest omtale, er *garderinga* («the hedge/hedging»), ei konvensjonalisert form for akade-

¹⁷ Gnutzmann og Oldenburg gjer elles framlegg om ein liknande modell for konklusjonane i vitenskaplege artiklar (Gnutzmann og Oldenburg 1991: 126).

misk reservasjonsretorikk som mange forskarar har interessert seg for. Garderinga er av Markkanen og Schröder (1989) definert som «any manipulative non-direct sentence strategy of saying less than one means» (her sitert etter Banks 1994: 587). Representative realiseringar er¹⁸

(1) It **would appear** that under such conditions [...]

(2) The data **suggests** that [...]

(1) er realisert via kombinasjonen av eit modalt hjelpeverb («would») og eit leksikalsk verb som er garderande eller epistemisk («appear»). I (2) er det ved hjelp av eit slikt verb åleine («suggests») at forfattaren får uttrykt atterhald eller reservasjon i høve til sanningsgehalten i påstandsinnhaldet. Garderinga kvalifiserer altså det påstandsinnhaldet som blir formidla, i høve til kor sikkert det er. I akademiske tekstar, som (for)handlar om kunnskap, blir dei difor sentrale og nødvendige argumentasjonsstrategiar. Hyland går så langt som til å hevde at ein påstand som ikkje er gardert, sannsynlegvis (sic!) ikkje er ein påstand om ny kunnskap (Hyland 1998b: 79). Garderinga gjer forfattarstemma merkbar. Jamvel om forfattaren ikkje sjølv kjem direkte til syne via bruk av førstepersonspronomen – som i (1) og (2) ovanfor – blir det via garderingar tydeleg at det er ein instans som vurderer påstandane, sjølv om det blir formulert som at t.d. «data peiker i retning av». Data kan jo ikkje hevde noko; det er forfattarens vurdering av data dette dreier seg om.¹⁹

Forfattarar av vitskaplege artiklar kjem også til syne via andre typar kvalifiseringar enn den garderande typen. Dette er vurderingar som t.d. kvalifiserer saksinnhaldet som meir eller mindre

¹⁸ Begge desse døma er henta frå Banks 1994: 588, 590.

¹⁹ Garderingar er brukte i vitskaplege artiklar på *alle* fagområde. For observasjonar og analyser frå diverse fagområde viser eg til Simpson 1990 (litteraturvitskap), Butler 1990 (fysikk, botanikk og zoologi), Hunston 1994a (anvend lingvistik), Kourilova 1994 (endokrinologi, farmakologi og andre naturvitskaplege disiplinar), Salager-Meyer, Defives og Hamelynck 1996 (medisin i diakront perspektiv), Hyland 1996 (molekylærbiologi) og Luukka og Markkanen 1997 (kontrastivt finsk vs. engelsk og munnleg vs. skriftleg). Elles vil eg vise spesielt til Hyland 1998b, som, så vidt eg veit, er den første monografien som behandlar garderinga.

bra/dårleg, interessant/ uinteressant, viktig/uviktig eller relevant/ irrelevant. Vi såg mange døme på denne typen kvalifiseringar i gjennomgangen av CARS-modellen ovanfor. Her er to til:²⁰

(3) Of **particular interest and complexity** are the symmetric and the asymmetric separated vortex flows [..]

(4) **Unfortunately**, however, such comparison are **complicated by the confounding** of class with race.

(3) er ei positivt ladd vurdering, medan (4) er ei negativt ladd vurdering. Hunston, som har interessert seg vel så mykje for denne typen kvalifiseringar i vitskaplege artiklar som for garderinga, karakteriserer dette som evaluations (sjå Hunston 1994b og 2000).

Garderingar (og andre typar kvalifiseringar) gjer som nemnt forfattarstemma merkbar sjølv om det ikkje er nytta førstepersonspronomen. Om forfattaren i tillegg manifesterer seg ved å referere til seg sjølv, blir forfattarnærværet ekstra sterkt. Banks har her kome med nokre interessante analysar. Han spelar på metaforen i den engelske termen hedge og gjer framlegg om å klassifisere garderingar som normale, gjødsla («fertilized») og klipte («trimmed») (sjå Banks 1994: 590). Overført til norsk kan vi tale om normale, forsterka og avdempa eller svekte garderingar. Ei gardering blir etter Banks syn avdempa eller svekt når forfattarsubjektet kjem til syne via førstepersonspronomen som i (5) nedanfor:

(5) *We suggest* that much of the carbonate below 4.8 km [...]

Førstepersonspronomen er sentrale overflaterealisasjonar av forhandlinga i den vitskaplege teksten fordi dei eksponerer «the author-knowledge relationship» (Vassileva 1998: 164). Ein gjer seg sårbar ved å stille seg sjølv «til skue» på denne måten. Men ein kunne like gjerne snu Banks resonnement på hovudet og hevde at det er den sterke ansvarstakinga som er signalisert via førstepersonspronomenet, som blir avdempa eller svekt via garderinga. Mitt ærend her er ikkje først og fremst å vurdere Banks i og for seg, men å understreke at bruk av førstepersonspronomen, garderingar og

²⁰ Døme (3) er henta frå Swales 1990: 143. Døme (4) er henta frå Hunston 1994b: 213.

andre typar vurderingar alle er spor av forfattarnærvære og såleis relaterte fenomen. Denne typen språkbruk har også ein tendens til å dukke opp i klyngjer («clusters») i den vitenskaplege artikkelen (sjå Breivega 1999: 88). Dermed kan det oppstå ein slags dynamikk mellom dei ulike verkemidla, slik Banks er inne på. Er ein *for* tydeleg ein stad, trekkjer ein seg tilbake ein annan stad.

Andre døme på forfattarnærvære i vitenskaplege artiklar er *meta-diskurs* i form av tekstdeiksis som t.d. «I denne artikkelen [...]» og «Som nemnt ovanfor [...]». Også via slike uttrykksmåtar blir forfattere som vurderande og organiserande instans merkbar, og vi ser ofte at metatekstuelle innslag og bruk av førstepersonspronomen følgjest åt. Metadiskursomgrepet blir elles ofte definert mykje vidare enn tekstdeiksis. I Vande Kopples definisjon, som mange byggjer på, er det tale om «discourse about discourse or communication about communication» (Vande Kopple 1985: 83), og dette fører til at garderingar og ulike typar evaluativ språkbruk ofte blir innlemma i analysar med utgangspunkt i metadiskursomgrepet (sjå t.d. Crismore og Farnsworth 1990 og Hyland 1998a).²¹

Referansebruken i vitenskaplege artiklar er ikkje døme på manifestasjon av artikkelforfattar (forfattarnærvære); dei syter derimot for at andre forfattersubjekt kjem til orde. Det er likevel artikkelforfatteren som selekterer og distribuerer synspunkta til andre forskarar, og referansebruken kan difor vere ein viktig forhandlingsstrategi. Somme referansar blir brukte stadfestande, for å støtte opp om forfattere sitt eige prosjekt eller synspunkt, medan andre tilvisingar i større eller mindre grad avviser tidlegare forskning (sjå Koskela 1999: 149f og Koskela 2000: 93-99 og 100-105).

Garderingar, evalueringar, førstepersonspronomen, metatekst og referansar er frekvente fenomen i den vitenskaplege artikkelen uavhengig av fagområde. Den frekvente førekomsten av desse variab-

²¹ Det eksisterer i det heile mange ulike omgrepshierarki og teoretiske rammeverk for analysen av den typen fenomen vi har sett på her. Garderinga blir t.d. dels behandla som ein type epistemisk modalitet, dels som metadiskurs og dels som ein type evaluering. Teoretiske og metodiske grenseoppgangar på dette området vil eg kome tilbake til i samband med utmeislinga av dei konkrete analysevariablane som skal nyttast i denne granskinga (sjå 5.2.4.3 nedanfor).

lane svekkjer «fordommen» om den upersonlege og nøkterne vitenskaplege teksten.

Slike spor av forfattarnærvære og engasjement er også påviste i den komprimerte og informasjonsretta subsjangeren *samandrag* (sjå Fløttum 2000a og 2001). Erkjenninga av at det bak den akademiske fagteksten skjuler seg ein person, kan òg setjast i samanheng med ein ganske fersk «trend» innan forskinga på akademisk diskurs, nemleg å konsentrere seg om tekstar som er skrivne av éin eller få forfattarar, og på denne måten identifisere vitenskapleg *individualstil* og/eller følgje ein forskars utvikling over tid som akademisk skribent (sjå Swales 1998, Laurén 1999, Nordman 1999 og Koskela 2000).

2.2.3 Strukturell todeling av IMROD-artiklar?

Det eksisterer, så vidt eg kjenner til, ikkje framlegg til retoriske modellar for heile tekstmassen i den vitenskaplege artikkelen (sjå òg 2.3.2 nedanfor). Men det er utført mykje forskning omkring *distribusjonen* av ulike variablar (ikkje minst slike spor av forfattarnærvære og argumentasjon som var i fokus ovanfor) i dei fire avsnitta i IMROD-artiklar. Dette gjev grunnlag for å teikne visse tekstprofilar.

Resultata av denne forskinga peiker i retning av at IMROD-formatet fører til ei *retorisk-strukturell todeling* av artikkelen. I innleiingsavsnittet skal den vitenskaplege undersøkinga legitimerast, og i diskusjonsavsnittet skal resultata kommenterast og evaluerast (jf. kravspesifikasjonen for IMROD, sjå 2.1.2 ovanfor). Dette fører til at forfattarsubjektet i desse avsnitta relavt oft er synleg på tekstoverflata via bruk av t.d. førstepersonspronomen, evaluative innslag og garderingar. Vidare er tempusforma som regel presens. I metode- og resultatavsnitta er det få eller ingen spor av forfattarnærvære og argumentasjon. Derimot er det mange passivkonstruksjonar og større innslag av tempusforma preteritum. Metode- og resultatavsnitta er dermed dei avsnitta som i størst grad representerer den objektiverande, saklege og nøkterne vitenskaplege skrivinga.

For eit godt oversyn over desse distribusjonsmønstra viser eg til Swales 1990: 134-137. Sjå òg West 1980, Hunston 1994b, Kourilova 1994, Skelton 1997, Hyland 1998b og Breivega 1999 og 2001c. På grunnlag av desse skilnadene vel somme å omtale innleiings- og diskusjonsavsnitta som kommenterande avsnitt og metode- og resultatavsnitta som rapporterende avsnitt (jf. Kourilova 1994: 642).

<i>Kommenterande avsnitt</i>	<i>Rapporterande avsnitt</i>
Innleiing	Metode
Diskusjon	Resultat

Figur 5: Retorisk-strukturell todeling av avsnitta i IMROD

Denne strukturelle todelinga reflekterer den generelle *tendensen* i tidlegare forskingsresultat. Todelinga blir ikkje i like stor grad stadfest i alle studiar: Det er visse skilnader mellom dei to kommenterande avsnitta på den eine sida og dei to rapporterende på den andre sida. Somme innleiingar kan ha relativt lite kommenterande språkbruk, kanskje fordi dei rett og slett er for stutte, og resultatavsnitta kan somme tider skåre relativt høgt på variablar som normalt høyrer til det kommenterande registeret. I det materialet Hyland 1998b undersøker med omsyn til garderingar, skårar resultatavsnittet like høgt som innleiingsavsnittet (20 prosent av førekomstane), medan diskusjonsavsnittet inneheld 36,4 prosent av garderingane og metodeavsnittet berre 3,4 prosent (Hyland 1998b: 153). Diskusjonsavsnittet kan såleis seiast å vere det «mjukaste» av dei to kommenterande avsnitta, medan metodeavsnittet er det «hardaste» av dei to rapporterende avsnitta.

2.2.4 Humanistisk diskurspraksis

At den vitenskaplege artikkelen er eit tekstleg uttrykk som etterlever varierende tekstnormer, og ikkje eit transcendent medium for den vitenskaplege erkjenninga, blir også synleggjort av alle typar komparative innfallsvinklar. Det vitenskaplege uttrykket varierer over tid (jf. 2.1.3 ovanfor) og i rom; dvs. at det eksisterer nasjonale og kulturelle vitenskaplege identitetar (jf. Clyne 1981 og Vassileva 1995 og 1998). Det komparative perspektivet som står i fokus her, er natur-

vitskapleg versus humanistisk diskurspraksis. Mykje tyder på at dei retoriske modellane det er vist til tidlegare i dette kapittelet, er dårlegare tilpassa akademisk skriving på det humanistiske fagområdet.

I Koskela 2000 blir ulike sider ved tekstopppbygginga og språkbruken i svenskspråklege *filosofiske* artiklar og essay kartlagde. For analysen av innleiingane legg Koskela til grunn ein modell med fire retoriske steg som er inspirert av Swales, og Gnutzmann og Oldenburgs innleiingsmodellar (jf. Swales 1990 og Gnutzmann og Oldenburg 1991; sjå figur 3 og 4 ovanfor). Ho konkluderer med at innleiingane i dei filosofiske artiklane «endast delvis» følgjer desse mønstra, og at denne typen analysemodell ikkje gjev eit godt nok bilete av tekstopppbygginga når han «tillämpas i mera herterogena genrer än i naturvetenskapliga artiklar, vilka den baserar sig på» (Koskela 2000: 83). Kva er det så som karakteriserer tekstopppbygginga i slike meir «heterogena genrar»? Det veit vi ikkje så mykje om, sidan den humanistiske vitskaplege artikkelen er eit mykje mindre utforska studieobjekt enn den naturvitskaplege. Vi har difor mindre kunnskap om tekstopppbygginga i humanistiske artiklar, og resultatane eg no skal referere, kan berre antyde ein del karakteristika.

Martin beskriv skilnadene mellom naturvitskapleg og humanistisk diskurspraksis med utgangspunkt i nominaliseringa, som vi alt har sett at han og Halliday omtaler som ein grammatisk metafor (jf. 2.1.1 ovanfor). Rett nok er det lærebokdiskursen Martin analyserer, men han meiner sjølv at resultatane er generaliserbare til annan akademisk prosa. Sjølv om denne grammatiske metaforen er felles for all vitskapleg språkbruk, meiner Martin at det er skilnad på kva *funksjon* nominaliseringa har i naturvitskap og humaniora. Martin poengterer at framstillingar innanfor humanistiske fagområde ofte er like utilgjengelege for den ulærde som naturvitskaplege framstillingar, sjølv om dei førstnemnde, særleg på eit fagområde som historie, inneheld mindre fagspesifikk terminologi. Grunnen til dette er ifølgje Martin at medan nominaliseringa i naturvitskaplege framstillingar primært fungerer som termdanningsreiskap, fungerer nominaliseringa som ein del av sjølve *tekstopppbygginga* i humanistiske framstillingar. Dette kan føre til at framstillingar av humanistisk

fagstoff, t.d. i lærebøker, blir vel så abstrakte som naturvitskaplege utgreiingar (Martin 1993: 267).²²

Martins resultat peiker altså i retning av at sjølve tekstoppbygginga spelar ei viktigare rolle i humanistiske fagtekstar, eit synspunkt som det alt tidlegare er vist til her (jf. 1.3 ovanfor). Naivt utlagt, som at tekstoppbygginga har lite å seie i naturvitskapleg skrivning, blir dette ein antiretorisk synsmåte, som ein sjølv sagt ikkje kan leggje til grunn. Men eg trur Martin har gjort ein viktig observasjon. Om vi som Martin tek faget historie som døme, er det ikkje urimeleg å ha ein hypotese om at tekstoppbygginga er viktigare her enn i t.d. medisin i den forstand at sjølve forskingsresultatet i den historiske artikkelen faktisk *er* den framstillinga forfattaren gjev av t.d ein prosess over tid, og dette er eit «resultat» som det trengst ein viss tekstmasse for å utvikle. Ein naturvitar vil i ein IMROD-artikkel ikkje framstille resultatata via slike tekstlege utgreiingar, men ved å plassere numeriske og leksikalske data som refererer til storleikar «utanfor» teksten i resultatavsnittet.

Studiar av den typen variablar eg ovanfor behandla som spor av forfattarnærvære, og som vi vidare såg hadde visse distribusjonsmønster i IMROD-artiklar, er også gjennomførte på humanistiske artiklar. Sidan humanistiske artiklar stort sett ikkje følgjer IMROD, eksisterer det ikkje noko samanlikningsgrunnlag for studiar av distribusjon i ulike avsnitt i humanistiske artiklar. Men det tidlegare forskning kan tyde på, er for det første at slike teikn på forfattarnærvære og engasjement er *sterkare formulerte* i humanistiske artiklar. Koskela gjev mange døme på personleg engasjement i dei filosofiske artiklane ho har studert, og observerer at filosofane dels lèt vere å bruke dei konvensjonaliserte, garderte skrivestrategiane som «eg skal i denne teksten *forsøkje å vise*» og i staden presenterer «sina avsikter sjølvsikkert och utan hämningar» (Koskela 2000: 82). Positive og negative evaluative innslag (jf. 2.2.2 ovanfor) ser altså ut til å vere vanlegare i desse tekstane enn i «gjennomsnittleg» akade-

²² Den artikkelen det blir vist til her, «Life as a Noun: Arresting the Universe in Science and Humanities», er elles omsett til norsk i K.L. Berge, P. Coppock og E. Maagerø 1998: 333-386.

misk prosa. For det andre peiker tidlegare forskning i retning av det jamt over er *fleire innslag* av forfattarnærvære i humanistiske vitenskaplege artiklar. Hyland (jf. Hyland 1998a og 1999) har komparert omfanget av garderingar, metadiskurs og andre typar forfattarnærvære (stance expressions) i vitenskaplege artiklar frå ulike fagområde, og resultatata tyder på at denne typen signal er vanlegare på dei «mjuke» (les: humanistiske eller kulturfaglege) fagområda:

Collectively, the journals in applied linguistics, marketing, philosophy and sociology contained almost 30 % more stance expressions than those from the sciences and engineering, with hedges and attitude markers particularly strongly represented. (Hyland 1999: 109, mine kursiveringar)

Som akademisk sjanger er *samandraget* ein konvensjonalisert kortversjon av nettopp *artikkelen*. Subsjangeren samandrag vil dermed mest sannsynleg spegle nokre av dei karakteristika kjeldeteksten har, og komparative analysar av samandraget kan difor ha relevans for oss her. Tibbo jamfører 120 samandrag frå disiplinane kjemi, psykologi og historie og finn at medan om lag 90 prosent av periodane i kjemi- og psykologisamandraga er i tråd med dei innhaldskategoriene som er spesifiserte av standardiseringsorgan som ANSI/ISO²³, er dette berre tilfellet for 40 prosent av periodane i historiesamandraga.²⁴ Dei periodane i historiesamandraga som ikkje fall inn under dei standardiserte innhaldskrava, synte seg å vere deskriptive, narrative eller «subjektive», dvs. at dei inneheldt meiningstryningar og vurderingar av ulike slag (jf. Tibbo 1992: 45). Dette resultatet peiker dermed i same retning som Koskelas og Hylands ovanfor.

At det truleg er større innslag av forfattarnærvære og argumentasjon i humanistiske artiklar, kan også seiast å vere ein implikasjon av resultatata i ein annan studie av samandraget: Dahl 2000. Dahl nyttar eit resymeringsprogram (Tele-pattan II), som byggjer på

²³ ISO= The International Organization for Standardization. ANSI: The American National Standards Institute.

²⁴ Innhaldskrava er emne og mål for studien, metode, resultat og signifikante konklusjonar (Tibbo 1992: 31).

leksikalsk kohesjon mellom setningar, til automatisk resymering av 15 vitenskaplege artiklar frå eit naturvitenskapleg fagområde og samanliknar deretter dei datagenererte samandraga med samandrag skrivne av forfattarane. Dei datagenererte samandraga viste seg å ha høg kvalitet: «More than half of the summaries were assessed to be of a higher quality than a mere relevance indicator» (Dahl 2000: 354). Dette kan implisere at koherensen i naturvitenskaplege artiklar framfor alt er eit resultat av leksikalske relasjonar mellom setningar, og at spor av forfattarnærvære – altså trekk som høyrer til det kommenterande eller argumenterande registeret – har mindre å seie for koherensen.

Dahls arbeid har ikkje noko primært teksttypologisk siktemål, men ho klassifiserer tentativt artiklane i korpuset sitt som utgreiane (expository). Med eitt unntak er artiklane også typiske empiriske forskingsartiklar som dokumenterer ei eller anna form for vitenskapleg undersøking. Det er interessant at den artikkelen som i minst grad lét seg resymere på grunnlag av leksikalske relasjonar, er ein *teoretisk* artikkel som Dahl karakteriserer som primært argumenterande (Dahl 2000: 376). Har kanskje denne artikkelen fellestrekk med humanistiske artiklar?²⁵

2.3 Oppsummering og implikasjonar

2.3.1 Hypotesedanning på grunnlag av tidlegare tekstforskning

Denne gjennomgangen av tidlegare forskning på den vitenskaplege artikkelen starta med eit fokus på standardiserte og komprimerte sider ved artiklane, men dreidde raskt over til å behandle meir argumenterande teksttrekk, som synt seg å vere sentrale. Her følgjer ei punktvis oppsummering som vil vere utgangspunkt for vidare hypotesedanning. Tidlegare forskning synest å ha kome fram til følgjande resultat:

²⁵ Dahls arbeid byggjer i stor grad på Hoey 1991, der det blir utvikla ein hypotese om at det framfor alt er dei leksikalske relasjonane som skaper samanheng i alle *ikkje-narrative* tekstar. Hoey 1991 har dermed relevans for diskusjonen av tekstlege framstillingsformer generelt, og eg vil kome attende til dette arbeidet i samband med presentasjonen av Hoey's superstrukturomgrep (sjå 4.2.2.2-3 nedanfor).

A Argumenterende teksttrekk er klart til stades i vitenskaplege forskingsartiklar

Med argumenterende teksttrekk siktar eg her til to typar resultat. For det første den typen retorisk-funksjonelle sider ved artiklane (særleg innleiingane) som har danna grunnlag for modellane til Swales og Gnutzmann og Oldenburg (jf. 2.2.1). For det andre den typen fenomen som her er behandla under overskrifta forfattarnær-være og argumentasjon, nemleg bruk av førstepersonspronomen, garderingar, evalueringar, metadiskurs og referansebruk (jf. 2.2.2).

B Det eksisterer likevel klare skilnader i distribusjon og omfang av argumenterende teksttrekk i naturvitenskaplege og humanistiske artiklar

B1 Omfanget av argumenterende teksttrekk er større i humanistiske artiklar enn i naturvitenskaplege artiklar

Med argumenterende teksttrekk siktar eg her til spora av forfattarnær-være og argumentasjon, som synest å auke både i styrke og omfang i den humanistiske artikkelen (jf. 2.2.2 og 2.2.4 ovanfor).

B2 Argumenterende teksttrekk har bestemte distribusjonsmønster i naturvitenskaplege artiklar

Med argumenterende teksttrekk siktar eg framleis her til spora av forfattarnær-være og argumentasjon, som er frekvente i innleiings- og diskusjonsavsnitta (dei kommenterende avsnitta) og meir eller mindre fråverande i metode- og resultatavsnitta (dei rapporterende avsnitta) (jf. 2.2.3 ovanfor).

Når det gjeld *distribusjonen* av argumenterende teksttrekk i humanistiske artiklar, som her ville vore eit naturleg punkt, har vi ingen resultat å byggje på frå tidlegare forskning. Fordi artiklar på dei humanistiske fagområda ikkje følgjer IMROD, ville vi uansett ikkje fått samanliknbare resultat. Men at det ikkje eksisterer forskingsresultat som peiker i retning av særskilde distribusjonsmønster for desse variablane i humanistiske artiklar, kan kanskje òg tyde på at det ikkje eksisterer slike mønster i desse tekstane, dvs. at slike variablar er *jamt* distribuerte i humanistiske artiklar?

Vi kan no gå tilbake til dei to hypotesane som vart lagde til grunn i kapittel 1. Dei var formulerte slik:

- 1 *Både naturvitenskaplege og humanistiske artiklar inneheld realiseringar av argumenterande superstrukturar.*
- 2 *Skilnadene mellom argumentasjonsstrategiane i naturvitenskaplege og humanistiske artiklar er eit resultat av karakteristika ved dei superstrukturelle konfigurasjonane, nærare bestemt distribusjonen av argumenterande superstrukturar.*

Korleis kan desse hypotesane no vurderast? Det første som må presiserast, er at den forskinga som er referert her, ikkje har omhandla argumenterande superstrukturar, men det eg har karakterisert som argumenterande teksttrekk. Det kan ikkje takast stilling til om dette er *fullstendig* samanfallande storleikar før superstrukturomgrepet er endeleg avklart (sjå kapittel 4 og 5). Med dette atterhaldet kan vi for det første slå fast at den første hypotesen kan seiast å vere styrkt via gjennomgangen av tidlegare forskingsresultat. Berre Dahls resultat, som peiker i retning av at koherensen i naturvitenskaplege artiklar framfor alt er eit resultat av leksikalske relasjonar mellom setningar, svekkjer hypotesen. Det skulle dermed vere legitimt å halde fram med å arbeide ut frå ein grunnhypotese om at både naturvitenskaplege og humanistiske artiklar inneheld realiseringar av argumenterande superstrukturar

Den andre hypotesen ser òg ut til å vere styrkt og kan presiserast noko. Vi har for det første sett at tidlegare forskning peiker i retning av at det er fleire argumenterande teksttrekk i humanistiske artiklar. Vi har for det andre sett at tidlegare forskning peiker i retning av ei strukturell todeling av den naturvitenskaplege forskingsartikkelen, og at denne todelinga nettopp ser ut til å leggje restriksjonar for *kvar* i artiklane argumenterande teksttrekk førekjem. Slike restriksjonar er ikkje påviste for humanistiske artiklar.

Hypotese 2 dreidde seg om *distribusjonen* av argumenterande superstrukturar. Som vi skisserte i kapittel 1 (pkt. 1.4), kan superstrukturar distribuerast både horisontalt (lineært) og vertikalt (hierarkisk). Hypotese 2 kan no reformulerast og presiserast slik:

2a) *Argumenterende superstrukturar dominerer i større grad humanistiske artiklar enn naturvitskaplege.* Dette vil både seie at større delar av tekstmassen er strukturert som argumenterende minitekstar, og at argumenterende superstrukturar – i den grad teksten er hierarkisk oppbygd – i større grad er dominerande i teksten.

2b) Argumenterende superstrukturar i naturvitskaplege artiklar har ein fastare horisontal (lineær) distribusjon enn kva tilfellet er i humanistiske artiklar. Argumenterende minitekstar finn vi helst i dei kommenterende avsnitta (innleiings- og diskusjonsavsnitta) og ikkje i dei rapporterende (metode- og resultatavsnitta). Humanistiske artiklar er ikkje direkte samanliknbare, sidan dei stort sett ikkje følgjer IMROD-formatet, men hypotesen er at det ikkje eksisterer spesielle restriksjonar for den horisontale distribusjonen av argumenterende framstillingsformer i humanistiske artiklar.

I denne granskinga vil dessutan *tekstleg heterogenitet* stå i fokus. Dette perspektivet har til no vore lite framheva, fordi framstillinga har konsentrert seg om argumenterende teksttrekk og hypotesar om argumenterende superstrukturar. Som nemnt i kapittel 1 kan det ikkje formulerast presise hypotesar om kva andre framstillingsformer som gjer seg gjeldande i det materialet som skal granskast her, før dette materialet er nærare presentert, og før det er avklart kva andre superstrukturar som lèt seg operasjonalisere. Det einaste eg til no går ut frå, er dette:

2c) *Argumenterende superstrukturar interagerer med andre superstrukturar i både humanistiske og naturvitskaplege artiklar.* Av hypotese 2c) følgjer dessutan at dei rapporterende avsnitta i naturvitskaplege IMROD-artiklar må vere realiserte av andre superstrukturar enn den argumenterende. I dei humanistiske artiklane har vi ingen haldepunkt for å anta noko om distribusjonen av andre framstillingsformer.

2.3.2 Legitimering av superstruktur som analytisk verktøy

Særleg når det gjeld hypotesen 2b ovanfor, kan det vere legitimt å stille eit kritisk spørsmål: Når tidlegare forskning ved hjelp av andre analytiske verktøy alt har påvist ei strukturell todeling av IMROD-

artiklar, kva er då poenget med eventuelt å stadfeste denne todelinga endå ein gong, og dét t.o.m. via eit vanskeleg operasjoniserbart analytisk verktøy (jf. 1.5 ovanfor)?

Den viktigaste grunnen til at superstruktur her vil vere det primære analytiske verktøyet, er at målet er å *komparere* to ulike analyseobjekt, nemleg naturvitskaplege IMROD-artiklar og humanistiske artiklar. Om ein skal kunne etablere samanliknbare data, må ein nytte eit analytisk verktøy som ikkje primært er utvikla på grunnlag av tidlegare forskning om det eine analyseobjektet. Gjennomgangen av tidlegare forskning om den humanistiske artikkelen og humanistiske fagtekstar generelt (jf. 2.2.4 ovanfor) viste m.a. at desse forskingsresultata har ein tendens til å vere *negativt* formulerte; dvs. at dei seier noko om t.d. kva retorisk-funksjonelle modellar humanistiske fagtekstar ikkje eller berre delvis følgjer. Slik må situasjonen nødvendigvis bli så lenge ein ikkje har utvikla eigne retoriske eller funksjonelle modellar for humanistisk skrivepraksis. Konsekvensen blir at ein stadig måler humanistisk skrivepraksis opp mot den naturvitskaplege i staden for å analysere humanistiske fagtekstar på deira eigne premissar. Ved å velje eit analytisk rammeverk som ikkje primært er utvikla korkje for humanistiske eller naturvitskaplege fagtekstar, skulle ein difor i større grad kunne sikre «positive» data om begge analyseobjekta. Ved å ta utgangspunkt i superstrukturomgrepet, som er eit *generelt tekstomgrep* på line med omgrep som teksttype og sjanger, vil det også i større grad bli lagt eit grunnlag for at resultata kan samanliknast med resultat frå analysar av andre (sakprosa)sjangrar. Superstrukturomgrepet er dessutan særleg interessant fordi det gjer det mogeleg å fange opp tekstleg *heterogenitet* (jf. 1.5 ovanfor).

Swales' CARS-modell er den mest sentrale retorisk-funksjonelle modellen som eksisterer for den vitskaplege artikkelen, og fortener såleis ein særleg kommentar. Denne modellen er sentral ikkje berre fordi svært mange analysar av vitskaplege artiklar byggjer på han, men også fordi modellen synest å ha overføringsverdi til andre sjangrar enn den vitskaplege artikkelen (sjå t.d. Skulstad 1997). Modellen er dessutan i mykje større grad enn mange andre tilnærmingar til den vitskaplege artikkelen sett i sa-

manheng med generell tekstteori. Swales medverkar i 1990-boka sterkt til teoriutviklinga innan diskursanalyse ved dei definisjonane han gjev av omgrepa *sjanger* og *diskurssamfunn*. Dette er definisjonar som har hatt stor nedslagskraft i fagmiljøa (sjå Bhatia 1993, Frandsen 1995, 2001 og Ledin 1996, 1999).

Når eg likevel ikkje vil leggje Swales' CARS-modell til grunn i denne studien, er det – ved sida av at også denne modellen primært er utvikla på grunnlag av naturvitskaplege IMROD-artiklar – også fordi CARS-modellen berre femner om *innleiingane* i vitskaplege artiklar. Swales gjev dessverre ikkje noka jamførbar behandling av dei andre avsnitta i IMROD. Åtte typiske MOVES blir nemnde i behandlinga av diskusjonsavsnittet, men dei representerer ikkje noko framlegg til funksjonell tekstmodell på line med CARS-modellen (Swales 1990: 172-173). Når målet som her er å analysere heile tekstmassen i den vitskaplege artikkelen, må ein ta utgangspunkt i modellar som lèt seg applisere på heile tekstar.

Swales' CARS-modell er likevel interessant i vår samanheng. Dette kjem ikkje berre av at han er ein god og operasjonaliserbar modell som synleggjer viktige karakteristika ved vitskaplege innleiingar. CARS-modellen er også interessant fordi han er døme på ein *funksjonell* tekstmodell, slik denne storleiken blir forstått her (sjå 1.4 ovanfor). Overført til den forståinga av superstruktur som er skissert i førre kapittelet, kan dei tre hovuddelane (MOVE 1-3) karakteriserast som *komponentar*. Swales synest også å ha ei liknande forståing av korleis ein funksjonsstruktur kan distribuerast i tekst som den eg har skissert i kapittel 1, i og med at han gjev døme på *rekursiv* distribusjon av komponentane i CARS. I somme innleiingar blir sekvensane av MOVE 1-3 tekne opp att, og komponentane førekjem tidvis i ukonvensjonell rekkjefølgje (jf. Swales 1990: 162-163). Eg vil difor kome attende til denne modellen under behandlinga av superstrukturomgrepet i kapittel 4 (sjå 4.3.3.1).

2.3.3 Kva rolle skal IMROD ha?

Svært mykje av den forskinga som er referert i dette kapittelet, har brukt IMROD som utgangspunkt for analysar av distribusjon av diverse variablar, og desse forskingsresultata har vore brukte som

eit utgangspunkt for hypotesedanning ovanfor. IMROD har dessutan fått ein del omtale også i den generelle perspektiveringa av vitskapspråket som innleidde dette kapittelet (sjå 2.1.2 og 2.1.3 ovanfor). Det er alt klart at det korkje er mogeleg eller ønskjeleg å leggje IMROD til grunn for analysane her. IMROD vil likevel vere ei viktig referanseramme.

Det er ovanfor sett fram hypotesar om distribusjonen av argumenterande superstrukturar i dei ulike avsnitta i artiklar som følgjer dette formatet. Presentasjonen av analyseresultata for dei IMROD-artiklane som måtte finnast i det materialet som skal granskast her, vil difor i stor grad bli strukturt i høve til dei ulike IMROD-avsnitta. Om ein artikkel følgjer IMROD eller ikkje, har elles ingen konsekvensar for superstrukturanalysen per se. IMROD er såleis ei *ytre* referanseramme. IMROD får vidare visse konsekvensar for utval av artiklar til djupanalyse. *Eventuelle* humanistiske artiklar som følgjer IMROD, vil bli utvalde til djupanalysar fordi det vil vere av særleg interesse å sjå om dei superstrukturelle konfigurasjonane, og då særleg distribusjonen av argumenterande strukturar, er samanfalande i dei ulike avsnitta i IMROD i naturvitskaplege og humanistiske artiklar.

2.3.4 Samanhengshypotesen

Eg vender no tilbake til den overordna kontekstuelle forståingsramma som er nemnd fleire gonger i dette kapittelet, nemleg den vitskapsteoretiske forankringa til humaniora og naturvitskap. Det mest særmerkte ved produksjonskonteksten til vitskaplege artiklar er dei faglege, og dermed vitskapsteoretiske, tradisjonane dei inngår i. Spørsmålet blir om særdrag ved tekstopppbygginga i humanistiske og naturvitskaplege artiklar kan forankrast fagleg og vitskapeteroretisk. Eg vil no eksplisittere kva ein slik hypotese kan gå ut på.²⁶

2.3.4.1 Formulerte samanhengshypotesar

Tekstforskarar vil i all hovudsak avgrense prosjekta sine til å *beskrive* skilnader mellom ulike akademiske tekstar, slik vi har sett

²⁶ Samanhengshypotesen er òg presentert i Breivega 2000 (vitskapsteoretisk innlegg).

mange døme på i dette kapittelet. Men ein kan likevel tidvis sjå meir eller mindre eksplisitt formulerte hypotesar om *årsaka* til at humanistar og naturvitarar tilsynelatande tilpassar seg ulike tekstnormer. Sjølv om slike forståingsrammer ikkje minst skulle vere relevante innanfor eit *fagspråk*sparadigme (jf. 2.1.4 ovanfor), er det likevel i størst grad litteraturvitskapleg forankra forskning på vitskapleg språkbruk som til no har lagt mest vekt på dette perspektivet.

Litteraturvitaren Bazerman drøftar hovudskilja mellom humanistisk og naturvitskapleg skrivestil på bakgrunn av ein analyse av tre artiklar frå disiplinane molekylær biologi, vitskaps sosiologi og litteraturvitskap (Bazerman 1988: 18-55).²⁷ I analysen dreg Bazerman fram mange av dei trekka vi alt har sett på, som t.d. bruken av førstepersonspronomen og referansar. Bazerman tek òg utgangspunkt i det han karakteriserer som dei fire kontekstane *forskningsobjekt, litteratur, publikum og forfattar*.

I den naturvitskaplege artikkelen er den første konteksten – *forskningsobjektet* – overordna dei tre andre i ein slik grad at «the article may appear to speak univocally about nature» (Bazerman 1988: 27). Litteraturreferansane er relativt få og krese utvalde i høve til det observerte naturfenomenet og dei påstandane forfattarane set fram om det. Det er krevst store forkunnskapar hos publikum, og forfattarnærveret er redusert til eit minimum. Om funksjonen til dei førstepersonspronomena som er nytta, heiter det:

None of the first-person uses imply inconstancy in the object studied, but only changes or development of the authors' beliefs of what the appropriate claims about the object should be. *The object is taken as given*, independent of perception and knowing. (Bazerman 1988: 31, mine kursiveringar)

Forfattaren av den sosiologiske artikkelen har mykje mindre delt kunnskap («shared knowledge») å ta utgangspunkt i. Forskningsobjektet per se må *identifiserast*, og litteraturreferansane blir i denne

²⁷ Engelske termar for disiplinane: molecular biology, sociology of science og literary criticism.

samanhengen mykje viktigare enn i den naturvitskaplege artikkelen. Litteraturen blir i stor grad nytta til å skape ei plattform av delt kunnskap, som artikkelen kan ta utgangspunkt i. Forfattaren kjem òg mykje klarare til syne i denne teksten (jf. Bazerman 1988: 34-39).

Den litteraturvitskaplege artikkelen er ifølgje Bazerman ei le-
sing – eller gjenskaping – av eit dikt. Det er her tale om å dele ei
estetisk røynsle, om å *skape meaning*. Dermed blir den litteraturvit-
skaplege artikkelen den mest idiosynkratiske av dei tre artiklane.
Nettopp fordi forfattaren ikkje skal prove noko som helst i naturvit-
skapleg forstand, blir krava til forfattaren dei aller strengaste. Han
må stå fram med stor innsikt og klare å byggje opp stor tillit blant
lesarane fordi «the quality of his whole sensibility is up for judg-
ment» (Bazerman 1988: 47).

Vi ser altså at Bazerman knyter trekk som forfattarnærvære i
form av førstepersonspronomen og referansebruk til vitskapsteore-
tiske problemstillingar som tilhøvet mellom forskar og studieobjekt.
Den norske litteraturvitaran Flyum tek òg utgangspunkt i tilhøvet
mellom forskar og studieobjekt når han skriv at han har inntrykk av
at

kravene til en «litterær» essayistisk skrivemåte står sterkest i
de fagene hvor undersøkelsesfeltet er av en slik art at det skjer
en sterk gjensidig påvirkning mellom observatøren og det som
blir observert. I fag der det ikke er like sterk vekselvirkning i
forholdet mellom observatøren og objektet, blir kravene mind-
re litterære (Flyum 1996: 152).

Også innan den språkvitskaplege forskinga på akademisk prosa kan
ein sjå denne typen hypotesar formulerte. Hyland skriv på bakgrunn
av at diverse spor av forfattarnærvære synte seg å vere mest talrike
på dei «mjuke» fagområda (jf. 2.2.4 ovanfor), at:

[t]he relative lack of interpersonal metadiscourse in the science
papers may reflect a positivist-empirical epistemology, where
the authority of the individual is subordinated to the authority
of the text. (Hyland 1998a: 652-653)

Tibbo, som viste til skilnader mellom samandrag på fagfelte historie, psykologi og kjemi, set dette i samanheng med den vitenskapsteoretiske basisen til faget historie:

This evidence indicates the importance of description to historical explanation. The existence of so many subjective and descriptive sentences provide little evidence of the «covering laws» that philosophers who classify history as a social science [...] desired. (Tibbo 1992: 45)

Det er altså denne typen vitenskapsteoretisk forankra hypotesar om årakssamanhengar bak ulik skrivepraksis innanfor akademia eg her vil omtale som *samanhengshypotesen*.

2.3.4.2 *Ein vitenskapsteoretisk overbygning*

I dei ulike variantane av samanhengshypotesen som vart siterte ovanfor, vart det teke utgangspunkt i at skilnadene i skrivestil mellom humaniora og naturvitenskap er relaterte til det faktum at den empirien som blir utforska i dei to vitenskapstypene er ulik, og det vart vist til forklaringstypar og positivistisk epistemologi.

Om vi no tek utgangspunkt i *empirien*, kan vi med Searle seie at naturvitenskap studerer råfakta (brute facts), medan humaniora studerer institusjonelle fakta (institutional facts) (Searle 1995: 27ff.). Råfakta eksisterer uavhengig av menneskeleg deltaking og intensjonalitet og omfattar fysiske tilstandar og rørsler. Fjellet Mt. Everest er dermed eit råfaktum, og at «eit eple dett ned på bakken», er eit anna. Institusjonelle fakta kan derimot ikkje reduserast til fysikk; dei eksisterer berre i kraft av den *meininga* menneskelege observatørar gjev dei. At «mor kjøpte 1 kg eple», er dermed eit institusjonelt faktum, liksom eit historisk faktum som at «Noreg gjekk ut or unionen med Sverige i 1905» er det.

Flyums hypotese kan i lys av dette reformulerast slik: I naturvitenskap er framstillingsforma mindre litterær fordi forskaren arbeider med råfakta. Då oppstår ingen gjensidig påverknad mellom forskar og empiri. Institusjonelle fakta må derimot interpreterast, og forskaren vil alltid stå i eit sjølvreferansetilhøve til dei. Difor skriv humanisten meir litterært. Det synest altså som om skilnader i høve

til den empirien som blir granska – eller skilnader på det ontologiske nivået – kan vere avgjerande for å forklare ulik diskurspraksis. Men at empirien er ulik, får òg konsekvensar for epistemologien og den vitenskapsteoretiske overbyggnaden til humaniora og naturvitskap:

Idealet i naturvitskapen blir som regel presentert som å *forklare* årsakssamanhengar med utgangspunkt i allmenne (natur)lover. Ei vitenskapleg haldbar forklaring av eit singulært tilfelle skal kome fram ved hjelp av deduksjon frå minst éi universallov. I staden for induktivt å generalisere frå det singulære tilfellet deduserer ein frå generaliseringar og tilbake til det singulære tilfellet (Popper i Gilje og Grimen 1996: 226). At naturvitskapen fokuserer på generaliseringa – eller universallovene – framfor det singulære tilfellet, er grunnen til at han blir karakterisert som *nomotetisk*. I den deduktive forskingsprosessen prøver forskaren ut hypotesar, og ein omtaler difor naturvitenskapleg metode som den *hypotetisk-deduktive*. Den vitenskapsteoretiske overbyggnaden til naturvitskapen blir som oftast presentert som *positivistisk*. Positivismen er ei filosofisk retning som tek utgangspunkt i det som er positivt «gjeve» eller observerbart, og som avviser all spekulasjon og metafysikk. Positivismen er såleis ein systematisert epistemologisk *reduksjonisme*.

Sjølv om humanistar òg kan vere på jakt etter årsakssamanhengar, t.d. historiske, er fokus i større grad på singulære tilfelle. Prosjektet til humanisten er ofte sjølve identifikasjonen av forskingsobjektet. Grunnen til at det er slik, blir av Øfsti presentert som at «meningsfulle, altså hermeneutisk tilgjengelige fenomen, identifiseres på en helt annen måte enn «fysiske» fenomen» (jf. Øfsti 1980: 24). Humanisten vil i vel så stor grad prøve å *forstå* som å forklare.

Kva konsekvensar desse særtrekka ved ontologien får for epistemologien, er det ein del usemje om blant vitenskapsteoretikarar. Den eine hovudposisjonen er å karakterisere den hermeneutiske metoden – eller sirkelen – som ein humanistisk variant av den hypotetisk-deduktive metoden (sjå t.d. Føllesdal et al. 1986: 95). Ein mogleg konsekvens av dette synet er at ein har eit einskapsvitenskapleg ideal (jf. Hempels «covering-law»-modell). Skilnadene mellom det empiriske fundamentet for naturvitskap og humaniora får der-

med ikkje avgjerande konsekvensar. For dei som stør den andre hovudposisjonen, kan ikkje hermeneutikk reduserast til eit metode-spørsmål. Hermeneutikk er her å forstå som ein filosofisk erkjeningsteori, der eit grunnleggjande spørsmål er korleis forståing i det heile er mogeleg (sjå t.d. Wetlesen 1983: 235). Hermeneutikken kan altså tilleggjast noko ulik status, men er i alle høve ein sentral del av den faglege sjølvforståinga. Hermeneutikken representerer vidare ein klart *ikkje-reduksjonistisk* vitskapsteoretisk overbygning.

Figur 6 nedanfor oppsummerer hovudskilja mellom den vitskapsteoretiske overbygningen i naturvitskap og humaniora:

	<i>Naturvitskap</i>	<i>Humaniora</i>
Empiri:	Råfakta Klart skilje mellom forskar og objekt	Institusjonelle fakta Uklart skilje mellom forskar og objekt
Metode:	Hypotetisk-deduktiv	Hermeneutisk sirkel
Mål:	Forklare (årsakssamanhengar) Nomotetisk vitskap	Forstå (det singulære tilfellet) Ideografisk vitskap
Overbygning:	Reduksjonisme Positivism	Antireduksjonisme Hermeneutisk forståingmodell

Figur 6: Oversyn over hovudskilnadene i den vitskapsteoretiske overbygningen til naturvitskap og humaniora

Om vi no ser tilbake på Bazermans refleksjonar kring dei skilnadene han meinte å påvise i artiklar frå fagområda molekylær biologi, vitskapssosiologi og litteraturvitskap, kan vi seie at det hans analyse reflekterer, ikkje berre er skilnadene mellom ontologien i humaniora og naturvitskap, men òg dei konsekvensane ontologien tilsynelatande får for epistemologi og metode. I tråd med dette kan det synast logisk at naturvitskaplege artiklar «lèt naturen tale for seg». Vi kan karakterisere dette som ein «positivistisk skrivestil», der ein tek utgangspunkt i observerbare og gjevne fakta og elles baserer seg på eit deduktivt-nomotetisk vitskapsideal. Denne typen retorikk er i mindre grad eit mogeleg val for sosiologen og litteraturvitaren. Samfunnsvitaren og humanisten må i større grad identifisere forsk-

ingsobjektet og legitimere forskingsprosjektet. Dermed må dei i større grad stå fram som synlege organisatorar av meiningsinnhaldet i teksten. Vi kan karakterisere dette som den «hermeneutiske» eller «antireduksjonistiske» skrivestilen.

Denne samanhengshypotesen, som her er utvikla på det overordna planet, altså i høve til humaniora versus naturvitskap, vil vere den overordna kontekstuelle forståingsramma i denne granskinga. Skilnader på eit så overordna nivå som dei to store vitskaplege tradisjonane humaniora og naturvitskap vil nødvendigvis representere ei idealisert generalisering. Denne samanhengshypotesen må difor presiserast i høve til dei fagområda artiklane i denne granskinga er henta frå. Dette vil vere eitt av emna i neste kapittel.

3 PRESENTASJON AV MATERIALET

3.0 Innleiing

I kapittel 1 og 2 har eg prøvd å gjere greie for kvifor eg meiner ei samanlikning av naturvitskapleg og humanistisk skrivepraksis kan vere av interesse. I dette kapittelet vil eg gjere nærare greie for det spesifikke materialet av vitskaplege tekstar som skal undersøkjast her. Som det er gjort greie for ovanfor (jf. 1.5), vil analysen av superstrukturelle konfigurasjonar i kapittel 6 omfatte eit materiale på seks artiklar. Dette er eit kjernemateriale som er selektert frå eit totalt materiale på 30 artiklar som har lege til grunn i forskingsprosessen. Utvalsprosessen som har ført fram til kjernematerialet, har såleis gått føre seg i to steg, og kriteria som har lege til grunn i dei ulike stadia i denne utvalsprosessen, er etter mitt syn viktige for representativiteten til dei seks artiklane. Kjennskap til det totale materialet set artiklane i kjernematerialet i eit nyttig relieff, og eg vil difor her gjere ganske utførleg greie for det totale materialet på 30 artiklar som kjernematerialet er selektert frå.

Dette kapittelet er todelt. I 3.1 med underpunkt gjer eg nærare greie for kva kriterium som har lege til grunn for utvalet av det *totale* artikkelutvalet. Bakgrunnen for valet av fagområda medisin, historie og språkvitskap og dessutan val tidsskrift og selekteringsmetode vil stå sentralt her. I 3.2 med underpunkt gjev eg ein presentasjon av det totale materialet der eg m.a. gjer greie for bruken av IMROD-strukturen og gjev ei tentativ fagleg klassifisering av artiklane. Denne presentasjonen tener to formål: For det første skal han synleggjere at det totale artikkelmaterialet er rimeleg representativt for forskingsdokumentasjonen og artikkelproduksjonen på dei tre aktuelle fagområda. For det andre vil utvalet av artiklar til kjernematerialet i stor grad byggje på karakteristika som det er gjort greie for i denne presentasjonen. Dette heng m.a. saman med at utvalet av kjernematerialet er relatert til samanhengshypotesen og dermed til faglege karakteristika.

3.1 Utvalskriterium for det totale artikkelmaterialet

3.1.1 Om val av artikkelsjangeren

Det eksisterer fleire vitskaplege sjangrar, t.d. monografiar, samandrag, lærebøker og prosjektbeskrivingar. Kvifor velje artikkelsjangeren i ein studie av vitskapleg tekstopppbygging? Ein praktisk og instrumentell grunn til dette er at artikkelen – i motsetnad til monografien og læreboka – har ei handterbar lengd. Dette er ein viktig føresetnad når målet er å samanlikne fleire tekstar frå fleire fagområde.

Som vi har sett i kapittel 2, har dessutan svært mykje av den forskinga som er utført på akademisk prosa til no, nettopp hatt artikkelsjangeren som studieobjekt, og det har alt synt seg nyttig å kunne byggje på denne forskinga. Vidare ser mange på artikkelsjangeren som ein akademisk nøkkelsjanger (jf. Swales 1990: 177). Grunnen til dette er ikkje berre at artikkelproduksjonen har vakse kolossalt i løpet av 1900-talet, men også at det er grunn til å tru at ein del av dei karakteristika ved tekstopppbygginga som ein kan påvise i artiklar, vil kunne finnast att i andre akademiske sjangrar. Til dømes vil monografien truleg gjenta og forstørre dei (jf. Swales 1990: 188 og Stålhammar 1998: 763, 766).

Om valet av artikkelsjangeren er legitimt nok, skal vi likevel ha in mente at sjangeren nok har ulik *status* på ulike fagområde. Medisinarar er, som dei fleste andre naturvitarar, flittige artikkelskribentar og disputerer også vanlegvis på grunnlag ei artikkelsamling i staden for ein monografi. Monografien står framleis mykje sterkare i dei humanistiske faga, og ikkje minst i historiefaget, der han gjev plass og høve til å meisle ut dei store historiske linene. Artikkelen har difor ikkje like høg status som publikasjonskanal for historikarar som for medisinarar.²⁸

²⁸ Jf. personleg fråsegn frå professor Ståle Dyrvik.

3.1.2 Om val av norskspråkleg materiale

Ei avgrensing til *norskspråkleg* materiale vil ikkje gje eit dekkjande bilete av artikkelproduksjonen til norske akademikarar. Dei fleste norske forskarar publiserer også artiklar på engelsk (og ev. andre språk), og på somme fagområde blir det nesten eksklusivt publisert på engelsk. Men som nemnt under 1.1 er ein viktig motivasjon for denne granskinga å bøte på mangelen på kunnskap om *norsk vitenskapsspråk*. Om dei små språksamfunna skal overleve, er det ikkje berre viktig at det blir produsert tekstar av alle slag på dei aktuelle morsmåla, men også at tekstforskarar studerer og perspektiverer desse tekstkulturane.

Ved sida av denne til dels ideologisk forankra motivasjonen er ein studie av norskspråkleg materiale interessant i høve til sjølve superstrukturomgrepet. Superstruktur er ein funksjonell tekstleg storleik og er dermed språkuavhengig i den forstand at t.d. argumenterande framstillingsformer truleg er tilgjengelege på alle språk. Dei modellane det her vil bli teke utgangspunkt i, er baserte på studiar av engelsk og fransk materiale, og dei kan utan problem overførast til norsk materiale. Meir presist er det dei *overordna* modellane – komponentstrukturane – som kan overførast. Men den språklege forankringa – som vil vere sentral i denne studien – kan ikkje utan vidare overførast. Denne må presiserast for dei einskilde språkka, sjølv om det også her vil vere store strukturelle likskapar mellom såpass nærskyldte språk som norsk, engelsk og fransk. Det er altså viktig å få klarlagt kva funksjon ulike språklege variablar – som t.d. modale uttrykksmåtar – har *i tekst på norsk*. Endeleg er det viktig å få tilgang til norske data med tanke på eventuelle *språk-kontrastive* studiar av tekstopppbygging i vitskaplege artiklar.

3.1.3 Om val av fagområde

Å kaste lys over den overordna skilnaden mellom naturvitskapleg og humanistisk skrivepraksis er eit sentralt forskingsmål i dette prosjektet (jf. 1.2 og 2.3.4 ovanfor). Men både som forskingsfelt og som skriftkulturar representerer naturvitskap og humaniora komplekse, samansette og til dels divergerande paradigme og tradisjonar. Det er difor ei umogeleg oppgåve å gje eit bilete av *den* naturvit-

skaplege og *den* humanistiske tekstoppbygginga i vitenskaplege artiklar på norsk. Det som *er* gjennomførbart, er å undersøkje tekstoppbygginga i artiklar frå nokre *få fagområde* og vurdere analyseresultata i lys av den overordna samanhengshypotesen.

I tilknytning til dette er det legitimt å reise spørsmålet om ikkje denne granskinga hadde vore best tent med å undersøkje skrivespraksis på *disiplinnivå* framfor på *fagområdenivå*. Breie fagområde som medisin, historie og språkvitskap er, som vi straks skal presisere nærare, svært samansette og representerer til dels svært ulike teoretiske og metodiske innfallsvinklar. Når eg likevel har valt å ta utgangspunkt i fagområde her, heng dette i stor grad saman med at den norske akademiske kulturen er liten, og at fagtidsskrifta speglar fagområde snarare enn disiplinær. Det sentrale kriteriet i høve til representativiteten til materialet må difor bli at disiplinmangfaldet er nokolunde jamt på dei ulike fagområda.

Dei tre fagområda medisin, historie og språkvitskap er her valde ut. Eitt fagområde representerer altså den naturvitenskaplege skrivetradisjonen og to den humanistiske. Når den humanistiske skriftkulturen er sterkast representert, er det fordi det i dette prosjektet også er ein målsetnad å auke kunnskapsnivået om den humanistiske vitenskaplege artikkelen (jf. 2.1.4 ovanfor). Det er viktig å presisere at det bak valet av fagområda medisin, historie og språkvitskap ikkje ligg nokon påstand om at desse tre fagområda nødvendigvis er dei *mest prototypiske* innan dei to store vitenskaplege tradisjonane. Påstanden er snarare at dei er representative *nok*, og at ein komparativ studie av desse tre fagområda kan få fram sentrale karakteristika ved dei to skrivetradisjonane.²⁹

3.1.3.1 Medisin

Medisin spenner frå naturvitenskapleg grunnforskning og kliniske fag til samfunnsmedisin og psykiatri. Det samla forskingsfeltet arbeider altså både med råfakta og institusjonelle fakta. Kjerneområdet på

²⁹ Presentasjonen av fagområda medisin, historie og språkvitskap som no følgjer, er ein forkorta og noko omarbeidd versjon av delar av det vitenskapsteoretiske innlegget mitt. Eg viser difor til Breivega 2000 for ei meir utførleg drøfting av faglege og vitenskapsteoretiske karakteristika ved desse fagområda.

fagfeltet – klinikk og basalforsking – høyrer like fullt klart heime under ein reduksjonistisk overbygning, der studieobjektet i all hovudsak er råfakta. Klinikken (dvs. den praktiske læjekunsten og læra om den) må seiast å vere det mest prototypiske trekket ved fagområdet, som dermed står fram som eit typisk *bruksretta* naturvitskapleg fag i høve til teoretiske fag som fysikk og matematikk. Den grunnforskinga som går føre seg innan medisin, er i høg grad forskning med basis i biologi og kjemi, to basalfag medisinen er sprungen ut av og framleis byggjer på. Medisin er altså ikkje sjølv noko naturvitskapleg basalfag.

Den reduksjonistiske overbygningen i medisin kjem m.a. fram om vi samanliknar sjukdomsogrepet i førvitskapleg medisin, som såg på sjukdom som ubalanse og disharmoni i (menneske)naturen, med sjukdomsogrepet i moderne medisin.

[...] sygdom er et fænomen med sin egen lovmæssighed, som udvikler sig efter et fastlagt forløb, og dette forløb kan beskrives af den iagttagende, empirisk orienterede videnskabsmand. Positivisten vil ikke tage stilling til sygdommens materielle væsen, idet han jo hævder, at der ikke er nogen eksistens bag fænomenerne, som de præsenterer sig for os. (Jensen og Jensen 1976: 125).

Det moderne sjukdomsogrepet er altså utvikla innanfor rammene av eit empirisk og positivistisk vitskapsparadigme med eit monokausalt årsaksogrep: kvar sjukdom sin mikroorgansime. Andre forståingsrammer er irrelevante og uvitskaplege. Om ein dreg inn medisinske disiplinar som psykiatri og samfunnsmedisin, er det openbert at det positivistiske perspektivet blir for reduksjonistisk. Andre overbygningar vil her gjere seg meir eller mindre gjeldande. Nemnast bør òg at mange av dei medisinarane som er opptekne av vitskapsteoretiske problemstillingar, problematiserer den positivistiske overbygningen også i høve til somatikken. Dei etterlyser ei heilskapleg eller *holistisk* forståing av mennesket og argumenterer for ein meir hermeneutisk forståingsmodell (sjå t.d. Wifstad 1991: 26).

Samla sett kan vi oppsummere med å seie at medisin er eit representativt naturvitskapleg fagområde i den forstand at det speglar noko av mangfaldet i naturvitskapleg forskning og praksis. Ein mogeleg kritikk av valet av fagområdet medisin i denne granskinga kan likevel vere at fagområdet pga. dette mangfaldet og fordi det ikkje er eit basalfag, står fram som eit relativt «mjukt» naturvitskapleg fag. Eit «hardare» naturvitskapleg fagområde hadde kanskje eigna seg betre for denne granskinga. Eg trur likevel fagområdet er representativt nok også for dei «harde» sidene ved naturvitenskapen. Mangfaldet som er nemnt ovanfor er reelt nok, men det er likevel forskning som må plasserast under ein reduksjonistisk vitenskapsteoretisk overbygning, som er kjernen i fagområdet. Som eit samanlikningsgrunnlag for humanistiske fag er det dermed ingen grunn til å tru at ikkje medisin skulle kunne fungere godt.

Ein annan grunn til at artiklar frå fagområdet medisin vil kunne fungere godt i denne granskinga, er den statusen sjangeren vitenskapleg artikkel har på dette fagområdet (jf. 3.1.1 ovanfor). Artikkelsjangeren er den primære faglege kommunikasjonskanalen for medisinarar. Dette fører til at vi på fagområdet medisin møter ein vel-etablert og standardisert artikkeltradisjon, og dette gjev eit godt samanlikningsgrunnlag i høve til den mindre standardiserte artikkeltradisjonen på dei humanistiske fagområda. Ved sida av denne grunngevinga for at medisin her skal representere naturvitskap, er personlege føresetnader òg relevante. Når analyseobjektet er overordna tekstopppbygging, er det ein føremon å velje fagområde som er relativt tilgjengelege for ein lekperson. Medisin er det naturvitskaplege faget eg sjølv har best føresetnader for å arbeide med, fordi eg som terminolog ved Norsk termbank ved Universitetet i Bergen i to år arbeidde med eit medisinsk klassifiseringssystem, og då vart godt kjend med medisinsk terminologi og medisinsk faglitteratur.

3.1.3.2 Historie

Historiefaget er for det første valt ut til denne granskinga fordi det representerer ein svært prototypisk humanistisk forskningstradisjon, nemleg den *ideografiske*. Den ideografiske forskinga – med fokus

på det singulære tilfellet – er, som vi alt har sett under presentasjonen av samanhengshypotesen, ofte framstilt som det humanistiske motstykket til naturvitskapens fokus på generaliseringa (jf. 2.3.4.2 ovanfor). Mellom anna av grunnar som denne er historie av mange rekna som eitt av dei mest prototypiske humanistiske fagområda (sjå t.d. Kjørup 1996: 29).

Symptomatisk for den sentrale plassen historiefaget har innan dei humanistiske fagområda, er også at den vitskaplege statusen til den historiske *forklaringa* har vore eit ynda emne i humanioras legitimeringsdebatt. Somme argumenterer for at den historiske forklaringa er ein variant av hypotetisk-deduktive årsaksforklaringar (sjå t.d. Helle i Blom og Helle 1997: 66), medan andre meiner dette er å pådytte historiefaget naturvitskaplege demarkasjonskriterium (sjå t.d. Ricoeur 1980). Denne usemja er i grunnen berre ei reformulering av dei to hovudposisjonane som vart skisserte i samband med presentasjonen av humanioras epistemologi ovanfor: Eit einskapsvitskapleg ideal støyter saman med eit hermeneutisk vitskapsideal i høve til korleis ein metodisk skal «handtere» institusjonelle fakta.

Men ikkje alle er samde i at historie er eit prototypisk humanistisk fagområde. Somme plasserer historie blant dei samfunnsvitskaplege faga. Meir samfunnsvitskapleg orienterte historikarar arbeider til dels med kvantitative data, og såleis kan vi også på dette fagområdet tale om ei spenning mellom «mjuke» og – om ikkje «harde»– så iallfall «hardare» tilnæringsmåtar. Fagområdet historie er også svært vidfemnande og samansett på grunn av den enorme variasjonsbreidda det oppviser i tid og rom.

Den andre viktige grunnen til at historie er representert her, er dei sterke *narrative* innslaga ein har grunn til å vente seg når empirien er fortidige hendingar og prosessar. Ei historisk framstilling må samanfatte «elementære utsagn om enkeltfenomen» (Helle i Blom og Helle 1997: 51), og det er karakteristisk for desse samanfatningane at dei er temporalt organiserte. Sjølv om ein ikkje utan vidare kan setje likskapsteikn mellom temporal tekstorganisering og narrasjon, er det innlysande at spenninga mellom ‘historie’ som *res gestae* (det som har hendt) og *historia rerum gestarum* (forteljinga

om det som har hendt) må vere sterk i faget. Det narrative innslaget er truleg særmerkt for historie og historiske bindestreksdisiplinar, og korleis ei så basal framstillingsform som narrativen ovrar seg i akademisk prosa, er eit interessant forskingsspørsmål. Det er her alt lagt til grunn ein hypotese om at vitenskaplege artiklar, og då særleg dei humanistiske, har store innslag av argumenterande superstrukturar. Det har samstundes vorte understreka at noko av poenget med å leggje superstrukturomgrepet til grunn, er at vi dermed også kan fange opp tekstleg heterogenitet eller teksttypologisk variasjon i éin og same tekst. Narrative framstillingsformer ser altså ut til å kunne bli éi av dei andre framstillingsformene vi må studere ved sida av den argumenterande.

3.1.3.3 Språkvitskap

Som medisin og historie er språkvitskap også eit samansett fagområde. Det femner om til dels svært teoretiske – eller *systemorienterte* – tradisjonar innan allmenn lingvistikk, den filologiske tradisjonen og meir anvend forsking med fokus på *språkbruken* til visse grupper av individ i visse situasjonar, som t.d. sociolingvistikken eller fagspråkforskinga. For det første står vi dermed overfor eit like samansett fagområde som medisin og historie. For det andre er kjerneområdet allmenn lingvistikk interessant fordi det – i motsetnad til historie – representerer eit «hardt» humanistisk fagområde.

Den sterkaste versjonen av mentalismen reduserer språk til bio-kjemiske prosessar i hjernen, altså til reine råfakta. Lingvistikk blir då ein underdisiplin av biologien, altså eit naturvitskapleg fag. Somme generative lingvistar kan altså innta ei heilt reduktiv vitenskapsteoretisk innstilling. Andre nøyer seg med å plassere forskingsaktiviteten innanfor feltet kognitiv psykologi. No har ikkje *all* lingvistisk forsking ein så reduksjonistisk overbygning. Innanfor funksjonell og kognitiv lingvistikk ser ein på språk som intersubjektivt tilgjengelege institusjonelle fakta (jf. t.d. Langacker 1999). Ifølgje Dyvik har lingvistikk viktige trekk felles med *både* prototypiske humanistiske fag og med naturvitskap. Innhentinga av det språklege materialet (informantdata) er etter hans syn prega av den hermeneutiske interpretasjonsprosessen som karakteriserer andre

humanistiske fag. Dette er altså den «mjuke» sida ved lingvistikken. Den «harde» sida ved lingvistikken framstiller Dyvik slik:

Det som gjør lingvistikken fundamentalt forskjellig fra f.eks. litteraturvitenskapen, er at dette tolkingsproduktet for lingvisten ikke er et forskningsresultat, men bare et startpunkt for den egentlige forskningsprosessen: Testing av almene grammatiske hypoteser. (Dyvik 1992: 18-19)

Etter at materialet er på plass, følger lingvisten i hovudsak naturvitskapleg praksis og testar ut generaliserande og falsifiserbare hypotesar. Men sidan det er institusjonelle fakta lingvisten studerer, kan ikkje lingvistiske generaliseringar sidestillast med naturlover. Det vil i lys av dette vere interessant å samanlikne språkvitskaplege – og då særleg utprega allmennlingvistiske – artiklar med både historiske og medisinske artiklar for å sjå om lingvistisk skrivepraksis ligg nærare den naturvitskaplege. Fagområdet språkvitskap er dermed særleg interessant i høve til samanhengshypotesen.

3.1.3.4 Oppsummering

Med dette skulle det vere gjeve ein presentasjon av dei tre fagområda og dertil gjort greie for kvifor artiklar frå desse fagområda kan fungere godt som materiale for denne komparative granskinga. Om vi tek utgangspunkt i nokre av punkta i figur 6 (jf. 2.3.4.2 ovanfor), som oppsummerte hovudskilja mellom humaniora og naturvitskap, kan vi karakterisere den vitskapsteoretiske forankringa til dei tre fagområda slik:

	<i>Medisin</i>	<i>Historie</i>	<i>Språkvitskap</i>
Empiri:	Råfakta	Institusjonelle fakta	Begge typar
Metode:	Hypotetisk-deduktiv	Hermeneutisk	Begge typar
Mål:	Forklare	Forstå (det singulære tilfellet)	Begge typar
Overbygnad:	Reduksjonisme	Antireduksjonisme	Begge typar

Figur 7: Vitskapsteoretisk overbygnad i medisin, historie og språkvitenskap.

Denne oppsummeringa tek utgangspunkt i det eg ovanfor har karakterisert som *kjerneområdet* på dei ulike fagområda, og er dermed nødvendigvis ei generalisering som til ein viss grad tildekkjer dei motsetnadene som eksisterer mellom ulike paradigme og fagsyn. Med dette atterhaldet kan vi likevel slå fast at dei tre fagområda ser ut til å plassere seg slik i det vitskapsteoretiske landskapet: Medisin og historie representerer prototypiske trekk ved den vitskapsteoretiske overbyggnaden til dei vitskaplege tradisjonane dei tilhøyrer, medan språkvitskap synest å stå i ein mellomposisjon, som ein slags hybrid. Dette bør innebere at ein komparativ analyse av superstrukturelle konfigurasjonar i artiklar frå desse tre fagområda kan kaste lys over samanhengen mellom fag og tekst. Det fører nemleg til at dersom samanhengshypotesen held vatn, må den særne vitskapsteoretiske situeringa av språkvitskapen få systemutslag i vitskaplege artiklar frå dette fagområdet.

I samband med presentasjonen av fagområdet historie vart elles det *narrative* preget ved historiske framstillingar framheva. Det kan dermed bli interessant å undersøkje korleis narrative superstrukturar interagerer med argumenterande framstillingsformer i historiske artiklar. Ei reformulering og presisering av hypotesane om dei superstrukturelle konfigurasjonane i medisinske, historiske og lingvistiske vitskaplege artiklar vil eg likevel vente med til det er gjort nærare greie for superstrukturomgrepet (sjå 4.3.6 nedanfor).

3.1.4 Om val av tidsskrift

Dei tre tidsskrifta *Tidsskrift for den norske lægeforening*, *Historisk tidsskrift* og *Norsk lingvistisk tidsskrift* står i norsk samanheng fram som opplagde val av allmenntidsskrift innan fagområda medisin, historie og språkvitskap. Dei er alle tre breitt orienterte og har status og nedslagskraft i dei respektive fagmiljøa. Vidare har dei alle intern kvalitetsvurdering av artiklane (referee-ordning). Dette skulle sikre at det faglege nivået og den skriftlege utforminga er i tråd med det dei respektive fagmiljøa ventar seg innan sjangeren vitskapleg artikkel.

Tidsskrift for den norske lægeforening (TNL) er eit veletablert fagforum. Det vart grunnlagt i 1881 som *Tidsskrift for praktisk*

medicin og overteke av *Den norske lægeforening* i 1888. *Historisk tidsskrift* (HT) er grunnlagt i 1871 og blir gjeve ut av *Den Norske Historiske forening* med støtte frå *Noregs forskingsråd*. *Norsk lingvistisk tidsskrift* (NLT) er grunnlagt i 1983 og er såleis det yngste av dei tre fagtidsskrifta. Men dette tidsskriftet har ei forhistorie i *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap*, som vart gjeve ut i perioden 1928-1977, og som både NLT og *Nordic journal of linguistics* (1978-) kan seiast å vere vidareføringar av. Såleis kan ein lang tradisjon for norskspråkleg artikkelpublisering også sporast på det språkvitskaplege området. NLT blir gjeve ut med støtte frå *Det Norske Videnskaps-Akademi*.

3.1.5 Om selekteringa

Som alt nemnt vart totalt 30 artiklar – ti frå kvart fagområde – valde ut i den første delen av utvalsprosessen. For å sikre ein objektiv utvalsmetode vart dei ti første artiklane publiserte frå og med 1.1.1996 selekterte. Dei tre tidsskrifta har svært ulik publiseringstakt: NLT kjem ut med to hefte i året, HT med fire hefte i året og TNL med heile 30 (fyldige) hefte i året. For å skaffe ti artiklar, måtte ein gå over to årgangar i NLT, medan eitt enkelt hefte i TNL stetta behovet. For HT sitt vedkomande vart det også nødvendig å ta med artiklar frå 1997-årgangen. Dette hang saman med det særtilfellet at ni av dei ti først publiserte artiklane i 1996-årgangen synte seg å vere historiografiske, noko som i sin tur kom av at hefte 1 og 2 av 1996-årgangen var slått saman i eit temanummer i høve 125-årsjubileet til dette tidsskriftet. Å innlemme desse ni artiklane ville ført til ei for skeiv tematisk fordeling av artikkelmaterialet. I det totale materialet var det nemleg ønskjeleg å spegle nokolunde den same variasjonsbreidda som fagområda og desse tidsskrifta normalt representerer. I HT starta dermed innsamlinga i 1996-årgangen med hefte nr. 3. På denne måten vart ei større tematisk spreining sikra. I det lingvistiske materialet har eg dessutan òg skifta ut éin artikkel frå hefte 2 i 1996 fordi heftet inneheldt to artiklar av same forfattar.

3.2 Presentasjon av det totale artikkelmaterialet

3.2.1 Omfang, forfatterskap og forfatterrettleiingar

Det totale materialet omfattar dermed i alt 30 artiklar, der 10 er medisinske (MED1-MED10), 10 er historiske (HIS1-HIS10) og 10 er språkvitskaplege (LING1-LING10). For bibliografiske opplysningar om dei 30 artiklane i det totale materialet viser eg til appendiks 1.

Det medisinske artikkelmaterialet er mindre omfangsrikt enn det historiske og det lingvistiske. Rekna i normalsider i dei tre tidsskrifta er det medisinske materialet på 34,5 sider og det historiske materialet på 189,5 sider, medan det språkvitskaplege materialet er på heile 212 sider. Ein gjennomsnittleg historisk eller språkvitskapleg artikkel er dermed på om lag 20 sider, medan ein gjennomsnittleg medisinsk artikkel er på 3-4 sider. Men normalsidene i TNL er tre gonger så ordrike som normalsidene i HT og NLT. Skeivfordelinga er dermed mindre enn ho kunne synast ovanfor. Omrekna til manussider i HT og NLT ligg dei medisinske artiklane på 4,5 – 16,5 sider. Dei språkvitskaplege og historiske artiklane er like fullt gjennomsnittleg lengre enn dei medisinske, og lengda *varierer* òg meir i det språkvitskaplege og historiske materialet. Den stuttaste humanistiske artikkelen er på 6 sider, medan den lengste er på 36 sider. Her ser vi dermed eit mogeleg første teikn på større variasjonsbreidd innan humanistisk artikkelproduksjon. Ein annan gjennomgåande skilnad mellom dei medisinske og dei humanistiske artiklane er at alle så nær som éin av dei historiske og språkvitskaplege artiklane er skrivne av berre éin forfattar, medan *fleirforfatterskapen* er det vanlege i dei medisinske artiklane. Ein av dei medisinske artiklane har så mange som ti forfattarar (jf. appendiks 1).

Forfatterrettleiingane i dei tre tidsskrifta er representative for forfatterrettleiingar i naturvitskaplege og humanistiske (eller kultur-faglege) tidsskrift. I HT og NLT er forfatterrettleiingane kortfatta (1 side), og dei set ingen eksplisitte krav til sjølve tekstoppbygginga. Det blir presisert kva konvensjonar ein bør følgje når ein gjev opp referansar og notar, altså reint handverksmessige finessar («style sheet»). I TNL er forfatterrettleiinga dobbelt så lang som i HT og

NLT, og ho inneheld ved sida av «style sheet»-spesifikasjonar avsnitt om t.d. etikk. Viktigast i vår samanheng er at det blir stilt krav om at tekstformatet IMROD skal følgjast. TNLs redaksjon viser elles ikkje til APA, som eg valde å byggje på i presentasjonen av IMROD (jf. 2.1.2 ovanfor), men til JAMA (*Journal of the American Medical Association*). Men dette krev ingen ytterlegare presiseringar av TNLs IMROD-spesifikasjon, for det eksisterer ingen substansielle skilnader mellom APAs og JAMAs variantar av IMROD.³⁰ Dette fører oss naturleg over til neste punkt i presentasjonen av materialet, der eg vil sjå nærare på bruken av IMROD.

3.2.2 Bruken av IMROD

Det er først og fremst i det medisinske delmaterialet at ein ventar å finne IMROD-artiklar, då det er her det blir stilt krav om at dette formatet skal følgjast. Men at forfatarrettleiingane i HT og NLT ikkje krev at IMROD-formatet blir brukt, er sjølvstykke ikkje til hinder for at historikarar og språkvitarar kan ta det i bruk om dei ønskjer det. For at ein artikkel skal kunne seiast å følgje IMROD-formatet, må artikkelen vere inndelt i avsnitt Inneleiing, Metode, Resultat og Diskusjon i nemnd rekkjefølgje. Det er vanleg at inneleiinga manglar overskrift. Visse variasjonar kan elles førekome. I somme artiklar følgjer eit eige avsnitt kalla «Konklusjon» etter diskusjonsavsnittet. Dessutan er det vanleg med tematiske overskrifter på underordna nivå. Denne typen variasjon er uproblematisk. Ut frå desse kriteria følgjer følgjande artiklar i materialet IMROD: MED1, MED2, MED3, MED4, MED5, MED9 og MED10. I materialet er det dessutan tre artiklar som følgjer eit meir tillempa IMROD-format. Det er MED7, LING6 og LING10. I kvar av desse tre artiklane er to IMROD-avsnitt lett identifiserbare, nemleg «Resultater» og «Diskusjon» (i MED7 og LING6) og «Metode» og «Resultater» (i LING10). Dei andre hovudavsnitt i desse artiklane syner seg å vere IMROD-avsnitt både på bakgrunn av innhaldskrav (jf. 2.1.2) og ved at dei har rett lineær plassering. Til dø-

³⁰ For fleire opplysningar om tidsskrifta og forfatarrettleiingane viser eg til heftet «Skikk og bruk i Tidsskriftet» og vevstadene <http://www.legeforeningen.no/tidsskriftet/skbruk>, http://www.novus.no/T_Norsk_lingvistisk.html og <http://www.rhd.uit.no/rhd/HT.htm>.

mes finn vi i LING6 hovudoverskrifta «Eksperimentet» før resultatavsnittet. Desse artiklane kan difor også trygt klassifiserast som IMROD-artiklar. Vi har dermed totalt 10 tekstar av 30 som kan seiast å følgje IMROD-formatet. I figur 8 nedanfor er dei sette opp etter fagområde.

Medisin	Språkvitskap	Historie
MED1	LING6	-
MED2	LING10	
MED3		
MED4		
MED5		
MED7		
MED9		
MED10		

Figur 8: Artiklar som følgjer IMROD etter fagområde

Som venta er det ei klar overvekt av medisinske artiklar blant IMROD-artiklane, men det er interessant at dei ti IMROD-artiklane ikkje fell fullstendig saman med det medisinske delkorpuset. Åtte av ti medisinske artiklar følgjer IMROD, medan to språkvitskaplege også syner seg å gjere det. Den standardiseringa IMROD representerer, er altså ikkje heilt gjennomført på det medisinske fagområdet. Vidare kan formatet tydelegvis vere tenleg for humanistar òg. Som det er gjort greie for i kapittel 2, er IMROD det skreddarsydde formatet for den eksperimentelle vitskaplege artikkelen, og som vi skal sjå nedanfor, kan bruken av IMROD i dette materialet til ein viss grad setjast i samanheng med kva type forskingsdokumentasjon artiklane representerer.

3.2.3 Faglege klassifiseringar av artiklane

Det har i utvalsprosessen vore lagt vekt på at det totale materialet skulle kunne seiast å spegle noko av variasjonsbreidda på dei res-

pektive fagområda. Er så denne målsetnaden innfridd i det materialet vi no står overfor? Variasjonen i bruken av IMROD (sjå ovanfor) kan faktisk vere eit første teikn på at materialet har ei viss breidd; det inneheld nemleg både naturvitskaplege artiklar som *ikkje* følgjer IMROD, og humanistiske artiklar som følgjer dette formatet. For å kartleggje dette nærare vil eg klassifisere artiklane fagleg på to måtar: Først vil eg gjere greie for den emnemessige spreinga i materialet, og deretter vil eg sjå nærare på kva type forskning artiklane dokumenterer.

3.2.3.1 Representerte emneområde

Eg vil hevde at den faglege spreinga i materialet er god, og viser til den tentative faglege klassifiseringa av artiklane i figur 9 nedanfor. Ei slik fagleg klassifisering har sjølvstøtt problematiske sider. Eg vil for det første understreke at klassifiseringa er *tentativ*, ikkje minst i den forstand at det er eg som ikkje-spesialist som kategoriserer medisinsk og historisk forskning. Eit anna problem er at *ulike* klassifikasjonsaksar vil vere relevante for dei ulike fagområda. Tidsaksen er t.d. sentral i historiefaget, men mindre relevant for medisin og språkvitskap. For det tredje vil mykje forskning la seg kategorisere etter ulike inndelingsaksar også *innanfor* dei ulike fagområda. Til dømes kan morfologi studerast med utgangspunkt i eit strukturalistisk, generativistisk eller kognitivt rammeverk. Og sjølv om kirurgi på den eine sida er ein klart avgrensa medisinsk spesialitet, vil utfordringane i faget variere sterkt i høve til t.d. kva anatomisk region det blir praktisert på.

MED1: Kirurgi/indremedisin	[Klinikk og forskning]
MED2: Laboratiemedisin/kvalitetssikring	[Klinikk og forskning]
MED3: Kirurgi/transfusjonsmedisin	[Klinikk og forskning]
MED4: Fødsel/pediatri//laboratiemedisin	[Klinikk og forskning]
MED5: Hjarte- og idrettsmedisin	[Klinikk og forskning]
MED6: Kirurgi/ortopedi	[Klinikk og forskning]
MED7: Psykiatri/allmennmedisin	[Klinikk og forskning]
MED8: Fysiologi/nevrobiologi/faghistorie	[Basalfagene]
MED9: Kirurgi/onkologi	[Behandlingsopplegg]
MED10: Transfusjonsmedisin, sjukehusdrift	[Aktuelt problem]

- HIS1: Norsk gardsorganisasjon, 1800-talet
- HIS2: Norsk økonomisk historie, mellomkrigstida
- HIS3: Norsk krigshistorie, 2. verdenskrigen
- HIS4: Mentalitetshistorie, europeisk mellomalder
- HIS5: Norsk teknologihistorie/faghistorie, 1970-1995
- HIS6: Demografi, pestepidemiar i nordisk mellomalder
- HIS7: Historiografi
- HIS8: Statsdanning, norsk mellomalder
- HIS9: Konflikt mellom folkegrupper på Nordkalotten, tidleg 1800-tal
- HIS10: Norsk industrihistorie, tidleg 1900-tal
- LING1: Generativ syntaks/semantikk/pragmatikk, bruksvilkår for pronomen
- LING2: Leksikografi, materialgrunnlag for morsmålsordbøker
- LING3: Kognitiv morfologi/faghistorie
- LING4: Kognitiv grammatikk, verbmorfologi
- LING5: Kognitiv grammatikk, kasus-systemet i russisk
- LING6: Språktileining, verbmorfologi
- LING7: Norrøn filologi, negasjonssystemet
- LING8: Syntaks/pragmatikk/semantikk, bestemtheit, nominalfrasar
- LING 9: Fonologi/pragmatikk, prosodi
- LING10: Språktileining/generativ syntaks, setningsforståing

Figur 9: Representerte emneområde i det totale artikkelmaterialet³¹

Eg ønskte i utgangspunktet å klassifisere artiklane etter *disiplin* (jf. 3.1.3 ovanfor), men det synte seg dessverre vanskeleg å gjennomføre ei slik inndeling, fordi ein del av forskinga artiklane dokumenterer, ikkje lèt seg klassifisere etter etablerte disiplinar.³² Eg har difor valt å operere med det mindre presise omgrepet *emneområde*, som her er å forstå som eit overomgrep for disiplinar og andre mindre etablerte subklassifiseringar av eit fagområde. Inndelinga i figur 9

³¹ Skråstrek (/) er brukt mellom to emneområde, medan komma (,) er brukt framfor tilleggsopplysningar om studieobjekt og historisk periode. For dei medisinske artiklane følgjer i hakeparentes TNLs eiga klassifisering. Denne typen underinndeling av artiklane finst ikkje i HT og NLT.

³² Disiplin definerte eg tentativt som eit *etablert underordna fagområde* som det a) blir gjeve undervisning i på dei respektive fagstudia, som det b) er råd å vidareutdanne seg som spesialist i innan fagområdet, og som det c) eksisterer egne fagtidsskrift for (NB: i internasjonal samanheng, Noreg er for lite). Døme på disiplinar kunne dermed vere kirurgi, mellomalderhistorie og morfologi.

ovanfor er difor relativt grov, og inndelingskriteria er til dels heterogene. I tillegg til emneområde er det i ein del tilfelle opplyst om studieobjektet for å gje eit meir presist inntrykk av artikkelen. For historiefaget sitt vedkomande har eg alltid teke med opplysningar om geografisk område og tidsperiode.

Figur 9 dokumenterer at artiklane i materialet representerer eit vidt spekter av medisinske, historiske og lingvistiske emneområde. Vi har dessutan ei nokolunde *ekvivalent* spreining på dei tre fagområda. Innan medisin spenner stofftilfanget frå kirurgi og indremedisin til idrettsmedisin, psykiatri og sjukehusdrift. Vi har likevel eit lite tyngdepunkt i kirurgien: fire artiklar tek opp kirurgiske emne. Laboratoriemedisin og transfusjonsmedisin går også att i to artiklar. På fagområdet historie er både «klassiske» emne som statsdanning i norsk mellomalder og nyare forskingsfelt som teknologihistorie representerte. Geografisk er spreininga mindre uttalt; artiklane dreier seg i hovudsak om *norsk* historie. Åtte av artiklane er avgrensa til Noreg/Norden, éin artikkel behandlar europeisk historie (HIS4), medan éin artikkel er historiografisk (HIS7). På tidsaksen er spennet frå europeisk og nordisk mellomalder til notid. Også innan språkvitskap er emnespreininga bra, med innslag av både generative og kognitive tilnærmingar, norrøn filologi, leksikografi og språktil-eining. Moderne *norsk* språk er det sentrale datagrunnlaget i dette delkorpuset (åtte av artiklane), éin artikkel (LING5) har russisk som datagrunnlag og éin norrønt (LING7). I tillegg blir dansk, engelsk og provençalsk behandla.

3.2.3.2 *Empirisk, eksperimentell eller teoretisk forskingsdokumentasjon?*

Også klassifiseringa av kva type forskning artiklane dokumenterer, er motivert ut frå eit ønske om å synleggjere variasjonsbreidda i materialet. Men valet av klassifikasjonsaksar er i større grad enn ovanfor også motivert ut frå eit ønske om å kartleggje karakteristika som er av særleg interesse for utvalet av artiklar til kjernematerialet (sjå 3.2.4 nedanfor). Det er her ikkje behov for noka fininndeling av ulike typar metodiske tilnærmingar, som t.d. case-studien, intervjuet og variantar av historisk kjeldekritikk og lingvistiske analysar. Det

som er relevant her, er for det første å skilje mellom *empiriske* og *teoretiske* artiklar. Av eksplisitteringa av samanhengshypotesen (jf. 2.3.4 ovanfor) har vi sett at det er vanleg å gå ut frå at det eksisterer visse skilnader i tilhøvet mellom forskar og studieobjekt innan respektive naturvitskaplege og humanistiske fagområde. For at eventuelle systemutslag i tekstane av det påstått ulike tilhøvet mellom forskar og studieobjekt i naturvitskap og humaniora på best mogeleg vis skal kome til syne, bør det difor vere relevant at alle artiklane i kjernematerialet refererer ei form for undersøking eller analyse.

Vidare er det blant dei artiklane som dokumenterer ei eller anna form for empirisk undersøking relevant å skilje mellom dei som dokumenterer *eksperimentell* forskning, og dei som ikkje gjer det. Dette skiljet er interessant fordi den vitskaplege artikkelen er utvikla på grunnlag av det eksperimentelle essayet, og fordi IMROD er det skreddarsydde formatet for å dokumentere nettopp eksperimentell forskning (jf. 2.1.3 ovanfor).

Dei totalt 30 artiklane har eg difor klassifisert som *teoretiske*, *empiriske* eller *eksperimentelle*:

a) Teoretiske artiklar

At ein artikkel er klassifisert som teoretisk, vil seie at han *ikkje* dokumenterer noka form for empirisk undersøking gjennomført av forfattaren. At ein artikkel her er klassifisert som teoretisk, treng ikkje nødvendigvis signalisere at han drøftar teoretiske grunnlagsproblem. Artikkelen kan t.d. vere ein relativt lett tilgjengeleg oversynsartikkel over eit forskingsfelt. Teoretiske innslag vil sjølvsagt også førekome i empiriske og eksperimentelle artiklar. Det diskriminerande kriteriet er altså ikkje graden av «tunge» teoretiske innslag, men om artikkelen er bygd opp kring ei vitskapleg undersøking eller ikkje.

b) Empiriske artiklar

At ein artikkel er klassifisert som empirisk, vil seie at han dokumenterer empirisk, men ikkje eksperimentell, forskning utført av forfattaren sjølv. (Eksperimentelle artiklar er sjølvsagt også empiriske.)

c) Eksperimentelle artiklar

At ein artikkel er klassifisert som eksperimentell, vil seie at han dokumenterer empirisk forskning av eksperimentell art utført av forfattaren. Ei eksperimentell vitenskapleg undersøking vil eg definere som ei *planlagd* undersøking av korleis data (det vere seg testpersonar eller kvikksølv-molekyl) *responderer under visse nærare betemte planlagde omstende*. Data er vidare nøye selekterte med vedkomande undersøking for auge, og forskingsspørsmåla er av ein slik karakter at dei lèt seg teste i popperiansk forstand ved hjelp av eksperimentet

Figur 10 nedanfor syner fordelinga av teoretiske, eksperimentelle og empiriske artiklar i materialet. For underlagsdata syner eg til appendiks 2.

MEDISIN	HISTORIE	SPRÅKVITSKAP
MED1 <i>empirisk</i>	HIS1 <i>empirisk</i>	LING1 <i>empirisk</i>
MED2 <i>empirisk</i>	HIS2 <i>empirisk</i>	LING2 teoretisk
MED3 <i>empirisk</i>	HIS3 <i>empirisk</i>	LING3 teoretisk
MED4 <i>empirisk</i>	HIS4 <i>empirisk</i>	LING4 <i>empirisk</i>
MED5 <u><i>eksperimentell</i></u>	HIS5 teoretisk	LING5 <i>empirisk</i>
MED6 <i>empirisk</i>	HIS6 <i>empirisk</i>	LING6 <u><i>eksperimentell</i></u>
MED7 <i>empirisk</i>	HIS7 teoretisk	LING7 <i>empirisk</i>
MED8 teoretisk	HIS8 <i>empirisk</i>	LING8 <i>empirisk</i>
MED9 <i>empirisk</i>	HIS9 <i>empirisk</i>	LING9 teoretisk
MED10 <i>empirisk</i>	HIS10 <i>empirisk</i>	LING10 <u><i>eksperimentell</i></u>

Figur 10: Teoretiske, empiriske og eksperimentelle artiklar

Vi finn på fagområda medisin og språkvitskap både teoretiske, empiriske og eksperimentelle artiklar, medan vi på fagområdet historie berre finn empiriske og teoretiske artiklar. Eksperimentell forskning kan knapt seiast å ha nokon plass i historiefaget, og denne spreinga i type forskingsdokumentasjon må dermed kunne seiast å vere dekkjande.

No kan vi dessutan setje bruken av IMROD i samanheng med kva type forskning artiklane dokumenterer. Samanhengen mellom eksperimentell forskning og IMROD synest – ikkje overraskande – å

vere sterk. Det er berre tre eksperimentelle artiklar i materialet (MED5, LING6 og LING10), og dei følgjer alle IMROD. To av desse er altså språkvitskaplege. Dei resterande IMROD-artiklane er empiriske medisinske artiklar. Ikkje overraskande følgjer ingen teoretiske artiklar IMROD. Dette forklarar truleg det eine «avviket» blant dei medisinske artiklane, nemleg MED8, som er klassifisert som teoretisk. Den andre medisinske artikkelen som ikkje følgjer IMROD (MED6), skil seg ut ved å vere ein kasuistikk (sjå appendiks 2).

3.2.4 Utval og presentasjon av analyse materialet for denne studien

Som tidlegare nemnt er seks artiklar – to frå kvart fagområde – valde ut til superstrukturanalysen i denne granskinga. Det er tre kriterium som har lege til grunn her. Desse er kva emneområde artikkelen behandlar, kva type forskning artikkelen dokumenterer (eksperimentell, empirisk eller teoretisk), og til ein viss grad om artiklane følgjer tekstformatet IMROD.

Utvalskriteriet i høve til *emneområde* er relatert til samanhengshypotesen. Det er ønskjeleg at artiklane dokumenterer dei faglege kjerneområda på dei respektive fagfelta. Kva som representerer eit kjerneområde, vil det sjølvsagt vere ulike oppfatningar om. Eg legg ingen normative vurderingar i dette, men byggjer på den presentasjonen av fagområda som er gjord ovanfor, der dei i stor grad vart drøfta i høve til dei overordna skilnadene mellom naturvitskap og humaniora. Dette vil for medisin sitt vedkomande seie at eg er mest interessert i artiklar som primært tek opp somatiske problemstillingar (altså råfakta). På fagområdet historie, som berre behandlar institusjonelle fakta, og som i sin natur er vidt orientert i tid og rom, har eg ikkje lagt til grunn særskilde restriksjonar i høve til emneområde. På fagområdet språkvitskap er kjerneområdet i denne samanhengen definert som allmennlingvistikken, fordi den er mest interessant i høve til samanhengshypotesen. Svært mange av artiklane i det totale materialet fyller kravet om å dokumentere faglege kjerneområde, og denne aksen er difor ikkje særleg diskriminerande (jf. figur 9 ovanfor).

Når det gjeld den *typen forskning* artikkelen dokumenterer, har – som nemnt ovanfor – artiklar som er definerte som teoretiske, ikkje vore vurderte med tanke på analysen her. Berre artiklar som dokumenterer ei undersøking gjennomført av forfattaren, er vurderte, og eksperimentelle artiklar har vore av særskild interesse. Når det gjeld *bruken av IMROD*, vil det vere interessant å undersøkje tekstoppbygginga i artiklar frå humanistiske fagområde som følgjer IMROD med tanke på samanlikning med dei naturvitskaplege (medisinske) IMROD-artiklane. Vidare har eg rekna medisinske artiklar som ikkje følgjer IMROD som lite representative, og dermed som uaktuelle.

Etter å ha vurdert det totale artikkelmaterialet på grunnlag av desse kriteria står ein framleis att med ganske mange (ca. 19) artiklar som skulle kunne brukast. Det går altså ikkje an å opprette kjerne-materialet på bakgrunn av eliminasjonsmetoden. Blant desse 19 har eg difor etter skjøn valt ut følgjande seks artiklar:

MED1: Bjørø, K. et al.: «Levertransplantasjon i Norge. Resultater etter ti års aktivitet og 114 transplantasjoner», *TNL* 1/1996, s. 19-24.

MED5: Tomten, S.E. et al.: «Effekt av α_1 -blokade på maksimalt oksygenopptak og fysisk utholdenhet hos hypertensive menn», *TNL* 1/1996, s. 37-40.

HIS4: Nedkvitne, Arnved: «Annales-skolen – en tradisjon i oppløsning?», *HT* 3/1996, . 361-369.

HIS6: Moseng, O. G.: «Gud, pesten, legekunsten, mottiltakene og staten. Kampen mot epidemiene som moderniseringsprosjekt», *HT* 4/1996, s. 454-473.

LING1: Johannessen, Janne Bondi: «DENNE», *NLT* 1/1996, s. 3-28.

LING6: Bjerkan, Kirsten Meyer og Hanne Gram Simonsen: «Prosessering av preteritumsformer i norsk: Eksperimentell evidens fra barn og voksne», *NLT* 2/1996, s. 189-207.

Både MED1 og MED5 oppfyller kravet om å dokumentere eit fagleg kjerneområde (respektive «kirurgi/indremedisin» og «hjarte- og idrettsmedisin»). MED5 er dessutan den einaste medisinske artikkelen som synte seg å vere *eksperimentell*, og var dermed sjølvskriven ut frå dette kriteriet. Begge artiklane følgjer IMROD.

HIS4 og HIS6 representerer også i tilstrekkeleg grad det faglege kjerneområdet innan historie (respektive «mentalitetshistorie, europeisk mellomalder» og «demografi, pestepidemiar i nordisk mellomalder»). Blant dei historiske artiklane er det ingen eksperimentelle; begge desse er såleis empiriske. Ingen historiske artiklar følgjer IMROD, og dette kriteriet er dermed uaktuelt.

LING1 og LING6 representerer kjerneområde i allmennlingvistikken (respektive «generativ syntaks/semantikk/pragmatikk, bruksvilkår for pronomener» og «språktileigning, verbmorfologi»). LING6 er dessutan éin av dei to språkvitskaplege artiklane som dokumenterer eksperimentell forskning og som følgjer IMROD. Dette fører til at LING6 vil representere eit interessant samanlikningsgrunnlag i høve til MED1 og MED5.

4 SUPERSTRUKTUROMGREPET

- Framlegg til tekstteoretisk situering

4.0 Innleiing

Dette kapittelet skal tene eit viktig føremål: det skal situere omgrepet ‘superstruktur’ tekstteoretisk. Her blir difor problemstillingar, hypotesar og forståingsrammer som relaterer seg til det spesifikke studieobjektet – sjangeren vitskapleg artikkel – for ei stund lagde til sides. Kapittelet fell i tre hovuddelar:

Den første delen er 4.1 med underpunkt. Her vil eg presentere ulike måtar å forstå språk og tekst på og drøfte ein del tekstlingvistiske nøkkelomgrep som koherens, kohesjon, kontekst, teksttype, sjanger og diskurs. Denne utgreinga skal fungere som ein tekstteoretisk basis for drøftinga av superstrukturomgrepet. Den andre hovuddelen er 4.2 med underpunkt. Her vil eg presentere dei viktigaste forskingsbidraga om superstruktur (eller funksjonelle tekststrukturar). Dei arbeida som vil få mest omtale, er van Dijk 1980, Hoey 1983, Tirkkonen-Condit 1985 og Adam 1992.

Den tredje hovuddelen er 4.3 med underpunkt. Her legg eg – på bakgrunn av den forskingslitteraturen som er gjennomgått og drøfta i 4.2 – fram den forståinga av superstruktur eg sjølv vil leggje til grunn. Denne avklaringa munnar ut i eit framlegg til ein tekstmodell og ei reformulering og presisering av hypotesane om dei superstrukturelle konfigurasjonane i dei vitskaplege artiklane som skal undersøkjast.

Omgrepsavklaringa av superstruktur har sjølvsagt metodiske implikasjonar. Desse implikasjonane blir i dette kapittelet berre behandla på prinsipielt nivå; den analytiske tilnærminga på deltaljnivå er emne for kapittel 5.

4.1 Tekstteoretisk basis

4.1.1 Grunnleggjande språk- og tekstsyn

Storleiken ‘tekst’ kan ikkje definerast utan at ein samstundes definerer storleiken ‘språk’. Som eg var inne på under presentasjonen av fagområdet språkvitskap (jf. 3.1.3.3 ovanfor), er ikkje lingvistar samde om kva ontologisk status ‘språk’ har. Eit sentralt skilje innanfor allmennlingvistikken går mellom det sterke generative paradigmet i tradisjonen etter Chomsky 1957 på den eine sida og kognitive og/eller funksjonalistiske retningar på den andre sida.³³

Både den generativt-transformasjonelle lingvistikken og kognitiv lingvistikk har, t.d. i motsetnad til tidlegare sterke paradigme som strukturalismen, eit mentalistisk eller kognitivt utgangspunkt, men dei forstår og bruker dette på høgst ulikt vis.³⁴ For ein generativist er språk *kunnskap om språk* i språkbrukaren sin hjerne:

For generative lingvistar er ikkje språket slik det eksisterer «utanfor mennesket», altså det talte eller skrivne språket, det primære studieobjektet. Det som er interessant, er den mentale og delvis medfødde grammatikkunnskapen som gjer at vi beherskar språket. (Nordgård og Åfarli 1990: 24)

Den generative grammatikken, som blir presentert via eit svært formalistisk beskrivingsapparat, reflekterer umedvitne kognitive strukturar som er biologisk og genetisk forankra i hjernen. Språk blir dermed eit individuelt fenomen, og den grammatikken generativistane beskriv, er ei idealisering av den «perfekte» språkbrukaren sin *kompetanse*. Performansen er generativistane mindre opptekne

³³ Som eg straks vil kome attende til, skjuler det seg ei rekkje ulike tilnærmingar bak den noko tunge formuleringa «kognitive og/eller funksjonalistiske retningar», der vektninga av det kognitive versus det funksjonelle vil veksle. Lingvistar som kallar seg kognitivistar, er sjølv sagt mest opptekne at det førstnemnde, og lingvistar som kallar seg funksjonalistar, er mest opptekne av det sistnemnde. Ein kan dessutan både sjå etikettane «kognitiv» og «funksjonalistisk» nytta som overtermar for dette «paradigmet». Eg presiserer elles at den systemisk-funksjonelle grammatikken innanfor Halliday-skulen berre er éi av fleire retningar eg siktar til med nemninga funksjonalistisk.

³⁴ Som Endresen peiker på, er difor nemninga kognitiv lingvistikk brukt om eit språksyn som står i sterk opposisjon til generativismen, på mange måtar eigna til forvirring (Endresen 1996: 98).

av; den er aksidentell i høve til kompetansen, og ulike sider ved *språkbruk*, som t.d. karakteristika ved fagspråkleg kommunikasjon, er irrelevante epifenomen i høve til det «eigentlege» språket. Vidare er det viktig at språk, slik det blir beskrevet innanfor generativt transformasjonell lingvistikk, er eit system med så stor grad av autonomi at det kan beskrivast i isolasjon frå meir allmenne kognitive tilhøve.

Innanfor kognitiv lingvistikk ser ein derimot ikkje på språket som autonomt; språket kan berre beskrivast i lys av allmenne kognitive prosessar. Språket, som her altså ikkje er kunnskap om språk, men «sjølv» språket, blir i seg sjølv eit spegelbilete av slike kognitive prosessar og dei evnene mennesket har til å abstrahere og kategorisere (sjå t.d. Langacker 1999: 25). Av dette følgjer at mange innanfor kognitiv lingvistikk meiner språkstrukturar har basis i menneskeleg røynsle og menneskelege livsvilkår, som t.d. dei kroppane som er ein del av oss, den fysiske verda vi lever i, og dei lovene som styrer henne.

Eg presenterte innleiingsvis kognitive og/eller funksjonalistiske retningar som eit samla paradigme som står i opposisjon til det generative. Dette er sjølv sagt ei generalisering, som kunne vore utdjupe. Kognitive og funksjonalistiske retningar er samla sett svært divergerande og i mykje større grad enn det generative paradigmet prega av metodepluralisme. Grovt forenkla kan vi seie at det dei har felles, er den forståinga av kognitiv basis som er skissert ovanfor, og *dessutan* eit fokus på at språket blir forma av dei funksjonane det tener i menneskeleg interaksjon:

Most basically, cognitive and functional linguists believe that language is shaped and constrained by the functions it serves and by a variety of related factors: environmental, biological, psychological, developmental, historical, sociocultural. (Langacker 1999: 14).

I dette ligg også det mange omtaler som eit «sosialt» syn på språk (jf. Carr 1990: 97ff). Språket blir lært via sosial interaksjon og er såleis ein «historisk utvikla overeinskomst som vi lever oss inn i som sosiale vesen» (Kinn 2000: 149). Av dette følgjer m.a. at språk-

ket – sjølv om det har ein biologisk og kognitiv basis – er ein storleik som eksisterer intersubjektivt, og som det ikkje kan gjevast noka fyllestgjerrande beskriving av innanfor reduksjonistiske rammeverk.

Det er sjølvsagt ei grunnleggjande sosial og ikkje-reduksjonistisk forståing av språk og tekst som ligg til grunn for dette prosjektet. Tekstlingvistikken har sidan han oppstod på 1960-talet, utvikla seg frå å vere ein regelorientert tekst*grammatisk* vitskap til ein tekstvitskap med ei grunnleggjande pragmatisk og kognitiv forståing av tekstmogrepet. I den pragmatiske forståingsramma ligg etter mitt syn eit grunnleggjande funksjonalistisk syn på tekstar; dvs. at tekstar er utforma i samsvar med dei kommunikative funksjonane dei skal tene. Fagspråksperspektivet og den samanhengshypotesen som er utvikla i førre kapittelet, er døme på slike forståingsrammer. I det kognitive synet på tekst ligg ei erkjenning av at grammatiske overflaterealisasjonar åleine ikkje forklarar korleis mennesket er i stand til å forstå og produsere tekstar. Denne evna heng saman med ei generell evne til å konseptualisere, organisere og lagre kunnskap. Mange tekstlingvistar har t.d. undersøkt korleis testpersonar set saman tekstar der rekkjefølgja på setningane er stokka om (sjå t.d. Hoey 1983: 3-6 og Lundquist 1999). Dei har for det første funne at dei fleste testpersonar lagar ein korrekt rekonstruksjon, og at dei variasjonane som førekjem i dei ferdige resultatata er marginale. For det andre har dei påvist at «tekstlim» som anaforar og konjunksjonar i dei einskilte setningane ikkje kan forklare korleis denne rekonstruksjonen har vore mogeleg:

Nous avons décrit le fait textuel comme un *fait grammatical* [...]. Or, ces règles linguistiques ne suffisent pas pour (re)constituer un ordre acceptable. D'autres principes entrent en jeu, à savoir des principes cognitifs qui interviennent à la fois au niveau des mots [...] et au niveau du texte, en tant que schémas, scripts et autres «modèles cognitifs idéalisés». (Lundquist 1999: 72, kursivering i originalen)

Eg har her forsøkt å gje ei innleiande tilnærming til tekstmogrepet og tekstlingvistikken med utgangspunkt i meir allmennlingvistiske motsetnader, for på den måten å setje tekstforskinga inn i større

samanhengar. Blant tidlege tekstlingvistiske tilskuvar, som i stor grad berre utvida analyseobjektet frå setningsplanet til tekstplanet, finn vi dessutan bidrag frå generativistar (t.d. Heidolph 1966) som prøvde å setje opp transformasjonsreglar for akseptable tekstar. Denne typen tekstgrammatikk postulerte i prinsippet den same typen struktur *mellom* setningar som den som var etablert *i* setningar. Denne innfallsvinkelen til tekstgrammatikk er forlengst forlaten. Nyare tekstgrammatikkar – som Werlich 1976 og van Dijk 1980 – har ein kognitiv basis i den forstand at dei regularitetane dei påviser, reflekterer grunnleggjande kognitive prosessar som t.d. persepsjon (sjå Werlich 1976: 21) eller ulike aspekt ved global prosessering av kompleks informasjon (sjå van Dijk 1980: 200ff).³⁵

Når det gjeld dei større samanhengane, må det òg presiserast at sjølv om det er klare tilknytingspunkt mellom kognitive og funksjonalistiske allmennlingvistiske retningar og tekstlingvistikken slik han har utvikla seg, så eksisterer det òg markante skilnader. Forståinga av grunnleggjande kategoriar som kognitivitet og funksjonalitet er dels utvikla uavhengig av kvarandre innan allmennlingvistikk og tekstlingvistikk. Dette heng ikkje minst saman med at *studieobjektet* i desse greinene av lingvistikken er forskjellig. Om vi tek utgangspunkt i den grunnleggjande saussurianske dikotomien *langue* og *parole*, forstått som språkssystem versus språkbruk, vil kognitiv og funksjonalistisk allmennlingvistikk avgrense seg til å beskrive *språkssystemet*, medan tekstlingvistikken i mykje større grad er oppteken av *språkbruken*. Sjølv om karakteristika ved teksten som *system* eller *språkleg struktur* – som regel definert som ei *semantisk* eining over setningsplanet (sjå t.d. Halliday og Hasan 1976: 2) – har vore og framleis er viktige forskingsspørsmål for tekstlingvistikken, er dei kommunikative og situasjonsbundne sidene ved storleiken tekst så påtrengjande at fenomenet ikkje kan studerast utan at ein dreg inn meir pragmatiske forståingsrammer.

³⁵ Som det går fram av litteraturlista for denne avhandlinga (jf. Referansar nedanfor), er det 1982-utgåva av Werlich 1976 eg har hatt tilgang til. Eg refererer likevel til Werlich 1976 i teksten her fordi det ikkje er substansielle endringar i 1982-utgåva, og fordi det er relevant å framheve Werlichs tekstteori som eit typisk 1970-talsbidrag.

4.1.2 Tekstomgrepet i tekstlingvistikken

Eg forlet no dei større lingvistiske samanhengane og går over til å presisere ulike tilnærmingar til tekstomgrepet innanfor *tekstlingvistikken*. Eg bruker her – og elles i denne avhandlinga – tekstlingvistik som overomgrep for lingvistisk forankra tekstforskning som også dreg inn kognitive, funksjonalistiske og pragmatiske tilnæringsmåtar.³⁶ Som eg alt har vore inne på, eksisterer det både systembaserte – eller eksklusivt språkleg forankra tilnærmingar – og meir bruksbaserte tilnærmingar.

4.1.2.1 Kohesjon og koherens

I tidleg tekstlingvistik, som i hovudsak studerte teksten som *språkleg struktur* (jf. førre avsnittet), stod spørsmålet om kva tekstgrammatiske verkemiddel som syter for at ei samanstilling av setningar står fram som ein koherent eller samanhengande heilskap, altså ein tekst, sentralt i forskinga. På dette grunnlaget prøvde ein m.a. å dra eit skilje mellom tekst og «ikkje-tekst» (sjå t.d. Werlich 1976: 23). Vidare var ein mest oppteken av den *lineære* koherensen frå setning til setning.

Dei tekstgrammatiske verkemidla det var og *er* tale om, er språklege overflaterealisasjonar av samanhengen i ein tekst, og desse blir som regel refererte til under paraplytermen *kohesjon*. Samanheng kan signaliserast eksplisitt ved bruk av grammatiske funksjonsord som konjunksjonar og proformer. Denne typen er ofte omtalt som *grammatisk kohesjon*. Han kan òg markerast ved «the cohesive effect achieved by the selction of vocabulary» (Halliday og Hasan 1976: 274), dvs. at leksikalske ord i teksten står i ulike semantiske relasjonar til kvarandre som identitet, synonymi eller spesifisering. Denne typen er ofte omtalt som *leksikalsk kohesjon*. Vidare kan dei ulike kohesjonsmekanismane òg delast inn etter kva ledd i teksten dei lenkjar saman. Källgren, som mange har bygd på, opererer med *referentkopling* (kopling mellom konstituent og konstituent), *setningskopling* (kopling mellom setning og setning eller

³⁶ Av dette følger at diskursanalyse fell innanfor mitt tekstlingvistikkomgrep. Tekstar kan vere både munnlege og skriftlege, men framstillinga her vil ikkje omfatte problemstillingar og særtrekk som spesifikt er relaterte til munnlege tekstar.

større einskapar) og *blanda kopling* (kopling mellom konstituent og setning) (jf. Källgren 1979: 70, sjå òg Fossetøl 1983: 105f).

Studiet av denne typen verkemiddel har framleis ein sentral plass, men det var ei tidleg innsikt at kohesjon i seg sjølv ikkje skapar samanheng eller *koherens* (sjå t.d. Enkvist 1978). Tekstar kan vere fulle av kohesjonsmekanismer og like fullt vere usamanhengande, og tekstar kan vere koherente utan særleg mykje bruk av slike språklege verkemiddel. 'Tekst' kan difor ikkje avgrensast frå «ikkje-tekst» på grunnlag av slike språklege kriterium. I tråd med dette vil dei fleste i dag – som Hoey – sjå på koherens som noko mottakaren av ein tekst sjølv skaper:

We will assume here that *cohesion* is a property of the text, and that *coherence* is a facet of the reader's evaluation of a text. (Hoey 1991: 12, mine kursiveringar)

Når dette er mogeleg, må det mellom anna henge saman med menneskets kognitive utrusting, som gjer det i stand til å lagre og bruke kompleks og omfattande *kunnskap om verda* og dermed – på bakgrunn av dette – skape meining i tekstar. Dette var òg Lundquists poeng ovanfor.

Sjølv om det eksisterer ein konsensus om at ein må skilje mellom samanheng i tekst som er eksplisitt uttrykt på «overflata» (kohesjon), og samanheng som er implisitt eller semantisk (koherens), bør det presiserast at både termbruken og den metodiske tilnærminga til denne distinksjonen varierer.³⁷ Dette lèt seg best illustrere i høve til relasjonar mellom setningar eller større einskapar. Somme vil her skilje mellom relasjonar eller samband som er eksplisitt uttrykte ved sambindarar, og dei som ikkje er det, og reservere termen setningskopling for det førstnemnde fenomenet. I læreboka *Tekst i kontekst* skil dei såleis mellom *setningskopling* (eksplisitt) og *setningsforbindelse* (implisitt) (jf. Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 159). Døma nedanfor er henta frå *Tekst i kontekst*:

³⁷ Ikkje alle vil bruke termane kohesjon og koherens slik eg har gjort her, sjølv om dette nok er det vanlegaste i dag. Fossetøl omtaler t.d. kohesjonsmekanismer som *koherensmekanismer* (jf. Fossetøl 1983: 105).

(6a) Sigrid Undset fikk Nobelprisen *fordi* hun skrev gode romaner. (setningskopling)

(6b) Sigrid Undset fikk Nobelprisen. Hun skrev gode romaner. (setningsforbindelse)

Andre vil, på bakgrunn av at koherens i sin natur er eit kognitivt og semantisk fenomen, berre operere med éin term for å referere til denne typen relasjonar eller samband i tekst. Hoey, som byggjer på Winters arbeid, har ei slik forståing av relasjonar mellom setningar eller grupper av setningar («the clause relation»):

A clause relation is the cognitive process whereby we interpret the meaning of a sentence or group of sentences in the light of its adjoining sentence or group of sentences. (Winter 1971, sitert etter Hoey 1983: 18)

Relasjonen er ein *meningsrelasjon*, og i kva grad han er grammatisk uttrykt, blir dermed arbitrært (jf. Hoey 1983: 18). Både (1) og (2) ovanfor er dermed «clause relations». Dette vil eg kome attende til nedanfor i behandlinga av Hoey (sjå 4.2.2.2 nedanfor).³⁸

4.1.2.2 Kontekst og kommunikasjon

Til no i dette avsnittet er storleiken ‘tekst’ berre behandla i isolasjon frå utanomtekstlege omgjevnader; vi har sett på somme av dei tekstkonstituerande draga som gjerne blir omtalte som *tekstinterne* (sjå 4.1.3.2 nedanfor). Men tekstar er språk i *bruk*, og for å definere ‘tekst’ ytterlegare og forklare korleis det i det heile er mogeleg å oppfatte høgst varierende samankjedingar av setningar som samanhengande og meningsberande tekstar, er det nødvendig også å sjå på tekst som ein type *handling* i ein gjeven *kommunikasjonssituasjon*.

Omgrepet *kontekst* står her sentralt. Kontekst blir ofte nytta som ein overterm for ulike kontekstuelle rammer som medverkar til å konstituere ein kommunikasjonssituasjon (jf. Goffman 1974). Éi

³⁸ Sjå òg Källgren for ei drøfting av korleis skiljet mellom implisitt og eksplisitt «binding mellom satser» skal handterast metodisk (jf. Källgren 1979: 87).

ramme kan vere den fysiske omgjevnaden for kommunikasjonen, andre rammer kan vere den konkrete samhandlingssituasjonen (forstått som dei personane som deltek i kommunikasjonen og tilhøvet mellom dei) og kulturelle og institusjonelle rammer. Dei sistnemnde ”ramme”-typene er dei mest relevante i dette prosjektet. Faglege og vitskapsteoretiske særdrag innanfor «institusjonen» academia er her den grunnleggjande kontekstuelle forståingsramma (jf. 2.3.4 og 3.1.3 ovanfor).

Konteksten har ein viktig tekstkonstituerande funksjon og er såleis avgjerande for det problematiske skiljet mellom tekst og «ikkjetekst». Tilsynelatande uakseptable samanstillingar av setningar kan i ein gjeven kontekst stå fram som meiningsfulle og dermed som tekstar. Normbrot er t.d. vanlege i tekstar som er produserte innanfor «institusjonen» skjønnlitteratur. Samstundes kan tekstar som blir rivne ut or den konteksten dei opphaveleg var produserte i, stå fram som vanskeleg tilgjengelege og i verste fall som ikkje-tekst. Dette kan vere tilfellet ved lesing av tekstar frå andre kulturar og andre tidsepokar. Fordi tekstar er så kontekstavhengige – situasjonelt, kulturelt og historisk – synest det vanskeleg å trekkje fram eit klart demarkasjonkriterium mellom tekst og ikkje-tekst. (Sjå òg Berge 1990: 51, som knyter denne problematikken til ei drøfting av tekstnormomgrepet.)

Når høgst varierende samankjedingar av setningar blir oppfatta som samanhengande og meiningsberande tekstar, heng det også saman med at tekstar først og fremst er *kommunikative einingar*. Tekstar blir brukte for å oppnå kontakt, for å informere, for å fremje påstandar. Tekstar har ein *funksjon*, og som mottakarar av tekstar har vi ei forventning om denne funksjonen som for det første styrer tolkinga av teksten, og som for det andre også fører til at trekk som i språkleg isolasjon ville svekt samanhengen, i liten grad skiplar forståinga vår. For å forstå kva funksjon ein tekst har, eller kva handling han utfører, er konteksten stadig heilt avgjerande. Konteksten styrer og avgrensar det tydingspotensialet teksten som semantisk og lingvistisk eining har. Konteksten er dermed avgjerande ikkje berre for at vi er i stand til å oppfatte samankjedingar av setningar som samanhengande og meiningsberande, men også for den

spesifikke tolkinga eller forståinga vi vil ha av ein gjeven tekst som kommunikasjonshandling.

Tekst vil eg her ganske enkelt definere som *ei lingvistisk eining over setningsplanet som fungerer kommunikativt i ein gjeven kontekst*. Av dette følgjer at eg ikkje ser det som mogeleg å skilje tekst frå kontekst, slik somme gjer framlegg om (sjå 4.1.3.5 nedanfor). Ein tekst kan ikkje rivast laus frå produksjonskonteksten utan dermed å bli ein annan storleik. Ei heilt anna sak er at tekstforskarar sjølv sagt kan velje å sjå meir eller mindre bort frå denne konteksten i analysar. Metodisk reduksjonisme endrar ikkje den ontologiske statusen til studieobjektet.

Dette kapittelet skal presisere kva sider ved den komplekse storleiken tekst som skal granskast her. I eit forskingshistorisk perspektiv vil eg likevel alt her halde fram at den typen tilnærming eg vil gje, på mange måtar er representativ for nyare trendar innan tekstlingvistikken. Med dette siktar eg til at dei dynamiske, intertekstuelle, heterogene, polyfone og – eg hadde nær sagt – kaotiske sidene ved tekstar i dag blir framheva i forskinga.³⁹ Forskingshistorisk er denne dreinga *frå* eit fokus på lineær samanheng *til* eit fokus på det som lineært kunne tyde på potensielle samanhengsbrot, interessant.

Omsett til mitt prosjekt kan dette konkretiserast med at eg ikkje er så oppteken av om og kvifor dei vitenskaplege artiklane eg studerer er koherente. Eg går ut frå at dei er koherente, iallfall for dei fagfolka som skal bruke dei, og fokuserer heller på korleis og kvifor ymse konfigurasjonar av superstrukturar (og dermed heterogenitet) oppstår i den produksjonskonteksten desse tekstane har. Dette prosjektet er vidare komparativt. Det fokuserer på *skilnadene* mellom vitenskaplege artiklar frå ulike fagområde. *Komparasjon* av ulike tekstar har etter kvart vorte eit vel så sentralt forskningstema innan tekstlingvistikken som spørsmåla kring det grunnleggjande tekstomgre-

³⁹ Ein viktig premissleverandør for denne dreinga er Bakhtin, som med sin dialogiske språk-teori (sjå t.d. Bakhtin [1998]) både har inspirert forskarar til å fokusere på tekstars heterogenitet (jf. Adam 1992: 11) og på det heterogene eller fleirstemmige på yringsnivå (sjå t.d. Nølke 1989, Fløttum 1998: 67f. og Fløttum 2000b: 532).

pet, og denne komparative tekstforskinga blir her eit naturleg og nødvendig neste avsnitt.

4.1.3 Teksttypologiske nøkkelomgrep

Tekstar er forskjellige, og innanfor tekstlingvistikken er det ein lang tradisjon for å prøve å presisere desse skilnadene på mest mogeleg systematisk vis. Dette forskingsfeltet er stort og relativt uoversiktleg:

Tekstgenreforskningen er et centralt område inden for tekstlingvistikken; men det er også et af de områder, hvor de terminologiske og teoretiske forskelle imellem forskningstraditionerne træder tydeligst frem. Det er således langt sværere at danne sig et overblik over dette forskningsområde end det er at danne sig et tilsvarende overblik over f.eks. den strukturelle eller generative lingvistikks studier af sprogtyper. (Frandsen 1995: 31)

Symptomatisk for dette mangfaldet er at det eksisterer framlegg til klassifikasjonar av tekstar i alt frå *tekstgrupper*, *tekstklassar*, *tekstområde*, *teksttypar*, *tekstartar*, *tekstsortar*, *diskurstypar*, *register* til *sjangrar*, og at desse etikettane dels refererer til ulike tekstlege storleikar. Fordi superstrukturomgrepet beskriv eit overordna, funksjonelt nivå i tekstar og i eksisterande teoribygging i særleg grad blir knytt til omgrepet *teksttype* (jf. 1.4 ovanfor), er det nødvendig å relatere drøftinga av superstruktur til klassifikasjonsproblematikken i «tekstgenreforskningen». Eg gjer her først greie for ein del grunnleggjande teksttypologiske problemstillingar. Deretter presenterer og drøftar eg dei overordna tekstomgrepa eg meiner er mest relevante i denne samanhengen: *teksttype*, *sjanger*, *diskurs* og *register*.

4.1.3.1 Klassifikasjonsgrunnlag og klassifikasjonsmodellar

For å vurdere og samanlikne ulike klassifikasjonar må ein for det første undersøkje kva *kriterium* dei ulike modellane legg til grunn for inndelinga (sjå 4.1.3.2 nedanfor). Men, som Frandsen peiker på, er ikkje dette tilstrekkeleg:

Langt størstedelen af forskningen i tekstgenrer har hidtil været koncentreret om [...] de kriterier, som lægges til grund for en given inndeling i genrer. [...] Men det er efter min opfattelse ikke tilstrækkeligt blot at stille det enkle spørgsmål: efter hvilke kriterier? Man er også nødt til at stille det langt mere omfattende og komplekse spørgsmål: *hvad skal kategoriseres, efter hvilke kriterier og inden hvilken kategoriseringsmodel?* (Frandsen 1995: 32, kursiveringar i originalen)

Det andre ein må undersøkje, er *kva storleik* som blir kategorisert: *kva er typologiseringsbasis?* I gjennomgangen av tekstmogrepet ovanfor er det alt skissert ein del ulike nivå eller aspekt ved storleiken tekst. I høve til klassifikasjonsproblematikken (og sjølvsagt også i analytisk praksis elles) er det viktig å presisere *kva* nivå ein arbeider med. Frandsen gjer framlegg om følgjande inndeling av «gyldighedsområder» for klassifikasjonar (jf. Frandsen 1995: 38):

1) kommunikation
(SUPER-TEKSTUELT NIVEAU)

2) heltekst

3) deltekst

(SUB-TEKSTUELT NIVEAU)

4) format

Figur 11: Frandsens nivåinndeling av typologiseringsbasisar

Nivå 1 og 4 omfattar typologiseringsbasisar som ligg utanfor «teksten betragtet som en isoleret enhed» (Frandsen 1995: 39). Nivå 1 omfattar ifølgje Frandsen *kommunikasjon* forstått som t.d. språkfunksjonar i tradisjonen etter Jacobson (jf. Jacobson 1960/1974) og språkhandlingar i tradisjonen etter Austin 1962 og Searle 1969. Nivå 4 omfattar *format* som boka, brosjyren og avisa.

Nivå 2 og 3 omfattar det Frandsen omtaler som «rent tekstuelle» typologiseringsbasisar. Om ein går inn på nivå 2 (heltekstnivået), er det *faktiske tekstar* som blir klassifiserte etter ulike aksar. Som Frandsen sjølv presiserer, og som vi vil sjå nedanfor under

behandlinga av sjangeromgrepet, tildekkjer nivåinndelinga i figur 11 det faktum at mange slike klassifikasjonar av faktiske tekstar byggjer på t.d. kommunikativ funksjon som eitt av fleire (eller eventuelt eksklusivt) kriterium for inndelinga. Ein klassifikasjon av heiltekstar kan dessutan trekkje inn variablar frå nivå 3 og 4 også. Skilnaden blir likevel at nivå 2 omfattar faktiske tekstar og ikkje kommunikasjon eller format per se.

Den mest sentrale og operasjonaliserbare distinksjonen i Frandsens modell er etter mitt syn skiljet mellom nivå 2 og 3, altså skiljet mellom *heiltekst* og *deltekst*. Ein klassifikasjon eller ein analyse som skjer på deltekstnivå, tek ikkje *heile den faktiske teksten* som utgangspunkt, men behandlar konvensjonelle tekstsekvensar eller organiseringsprinsipp som faktiske tekstar (dvs. heiltekstar) er bygde opp av. Når det teksttypologiske feltet kan verke uoversiktleg, heng det for ein stor del saman med at dette skiljet ikkje alltid blir tilstrekkeleg presisert. Eg vil difor leggje distinksjonen mellom heiltekst og deltekst til grunn. Det er alt slått fast at omgrepet superstruktur her vil bli plassert på *deltekstnivå* (sjå 1.4 ovanfor). Gjennomgangen av tekstypologiske problemstillingar og dei viktigaste bidraga om superstruktur i dette kapitlet vil vonleg byggje opp under at dette er den mest rimelege plasseringa av denne storleiken.

Det tredje sentrale spørsmålet Frandsen minner oss på å stille, er kva *kategoriseringsmodell* som blir lagd til grunn for klassifiseringa. Det eksisterer her to hovudtradisjonar: den klassiske logiske modellen og prototypmodellen. Den klassiske modellen (eller Aristoteles-modellen) byggjer på *diskrete kategoriar*. Ein kategori består av essensielle eller nødvendige eigenskapar. For at eit klassifiseringsobjekt kan seiast å tilhøyre kategorien, *må* det ha dei eigenskapane som er definerte som essensielle:

Any entity which exhibits all the defining features of a category is a full member of that category; any entity which does not exhibit all the defining features is not a member. There are no *degrees of membership* in a category, i.e. there are no entities which are better members of a category than others. (Taylor 1995: 24, mine kursiveringar)

Denne kategoriseringsmodellen byggjer dermed på eit «anten-eller»-prinsipp, der objekt anten tilhøyrer ein gjeven kategori eller ikkje gjer det. Alle objekt som tilhøyrer kategorien, er vidare like gode representantar for kategorien (sjå òg Kleiber 1990: 21-27). Ei prototyptilnærming byggjer ikkje på eit «anten-eller»-prinsipp, men på eit «sentrum-periferi»-prinsipp, der somme objekt er meir typiske eller representative for ein kategori enn andre. Alle objekt som tilhøyrer ein kategori, er demed ikkje like framstående eller representative for kategorien. Det eksisterer dermed gradar av medlemskap, og kategorigrensene er meir fleksible (jf. Taylor 1995: 80). Prototypmodellen, som byggjer på prototypomgrepet slik det er utvikla innan kognitiv psykologi og lingvistikk, er i dag den vanlegaste kategoriseringsmodellen innan tekstforskinga (sjå òg Virtanen 1992: 296).⁴⁰

4.1.3.2 *Tekstinterne og teksteksterne kriterium*

Så tilbake til det ifølgje Frandsen «enkle spørsmål: etter hvilke kriterier?», som i grunnen er ganske komplisert. Som vi vil sjå under behandlinga av sjangeromgrepet nedanfor, er det ei rekkje ulike kriterium ein kan leggje til grunn for ei klassifisering av tekstar (dvs. heiltekstar eller faktiske tekstar). I denne innleiande presentasjonen av teksttypologiske problemstillingar vil eg avgrense meg til å sjå på dikotomien tekstinterne versus teksteksterne kriterium, fordi dette skiljet har stått særleg sentralt i tekstlingvistikken, og fordi det er fundamentalt i høve til skiljet mellom teksttype og sjanger, slik desse storleikane vil bli forstått her.

Det grunnleggjande skiljet mellom det interne og det eksterne er alt antyda fleire gonger ovanfor. Det tekstinterne nivået kan avgrensast til teksten som *språkleg forankra eining* eller struktur. Ein interesserer seg då for fonologiske, morfologiske, leksikalske, syntaktiske og tekstorganiserande trekk, og undersøker t.d. kva type

⁴⁰ For ei meir utførleg drøfting av prototypomgrepet syner eg til Kleiber 1990 og Taylor 1995. Wittgensteins omgrep *familielikskap* (jf. Wittgenstein 1967) har elles også vore fundamentalt i utviklinga av eit alternativ til klassisk-logisk kategoriseringsteori. Wittgenstein påviser at kategorigrensene ikkje er så diskrete som den klassiske teorien vil ha det til, men opererer ikkje med «sentrum-periferi»-distinksjonen. Sjå Taylor 1995: 38-40.

referent- og setningskopling som er nytta i teksten. Det teksteksterne nivået fokuserer på teksten som *språkbruk* i ein viss kontekst. Det teksteksterne nivået dreg dermed inn variablar som ligg «utanfor» teksten som isolert verbalspråkleg ytring, som t.d. den spesifikke produksjonskonteksten for vitskaplege artiklar.

Men dette skiljet blir snøgt problematisk. Om ein avgrensar det tekstinterne til t.d. referent- og setningskopling, er skiljet operasjoniserbart. Men det tekstinterne nivået – eller dei tekstinterne kriteria – blir svært ofte utvida til å omfatte storleikar som knyter seg til teksten som kommunikativ eining, som funksjon, tekstintensjon eller makrohandling. I læreboka *Tekst og kontekst* blir makrohandling definert som «hva det er sender først og fremst *vil* og *gjør* med teksten sin» (jf. Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 257).⁴¹ Samstundes blir det poengtert at informasjon om konteksten – altså ein *tekstekstern* storleik – er nødvendig for å etablere denne makrohandlinga:

Siden vi ikke har direkte tilgang til senders intensjon, må vi vurdere om vi har tilstrekkelig informasjon ut fra *konteksten* og ut fra språklige signaler i teksten til å anta intensjonen. (1993: 257-258, mi kursivering)

Å innlemme tekstintensjon eller makrohandling blant tekstinterne kriterium fører dermed til ei samanblanding av to analysenivå og til «en meget bedragerisk forestilling om et «inde» og «ude» i forhold til teksten», som Frandsen uttrykkjer det (Frandsen 1995: 37). Men etter mitt syn eksisterer det ikkje noka enkel løysing på dette problemet. For som Vagle m.fl. også poengeterer, vil den funksjonen ein gjeven tekst har, også vere signalisert via ein del konvensjonelle språklege drag, som klart er tekstinterne.

Problemet knyter seg langt på veg til korleis omgrepet *funksjon* skal forståast. Funksjon i tekstar – i faktisk språkbruk – kan *både* definerast som den kommunikasjonshandlinga ein gjeven tekst sy-

⁴¹ Kursiveringar i originalen. Når Vagle, Sandvik og Svennevig taler om *makrohandling*, byggjer dei på *språkhandlingsteori* i tradisjonen etter Austin 1962 og Searle 1969 og 1976. Eg kjem attende til ei språkhandlingsbasert tilnærming under presentasjonen av Tirkkonen-Condit 1985 nedanfor (sjå 4.2.3.2).

nest å ha i den situasjonen han er konstituert av, og som internaliserte språklege eller tekstlege funksjonar, funksjonar som altså ligg i språket sjølv. Halliday poengterer dette skiljet i si drøfting av funksjonsomgrepet, og legg til grunn at analysar av «funksjonell variasjon» ikkje berre må dreie seg om «variasjon i *bruken* av språket, men heller *noe som er innebygd*, som selve fundamentet, i organiseringen av språket» (Halliday i Berge, Coppock og Maagerø 1998: 82, mi kursivering).

Dette skiljet er etter mitt syn sentralt. I presentasjonen av grunnleggjande tekstomgrep ovanfor (jf. 4.1.2.2) var det funksjon forstått som *bruk* som stod i fokus. Men med eit funksjonelt språksyn, som eg her har lagt til grunn, må funksjon også forståast som noko språk- eller tekstimmanent. Dette skiljet er samstundes vanskeleg å gripe og handtere metodisk i analysar av tekstar. For om det på den eine sida er slik at visse immanente funksjonar kan knytast til t.d. konvensjonelle tekstlege framstillingsformer, vil slike framstillingsformer på den andre sida alltid bli realiserte i ein brukssituasjon, og denne brukssituasjonen er då determinerande for kva funksjon språkbruken eller teksten har. Dette er eit problem som det vil vere talrike høve til å kome attende til i dette kapittelet, og som eg nedanfor vil konkretisere i høve til teksttypeomgrepet.

4.1.3.3 *Teksttype*

Med *teksttype* siktar eg her til omgrepet slik det blir nytta i tradisjonen etter Werlich 1976.⁴² Werlich meiner det eksisterer fem grunnleggjande teksttypar: deskripsjon, narrasjon, eksposisjon, argumentasjon og instruksjon (jf. Werlich 1976: 39-41). Desse teksttypene er *abstrakte idealiseringar*; konkrete tekstar manifesterer seg som *tekstformer* og *tekstformvariantar* (jf. Werlich 1976: 46). Inndelinga i dei ulike teksttypene er vidare basert på primært tekstinterne kriterium:

⁴² Andre viktige bidragsytarar innanfor denne teksttypetradisjonen er Longacre 1983 og Adam 1992. For mitt formål er det tilstrekkeleg å ta utgangspunkt i Werlich. (Adam vil vi dessutan kome attende til nedanfor, sjå 4.2.4.)

The position of the present text grammar is that the systematic presentation of the effects of non-linguistic determinants on linguistic utterances (e.g. the conventions governing social interaction in a specific sociocultural context) must be dealt with in separate studies of the functional aspects of communicative competence and interaction. It therefore seems desirable that a linguistically orientated text grammar should first set the stage for ancillary studies by basically viewing texts from a more or less exclusively *internal* point of view. (Werlich 1976: 14-15, kursivering i originalen)

Werlich blir difor oppfatta som ein typisk representant for den *tekstinterne* typologiseringstradisjonen. Til grunn for typologiseringena legg Werlich ein *tekstbase* i form av enkle typesetningar. Figur 12 nedanfor presenterer desse tekstbasane (jf. Werlich 1976: 27-29 og 39-41):

Deskripsjon	Thousands of glasses were on the tables. (Simple phenomenon-registering sentence)
Narrasjon	The passengers landed in New York in the middle of the night. (Simple (non-continuous) action-recording sentence)
Eksposisjon	One part of the brain is the cortex or rind. (Simple phenomenon-identifying sentence) The brain has ten million neurones. (Simple phenomenon-linking sentence)
Argumentasjon	The obsession with durability in the arts is not permanent. (Negated quality-attributing sentence)
Instruksjon	Stop. Don't move! (Action-demanding sentence)

Figur 12: Tekstbasane i Werlichs typologi

Werlich beskriv vidare korleis desse tekstbasane blir ekspanderte ved hjelp av ulike former for grammatisk og leksikalsk kohesjon og dei tekstgrammatiske kategoriane *point of view*, *composition* og

variety.⁴³ Werlich har altså levert eit framlegg til ei lingvistisk forankra klassifisering. Om vi tek narrasjonen som døme, er dei tekstgrammatiske kjenneteikna for ekspansjonen av tekstbasen i tekstformer (altså faktiske tekstar) som realiserer denne teksttypen, ifølgje Werlich m.a «personal point of view», «the encoder's topicalization of persons and changes in time in response to events» og *temporal* tekstorganisering (jf. Werlich 1976: 25, 57, 134 og 142-143).

Utgangspunktet for Werlichs typologisering er like fullt det han omtaler som *dominerande kontekstuellt fokus*:

Texts distinctively correlate with the contextual factors in a communication situation. They conventionally focus the addressee's attention only on specific factors and circumstances from the whole set of factors. Accordingly, texts can be grouped together and generally classified on the basis of their *dominant contextual focus* (Werlich 1976: 19, kursivering i originalen).

At Werlich her trekkjer inn konteksten, synleggjer på nytt kor problematisk førestellinga om eit «inne» og «ute» i høve til teksten er. Det må likevel straks presiserast at Werlichs forståing av kontekstuellt fokus, så vidt eg kan skjøne, *ikkje* er knytt til den konkrete ytringskonteksten for teksten, men til det han omtaler som fem *basale kognitive kategoriseringsprosessar*.⁴⁴

Texts do not only correlate distinctively with specific contextual factors [...], but also appear to correlate with innate biological properties of the communicant's mind. [...] Accordingly, the five basic text types correlate *with forms and ranges of human cognition*. (Werlich 1976: 21, kursivering i originalen)

⁴³ Om dei ulike typane kohesjon bruker Werlich termene *functional* og *topical sequences*. Sjå Werlich 1976: 30.

⁴⁴ Sidan det synest å vere desse kognitive kategoriseringsprosessane han eigentleg legg til grunn for inndelinga si, blir storleiken «dominerande kontekstuellt fokus» for meg noko uklar.

Dei fem grunnleggjande kognitive prosessane det er tale om, er *persepsjon i rom* (deskriptive tekstformer), *persepsjon i tid* (narrative tekstformer), *forståing* (ekspositive tekstformer), *vurdering* (argumenterende tekstformer) og *planlegging av framtidig åtferd* (instruktive tekstformer) (jf. Werlich 1976: 21).

Om vi vender attende til det dominerande kontekstuelle fokuset, følgjer her definisjonane av dette for tre av dei fem teksttypane (Werlich 1976: 19-20, kursiveringar i original):

deskriptive tekstformer:

«[...] factual phenomena (i.e. persons, objects and relations) in the spatial context.»

argumenterende tekstformer:

«[...] the relations between concepts and phenomena that the communicants have.»

instruktive tekstformer:

«[...] the composition of observable future behaviour, with reference to phenomena, in one of the communicants [...].

Vi ser at desse definisjonane er ganske heterogene. For dei argumenterende og instruktive tekstformene er fokus på fenomen som på eit eller anna vis er knytte til deltakarane i kommunikasjonen, medan dette ikkje er tilfellet i definisjonen av det kontekstuelle fokuset i deskriptive tekstformer. Vidare synest det kontekstuelle fokuset i instruktive tekstformer å vere knytt til kva *effekt* ytringa skal ha, medan dette ikkje er fokusert i høve dei andre teksttypane. Ingenting blir sagt om at argumentative tekstformer gjerne skal verke *overtydande*.

Denne presentasjonen av Werlichs teksttypologi har vonleg gjeve ein peikepinn om kva ei presumptivt tekstintern klassifisering representerer. Samstundes har eg vore innom ein del typiske problemområde for alle typar (tekst)klassifikasjonar, t.d. at inndelingskriteria ofte er heterogene. Werlich har òg vorte kritisert for m.a. å la vere å gje «en mer utførlig begrunnelse for typesetningenes lingvistiske utforming» (jf. Fløttum 1998: 62). Det som for meg er det

sentrale ved teksttypeomgrepet, er for det første at *teksttypane er teoretiske idealiseringar og ikkje faktiske tekstar*. Innanfor Werlichs taksonomi blir dette utlagt som at tekstformer eller tekstformvarianter er konvensjonelle manifestasjonar eller realiseringar av teksttypar som narrasjon og argumentasjon (sjå Werlich 1976: 46). For det andre inneber dette at *teksttypen er ein storleik på deltekstnivå*. Ein gjeven tekst kan innehalde realiseringar av fleire ulike teksttypar. Werlich eksemplifierer dette via talrike døme på *distribusjonen* av dei ulike teksttypane. Mellom anna skriv han at eksplikasjonar (som er ein variant av eksposisjonen) «easily combine with *comments, reports, technical descriptions, scientific argumentation, definitions and text interpretations*» (Werlich 1976: 85, kursiveringar i originalen).

Teksttypane er i seg sjølve altså ikkje tekstar. På dette grunnlaget synest eg faktisk at termen teksttype er uheldig, fordi han nettopp kan gje inntrykk av å referere til eit *utval av faktiske tekstar* (dvs. heiltekstar) som har visse fellestrekk. Termen *framstillingsform* – som til no er nytta preteoretisk – ville etter mitt syn vore meir tenleg, og eg vil difor nytte denne termen synonymt med teksttype heretter.

Det viktige skiljet mellom *form* og *funksjon* vart tangert ovanfor i samband med instruksjonen. Vi såg her at ei av framstillingsformene hos Werlich vart knytt til intensjonen bak eller effekten av kommunikasjonen, medan dette ikkje var tematisert i høve til dei andre framstillingsformene. Når eg heller vil omtale teksttypane som framstillingsformer, er det også nettopp fordi eg ønskjer å unngå slike samanblandingar av form og funksjon. Eg ser på teksttypane som konvensjonelle framstillingsformer som i faktiske tekstar kan ha varierende *funksjon*.

Virtanen gjer framlegg om ein typologi på to nivå, som nettopp baserer seg på det viktige skiljet mellom form og funksjon. Ho skil mellom narrative, deskriptive, instruktive, ekspositive og argumenterande *teksttypar* på den eine sida og narrative, deskriptive, instruktive, ekspositive og argumenterande *diskurstypar* på den andre sida. Med teksttype refererer Virtanen til teksttype i Werlichtradisjonen, altså det som eg her vel å omtale som framstillings-

form. Teksttypen er ei *form* språkbrukaren har til rådvelde i tekstproduksjon, medan diskurstypen derimot er «connected with the discourse *function* or the *purpose* of the discourse» (Virtanen 1992: 298, mine kursiveringar).

Det sentrale poenget hos Virtanen er at

[t]he superordinate discourse type need not always be realized through the corresponding text type. An apparant mismatch of a discourse type and the corresponding text type may be accounted for in terms of notions such as the ‘direct’ and ‘indirect’, or ‘primary’ and ‘secondary’ uses of various text types. (Virtanen 1992: 298)

Det eksisterer altså ifølgje Virtanen ikkje noko «ein-til-ein»-tilhøve mellom teksttype og diskurstype. Når t.d. den narrative teksttypen realiserer den narrative diskurstypen, er dette eit døme på *direkte* eller *primær* bruk av denne framstillingsforma. Men den narrative framstillingsforma kan i mange tilfelle vise seg å realisere ein annan diskurstype enn den narrative. Den narrative framstillingsforma kan t.d. realisere den argumenterende diskurstypen. Det er då tale om *indirekte* eller *sekundær* bruk av den narrative framstillingsforma. Virtanen gjev sjølv døme på slik bruk av den narrative framstillingsforma i ei likning frå Matteusevangeliet, der den narrative forma klart er nytta for å fremje ein viss bodskap, altså for å argumentere (sjå Virtanen 1992: 301).⁴⁵

Det sentrale i Virtanens bidrag er for meg synleggjeringa av at ei viss framstillingsform, t.d. den narrative og den deskriptive, i faktiske tekstar kan ha *ein annan funksjon enn den som ligg inherent i sjølve framstillingsforma*, t.d. å fortelje og beskrive. På nytt møter vi altså eit todelt funksjonsomgrep (jf. 4.1.3.2 ovanfor). My-

⁴⁵ Eit hovudpoeng i Virtanens artikkel er kor stort bruksområde den narrative framstillingsforma har. Denne framstillingsforma kan etter Virtanens syn realisere *alle diskurstypar*. Den argumenterende framstillingsforma, derimot, kan berre realisere den argumenterende diskurstypen. På den andre sida lèt den argumenterende diskurstypen seg realisere av *alle framstillingsformene*, medan den narrative diskurstypen berre lèt seg realisere ved bruk av den narrative framstillingsforma. Virtanen meiner dette tyder på at narrasjonen er den sterkaste teksttypen, medan argumentasjonen er den sterkaste diskurstypen (jf. Virtanen 1992: 306).

kje tyder på at «handlingstypar» som å fortelje og å argumentere er så basale kategoriar i menneskeleg interaksjon at det eksisterer konvensjonaliserte framstillingsformer for dei på alle språk. Samstundes kan desse framstillingsformene i konkrete brukssituasjonar i faktiske tekstar få nye, sekundære funksjonar. Det funksjonelle i språket ovrar seg dermed på to plan.

4.1.3.4 Sjanger

Sjangeromgrepet er minst like komplekst som teksttypeomgrepet. Det heng m.a. saman med at det i utgangspunktet er eit litteraturvitenskapleg omgrep som refererer til den klassiske inndelinga av skjønnlitteratur i epikk, dramatik og lyrikk. Dette kan kanskje vere årsaka til at somme tekstlingvistiske retningar har unngått denne termen. Tilstrekkeleg mange tekstlingvistiske tradisjonar har likevel teke termen i bruk til at det i dag eksisterer ein viss grad av konsensus om kva sjanger refererer til, t.d. i høve til teksttypane (framstillingsformene).

Ovanfor vart det presisert at teksttype her blir forstått som ei tekstleg framstillingsform, og at slike framstillingsformer er teoretiske idealiseringar på *deltekstnivå* og ikkje faktiske tekstar. Eit heilt sentralt skilje mellom teksttype og sjanger er etter mitt syn at sjanger – i motsetnad til teksttype – nettopp refererer til eit utval faktiske tekstar (dvs. heiltekstar) som har visse fellestrekk. Romanar, folkeeventyr og vitskaplege artiklar er døme på sjanrar; dei er grupper eller utval av faktiske tekstar med mange fellestrekk.

Eit anna sentralt skilje mellom teksttype og sjanger er at medan teksttypane er tekstlege framstillingsformer som – med dei presiseringane og atterhalda som er gjevne in mente – kan definerast på grunnlag av tekstinterne kriterium, *så kan ikkje faktiske tekstar kategoriserast utan at teksteksterne variablar blir trekte inn*. Ein sjanger kan dermed ikkje definerast på grunnlag av «givna språkliga eigenskapar», men må koplast til «sociala processer, aktiviteter eller verksamheter» (jf. Ledin 1996: 29). Det var den same typen forståing av tekstklassifisering vi såg i diskusjonen av fagtekstomgrepet under 2.1.4 ovanfor, der det m.a. vart presisert at fagteksten

ikkje kan definerast på grunnlag av lingvistiske eller formelle kriterium åleine.

Men kva kategoriar eller særdrag skal så vere dei avgjerande for at ein tekst kan seiast å tilhøyre ein viss sjanger? Det er ei rekkje ulike aksar tekstar kan klassifiserast etter. Eg vil ikkje her gje nokon fyllestgjerande presentasjon av ulike definsjonsforsøk, men vel å byggje på Ledins framlegg til ei «grov avgränsning av genrebegreppet», som eg synest fangar opp mange viktige karakteristika. Ledin strukturerer denne avgrensinga i fire påstandar (Ledin 1996: 29-34):

- 1 *En genre kopplar texter till en återkommande social process där människor samhandlar genom texter*
- 2 *En genre innefattar prototypföreställningar om textutformningen*
- 3 *En genre är normalt namngiven och på så sätt språkligt och socialt kodifierad*
- 4 *En genre är en tradition som tas i bruk i en situation, varför den förändras över tid*

Ad 1: Ein sjanger er altså knytt til ein «återkommande social process». Eit døme kan vere at forskingsresultat innanfor institusjonen akademia treng ein formidlingskanal, og dermed oppstår sjangeren vitskapleg artikkel. Prosessar eller situasjonar som er sjeldsynte, vil ikkje ha konvensjonelle sjangrar knytte til seg. Swales poengterer elles at det distinktive trekket ved ein sjanger er kva *formålet* med kommunikasjonen er innanfor slike tilbakevendande sosiale prosessar:

A genre comprises a class of communicative events, the members of which share some set of *communicative purposes*.
(Swales 1990: 58, mi kursivering)

Ad 2: Her møter vi prototypomgrepet (jf. 4.1.3.1 ovanfor). Tekstar som tilhøyrrer same sjanger

[...] är (i normalfallet) inte identiska utan uppvisar familjelikheter. [...] Genretexter förenas alltså av ett antal överlap-

pande och korsande språklige egenskaper, där vissa egenskaper är mer typiska för genren. (Ledin 1996: 31)

Dette vil seie at somme teksttar er meir prototypiske for ein sjanger enn andre. Det eksisterer eit sentrum og ein periferi for klassifiseringa. I denne andre påstanden ligg dessutan ei påminning om at tekstutforming, altså språklege trekk, også har konvensjonelle utformingar i gjevne sjangrar. Språklege kategoriar spelar difor ei rolle i avgrensinga av sjangrar, sjølv om dei i seg sjølve sjeldan gjev noko tilstrekkeleg grunnlag for denne avgrensinga.

Ad 3: Ein mogeleg framgangsmåte for å avgrense sjangrar er rett og slett å ta utgangspunkt i det språkbrukarane sjølve oppfattar som og omtaler som sjangrar.

Ad 4: Dette punktet er viktig fordi det m.a. understrekar ein av skilnadene mellom teksttype og sjanger. Fordi sjangrar er bundne til situasjonar og sosiale prosessar, vil dei *endre seg over tid*. Vi kan ikkje sjå fullstendig bort frå at dei språkinterne tekstlege framstillingsformene også kan endre seg noko over tid, men samanlikna med sjangrar representerer dei eit relativt stabilt uttrykksreservoar. Berge knyter drøftinga av sjanger til tekstnormomgrepet. Ei tekstnorm er definert som «konvensjonaliserte forventningar og retningslinjer for hvordan tekstatferd skal genereres» (Berge 1990: 51). Slike tekstnormer konstituerer dermed ulike sjangrar, og dei er «betydelig mer *målfølsomme* og *målfleksible* enn språknormer» (Berge 1990: 53, mine kursiveringar). På grunnlag av Berges innfallsvinkel definerer læreboka *Tekst i kontekst* dermed sjanger slik:

En *sjanger* er altså et sterkt og temmelig varig tekstnormkompleks, med mer eller mindre rom for individuelle løsninger. (Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 19, kursivering i originalen)

Eg har her presentert ulike sentrale aspekt ved ei tilnærming til sjangeromgrepet utan å gje ein eintydig definisjon. Det meiner eg heller ikkje er nødvendig for mitt formål. Det viktige her er at sjanger er tilstrekkeleg avgrensa frå teksttype. Eg presiserer difor avslutningvis i dette avsnittet at ein gjeven teksttype kan realiserast i ei rekkje ulike sjangrar; t.d. vil vi finne narrative framstillingsfor-

mer både i sjangrane roman, folkeeventyr og reisebrev. Narrativen er like fullt ei framstillingsform og ikkje i seg sjølv ein sjanger. Det er uheldig at termen teksttype tidvis blir brukt synonymt med sjanger, slik at ein taler om t.d. teksttypen folkeeventyr eller teksttypen vitskapleg artikkel. Folkeeventyret og den vitskaplege artikkelen er sjangrar og ikkje framstillingsformer.

Som nemnt fleire gonger tidlegare har superstrukturomgrepet i forskingslitteraturen først og fremst vorte knytt til teksttypeomgrepet. Når eg her i tillegg tek opp andre tekstomgrep, som t.d. sjangeromgrepet, er det først og fremst med tanke på å presisere og avgrense dei ulike tekstomgrepa i høve til kvarandre. Men det kan i denne samanhengen også nemnast at den læreboka det er vist til ovanfor, omtaler superstrukturskjema som *sjangerskjema* (sjå Vagle, Sandvik og Svennig 1993: 192f). Her blir altså superstruktur plassert på heiltekstnivå.

4.1.3.5 Diskurs

Diskurs eller diskurstypar, som det alt er referert til i samband med presentasjonen av Virtanens todelte typologi, er òg ein term som er mykje nytta innan tekstforskinga. Diskursomgrepet har tradisjonelt stått sterkast innanfor samtaleanalysen og meir prosessorientert tekstforsking (jf. Ledin 1996: 10). Diskurs er kanskje det tekstomgrepet der definisjonane varierer mest.

Somme nyttar tekst og diskurs synonymt, andre reserverer tekst for det teoretiske omgrepet og diskurs for den empiriske manifestasjonen (sjå Fossetøl 1980: 6). Eit tredje alternativ er å definere diskurs som «tekst i kontekst»:

Diskursen er altså ikke bare tekst, men tekst som en form for samhandling og som en del av en større sosial prosess». (Vagle, Sandvik og Svennig 1993: 35)

Ein fjerde definisjonstype er den generaliserte forståinga av diskurs som

[...] det samlede antall tekster om et bestemt emne, for eksempel om utdanningspolitikken eller incestproblemet, slik disse

tekstene opptrer til en bestemt tid, på et bestemt sted, i en bestemt sosial sammenheng. (jf. Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 35)

Det er òg ei slik generalisert forståing Ledin legg til grunn når han skriv at

som jag ser det utmärks en diskurs av ett speciellt intresse- eller erfarenhetsområde, som är knutet till en social institution og därmed beroende av vissa sociala positioner etc. (Ledin 1996: 27)

Tekst er ovanfor (sjå 4.1.2.2) definert både som den empiriske manifestasjonen og som ein storleik som nødvendigvis opptrer i ein kontekst. Vi treng difor ikkje noko diskursomgrep for å skilje det empiriske frå det teoretiske eller for å skilje teksten frå konteksten. Det er dermed den siste definisjonen som her blir lagd til grunn, og det er også slik omgrepet diskurs er nytta om *den akademiske diskursen* tidlegare i denne framstillinga. Akademisk diskurs refererer altså ikkje til ein spesifikk sjanger som den vitenskaplege artikkelen, men til den samla språk- og tekstbruken innanfor institusjonen akademisk. Analogt med dette kan ein tale om den politiske diskursen og den offentlege diskursen.

4.1.3.6 Register

Medan sjanger som presisert i 4.1.3.4 refererer til fellestrekk mellom ei gruppe tekstar, refererer register i denne avhandlinga til fellestrekk på syntaktisk og leksikalsk nivå, og registeromgrepet blir dermed liggjande tett opp til *stilomgrepet* (jf. Couture 1986: 82). Registeromgrepet vil ikkje ha nokon sentral plass her, men sidan den velkjende Halliday-skulen bruker registeromgrepet meir eller mindre synonymt med det som her blir forstått som sjanger, ønskjer eg å presisere skilnaden (jf. Halliday 1978: 123). Slik eg nyttar register- og sjangeromgrepa, blir eit døme på det akademiske registeret bruken av t.d. vitenskapsteoretisk *terminologi*, medan den vitenskaplege artikkelen er døme på ein sjanger.

Det eksisterer ikkje noko symmetrisk tilhøve mellom sjanger og register, sjølv om samanhengen kan vere sterk. Vitenskapsteoretisk

terminologi – eller vitenskapleg terminologi i det heile – treng ikkje vere til stades i (alle) vitenskaplege artiklar. Registeret blir òg ein viktig del av diskursen, slik diskurs er forstått her.

4.2 Superstrukturomgrepet: dei mest sentrale bidraga

I kapittel 1 har eg alt skissert ein del sider ved den forståinga av superstrukturomgrepet eg vil leggje til grunn (jf. 1.4-5 ovanfor). Eg vil nedanfor gjere ganske utførleg greie for grunnlaget for denne forståinga via ein gjennomgang av eksisterande teori og metode på feltet. Som tidlegare nemnt konsenterer eg meg om følgjande forskingsbidrag: Van Dijk 1980, Hoey 1983, Tirkkonen-Condit 1985 og Adam 1992. På bakgrunn av dei problemstillingane som vart skisserte i kapittel 1 (jf. 1.5 ovanfor) og den tekstteoretiske basisen som no er presentert, vil dei tidlegare forskingsbidraga om superstruktur bli drøfta i høve til desse spørsmåla:

- 1 Korleis er superstruktur definert i høve til andre sentrale tekstomgrep som teksttype og sjanger (dvs. er storleiken plassert på heil- eller deltekstnivå)?
- 2 Korleis kan superstruktur(ar) distribuerast i tekstar?
- 3 Kva konkrete strukturar blir det gjort framlegg om innanfor dei ulike tilnærmingane («generelle», argumenterande, narrative)?
- 4 Kva kriterium blir lagde til grunn for å påvise superstruktur(ar) i tekstar?
- 5 I kva grad er desse kriteria språklege?
- 6 Korleis går ein fram metodisk?

Fordi det i praksis ofte er vanskeleg å dra eit skarpt skilje mellom teori og metode, er desse spørsmåla tett samanvovne. Dei tre første kan like fullt først og fremst seiast å dreie seg om den *ontologiske* statusen til omgrepet superstruktur, medan dei tre siste dreier seg om den *epistemologiske* statusen til omgrepet. Dei tre første spørsmåla dreier seg altså først og fremst om kva storleik superstruktur

er – om kva *basis* superstruktur har i teksten – medan dei tre siste spørsmåla dreier seg om korleis ein går fram når ein arbeider med denne storleiken, altså om analytisk tilnærming eller metode. Eg har ikkje funne det tenleg å strukturere sjølve presentasjonen av dei ulike arbeida i høve til dei seks spørsmåla ovanfor, men presentasjonen nedanfor vil kunne ut i ei oppsummering, der det blir gjeve eit samla oversyn over den ontologiske og epistemologiske statusen til superstruktur i dei fire forskingsbidraga (sjå 4.2.5 nedanfor).

Vidare vil eg presisere at eg i denne gjennomgangen heile tida refererer til superstrukturar (eller funksjonelle tekstmodellar) i tråd med den terminologien forfattarane sjølve nyttar. I høve til all omtale av *konkrete* framlegg til superstrukturskjema er dette sjølvsagt det einaste forskningsetisk forsvarlege, men det vil her også omfatte *metaterminologien* (dvs. termar som superstruktur, skjema, mønstre, minitekst, sekvens etc.). Som det vil vise seg, er termbruken høgst varierende.

Den typen funksjonelle tekststrukturar som det her er tale om – altså modellar som beskriv den *funksjonen* ulike parti av ein tekst har i teksten som heilskap – har ei lang historie, som kan nystast opp heilt tilbake til klassisk retorikk. Men som *tekstlingvistisk* omgrep er funksjonell tekststruktur eit relativt ungt omgrep. Opphavsmannen bak den tekstlingvistiske nemninga superstruktur er Teun A. van Dijk, som presenterer denne tekstlege storleiken i eit delkapittel i boka *Macrostructures* (1980).⁴⁶ Eg vil difor ta til med van Dijk i denne gjennomgangen av forskingsbidraga om funksjonelle tekststrukturar og deretter behandle dei andre sentrale forskingsbidraga i kronologisk rekkjefølgje.

4.2.1 Van Dijks superstrukturomgrep

Som Ledin peiker på, er Teun A. van Dijk ein interessant tekstforskar fordi han representerer den tekstgrammatiske tradisjonen med eit fokus på «den abstrakta och regelstyrda texten» (jf. Ledin 1999: 9; sjå òg 4.1.2 ovanfor) og ei i tekstlingvistisk forstand relativt formell tilnærming, *samstundes* som han har eit *sosiokognitivt* syn på

⁴⁶ Rett nok er termen første gong nemnd i van Dijk (1977: 16).

tekstar, eller diskurs(typ)ar, som han helst kallar dei empiriske manifestasjonane (jf. van Dijk 1980: 29).

4.2.1.1 *Superstruktur versus makrostruktur*

Hovudtema i van Dijk 1980 er *makrostrukturar* i tekst. Makrostrukturar er globale semantisk-tematiske strukturar som organiserer det semantiske innhaldet i tekstar. Van Dijks tekstsyn er utprega hierarkisk. På det lokale, underordna og direkte tilgjengelege nivået i teksten ligg *mikrostrukturen*, som er definert som

[...] all those structures that are processed, or described, at the local or short-range level (viz., *words, phrases, clauses, sentences*, and connections between sentences). In other words, microstructures are the actually and directly ‘expressed’ structures of the discourse. (van Dijk 1980: 29, kursiveringar i originalen)

Van Dijk formulerer *makroreglar* for relasjonen mellom mikro- og makronivået, nærare bestemt for korleis makrostrukturar kan *utleiest frå* mikrostrukturen (jf. van Dijk 1980: 46f). Når makroreglar har verka på ein tekst, sit vi att med hovudinnhaldet, eller *makroproposisjonane* i teksten. Van Dijks makrostrukturomgrep og den metodiske tilnærminga han gjev, kan dermed vere særleg relevant i høve til problemstillingar som er knytte til tekstresymering.⁴⁷

Superstrukturar er også globale, hierarkiske strukturar, men dei organiserer ikkje det semantiske innhaldet, men funksjonskategoriar. Van Dijk poengterer innleiingvis i kapittelet om superstrukturar at både setningar og setningsskvensar på det lokale planet og makroproposisjonar kan ha ulike «‘rhetorical’ functions as ‘explanation’, ‘specification’, ‘comparison’ or ‘contradiction’» (van Dijk 1980: 107). Til dømes spesifiserer (B) (A):

(7) (A) John was ill. (B) He had the flu.

⁴⁷ Norske studiar av tekstresymering som byggjer på eller drøftar van Dijks teori om makrostruktur, er Fløttum 1990, Andersen 1998 og Dahl 2000.

Van Dijk legg ikkje opp til noka generell tilnærming til retorisk-funksjonelle analysar av tekstar, men interesserer seg for retorisk-funksjonelle skjema som er kulturelt konvensjonaliserte:

Now, what interests us [...] are those functions of macropropositions that have become *conventionalized* in a given culture. These conventions may lead to the establishment of fixed *schemata* for the global content of a discourse. (van Dijk 1980: 108, kursiveringar i originalen)

Eit av dei mest karakteristiske døma på slike konvensjonelt aksepterte skjema meiner van Dijk er *narrativen*. Slike konvensjonelle skjema er vidare, som vist ovanfor, knytte til makrostrukturen, men skil seg frå denne på følgjande måte:

Such functional schemata are so to speak the global *form* or 'syntax' for the global meaning of a text. To differentiate, however, between these global structures and the global semantic structures that we have analyzed thus far, we speak of (schematic) *superstructures*. Hence, a superstructure is the schematic form that organizes the global meaning of a text. We assume that such a superstructure consists of *functional categories* (van Dijk 1980: 108-109, kursiveringar i originalen)

Superstrukturen inneheld formkategoriar som må fyllast med mening (makrostruktur). Samstundes kan superstrukturen leggje visse restriksjonar på innhaldet (jf. van Dijk 1980: 109).

4.2.1.2 Superstrukturskjema

Når van Dijk skal illustrere superstrukturomgrepet i faktiske tekstar, har han både ein generell og ein meir typologisk innfallsvinkel. Han set først opp ei skisse til ein abstrakt, generalisert superstruktur som består av dei fire-fem grunnleggjande *metakategoriane*: *Introduction*, *Problem*, *Solution*, *Conclusion* og eventuelt *Evaluation*. Van Dijk går vidare ut frå at desse metakategoriane – eller denne generelle superstrukturen – vil få ei meir spesifikk utforming i ulike tekstar (diskurstypar). Van Dijk ser altså ut til å leggje til grunn ein hypotese om eit felles superstrukturelt grunnskjema som super-

strukturane i ulike tekstar er variantar av. Han poengterer også at det er slåande at mange konvensjonelle skjema «seem to have this articulation in four or five main categories» (van Dijk 1980: 111). Van Dijk gjev vidare nokre døme på superstrukturar i diskurstypene narrativ, argumentativ, vitenskapleg artikkel (scholarly paper: experimental research report) og avisartikkel.⁴⁸

I det narrative skjemaet byggjer van Dijk på strukturalistisk narratologisk teori, m.a. Labov og Waletzky 1967 og Brémond 1973. Dei grunnleggjande kategoriane han opererer med, er *Setting*, *Complication*, *Resolution*, *Evaluation* og *Coda* eller *Moral*. Dei fire første av desse dannar sjølve narrativen (eller «the plot»). Dette plottet kan vidare delast i to hovuddelar: *Setting* og *Episode*. *Setting* presenterer utgangssituasjonen, medan *Episode*, som består av *Complication*, *Resolution* og *Evaluation*, gjev att sjølve hendinga. *Coda* er ein konklusjon som følgjer av sjølve historia, og som slik sett står *utanfor* sjølve narrativen som «the general pragmatic function» (van Dijk 1980: 115). Vi kjem attende til eit liknande skjema i presentasjonen av Adams tekstteori nedanfor (sjå 4.2.4.2).

I det argumentative skjemaet byggjer van Dijk særleg på Toulmin 1958. Eit argument har ein binær struktur som består av *Premises* og *Conclusion*, «where the Conclusion contains information that is *inferred* from the information contained in the Premises.» (van Dijk 1980: 118, kursivering i originalen). Premissane kan i sin tur delast i *Setting*, *Facts*, *Warrant* og *Backing*. Også når det gjeld argumentasjonen, kjem vi attende til eit liknande skjema hos Adam nedanfor (sjå 4.2.4.2).

I skjemaet for vitenskapleg artikkel vil van Dijk, etter å ha presentert det generelle argumenterande skjemaet, gje eit døme på ein *type* argumentasjon. Han vel å ta utgangspunkt i artiklar frå fagområdet eksperimentell psykologi. Det skjemaet han set opp, er relativt uoversiktleg i høve til det narrative og det argumenterande. Det inneheld i alt 17 kategoriar på ulike nivå, som eg ikkje ser grunn til å gå inn på her. På det overordna nivået gjer van Dijk framlegg om ein tredelt struktur, der sjølve forskingsdokumentasjonen (the report)

⁴⁸ Eg kjem tilbake til denne bruken av termen diskurstype nedanfor.

følgjer ein «Problem-Solution»-struktur, medan kategorien *Applications* «lies outside the described or reported events, but [...] contains the information indicating why the information is *relevant* for all purposes» (van Dijk 1980: 120).

Skjemaet for avisartikkel er det mest skisseprega av dei superstrukturane van Dijk gjer framlegg om. Han set her opp kategoriane *Introduction/Summary*, *Specifications*, *Detail*, *Background*, *Short Story*, *Explanation* og *Evaluation*, men gjer ikkje framlegg om nokon eigentleg skjematisk struktur, slik han gjorde med omsyn til dei andre superstrukturane (van Dijk 1980: 121).⁴⁹

4.2.1.3 Metodisk og ontologisk status

Når det gjeld *distribusjonen* av superstrukturar, poengterer van Dijk fleire stader at superstrukturar kan vere *rekursive*, dvs. at eitt skjema kan takast opp att fleire gonger i éin og same tekst (jf. van Dijk 1980: 115, 129). Han opnar også for at somme kategoriar kan endre rekkjefølgje eller bli utelatne (jf. van Dijk 1980: 115, 129). Vidare lét han også forstå at *ulike* strukturar kan interagere. Om skjemaet for vitenskapleg artikkel skriv han at det argumenterande skjemaet kan vere innvove i fleire av kategoriane her, og om skjemaet for avisartikkel er «short story» nemnd som ein mogeleg kategori, noko som må innebere at det narrative skjemaet kan realiserast her (jf. van Dijk 1980: 120, 121). Van Dijk ser altså ut til å opne for superstrukturell *heterogenitet*.

Eigenskapar ved distribusjonen er hos van Dijk berre å rekne som svært skisseprega hypotesar. Metodologiske problemstillingar, som t.d. korleis ein gjeven kategori i eit skjema kan påvisast i tekst, er heller ikkje særleg utførleg behandla. Van Dijk nemner innhaldsbaserte kriterium som at Resolusjonen i ein narrativ må innehalde «human (or human-like) participants and their *actions*» (van Dijk 1980: 114, kursivering i originalen). Kriterium knytte til det språklege mikronivået er ikkje nemnde, og van Dijk slår sjølv fast at «the

⁴⁹ Van Dijk har i seinare arbeid hatt avisartiklar (nyhendeartiklar) som hovudstudieobjekt (sjå t.d. van Dijk 1988a og 1988b). Her vidareutviklar og presiserer han også det superstrukturelle skjemaet for denne typen tekstar (jf. 1988a: 55). Dette har lita prinsipiell interesse for diskusjonen her og vil ikkje bli drøfta vidare.

exact formal links between superstructures and grammatical structures, via semantic macrostructures, are unknown» (van Dijk 1980: 130). Van Dijk gjev strengt teke berre eit omriss av eit potensielt superstrukturomgrepet og er sjølv varsam og til dels skeptisk i høve til generaliseringspotensialet for dei observasjonane han gjer (sjå òg Fløttum 1998: 64).

I høve til våre grunnleggjande spørsmål er vi likevel nøydde til å slå fast at den metodologiske tilnærminga hans er lite utvikla. Ei drøfting av den ontologiske statusen til superstruktur må hos van Dijk sjåast i samanheng med dei strukturane han gjer framlegg om. Som vi har sett, beskriv han først ein generell modell. Deretter presenterer han fire superstrukturar for respektive narrativen, argumentativen, den vitskaplege artikkelen og avisartikkelen.

Den første modellen kan gje inntrykk av at superstruktur er eit autonomt tekstomgrep – eller ein autonom tekststruktur – som får ulike realiseringar i ulike tekstar. Eg er likevel i tvil om at van Dijk har tenkt den generelle modellen slik, for ingen av dei fire døma på superstruktur han presenterer etter denne modellen, blir eksplisitt drøfta i høve til denne generelle modellen.⁵⁰ Problemet med dei fire konkrete strukturane er vidare at dei *både er relaterte til teksttypar* (narrativen og argumentativen) *og til sjangrar* (vitskapleg artikkel og avisartikkel), slik desse omgrepa er definerte her. Van Dijk dreg ikkje sjølv noko skilje mellom teksttype og sjanger, men slik eg forstår hans bruk av diskurstypeomgrepet, må det liggje tett opp til sjangeromgrepet. Når han understrekar at superstrukturekjema må vere

[...] socioculturally accepted, learned, used, commented upon, etc., by (most) adult language users of a speech community (van Dijk 1980: 109),

peiker dette i retning av at superstruktur skal plasserast på heiltekstnivå (jf. det som er sagt om kodifisering av sjangrar i 4.1.3.4 ovanfor). Samstundes har van Dijk, som vi har sett ovanfor, antyda at superstrukturar kan distribuerast på deltekstnivå i tekstar. Det blir

⁵⁰ Vi kjenner rett nok att ein del sentrale kategoriar som *Problem* og *Solution*.

dermed svært uklart kva nivå i ein tekstteoretisk modell superstruktur ifølgje van Dijk skal plasserast på. Skal superstruktur relaterast til sjanger og dermed plasserast på *heiltekstnivå*, eller skal superstruktur relaterast til teksttype og dermed plasserast på *deltekstnivå*?

4.2.2 Hoey's PL-mønster

Som van Dijk omtaler Micheal Hoey fagområdet sitt som *diskursanalyse*. Symptomatisk for dette er at det eg kallar tekstar, av Hoey blir kalla *diskursar*.⁵¹ I boka *On the surface of discourse* (1983) er målsetjinga primært å vise at diskursar faktisk er organiserte og at denne organiseringa ikkje er lineær: Diskursar – eller tekstar – er ikkje bygde opp av «sentences on a brick-by-brick basis» og kan heller ikkje behandlast som «strings of paragraphs» (jf. Hoey 1983: 15). Diskursar er derimot organiserte i *patterns* (mønster). Pattern definerer Hoey slik:

combination of relations organising (part of) a discourse (Hoey 1983: 31).

Hoey's interesse for retorisk-funksjonelle tekstmodellar er altså ikkje motivert av teksttypologiske problemstillingar. Den overordna målsetjinga er å vise korleis tekstar er bygde opp eller organiserte. I den nemnde boka gjer han dette ved først og fremst å presentere eit metodisk rammeverk for *the Problem-Solution Pattern* (= «Problem-Løysing»-mønsteret; heretter PL-mønsteret). Dette diskursmønsteret er bygd opp av kategoriane Situasjon, Problem, Løysing og Evaluering.⁵² I tillegg behandlar han nokre diskursmønster han omtaler som *Matching Patterns* («samankoplande mønster») meir summarisk. Eg vil her først og fremst gjere greie for PL-mønsteret, fordi berre dette er ein fullt utbygd modell. Men eg vil like fullt dra inn stoff om dei andre diskursmønstra, når dette er relevant i høve

⁵¹ Hoey definerer diskurs slik: «any stretch of spoken or written language that is felt as complete in itself» (Hoey 1983: 15).

⁵² I behandlinga av PL-mønsteret vil eg bruke norsk terminologi, ettersom han alt er relativt innarbeidd, t.d. i læreboka *Tekst i kontekst* (sjå Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 210). Hoey har ingen spesifikk term for komponentane i PL-mønsteret, og eg omtaler dei difor som kategoriar.

til framstillinga av PL-mønsteret. Avslutningsvis vil eg setje Hoey's teori om diskursmønster i 1983-boka i samanheng med eit seinare arbeid, nemleg *Patterns of Lexis in Discourse* 1991. I 1991-boka er emnet leksikalsk kohesjon som samanhengsskapande faktor, og dei synsmåtane Hoey fremjar her, har visse implikasjonar for forståinga av PL-mønsteret.

4.2.2.1 Ontologisk status

Hoey presiserer innleiingsvis at PL-mønsteret ikkje nødvendigvis er meir grunnleggjande eller frekvent enn andre diskursmønster:

One common pattern – the Problem-Solution pattern – has therefore been selected for a detailed study, the methods of description shown for that pattern being, however, equally applicable to the other patterns discussed in less detail elsewhere. [...] Our handling of the Problem-Solution pattern should be taken as typical of the way in which we believe discourse can fruitfully be treated, *rather than indicative of the importance of one particular pattern*. (Hoey 1983: 31, mine kursiveringar)⁵³

PL-mønsteret består av kategoriane *Situasjon*, *Problem*, *Løysing* og *Evaluering*.⁵⁴ Hoey syner korleis dette mønsteret blir realisert i ei rekkje ulike tekstar som klart tilhøyrer ulike sjangrar og inneheld ulike framstillingsformer, t.d. eventyr, (populær)vitskaplege artiklar og reklametekstar. Analysane synleggjer variantar av PL-mønsteret, men Hoey drøftar ikkje desse variasjonane i høve til tekstypologiske problemstillingar (sjanger eller teksttype/framstillingsform).

Det verkar altså som vi her har å gjere med eit fleksibelt, overordna tekstorganiseringsprinsipp som lèt seg applisere på tekstar som tilhøyrer ulike sjangrar, og som realiserer ulike framstillings-

⁵³ På kva grunnlag PL-mønsteret kan seiast å vere «a common pattern», gjer Hoey strengt teke ikkje greie for. Han skriv elles at PL-mønsteret første gong er nemnt i Beardsley 1950 (jf. Hoey 1983: 199).

⁵⁴ Likskapen med van Dijk's metakategoriar *Introduction*, *Problem*, *Solution*, *Conclusion* og eventuelt *Evaluation* er slående, men Hoey relaterer ingen stader arbeidet sitt til van Dijk's superstrukturomgrep. Hoey refererer til fleire av van Dijk's 1970-talsarbeid, men ikkje til van Dijk 1980.

former. Om vi legg Hoeys forståing av PL-mønsteret til grunn som superstrukturomgrep, synest superstruktur dermed å vere *ein autonom storleik i høve til sjanger og teksttype/framstillingsform*.⁵⁵

Det same kan elles seiast om dei andre diskursmønstra Hoey behandlar. Dei samankoplande diskursmønstra («matching patterns») er som nemnt ovanfor mindre utførleg kartlagde, men prinsipielt synest det også å gjelde for desse at det ikkje eksisterer spesifikke restriksjonar for kva tekstar (sjangrar) dei kan førekome i, eller kva framstillingsformer dei blir knytte til.


Det må like fullt skytast inn at heilt fri for teksttypologiske referansar er Hoey 1983 ikkje. Éi av dei klassiske framstillingsformene, *narrativen*, figurerer i stikkordregisteret, og Hoey skil til ein viss grad mellom narrative og ikkje-narrative tekstar. Dette skiljet, som peiker framover mot Hoeys idear i 1991-boka, vil eg kome attende til nedanfor. Det som likevel står fast, er at dette skiljet i 1983-boka ikkje får nokon prinsipielle konsekvensar for Hoeys tilnærming til PL-mønsteret korkje på det ontologiske eller det metodiske planet.

Når det gjeld *distribusjonen* av PL-mønsteret, syner Hoey talrike døme på *rekursivitet*. Av dette følgjer at Hoey klart plasserer PL-mønsteret på *deltekstnivå*. PL-mønsteret kan distribuerast fleire gonger i éin og same tekst. Hoey kallar dette *multilayering*. Når dette skjer, er det som regel fordi ei Løysing i PL-strukturen ikkje vart vurdert positivt og fleire Løysingar må prøvast. Hoey meiner det er tre alternativ her, og at den tredje typen er den vanlegaste (jf. Hoey 1983: 83, 105):

- 1 *Chained multilayering*: kvar Løysing endar i eit nytt Problem
- 2 *Spiral multilayering*: fleire Løysingar for å forsøkje å løyse det same Problemet
- 3 *Progressive multilayering*: fleire Løysingar som i tur og orden svarer på *kvar sin del* av Problemet

⁵⁵ Hoey nemner i det siste kapittelet i 1983-boka at sjangerkonvensjonar kan vere styrande for avkodinga av ein tekst, men presiserer ikkje ytterlegare samanhengen mellom diskursmønster og sjanger (sjå Hoey 1983: 176).

Ei skjematisk framstilling av rekursivitet (chained multilayering) følgjer i figur 13 nedanfor. (Framstillinga er ein lett omarbeidd variant av eit døme frå Hoey's analysar (jf. Hoey 1983: 94):



Figur 13: Døme på rekursivt PL-mønster

Interaksjon mellom ulike diskursmønster er ikkje noko sentralt tema hos Hoey, men han viser døme på interaksjon mellom PL-mønsteret og dei samankoplande mønstra i nokre analysar (sjå t.d. Hoey 1983: 151f). Ei forståing av at fleire diskursmønster kan gjere seg gjeldande i éin og same tekst, ligg dessutan implisitt i merknader som at PL-mønsteret

does not apply to all discourses equally well *nor does it account for all the material in those discourses to which it does apply* (Hoey 1983: 107, mine kursiveringar).

Hoey opnar dermed også for superstrukturell *heterogenitet*.⁵⁶

4.2.2.2 Analytisk tilnærming

Hoey's metodiske tilnærming til PL-mønsteret er detaljrik og omfattande. Eg kan difor her berre gje att nokre hovudpunkt. Fordi Hoey i stor grad definerer dei ulike kategoriane i slike diskursmønster *relasjonelt* i høve til kvarandre på grunnlag av *clause relations* (heretter: setningsrelasjonar), må vi først sjå nærare på desse. Hoey byggjer her på Winter og baserer dermed tilnærminga si på den grunnleggjande *semantiske* måten å sjå på relasjonar mellom setningar (eller grupper av setningar) på, som det vart gjort greie for under 4.1.2.1 ovanfor. Slike setningsrelasjonar er ikkje avgrensa til par av setningar; dei kan t.d. organisere samanhengen mellom to avsnitt i ein tekst. Hoey omtaler dei difor ofte berre som relasjonar (jf. Hoey 1983: 18). Han opererer med to hovudgrupper av slike relasjonar: logiske sekvensrelasjonar og «matching»-relasjonar. Logiske sekvensrelasjonar er relasjonar mellom hendingar og idear, og den mest grunnleggjande logiske relasjonen er *tidsrelasjonen*. Blant dei logiske finn vi også ulike kausalrelasjonar («årsak-verknad»-relasjonar med ulike undergrupper) (jf. Hoey 1983: 19). «Matching»-relasjonar (samankoplande relasjonar) er «relations where statements are 'matched' against each other in terms of degrees of identity of description» (Hoey 1983: 20). Døme på slike relasjonar er *kontrast* og *likskap*. Desse vil, i den grad dei er signaliserte med sambindarar, truleg falle inn under etikettane ikonisk, additiv og adversativ setningskopling innanfor andre rammeverk (sjå Källgren 1979: 88 og 91 og Fossetøl 1983: 120-121 og 131). Dei logiske relasjonane ligg til grunn for PL-mønsteret, medan dei samankoplande relasjonane – ikkje overraskande – ligg til grunn for dei samankoplande diskursmønstra.

⁵⁶ Som nemnt i fotnote 54 bruker ikkje Hoey sjølv termen superstruktur.

Essensielt i Hoey's tilnærming er dessutan at han ved sida av dei to nemnde relasjonstypene også legg til grunn ein relativt sterk hypotese om at

Logical Sequence and Matching are themselves governed by a still more *fundamental* relation, that of *Situation-Evaluation*, representing the two facets of world-perception, 'knowing' and 'thinking'. Indeed as will often become apparent, all relations are reducible to these basic elements. (Hoey 1983: 20, mine kursiveringar.)

Situasjon-Evaluering må altså oppfattast som den grunnleggjande diskursorganiserande relasjonen. Hoey leverer elles ingen argument for at han byggjer på denne hypotesen.

Korleis går så Hoey fram for å identifisere kva relasjon som eksisterer mellom setningar eller større einingar i tekstar? For det første byggjer han på alle typar kohesjonsmekanismer eller overflatesignal som måtte eksistere. Hoey deler desse i hovudgruppene sambindarar (conjuncts og subordinators), leksikon (t.d. at førekomsten av ordet «cause» kan signalisere ein kausalrelasjon) og leksikalsk kohesjon (sjå Hoey 1983: 21-25). Den leksikalske kohesjonen er mest sentral i dei samankoplande diskursmønstra.

Når relasjonane *ikkje* er eksplisitt markerte ved hjelp av slike overflatesignal, bruker Hoey parafrase- og spørsmålstestar for å eksplisitere relasjonen. Ved bruk av parafrase blir ein tekstoppassasje omformulert med ein eksplisitt sambindar: «If the result does not change the meaning, then the relation is that indicated by the signal inserted [...]» (Hoey 1983: 26). Ved bruk av spørsmålstesten byggjer Hoey på eit grunnleggjande syn på den monologiske teksten som «a specialised form of dialogue between the writer or the speaker and the reader or the listener» (Hoey 1983: 27). Eit døme på slik spørsmålsstilling, som synleggjer at relasjonen mellom D1 og D2 er ein kausalrelasjon av typen middel-resultat («instrument-achievement») følgjer nedanfor (jf. Hoey 1983: 28; D: opphavleg tekst, Q: innskote spørsmål):

D1. Mr. Wilson won many middle-class votes in the election.

Q. How did he achieve this?

D2. He appealed to scientists and technologists to support his party.

For å konkretisere Hoeys tilnærming vidare tek eg her utgangspunkt i den konstruerte demonstrasjonsteksten Hoey bruker for å illustrere PL-mønsteret:

SITUASJON	(A) I was on sentry duty
PROBLEM	(B) I saw the enemy approaching
LØYSING	(C) I opened fire
EVALUERING	(D) I beat off the attack

Figur 14: Hoeys demonstrasjonstekst

Når (A) er *Situasjon*, er det m.a. fordi parafrasen «*while I was on sentry duty*» står i *same relasjon* til dei andre tre setningane same kva andre parafasar ein gjennomfører (jf. Hoey 1983: 44). Vidare vil kategorien *Situasjon* typisk svare på spørsmål som: Når, i kva situasjon? Setning (B) kan også seiast å beskrive ein situasjon, men berre (A) har som eksklusiv funksjon å utgjere *Situasjon* i denne teksten (jf Hoey 1983: 46).

Sjølv om (B) også beskriv sider ved ein situasjon, er den funksjonen denne setninga har i teksten, å signalisere «the Aspect of Situation requiring a reponse», altså kategorien *Problem* (jf. Hoey 1983: 49). Vidare blir kategoriane *Problem* og *Løysing* definerte relasjonelt på bakgrunn av logiske sekvensrelasjonar (kausallrelasjonane årsak-verknad og middel-resultat). Eit sentralt innhaldskrav her er at *Løysinga* må innehalde «the role of an agent» (jf. Hoey 1983: 57-58). Dette er elles det same innhaldskravet som van Dijk opererte med for kategorien *Resolusjon* i narrativen (jf. 4.2.1 ovanfor). Vi ser at det eksisterer ein kausal relasjon mellom (B) og (C) ovanfor, og at (C) dessutan inneheld aktøren «I». Hoey presiserer elles at etikettane *Problem* og *Løysing* må forståast funksjonelt, som *Problem* og *Løysing* i teksten. Innhaldet i kategoriane treng på ingen måte korrespondere med «real world situations», altså reelle

problem og løysingar i form av gledelege resultat (jf. Hoey 1983: 51).⁵⁷

Setning (D) svarer ifølgje Hoey på to spørsmål, nemleg «Kva var resultatet?» og «Kor bra var det?». (D) formulerer dermed både det endelege resultatet og ei implisitt vurdering av det (som positivt) og utgjer dermed kategorien *Evaluering*. Kategorien *Evaluering* vil som regel innehalde klarare vurderingar enn i demonstrasjonsteksten, der evalueringa er «presumed self-evident» (jf. Hoey 1993: 51).

Samla sett er det i analysen av demonstrasjonsteksten heilt klart lagt mest vekt på logiske sekvensrelasjonar i form av kausalrelasjonane årsak-verknad og middel-resultat. Vi skal elles merke oss at Hoey berre opererer med eitt innhaldsbasert kriterium, og at dette er kravet om aktør i *Løysinga*.

Avslutningsvis i kapittel 3 knyter Hoey så PL-mønsteret til den grunnleggjande diskursrelasjonen Situasjon-Evaluering. Som nemnt ovanfor knyter denne relasjonen seg til skiljet mellom ‘knowing’ og ‘thinking’. Dette kan omsetjast til spørsmåla: Kva er fakta, og kva meiner du om dei?

Situation and Evaluation are the fundamental units of discourse analysis [...] and the other elements of the pattern, Problem, Response and Result, are ‘molecular’ forms built out of these ‘atomic’ types of information» (Hoey 1983: 55).

Heile PL-mønsteret kan difor beskrivast ved bruk av kategoriane Situasjon og Evaluering. Problemkategorien er ein Situasjon som er evaluert som Problem, og Løysingskategorien er ein Situasjon som er evaluert som ei Løysing (eller ein respons) (sjå Hoey 1983: 55). Hoey gjer elles ikkje framlegg om noka metodisk tilnærming til

⁵⁷ Hoey ville difor heller ha brukt etiketten «Aspect of Situation requiring a Response» enn *Problem*, men avstår frå dette ut frå økonomiseringsomsyn (jf. Hoey 1983: 51). I konkrete analysar bruker Hoey likevel termen *Response* i staden for *Solution*, fordi *Solution* i for sterk grad signaliserer ein *positivt* vurdert repons, noko som slett ikkje alltid er tilfellet (jf. Hoey 1983: 52). Fordi vi her behandlar mange ulike rammeverk og difor må turnere mykje terminologi, vil eg likevel ikkje operere med dette skiljet og berre bruke termen *Løysing*.

relasjonen Situasjon-Evaluering på line med den han gjev for dei andre relasjonane.

Ved sida av PL-mønsteret gjer Hoey, som nemnt ovanfor, greie for ulike former for samankoplande mønster. *Leksikalsk kohesjon* er sentrale samanhengsskaparar for desse relasjonane. Hoey bruker termen *repetition* som overterm for det som hos Källgren 1979 og Fossestøl 1983 går under nemninga *referentkopling*; altså ulike former for samband mellom leksem eller konstituentar. Dei viktigaste typane er enkel og kompleks repetisjon, substitusjon (proformer), ellipse og parafrase (inkluderer synonymi, hyponymi og spesifisering) (sjå Hoey 1983: 108-112).⁵⁸

Teksten nedanfor er eitt av dei døma Hoey gjev på ein «Generalisering-Døme»-relasjon:

(1) It is interesting to note that iconic models only represent certain features of that portion of the real world which they simulate. (2) *For example*, a map will only contain those features which are of interest to the person using the map. (3) *Similarly*, architects' models will be limited to include only those features which are of interest to the person considering employing the architect. (mine understrekingar)

(1) er her Generaliseringa som (2) og (3) gjev Døme på. «Generalisering-Døme»-relasjonen byggjer først og fremst på den leksikalske relasjonen mellom «iconic models» på den eine sida og «a map» og «architects' models» på den andre sida. I tillegg blir den funksjonelle relasjonen signalisert via «*for example*» og «*similarly*». (2) og (3) står i *same* relasjon til (1), men *mellom* (2) og (3) eksisterer det ein *kontrastrelasjon* fordi (2) og (3) spesifiserer *ulike* ikoniske modellar (jf. Hoey 1983: 113 og 134f).

Dette fokuset på den rolla leksikalsk kohesjon spelar for diskursorganisering, peiker framover mot 1991-boka, der Hoey avgrensar seg til eksklusivt å behandle leksikalsk kohesjon som samanhengsskapande faktor. Den sterkaste hypotesen i 1991-boka er

⁵⁸ Hoey presiserer og modifierer desse ulike typane repetisjon i 1991-boka; sjå Hoey 1991: 51-75 (kapittel 3).

at setningar som inneheld *minst tre* kohesive lenkjer, vil utgjere ein meiningsfull sekvens i isolasjon (jf. Hoey 1991: 126). Slike setningspar treng *ikkje* følgje etter kvarandre lineært i teksten. Hoey kallar dei *bonded sentences*. Ved hjelp av denne typen analyse vil ein dermed kunne *reducere* kjeldeteksten til eit sett av setningar med slike tette kohesive band som med visse modifikasjonar utgjer ein samanhengande heilskap. Den innfallsvinkelen Hoey har til diskursorganisering i 1991-boka, kan dermed brukast som eit metodologisk grunnlag for tekstresymering, og eg viser til Dahl 2000 som eit døme på ein slik applikasjon (sjå òg 2.2.5 ovanfor).

Hoey 1991 handlar altså om diskursorganisering, men relaterer ikkje slik organisering til konvensjonelle diskursmønster. Det som likevel er av interesse i vår samanheng, er at Hoey dreg eit skarpt skilje mellom *narrative* og *ikkje-narrative tekstar*.⁵⁹ Analysar som er baserte på leksikalsk kohesjon, er etter hans syn berre eigna til å synleggjere samanhengen (og dermed selektare kjernesetningane) i *ikkje-narrative* tekstar. Når han *ikkje* eignar seg for *narrative* tekstar, er det fordi

[n]arratives are concerned with the reporting of shifts in space and time (Hoey 1991: 188).

Han viser også her til dei setningsrelasjonane vi alt har sett på, og poengterer at *narrativen* byggjer på dei logiske sekvenstypane og ikkje på dei samankoplande. For tekstar som byggjer på logiske setningsrelasjonar, har den leksikalske kohesjonen mindre å seie:

apart from the repetition [= leksikalsk kohesjon] necessary to account for the continuity of the topic, what characterizes the logical sequence relations (which include temporal sequence) is lack of reliance on repetition for the establishment of the relationship (Hoey 1991: 188, min merknad i hakeparentes).

Teksttypologiske implikasjonar av Hoey's 1991-bok er dermed at leksikalsk kohesjon er grunnleggjande for samanhengen i *ikkje-narrative* tekstar, men utilstrekkeleg for å etablere samanhengen i

⁵⁹ I tråd med den terminologien som her er lagd til grunn, må dette forståast som at han skil mellom tekstar der *narrative* framstillingsformer er realiserte, og tekstar der dei *ikkje* er det.

narrative tekstar. Kva implikasjonar har dette for forståinga av PL-mønsteret? Dette diskuterer dessverre ikkje Hoey i 1991-boka. Nedanfor vil eg difor gje ei meir kritisk vurdering av Hoey's PL-mønster, slik det er utvikla i 1983-boka, både på bakgrunn av den presentasjonen som er gjeven ovanfor, og på bakgrunn av Hoey 1991.

4.2.2.3 Revurdering av ontologisk status

Vi såg ovanfor at PL-mønsteret syntest å vere autonomt i høve til andre tekstomgrep som sjanger og teksttype/framstillingsform. Hoey's lesverdige analysar av mange ulike autentiske tekstar verkar også overtydande i høve til det generaliseringspotensialet dette diskursmønsteret presumptivt skal ha. Men på bakgrunn av Hoey 1991 og ved ei kritisk gjennomlesing av Hoey 1983 blir denne autonomihypotesen svekt.

Det er mykje som peiker i retning av at PL-mønsteret, slik Hoey definerer det (men altså ikkje slik han appliserer det!) først og fremst er eit diskursmønster som beskriv *narrative* framstillingsformer eller narrative deltekstar. Demonstrasjonsteksten vi såg i figur 14 (I was on sentry duty/I saw the enemy approaching/I opened fire/I beat off the attack), vil nok dei fleste oppfatte som ein ganske prototypisk narrativ sekvens. Hoey tek ikkje opp det potensielt problematiske ved dette nokon stad.

I analysen av demonstrasjonsteksten er det elles etter mitt syn underleg at Hoey ikkje fokuserer på den underliggjande *temporale* relasjonen som i stor grad syter for koherensen i denne elles umarkerte sekvensen. Dette blir endå merkelegare på bakgrunn av at Hoey sjølv slår fast at den temporale relasjonen er den mest grunnleggjande av dei logiske sekvensrelasjonane. Som vi alt har sett, er det derimot dei kausale relasjonstypane Hoey først og fremst bygger på i PL-analysane sine. Temporale relasjonar (eksplisitte og implisitte) er grunnleggjande for den narrative framstillingsforma (jf. Werlich 1976, sjå 4.1.3.3 ovanfor). Om Hoey hadde lagt meir vekt på temporaliteten, hadde truleg skilnadene mellom dei ulike tekstane han analyserer, kome betre fram. På den andre sida hadde

ikkje eit temporalisert PL-mønster kunna fungere i høve til mange av dei andre tekstane.

Eit anna trekk som ofte blir kopla til narrativen, nemleg at Løy-singa i teksten må innehalde ein aktør – prototypisk i form av helten i eventyret – (jf. van Dijk ovanfor og Adam nedanfor), er derimot utnytta av Hoey i definisjonen av PL-mønsteret. Som vi har sett, opererer han med innhaldskravet «the role of an agent» (jf. Hoey 1983: 57-58). Dette peiker også klart i retning av at PL-mønsteret er eit narrativt skjema. I somme av dei andre tekstane Hoey analyserer, finst ikkje slike aktørar (sjå t.d. artikkelen Hoey analyserer i kapittel 5 i Hoey 1983: 89). Her oppstår det dermed ein inkonsistens mellom kart og terreng.

Om vi i tillegg dreg inn Hoeys synspunkt i 1991-boka, synest det openbert at PL-mønsteret, slik Hoey forstår det, må spegle eit narrativt diskursmønster. PL-mønsteret byggjer, som vi har sett, ikkje i særleg grad på leksikalsk kohesjon, men derimot på logiske sekvensrelasjonar. På den andre sida verkar det uforståeleg at teksttar som ikkje er spesielt prega av narrative framstillingsformer (altså slike teksttar som Hoey med ein paraplyterm kallar ikkje-narrative), som t.d. artikkelen eg nemnde ovanfor, i det heile har late seg analysere ved hjelp av PL-modellen. Korleis dette har vore mogeleg (om vi ser bort frå dei inkonsistensane som er påviste), vil eg kome attende til i sluttdiskusjonen (sjå 4.3.2 nedanfor).

I sluttdiskusjonen vil eg også kome attende til eit anna aspekt ved Hoeys tilnærming som er relatert til denne problematikken. Som vi har sett ovanfor, legg han relasjonen Situasjon-Evaluering til grunn som ein basal diskursrelasjon. Det er på denne bakgrunnen påfallande at han ikkje gjev noka metodisk tilnærming til denne relasjonen på line med den han gjev for dei logiske sekvenstypene. På kva vis kjem det evaluative fram i tekstane? Kategorien Evaluering i PL-mønsteret er også den som etter mitt syn er svakast definert.

Det vi kan konkludere med, er at PL-mønsterets autonome status synest svekt, og at Hoey i røynda langt på veg legg til grunn ein narrativ modell. Elles står det fast at superstruktur forstått som

Hoeys diskursmønster er ein storleik på deltekstnivå som kan distribuerast rekursivt og interagere med andre diskursmønster/superstrukturar.

4.2.3 Tirkkonen-Condits argumenterende PL-struktur

Sonja Tirkkonen-Condit er primært omsetjingsteoretikar og har såleis eit anna utgangspunkt for å studere retorisk-funksjonelle tekststrukturar enn Hoey og van Dijk, noko som òg blir signalisert i tittelen på det arbeidet som her vil stå i fokus, nemleg *Argumentative Text Structure and Translation* frå 1985. Arbeidet er motivert ut frå ei konstatering av at argumenterende tekstar er vanskelegare å omsetje enn andre tekstar (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 12).⁶⁰ Medan både van Dijk 1980, Hoey 1983 og Adam 1992 m.fl., som eg kjem tilbake til nedanfor, alle tre kan seiast å vere primært tekstteoretiske bidrag, der tekstanalysar underbyggjer teoretiske modellar, er Tirkkonen-Condits bidrag meir empirisk i den forstand at hovudmålsetjinga i dette arbeidet er å analysere tekststrukturen i to argumenterende tekstar (to populærvitskaplege artiklar). For å gjennomføre denne analysen byggjer Tirkkonen-Condit på m.a. Werlich 1976, van Dijk 1980 og Hoey 1983, og ho utviklar ei sjølvstendig og utbygd analytisk tilnærming som er rik på implikasjonar om korleis omgrepet superstruktur er å forstå.

4.2.3.1 Ontologisk status

I analysane sine legg Tirkkonen-Condit Hoeys PL-mønster, som ho omtaler som «the PS structure» (her PL-strukturen) til grunn, og ho karakteriserer denne strukturen som ein *superstruktur* i tråd med van Dijks bruk av termen (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 11, 26). Tirkkonen-Condit har i stor grad den same forståinga som Hoey av at PL-strukturen er ein *allmenn* tekstmodell som kan brukast på mange ulike tekstar. Ho refererer innleiingsvis til ei rekkje ulike retorisk-funksjonelle tekstmodellar som er utvikla for ulike tekstty-

⁶⁰ Eg ville, som det skulle vere presisert mange stader ovanfor, heller brukt formuleringa «tekstar som (i stor grad) realiserer argumenterende framstillingsformer» enn «argumenterende tekstar». Eg refererer likevel nedanfor til argumenterende tekstar når Tirkkonen-Condit har formulert seg slik.

par (narrative, ekspositive m.fl.), og peiker på slåande likskapar ved desse modellane. Det er ikkje nødvendig her å beskrive dei modellane Tirkkonen-Condit refererer til, for poenget er illustrerbart på bakgrunn av dei skjema og mønstra vi alt har sett på. Både van Dijks narrative skjema og Hoey's PL-mønster ser ut til å beskrive ein tekstsyklus som startar i likevekt – i ei slags «verda er i orden»-stemning – og slik sluttar dei også, vel å merke *etter* at det har oppstått ubalansar i form av Komplikasjonar og Problem som er blitt løyste. På bakgrunn av denne typen observasjonar konkluderer Tirkkonen Condit – med eit mogeleg atterhald om at vår teksttypologiske kunnskap per i dag er for påverka av vestleg kultur – med at

[...] the broad outlines of prose structure are probably reducible to a homogeneous pattern, which is general enough to accommodate for difference attributable to text type (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 24; sjå òg Brémond 1970).

På dette grunnlaget er det Tirkkonen-Condit legg til grunn PL-strukturen for analysane sine. Tekstane ho analyserer, er a priori definerte som argumenterande på bakgrunn av m.a. Werlich's kriterium. Ved å analysere dei som PL-strukturar ønskjer Tirkkonen-Condit å presisere korleis denne strukturen ovrar seg i argumenterande tekstar, og dermed indirekte bidra til auka innsikt i den argumenterande teksttypen (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 16, 142f.). PL-strukturen er altså ikkje brukt som ein primært argumenterande modell, men han blir applisert på eit primært argumenterande tekstmateriale. *Tirkkonen-Condit ser dermed også ut til å leggje til grunn ei forståing av superstruktur som autonomt omgrep i høve til teksttypen.*⁶¹

Som eg valde å gjere i presentasjonen av Hoey ovanfor, vil eg også her gje ein generell presentasjon av korleis det superstruktur-omgrepet Tirkkonen-Condit legg til grunn, kan distribuerast i tekst, før eg ser nærare på den analytiske tilnærminga. Tirkkonen-Condit

⁶¹ Det bør elles nemnast at Tirkkonen-Condit i den generelle presentasjonen av superstruktur skriv at «[it] is typical of superstructure that it remains unchanged within a particular *genre* irrespective of topic» (Tirkkonen-Condit 1985: 21, mi kursivering). Det er vanskeleg å ta stilling til kva Tirkkonen-Condit eigentleg siktar til her, fordi sjangeromgrepet elles ikkje har nokon plass i hennar tilnærming.

byggjer altså på Hoey's PL-mønster, der dei overordna kategoriane er *Situasjon, Problem, Løysing* og *Evaluering*.⁶² Tirkkonen-Condit omtaler desse kategoriane som *komponentar*.

PL-strukturen blir for det første definert på *deltekstnivå*:

[...] texts are complexes of sequences called minitexts. The minitexts in turn can be described as simple PS structures. *Minitexts are the smallest units of text structure which manifest the PS structure.* (Tirkkonen-Condit 1985: 26, mine kursiveringar)


Berre unntaksvis vil dermed PL-strukturen i ein tekst bestå av éin slik minitekst. Vidare treng ikkje alle komponentane i PL-strukturen vere realiserte i ein minitekst. I argumenterande tekstar meiner Tirkkonen-Condit at berre Problemkomponenten er *obligatorisk* (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 26).

I større tekstar vil PL-strukturen bli distribuert rekursivt fleire gonger. Vi har alt sett korleis Hoey har beskrive ulike former for «multilayering» (jf. 4.2.2.1 ovanfor). Tirkkonen-Condit kjem med interessante presiseringar av korleis PL-strukturen kan distribuerast fleire gonger både *horisontalt* (lineært) og *vertikalt* (hierarkisk) i tekstar. I dei to tekstane Tirkkonen-Condit har analysert, finn ho to ulike horisontale distribusjonsmønster: *blocklike* og *wavelike linear progression* (blokk- og bølgeomønsteret):


In the blocklike structure the superstructure components Sit, Pr, Sol, Eval are realised in the canonical order in terms of the whole text. [...] In the wavelike structure the text is composed of a series of fully developed minitexts which realise the full range of PS components (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 36-37).

⁶² Det må her leggjast til at Tirkkonen-Condit på eit endå meir overordna nivå i teksten opererer med dei globale kategoriane *Initiation, Elaboration* og *Conclusion* (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 33). I den grad ein kan operere med allmenne retoriske skjema for tekstar, er dette kanskje det mest basale, jf. Aristoteles' kategoriar «begynnelse, midte og slutt» (sjå Aristoteles [1987]: 42). Tirkkonen-Condit presiserer elles ikkje desse kategoriane nærare, og eg vil difor ikkje leggje vekt på dei her.

Dei to ulike horisontale distribusjonstypene blir illustrerte i figur 15 og 16 nedanfor:



Figur 15: Horisontalt blokkemønster



Figur 16: Horisontalt bølgeomønster

Det er berre bølgeomønsteret som her syner ei rekursiv distribuering av PL-strukturen. Men blokkemønsteret må ikkje forståast som ei fullstendig beskriving av den teksten Tirkkonen-Condit har sett på; det ville jo vere påfallande at ein populærvitskapleg artikkel berre bestod av éin minitext. Poenget er at denne teksten har ein slik struktur «in terms of the whole text» (jf. Tirkkonen-Condit 1985:

36). Det vil seie at teksten på det øvste nivået i teksthierarkiet følger ein slik PL-struktur.

Tirkkonen-Condit meiner nemleg også at PL-struktuen blir distribuert vertikalt, dvs. at det som på det øvste nivået i teksthierarkiet er t.d. ein Problemkomponent, på det underordna planet kan innehalde nye realiseringar av PL-strukturen (sjå figur 17 nedanfor). Teksten er som ei kinesisk eske (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 126):

Nivå	I	Situasjon	Problem	Løysing
	II		Sit Pro Løys Eval Pro Løys	

Figur 17 Vertikal (hierarkisk) distribusjon av PL-strukturen

4.2.3.2 Analytisk tilnærming

Som tilfellet også var i høve til behandlinga av Hoey, er det ikkje råd å yte Tirkkonen-Condits analytiske tilnærming rettferd i ein såpass kortfatta presentasjon som eg her må avgrense meg til.

Det analytiske rammeverket Tirkkonen-Condit legg til grunn, er det ho kallar «the illocutionary and interactional (I & I) description» (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 46f.). Tirkkonen-Condit ser på teksten som ein sekvens av kommunikasjonshandlingar, og *kommunikasjonshandlinga* («the communicative act»), som kan bestå av ei setning eller ein setningssekvens, er såleis basiseininga i I&I-beskrivinga. I & I-beskrivinga består i at «[t]he communicative acts are assigned illocutions on the one hand and interactional roles on the other» (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 49). Setningar eller grupper av setningar blir først karakteriserte illokusjonært og deretter interaksjonelt etter kva *funksjon* tekstoppassasjen har i høve til den omliggjande teksten. Denne interaksjonen blir beskriven i form av *interaksjonelle roller* («interactional roles»).

Dei interaksjonelle rollene som blir lagde til grunn er

[...] situation, problem, solution, evaluation, justification, explanation, conclusion, elaboration (including exemplification), addition, reformulation and metastatement (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 66).

Når situasjon, problem, løysing og evaluering er skrivne med små førebokstavar, er det altså interaksjonelle roller og *ikkje* PL-komponentar det blir vist til. Analysen av den overordna PL-strukturen blir underbygd av denne I&I-beskrivinga. Ved hjelp av I&I-analysen blir dei ulike minitekstane PL-strukturen måtte bestå av, analyserte på detaljnivå, og den interne oppbygginga av komponentane i PL-strukturen kjem dermed godt til syne (jf. skjematiske framstillingar i Tirkkonen-Condit: 237ff.).

Fordi språkhandlingsanalysen – slik eg har forstått Tirkkonen-Condit – er primær i høve til interaksjonsanalysen, vil eg her prioritere å beskrive delar av den språkhandlingsanalysen ho legg til grunn meir utførleg. Tirkkonen-Condit tek ikkje i bruk alle dei illokusjonære handlingstypane Searle gjer framlegg om, nemleg *representatives, directives, commissives, expressives* og *declarations* (jf. Searle 1976). Ho avgrensar seg til å sjå på *representativar* og *direktivar*, men opererer med ei subklassifisering av desse som fører til at mange ulike handlingstypar blir fanga opp.⁶³ Eg vil her avgrense meg til å presentere subklassifiseringa av representativane, fordi den har størst prinsipiell interesse.

I analysen av *representativar*, altså den ganske heterogene gruppa språkhandlingar som ifølgje Searle omfattar handlingstypar som å informere, fortelje, forklare og påstå, legg Tirkkonen-Condit vekt på å fange opp korleis sendaren stiller seg til det proposisjonelle innhaldet i ytringane. Det er nemleg stor skilnad på å informere og å påstå. I det første tilfellet refererer sendaren ganske enkelt til noko utan å argumentere for det; i det andre tilfellet argumenterer han/ho ope for det. Den første typen representativar kallar Tirkkonen-Condit *utsegner* («statements»), og den andre typen kallar ho *påstandar* («assertions») (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 54-58). Ein

⁶³ Subklassifiseringa av representativar og direktivar byggjer på Aston 1977 og Edmondson 1981.

viktig skilnad mellom påstanden og utsegna er at påstanden må *grunngjevast*, medan det ikkje kan stillast slike krav til utsegna. I tillegg opererer Tirkkonen-Condit med to typar *rapporterte påstandar* («reported assertions») og *felleskunnskapspåstandar* («shared-knowledge assertions»). Desse i alt fem typane representativar speglar eit kontinuum av «the degree to which the writer's commitment to the truth of the act is expressed», der påstanden og utsegna dannar kvar sitt ytterpunkt (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 57 og figur 18 nedanfor).

Påstand etterfølgd av grunngjeving

Rapportert påstand med spesifikk referanse til kjelde

(døme: ifølgje Halliday)

Rapportert påstand med uspesifikk referanse til kjelde

(døme: tydelegvis, det er alment godteke at)

Felleskunnskapspåstand

(inkluderer evaluative uttrykksmåtar, men er ikkje etterfølgd av noka grunngjeving)

Utsegn

Figur 18: Subklassifisering av representativar etter grad av forfattarengasjement

Desse ulike typane representativar er den språkhandlingstypen det er flest av i dei tekstane Tirkkonen-Condit har analysert. Dei direkte språkhandlingane (med undergrupper) er det langt færre av, og berre den interaksjonelle rolla *løysing* er knytt til den direkte språkhandlingstypen. Alle dei andre interaksjonelle rollene er funksjonelle karakteriseringar av representativar, altså utsegner eller ulike typar påstandar. Til dømes er den interaksjonelle rolla *forklaring* ei utsegn, medan den interaksjonelle rolla *grunngjeving* er ein påstand. Å kunne skilje mellom forklaringa og grunngjevinga dreier seg difor i stor grad om å kunne skilje mellom utsegna og påstanden (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 69).

Tirkkonen-Condit har, som Hoey, eit dialogisk syn på tekst, og ho nyttar difor m.a. spørsmålsteknikkar (dialog med imaginær lesar) for påvise kva språkhandlingstype og interaksjonell rolle (I&I-karakteristika) ulike tekstsegment realiserer (sjå Tirkkonen-Condit

1985: 47-48). Om ein passasje i teksten t.d. ser ut til å svare på spørsmålet «På kva grunnlag *påstår* du dette?», er dette eit indisium på at vi står overfor ei *grunngeving* og ikkje ei *forklaring*. Tirkkonen-Condit påviser også språklege signal for dei ulike interaksjonelle rollene som «connectives, thematics, metatextual items, linear position, tense, punctuation and typography» (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 66). Påstandar i form av *negative evalueringar* kan t.d. signaliserast via den adversative sambindaren «but» og via negativt evaluerande leksikalske uttrykksmåtar som «built-in distortion» (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 106).

Tirkkonen-Condits analyse viser vidare at dei ulike komponentane i den overordna PL-strukturen kan karakteriserast på grunnlag av språkhandlingstypar og interaksjonelle roller. Situasjonskomponenten er dominert av *utsegner* og den vanlegaste interaksjonelle rolla er *elaborering* (inkludert *eksempel*). Problem- og Evalueringskomponentane er begge dominerte av ulike typar *påstandar*. Problemkomponenten er typisk ein sekvens bygd opp av *negativ evaluering* + *grunngeving/forklaring* + *konklusjon*. Den vanlegaste interaksjonelle rolla i Evalueringskomponenten er ei *positiv evaluering*. Løysingskomponenten er dominert av ulike typar *direktiv* (jf. Tirkkonen-Condit 1985: 128-131).

Tirkkonen-Condits PL-analysar er grundige, detaljerte og godt underbygde. Ho er den einaste av dei fire forskarane som blir behandla her, som analyserer superstruktur både på eit overordna nivå – som komponentar i PL-strukturen – og på eit underordna nivå i form av interaksjonelle roller. Som det er gjort greie for i førre avsnittet, har analysane på detaljplanet ført fram til ganske presise *illokusjonære karakteriseringar* av komponentane i *PL-strukturen i argumenterende tekstar*.

Dei mange ulike analysenivåa ho opererer med, kan likevel somme stader skape forvirring. Det er etter mitt syn uheldig at ho bruker termene situasjon, problem, løysing og evaluering *både om komponentar og interaksjonelle roller*. Ho gjer ikkje godt nok greie for skiljet mellom desse to nivåa, og ved eit nærare ettersyn observerer ein visse inkonsistensar. Den interaksjonelle rolla problem blir aldri nemnd i analysane. Dette heng truleg saman med at Prob-

lemkomponenten, som vi såg ovanfor, typisk er innleidd av ei negativ evaluering. Derimot er *alle* Situasjonskomponentane innleidd av den interaksjonelle rolla situasjon (sjå Tirkkonen-Condit 1985: 237f.).

Det mest originale ved Tirkkonen-Condits tilnærming er etter mitt syn den vekta ho legg på å få fram det *evaluative* i PL-strukturen. Dette verkar rimeleg på bakgrunn av at det er argumenterande tekstar som er analyseobjektet. Det evaluative er m.a. framheva i Werlichs typesetning for den argumenterande teksttypen. Vi såg dessutan ovanfor at Hoey la til grunn at relasjonen Situasjon-Evaluering var basal i PL-mønsteret (uavhengig av kva teksttype det blir applisert på), men at Hoey ikkje hadde noka eigentleg metodisk tilnærming til dei evaluative innslaga. Tirkkonen-Condit har her levert eit framlegg til eit slikt rammeverk som er tufta på språkhandlingsteori.

Sidan Tirkkonen-Condit konsentrerer seg om éin superstruktur og dessutan om korleis denne strukturen blir realisert i tekstar som er klassifiserte som argumenterande, kan det kanskje synast naturleg at tekstleg *heterogenitet* ikkje har nokon stor plass i hennar tilnærming. Tirkkonen-Condit er like fullt på det reine med at tekstane ho analyserer, er teksttypologisk heterogene (sjå Tirkkonen-Condit 1985: 15-16 og 40). Korleis denne heterogeniteten skal handterast, er eit problem Tirkkonen-Condit etter mitt syn i for stor grad ser bort frå. Det er sjølv sagt heilt legitimt å avgrense ein tekstanalyse til berre å fange opp argumenterande trekk. Men det er noko påfallande at *heile tekstmassen* i dei to tekstane ho analyserer, lèt seg kartleggje av PL-strukturen. Til dette kan ein replisere at PL-strukturen er ein generell tekststruktur som difor også fangar opp tekstparti som følgjer andre tekstorganiseringsprinsipp. Men Tirkkonen-Condit har jo nettopp utvikla og presisert den varianten av PL-strukturen ho bruker i møte med argumenterande teksttrekk, og ho opererer ingen stader med t.d. meir eller mindre prototypiske argumentative parti. Eg vil tru at dei partia i tekstane som er domnerte av språkhandlingstypen *utsegner*, ikkje eigentleg realiserer ein argumenterande tekststruktur, og at Tirkkonen-Condits PL-struktur såleis på eit vis tildekkjer superstrukturell heterogenitet. Dette fører

oss naturleg over til det siste av dei fire forskingsbidraga vi skal sjå på, der tekstleg heterogenitet står sentralt.

4.2.4 Adams prototypiske sekvens

Medan Tirkkonen-Condit 1985 og Hoey 1983 er dei av dei fire aktuelle arbeida som gjev den mest utførlege analytiske tilnærminga på detaljnivå, er Jean-Michel Adams bidrag det som er mest presist formulert i høve til den ontologiske statusen til superstruktur. Adam har sidan tidleg på 80-talet interessert seg for funksjonelle tekstmodellar og teksttypologi. Han har m.a. gjeve ut monografiar om narrativen (Adam 1994) og deskriptiven (Adam og Petitjean 1989). 1992-boka *Les Textes: Types et prototypes. Récit, description, argumentation, explication et dialogue* representerer på mange måtar ein syntese av dei tidlegare arbeida. I presentasjonen av Adams arbeid vil eg difor ta utgangspunkt i 1992-boka. Adam har elles i seinare tid interessert seg meir for sjangeromgrepet (jf. Adam 1999).

Adam refererer ikkje til Hoey og Tirkkonen-Condits arbeid, men byggjer vidare på Werlich 1976 og van Dijk 1980. Adam bruker ikkje termen teksttype, men er primært *teksttypolog*, og hans 1992-arbeid blir ofte nemnt ved sida av Werlich 1976 og Longacre 1983 i presentasjonar av teksttypeomgrepet (sjå t.d. Frandsen 1995: 40 og Ledin 1999: 19f.). Samstundes dreg Adam inn funksjonelle tekstmodellar og sameinar dermed ein teksttypologisk og ein retorisk-funksjonell forskningstradisjon. I tidlegare arbeid omtalte han det tekstomgrepet han arbeider med, som superstruktur og bygde mykje på van Dijk 1980 (sjå t.d. Adam 1989: 81). Men han reserverer seg no mot denne termen fordi «cette notion a fini par recouvrir des unités textuelles trop vagues» (jf. Adam 1992: 32). Adam karakteriserer den tekstlege storleiken han arbeider med, som *prototypisk sekvens*, og dei fem prototypiske sekvensane han legg til


grunn, er *narrasjon, beskrivelse, argumentasjon, eksplikasjon og dialog*.⁶⁴

4.2.4.1 Ontologisk status

Som nemnt ovanfor er Adam den av dei fire aktuelle forskarane som legg mest vekt på å presisere den ontologiske statusen til superstrukturar (dvs. for dei prototypiske sekvensane). For å presisere kvar ein typologisk refleksjon bør situerast, set Adam opp ein modell over ulike mogelege typologiseringsbasisar. Denne modellen, som er framstilt i figur 19 nedanfor (jf. Adam 1992: 17), femner både om tekst, sjanger og diskurs, slik desse er definerte tidlegare i dette kapitlet.⁶⁵

⁶⁴ Talet på teksttypar eller prototypiske sekvensar har vore høgare i dei tidlegare arbeida til Adam. Til dømes var instruksjonen innlemma tidlegare (sjå Frandsen 1998: 27f. for eit greitt oversyn over denne utviklinga hos Adam.)

⁶⁵ Dei norske omsetjingane av Adams terminologi i denne figuren og i framstillinga elles er dels henta frå Fløttum 1998, dels bygde på Frandsens danske omsetjingar (Frandsen 1998) og dels laga av meg sjølv.



Figur 19: Adams nivåinndelte og modulære modell over typologiseringsbasisar

Denne modellen er både inndelt i nivå og i modular. Det er kategoriane i den modulære inndelinga (dei vertikale kategoriane som er nummererte frå 1 til 5), som har størst interesse her, men eg gjer først kort greie for dei andre, altså tekst, ytringar, diskurssjangrar, sosial interaksjon og diskurs.

Tekst (texte) er hos Adam eit abstrakt eller teoretisk omgrep (objet abstrait) og altså ikkje den empiriske manifestasjonen. ‘Tekst’ som abstrakt storleik er ein konfigurasjon av dei fem organisasjonsplana i modul 1-5.⁶⁶ Dei empiriske manifestasjonane av

⁶⁶ Eg skriv ‘tekst’ når eg refererer til Adams tekstomgrep, og tekst når eg refererer til det tekstomgrepet eg sjølv har lagt til grunn (jf. 4.1.2.2 ovanfor).

‘tekst’ kallar Adam *ytringar* (énoncés). Dei tre øvste nivåa i modellen omfattar *diskurssjangrar* (genres (et sous-genres) de discours), *sosial interaksjon* (interaction sociale) og diskurs (discours). Adam legg nokolunde den same forståinga av sjanger og diskurs til grunn som eg har gjort ovanfor. Dette nivået i modellen femner altså om det ekstralingvistiske og refererer til tekstar eller ytringar – som Adam ville ha formulert det – som *sosiohistorisk betinga kodifisert språkbruk* (jf. Adam 1992: 15).⁶⁷ Adam frårår å situere språkleg forankra typologiar på dette nivået. Diskurs (med undergrupper) er etter hans syn eit *tverrvitskapleg* forskingsobjekt (Adam 1992: 15-16).

Ein språkleg forankra typologi vil Adam derimot plassere i den siste av dei fem modulane som interagerer i konfigurasjonen ‘tekst’, altså modul 5 (sekvensialitet). Eg vil difor no gjere nærare greie for den tekstmodellen Adam legg til grunn (altså den delen av modellen i figur 19 som beskriv sjølve ‘teksten’). Adams tekstmodell består av fleire modular eller undersystem som er relativt autonome. Dei første tre modulane – illokusjonær intensjon, enonsiativ forankring og semantisk kohesjon – er undersystem som syter for *den pragmatiske organiseringa* (configuration pragmatique) av ‘tekst’. Dei to siste modulane – tekstuell samanbinding og sekvensialitet – er undersystem som syter for «l’articulation des propositions» (jf. Adam 1992: 21) eller *samankjedinga av setningar* (suite de propositions) (jf. Adam 1992: 17, 21). Ein kort omtale av dei ulike modulane følgjer nedanfor.

⁶⁷ Når eg skriv at Adams forståing av sjanger og diskurs er *nokolunde* analog med den eg har lagt til grunn, er det for det første fordi ein presist formulert definisjon av sjanger, så vidt eg kan sjå, manglar i Adam 1992. Men at Adams sjangeromgrep ligg tett opp til det eg opererer med, blir stadfest i Adam 1999. For det andre refererer diskursomgrepet hos Adam både til den generaliserte tydinga som den samla tekst- og språkbruken på eit fag- eller interesseområde og til tekst i kontekst (jf. Adam 1992: 15-16 og Adam 1999: 40-41). Men dette har ikkje så stor prinsipiell interesse i høve til den delen av Adams tekstteori som er emnet her. Det viktige er at begge desse storleikane må definerast på basis av språkeksterne variablar. Med *sosial interaksjon* siktar elles Adam konkret til Bahktins og Volochinovs diskursivt-situasjonelle typologiar (sjå Adam 1992: 11).

1 *Illokusjonær intensjon (koherens) (visée illocutoire (cohérence))*

På dette nivået blir teksten forstått som «une séquence d'actes de discours qui peut être considérée elle-même comme un acte de discours unifié» (jf. Adam 1992: 21). Teksten består altså av ei rekkje diskurshandlingar som på eit overordna plan utgjer éi makrodiskurshandling. Vidare har alle tekstar som eksplisitt eller implisitt mål (but) å *overtyde* (dvs. «agir sur les représentations, les croyances et/ou le comportement d'un destinataire») (jf. Adam 1992: 22). Dette antydar sterkt ein overordna argumenterande *funksjon* for alle tekstar, noko Adam òg kjem attende til i behandlinga av somme av sekvensane. Som Virtanen (jf. 2.1.3.3 ovanfor) skil han t.d. klart mellom argumentasjon som tekstleg framstillingsform (sekvens) og argumentasjon som kommunikativ funksjon (jf. Adam 1992: 103). Adam gjer likevel ikkje framlegg om nokon todelt typologi, slik Virtanen gjer, og han har vorte kritisert for ikkje å ha tilstrekkeleg utdjupa korleis han oppfattar tilhøvet mellom form og funksjon (sjå Frandsen 1998: 35).

Det er òg viktig å understreke at det er i denne modulen Adam plasserer *koherensen*. Det er den *tolkinga* mottakaren gjer av den illokusjonære intensjonen eller makrodiskurshandlinga i teksten, som skaper samanheng.

2 *Enonsiativ forankring (repérages énonciatifs):*

Denne modulen er todelt. På eit overordna plan gjev den *globale* enonsiative forankringa ein tekst «sa tonalité énonciative d'ensemble» (jf. Adam 1992: 23). *Enonsiasjon* er – i tradisjonen etter Benveniste 1966 – eit sentralt omgrep i fransk (tekst)lingvistik. Ei tentativ norsk omsetjing er *utseiing*. Enonsiasjon blir knytt til dei tre dimensjonane *person*, *tid* og *stad*. På grunnlag av karakteristika ved dei tre dimensjonane (t.d. fråvære eller nærvære av *person*, dvs. person forstått som forfattersubjekt/talar) i språkbruken, skil Benveniste mellom to ulike enonsiasjonsplan: *histoire* (histoire) og *diskurs* (discours) (sjå Benveniste 1966: 238-239).

Dei ulike globale enonsiative forankringane Adam nemner, kan i større eller mindre grad knytast til Benvenistes skilje mellom des-

se to enonsiasjonsplana. Det er enonsiasjonsplanet *histoire* Adam byggjer på når han skisserer følgjande globale enonsiative forankring:

Une énonciation *non-actuelle* [...]; dans ce type d'énonciation, *le sujet parlant ne s'implique pas*, il se met à distance (on pourrait parler d'une énonciation distanciée, dite non-actuelle pour cette raison). (Adam 1992: 23, mine kursiveringar)

Og det er enonsiasjonsplanet *diskurs* Adam byggjer på når han nemner døme på

[u]ne énonciation [...] *orale* dans laquelle le contexte est immédiatement donné dans la situation. Le repère est alors: JE-TU-ICI-MAINTENANT. (Adam 1992: 23, mine kursiveringar)

Skiljet mellom det munnlege og det skriftlege, det aktuelle og det fortidige og graden av forfattarintervensjon er altså sentrale aksar her.

Den enonsiative forankringa på det *lokale* planet i teksten er òg knytt til forfattarintervensjon («la prise en charge des propositions par le locuteur», jf. Adam 1992: 24). Adam gjev her eit døme frå ein valkamptale av Giscard d'Estaing (sjå òg Adam 1990: 81-83):

(8a) Je n'ai pas à vous dicter votre réponse.
[Eg har ingenting med å diktere svaret dykkar.]

Denne eksplisitte ytringa er det lokutøren tek ansvar for, men i denne finst det ei underforstått implisitt ytring, nemleg

(8b) Je dois vous dicter votre réponse
[Eg må diktere svaret dykkar.]

som lokutøren *ikkje* tek ansvar for, men som indirekte blir underbygd via retoriske grep i talen (ei innskoten historie om den franske armés nederlag i Auvergne). Denne måten å nærme seg det enonsiative på er i slekt med den lingvistiske polyfoniteorien, ein teori som

formaliserer slike intuisjonar om *fleirstemmige* eller polyfone ytringar.⁶⁸

3 Semantisk kohesjon (verder) (*cohésion sémantique (mondes)*)

I denne modulen plasserer Adam den tematiske makrostrukturen i teksten. Via denne semantisk-referensielle dimensjonen blir eit globalt tema formidla; ei verd blir representert i teksten. Dette kohesjonsomgrepet er i motsetnad til koherensen, som er kontekstavhengig, kotekstuelst definert (dvs. at han er definert i høve til den reint tekstlege omgjevnaden). Adam legg Rastiers isotopiomgrep til grunn for den analytiske tilnærminga (jf. Rastier 1989).

4 Tekstuell samanbinding (*connexité*)

Her plasserer Adam trekk som den morfosyntaktiske strukturen i kvar setning og den mikrotekstuelle samanhangen frå setning til setning. Klassiske tekstgrammatiske kategoriar som referent- og setningskopling høyrer dermed heime her. Denne modulen dekkjer såleis det som er definert som *kohesjon* ovanfor (jf. 4.1.2.1). Dessutan tek Adam her med tekstars inndeling i typografisk avgrensa einskapar som kapittel og avsnitt.

5 Sekvensialitet (*séquentialité*)

Denne siste modulen, som saman med modul 4 realiserer teksten forstått som ei lineær samankjeding av setningar (la suite de propositions), definerer Adam eigentleg ikkje, han berre slår fast at

[l]'organisation séquentielle de la textualité est le plan qui me paraît constituer la base la plus intéressante de typologie. En compréhension comme en production, il semble que des *schémas séquentiels prototypiques* soient progressivement élaborés par les sujets, au cours de leur développement cognitif. (Adam 1992: 28, kursiveringar i originalen)

Det er altså modulen sekvensialitet som er *typologiseringsbasis*. Som nemnt innleiingsvis oppstår det i Adams tekstteori ein syntese

⁶⁸ Sjå Nølke 1989 for ein presentasjon av den lingvistiske polyfoniteorien. Sjå òg Fløttum 2000c, som drøftar Benvenistes ulike enonsiasjonsplan i høve til polyfoniomgrepet.

av den teksttypologiske og den retorisk-funksjonelle forskningstradisjonen. Det første vi kan slå fast, er dermed *at om vi legg Adams prototypiske sekvens til grunn som superstruktur, får vi fullstendig samantfall mellom teksttype og superstruktur.*

Dei sekvensane Adam legg til grunn, er langt på veg parallelle med Werlichs teksttypar:

Werlichs teksttypar: *deskripsjon, narrasjon, argumentasjon, eksposisjon og instruksjon*

Adams prototypiske modellar: *deskripsjon, narrasjon, argumentasjon, eksplikasjon og dialog*

Deskripsjonen, narrasjonen, og argumentasjonen er felles for dei to taksonomiane. Eksplikasjon er vidare ei undergruppe av Werlichs eksposisjon, så her er det framleis stor grad av parallellitet. Adam skil seg frå Werlich ved å innlemme dialogen og ved å behandle både eksposisjon og instruksjon som subtypar av deskripsjon. Instruksjonen omtaler Adam som «description d'actions» (jf. Adam 1992: 95).

Det som *skil* Adams teksttypeomgrep frå Werlichs, er at Adam, som også står i den retorisk-funksjonelle tradisjonen, legg mykje større vekt på *komposisjonelle* aspekt ved teksttypane. Når eg nedanfor viser dei konkrete modellane Adam legg til grunn, vil vi sjå at den narrative sekvensen er praktisk talt identisk med van Dijks narrative skjema, og at den eksplikative sekvensen er svært lik PL-strukturen. Om dei vart presenterte i isolasjon, ville ein difor i stor grad ha oppfatta Adams sekvensar som typiske representantar for retorisk-funksjonelle tekstmodellar (superstruktur-tradisjonen) og i mindre grad assosiert dei med teksttypeomgrepet, slik vi kjenner det frå Werlich. Vurdert som teksttypolog *tilfører* dermed Adam teksttypeomgrepet ein dimensjon som har vore noko oversedd. Werlich kan med god grunn kritisera for å leggje for lite vekt på det komposisjonelle. Som Fløttum peiker på, er Werlichs typologi meir ein *setningstypologi* enn ein teksttypologi (jf. Fløttum 1998: 60).

Ved sida av at det hos Adam er samantfall mellom teksttype og superstruktur, skil Adams bidrag seg frå dei tre andre forskingsbidraga vi har sett på, ved at det blir understreka at slike tekstorganiseringsprinsipp er *prototypiske*. Han skriv at kvart eksemplar av t.d. ei beskriving er unik, men at

[...] chaque séquence reconnue comme descriptive, par exemple, partagée avec les autres un certain nombre de caractéristiques linguistiques d'ensemble, un *air de famille* qui incite le lecteur interprétant à les identifier comme des séquences plus ou moins typiques, plus ou moins canoniques. (Adam 1992: 28, kursivering i originalen)

Adam opererer her med eit laust definert prototypomgrep, som både byggjer på «sentrum-periferi»-prinsippet og på Wittgensteins omgrep familielikskap (sjå 4.1.3.1 ovanfor).

Adams superstrukturar ber altså namnet *sekvensar*. Ein sekvens er ein storleik på *deltekstnivå* og er såleis ganske parallell med Tirkkonen-Condits omgrep *minitekst*. Ein tekst består ifølgje Adam av ein eller fleire sekvensar som i sin tur er bygde opp av makroproposisjonar og proposisjonar/setningar.⁶⁹ Dei ulike kategoriane i sekvensane, altså det som hos Tirkkonen-Condit blir omtalt som *komponentar*, heiter *makroproposisjonar* hos Adam:

[#Tekst# [Sekvens(ar) [makroproposisjonar [proposisjon(ar)]]]]

Figur 20: Adams skjematisk framstilling av den hierarkiske oppbygginga av ein tekst (jf. Adam 1992: 30)

Når det gjeld *distribusjonen* av sekvensane i faktiske tekstar, slår Adam fast at «la combinaison des séquences est généralement complexe» (jf. Adam 1992: 31). I motsetnad til dei arbeida vi har sett på til no, der interaksjon mellom ulike superstrukturar er behandla meir eller mindre en passant, er det denne typen distribusjon Adam ser på som den mest sentrale. At ein tekst kan innehalde fleire realiseringar av éin og same struktur, som Tirkkonen-Condit gjer

⁶⁹ Fransk *proposition* kan tilsvare både setning og proposisjon.

så utførleg greie for, er eitt av to relativt eksepsjonelle tilfelle han nemner. (Det andre eksepsjonelle tilfellet er at ein tekst tilsynelatande berre inneheld éin sekvens.) Det vanlege er at ein står overfor *heterogene* sekvensielle strukturar (structures séquentielles hétérogènes). Denne distribusjonen av ulike prototypiske sekvensar kan realiserast på to måtar:

For det første kan ulike sekvensar interagere via *innskot* (insertion). Dette vil seie at t.d. ein deskriptiv sekvens er innskoten i ein narrativ sekvens (t.d i ein roman):

[narrativ sekvens [deskriptiv sekvens] narrativ sekvens]

Figur 21: Heterogenitet via innskot

Den deskriptive sekvensen vil i dette tilfellet stå fram som ein sjølvstendig tekstpassasje eller minitekst. For det andre kan ulike sekvensar interagere i form av ei blanding av sekvenstypar der éin sekvenstype er den dominerande:

[dominerande sekvens > dominert sekvens]

Figur 22: Heterogenitet via dominans

Dominansprinsippet er Adam åleine om å leggje til grunn av dei forskarane vi har sett på her. I den grad dei andre forskarane har illustrert eller opna for superstrukturell heterogenitet, er det heterogenitet via innskot.

4.2.4.2 Sekvenstypar

Dei fem sekvenstypane Adam legg til grunn, er som nemnt *narrasjon*, *deskripsjon*, *argumentasjon*, *eksplikasjon* og *dialog*. Med unntak av *dialog*, som har lita interesse her, fordi det dreier seg om ei (primært) munnleg framstillingsform, vil eg no kort presentere desse sekvenstypane.⁷⁰

⁷⁰ Innlemminga av dialogen fører elles til at Adams taksonomi blir svært heterogen både sidan dette er ei primært munnleg framstillingsform og fordi meir enn éin avsendar er til

Den prototypiske narrative sekvensen

Den narrative sekvensen Adam legg til grunn, har store likskapar med van Dijks narrative skjema, og også Adam står dermed i stor gjeld til strukturalistisk narratologi. Han nærmar seg den skjematisk framstillinga av den prototypiske narrative sekvensen via ei drøfting av ulike kriterium denne tradisjonen har lagt til grunn.

Temporalitet er eit kjenneteikn ved narrativen, men mange andre teksttypar er også temporalt organiserte, t.d. den instruktive varianten av deskripsjonen. Det som skil narrativen frå desse, er at temporaliteten må ha ei «retning»:

Pour qu'il y ait récit, il faut que cette temporalité de base soit emportée par une tension: la détermination rétrograde qui fait qu'un récit est tendu vers sa fin (t + n), organisé en fonction de cette situation finale. (Adam 1992: 46)


For at det kan vere tale om ein narrativ – eller ei forteljing – må det skje *endringar* (transformations). Sluttsituasjonen (la situation finale) må skilje seg frå utgangssituasjonen (la situation initiale). Forteljinga beskriv ein *prosess*:

[...] pour qu'il y ait récit, il faut une transformation des prédicats C au cours d'un procès. La notion de procès permet de préciser la composante temporelle A en abandonnant l'idée de simple succession temporelle d'événements. (Adam 1992: 49).

Kravet om ein *menneskeleg aktør* (acteur-sujet), som også vart nemnt hos van Dijk og hos Hoey, blir òg formulert (jf. Adam 1992: 47). Men det aller viktigaste konstituerande trekket for narrativen – det som klarast skil forteljinga frå «handlingsbeskrivingar» av ulike slag – er «la causalité narrative»; dvs. at forteljinga i like stor grad er bygd opp rundt *kausale* relasjonar som temporale relasjonar, og ikkje minst at ho er strukturert rundt «la mise en intrigue» (jf. Adam 1992: 51).

stades. Som Frandsen peiker på, formulerer Adam heller ikkje noko prototypisk skjema for denne sekvenstypen (jf. Frandsen 1998: 29).

Vidare legg Adam – som van Dijk – til grunn ei avrundande vurdering (Morale), som følgjer av sjølve historia, og som slik sett står *utanfor* sjølve narrativen. At ei slik sluttvurdering kan utleiast, er eit nøkkelkriterium for at ein står overfor ei forteljing (jf. Adam 1992: 26). På bakgrunn av desse synsmåtane er det at Adam formulerer følgjande prototypiske narrative sekvens (Adam 1992: 57).⁷¹



Figur 23: Adams prototypiske narrative sekvens (noko forenkla)

Makroproposisjonane Orientering, Komplikasjon og Moral er heilt parallelle med van Dijks Setting, Complication og Moral. Vidare refererer serien «Reaksjonar/Evaluering-Resolusjon-Sluttsituasjon» den same sekvensen som hos van Dijk er Resolution-Evaluation, og som hos Hoey er Solution.

Den prototypiske deskriptive sekvensen

Adams deskriptive sekvens tek utgangspunkt i eit *Tema* (thème-titre) som er den referensielle kjernen i sekvensen. Enkelt formulert er altså temaet den storleiken beskrivinga dreier seg om.⁷² Dette temaet blir beskrive i form av *Aspektualisering* (aspectualisation) eller i form av *Relasjonsdanning* (mise en relation). Endeleg kan delar av temaet danne nye (del)tema, som blir vidareførte i teksten på same måten. Dette kallar Adam *Tematisering* (thématisation) (jf. Adam 1992: 84).

⁷¹ For ikkje å måtte bruke plass på å forklare ein del detaljar som ikkje har prinsipiell relevans, har eg forenkla Adams skjematisk framstillingar noko, sjå Adam 1992: 57.

⁷² Temaet kan ifølgje Adam introduserast eller forankrast i teksten på ulike måtar. Eg kjem ikkje inn på dette her fordi eg ikkje kan sjå at dei ulike forankringsprosedyrane er viktige i høve til å skilje deskriptiven frå andre framstillingsformer. Eg forenkla dermed Adams deskriptive sekvens noko ved ikkje å trekkje inn kategorien *forankring* (av temaet) (sjå Adam 1992: 84-85).

Aspektualiseringa er sjølve kjernen i all deskripsjon. Det beskrivne objektet blir aspektualisert ved at ulike delar av det blir presenterte (le *découpage en parties*), og ved at visse eigenskapar (*qualités* eller *propriétés*) blir knytte til det (jf. Adam 1992: 89). Døma på Aspektualiseringar gjev Adam ofte med utgangspunkt i portrettet:

(9a) Un visage rose, un peu mou, le nez rond, un front immense (Adam 1992: 92).

Her blir ei kvinne (dvs. eit deskriptivt tema) beskriven i detalj (dvs. i «delane» andlet, nase og panne), og desse «delane» blir karakteriserte ved eigenskapane raudleitt, pløsete og enorm. Relasjonsdanninga set temaet i samband med ein annan storleik i tid og rom ved hjelp av samanlikningar og metaforar (jf. Adam 1992: 92). Her følgjer det som ifølgje Adams analyse er Relasjonsdanninga av temaet ovanfor:


(9b) Quelque chose d'une vierge flamande qui aurait oublié sa coiffe (Adam 1992: 92).

Temaet blir altså *samanlikna* med ei flamsk jomfru eller ungjente som har gløymt kysa si. Slike Relasjonsdanningar er like fullt *også* ein del av karakteriseringa av temaet eller delar av temaet, og eg synest ofte det er vanskeleg å gripe skiljet mellom Aspektualisering og Relasjonsdanning i Adams analysar.⁷³

Tematiseringa «est à la source de l'expansion descriptive» (Adam 1992: 93). Alle delar av det overordna temaet, som har kome fram via aspektualiseringar og relasjonsdanningar, er i prinsippet kandidatar til *nye* deskriptive sekvensar. I dømet ovanfor kunne det t.d. vore nasen (i aspektualiseringa) eller den flamske jomfrua (i relasjonsdanninga) som vart vidareførte som nye tema. Eitt slikt nytt tema blir aspektualisert og sett i relasjon til andre storleikar på same vis som det overordna temaet vart det. Ei temati-

⁷³ Sjå t.d. analysen av beskrivinga av «le boy chinois», der måten den kinesiske guten er kledd på, ifølgje Adam både er Aspektualiseringar og Relasjonsdanningar (jf. Adam 1992: 87, 93).

sering blir dermed eit nivå 2 (3,4 osv) i ein hierarkisk deskriptiv struktur.




Figur 24 Adams prototypiske deskriptive sekvens (noko forenkla)

«Del-heilskaps»-relasjonar står dermed sentralt i denne typen strukturar, og deskriptiven byggjer difor først og fremst på leksikalske relasjonar i teksten. Tekstar som er bygde opp via slike deskriptive sekvensar som Adam legg til grunn, må dermed vere særst representative døme på Hoey's ikkje-narrative tekstar (jf. 4.2.2.2 ovanfor).

Den prototypiske argumenterende sekvensen

Adams argumenterende sekvens representerer – som van Dijks – ei tekstualisering av Toulmin's argumentasjonsmodell. Som Grepstad skriv, kan argumentasjon beskrivast som «raisonnement som inneheld minst to informasjonar, der den eine informasjonen grunnir den andre» (jf. Grepstad 1997: 168). I Toulmin's argumentasjonsmodell er det nettopp relasjonen mellom «to informasjonar»: *konklusjon/påstand* (conclusion/claim) og *data* (data) som står i fokus (jf. Toulmin 1958: 101-102). Eit klassisk døme hos Toulmin kan illustrere modellen:

Data Harry was born in Bermuda
 Konklusjon Harry is a British subject



Figur 25: Adams prototypiske argumenterende sekvens

Relasjonen mellom data og konklusjon bygger ifølge Toulmin på «general, hypothetical statements, which can act as *bridges*, and authorise the sort of step to which our particular argument commits us» (jf. Toulmin 1958: 98, mi kursivering). Slike underforståtte samband – eller *inferensar* – kallar Toulmin *warrants* (norsk: heimel).⁷⁴ Sambandet mellom data og konklusjon kan imidlertid svekjast av *restriksjonar*; dvs. «conditions of Rebuttal (R) indicating circumstances on which the general authority of the warrant would have to be set aside» (jf. Toulmin 1958: 101). Fordi restriksjonar alltid kan eksistere, vil *qualifiers* signalisere nødvendige *atterhald*. Atterhalda kjem til synes i Toulmins modell ved at relasjonen mellom data og konklusjon ikkje blir uttrykt som heilt sikker, men som «so presumably». I dømet ovanfor finn vi følgjande heimel og restriksjonar er

Heimel (Since) A man born in Bermuda will be a British subject
 Restriksjonar (Unless) Both his parents were aliens/he has become a naturalised American


⁷⁴ Eg byggjer her dels på Grepstads norske terminologi (sjå Grepstad 1997: 171).

Toulmins argumentasjonsmodell er hos Adam omforma til den prototypiske argumenterande sekvensen som er illustrert i figur 25 ovanfor (jf. Adam 1992: 118). Ved sida av *data* og *konklusjon* finn vi her att *heimel* (warrant) som «Étayage des inférences», som eg har valt å kalle *inferensar* på norsk. Vidare finn vi att *restriksjonen*, og i tillegg *gammal tese*, altså det synspunktet konklusjonen står i opposisjon til.

Den prototypiske eksplikative sekvensen

Som det vart gjort greie for ovanfor, opererer Werlich med tekststypen *eksposisjon*, medan Adam opererer med *eksplikasjon*. Dette er ikkje tilfeldig etikettvariasjon. Adam gjev nemleg berre eksplikasjonen sjølvstendig status som prototypisk sekvens, medan han meiner eksposisjonen består av ei blanding av deskriptive og eksplikative framstillingsformer, og helst klassifiserer han som ein subtype av førstnemnde sekvenstype. Skiljet mellom eksplikasjon og eksposisjon er at den eksplikative framstillingsforma *forklarer* fenomen, *svarer* på underliggjande *spørsmål* og dermed fører fram til ei form for *konklusjon*. Eksposisjonen – eller den informative teksten – har ifølgje Adam ikkje som mål å føre fram til nokon spesifikke konklusjon (jf. Adam 1992: 127-128).

Dermed er også dei sentrale makroproposisjonane i Adams eksplikative sekvens signaliserte; spørsmål, svar og konklusjon er nemleg dei obligatoriske makroproposisjonane her (jf. Adam 1992: 132):



Figur 26: Adams prototypiske eksplikative sekvens

«Kvifor», «korleis» og «fordi» omtaler Adam som operatorar (opérateurs). Den initiale skjemativeringa er ikkje obligatorisk. Det eg elles vil framheve her, er at Adams eksplikative sekvens har slåande likskapar med PL-strukturen:

<i>Eksplikativ sekvens</i>	<i>PL-strukturen</i>
Initial skjemativering	SITUASJON
Problem (spørsmål)	PROBLEM
Eksplikasjon (svar)	LØYSING (òg kalla respons)
Konklusjon-evaluering	EVALUERING

4.2.4.3 Analytisk tilnærming

Ei analytisk tilnærming i form av ein *metodologi* som det blir gjort greie for i forkant av analysane, manglar hos Adam, og veikskapar ved den analytiske tilnærminga hans er påviste frå mange hald (sjå t.d. Fløttum 1998: 67 og Frandsen 1998: 35-37). Eg vil her kort nemne tre problemområde: a) uklar modularitet, b) heterogene kriterium og c) manglande lingvistisk forankring.

I ei modulær tilnærming, som Adam har valt til storleiken ‘tekst’, er dei ulike modulane som nemnt ovanfor relativt autonome. Men for at desse modulane samla skal kunne beskrive ein heilskap (her: ‘tekst’), må *relasjonen mellom* dei ulike modulane vere eksplisittert:

chaque **module** est chargé du traitement d'une problématique restreinte.[...] Les différents modules sont reliés à l'aide d'un système de règles globales, appelons-les les **métarègles** du système. Pour faire partie du système, chaque module doit être relié par les métarègles au moins à un autre module. (Nølke 1999: 18-19, uthevingar i originalen).

Det er talrike døme hos Adam på at han dreg inn karakteristika frå dei fire andre modulane han opererer med i analysane sine, men nokon prinsipiell relasjon mellom modulen sekvensialitet og dei andre fire – altså metareglar – blir aldri formulert.

Det andre problemområdet, som heng saman med det første, er at Adam baserer seg på svært ulike kriterium i den tilnærminga han har til dei ulike sekvensane. Som vi har sett ovanfor, er *innhaldsbaserte* kriterium sentrale i høve til den narrative sekvensen, medan slike ikkje er nemnde i høve til dei andre sekvensane. I den argumenterande sekvensen har *inferensar* (*étayage des inférences*) status som makroproposisjon. Slike underliggjande kausale relasjonar som argumentet byggjer på, må nødvendigvis også eksistere i narrativaen, der kausalitet – som vi har sett – også er diskriminerande. Relasjonar mellom setningar og større einskapar i tekstar er i det heile ofte implisitte og må dermed infererast (jf. Hoeys vektlegging av «the clause relation»). Kvifor er dette berre framheva i høve til den argumentarnde sekvensen? Andre kuriositetar er t.d. at det berre er i høve til den eksplikative sekvensen at Adam opererer med *operatorar* som eksplisitterer relasjonen mellom makroproposisjonane, og at han berre i høve til denne sekvensen opererer med eit klart skilje mellom obligatoriske og fakultative makroproposisjonar.

Det tredje problemområdet er den utilstrekkelege lingvistiske forankringa i eit arbeid som blir presentert som ein *språkleg forankra typologi* (jf. 4.2.4.1 ovanfor). Dette er den veikskapen Adam har vorte mest kritisert for, og eg skal difor ikkje dvele ved dette. Adam reserverer seg mot å formulere kva overflatesignal som er typiske for dei ulike sekvenstypene fordi det, som nemnt i den innleiande presentasjonen av superstruktur (jf. 1.4 ovanfor), ikkje eksisterer noko symmetrisk tilhøve mellom språklege variablar (som t.d. ei viss tempusform) og ein gjeven sekvens:

si certaines caractérisations grammaticales peuvent plus ou moins autoriser ou empêcher une proposition d'être considérée comme narrative (ou encore descriptive, argumentative, explicative et dialogale), les critères grammaticaux ne permettent pas, de façon absolue, de la définir typologiquement (Adam 1992: 39).

Adam byggjer like fullt på mange overflatesignal (t.d. forbindarar) i analysane sine. Han opnar elles for at ei tilnærming til denne typen signal i form av å studere *konfigurasjonar*, dvs. klyngjer eller «clusters» av dei i tekstar, kan vere ein veg å gå. (jf. Adam 1992: 71)

4.2.5 Oppsummering

Van Dijks, Hoeys, Tirkkonen-Condits og Adams bidrag om superstruktur eller retorisk-funksjonelle tekstmodellar er no presenterte og drøfta i høve til mange av dei spørsmåla som innleidde bolk 4.2. Vi har difor no danna oss eit oversyn over kva status tekstomgrepa *superstruktur* (van Dijk), *diskursmønster* (Hoey), *PL-struktur* (Tirkkonen-Condit) og *prototypisk sekvens* (Adam) har i høve til andre sentrale tekstomgrep som *teksttype* og *sjanger*, kva *sett av strukturar* dei ulike forskarane legg til grunn, og korleis dei ulike strukturane kan *distribuerast* i tekst (jf. ontologisk status). Vi har vidare òg sett nærare på kva analytisk tilnærming det blir operert med, kva *kriterium* som blir lagde til grunn, i kva grad desse kriteria er *språklege*, og korleis ein ber seg åt *metodisk* (jf. epistemologisk status). Nedanfor gjev eg ei kortfatta oppsummering av desse punkta i høve til dei fire aktuelle arbeida.

Alle dei fire forskarane (i praksis òg van Dijk) plasserer superstruktur på *deltekstnivå*. Med unntak av van Dijk, som er uklar på dette punktet, fører dette til at ingen av dei relaterer superstruktur til *sjanger*. Når det gjeld tilhøvet mellom superstruktur og *teksttype/framstillingsform*, gjer to ulike syn seg gjeldande: Hoey og Tirkkonen-Condit ser på dei strukturane dei arbeider med, som generelle tekstorganiseringsprinsipp som kan organisere tekstopppbygginga i tekstar flest, og tildeler dermed superstruktur ein *autonom* status i høve til teksttypen. Hos Adam er det derimot *fullt samanfall mellom*

teksttype og superstruktur, og han antydar ingen stader generelle sekvenstypar:

Van Dijk	Hoey	Tirkkonen-Condit	Adam
Uklar	Generell Deltekst	Generell Deltekst	Typologisk Deltekst

Figur 27: Heil- og deltekstnivå; generell vs. typologisk modell

Autonomihypotesen som den generelle modellen byggjer på, har eg imidlertid kritisert ovanfor. Før eg rekapitulerer dette poenget, set eg opp eit oversyn over dei ulike strukturane som blir lagde til grunn:

Van Dijk	Hoey	Tirkkonen-Condit	Adam
Generell	PL-mønsteret	PL-strukturen	Narrativ
Narrativ	(i praksis	(i praksis	Deskriptiv
Argumentativ	narrativt?)	argumenterende)	Argumentativ
Vitskapleg	Samankoplande		Eksplikativ (=PL)
Artikkel	mønster		Dialog
Avisartikkel	(i praksis		
	ikkje-narrative?)		

Figur 28: Sett av superstrukturar

Hoey's autonomihypotese gjeld prinsipielt både for PL-mønsteret og dei samankoplande mønstra han viser, men er klart mest understreka i høve til det første diskursmønsteret. Men det PL-mønsteret Hoey legg til grunn i 1983-boka, synte seg langt på veg å vere eit *narrativt* skjema. Vidare impliserer Hoey 1991 at dei samankoplande mønstra organiserer *ikkje-narrativ* tekst (jf. 4.2.2.3 ovanfor). Dei diskursmønstra Hoey opererer med, har difor i realiteten ein teksttypologisk basis. Det same kan seiast om Tirkkonen-Condit's applisering av PL-mønsteret. Ho legg òg til grunn at PL-strukturen er teksttypeuavhengig, men analyserer sjølv berre *argumenterende* tekstar og utviklar dermed ein argumenterende og ikkje ein generell PL-modell. Hos Adam fann vi òg ein variant av PL-modellen i hans prototypiske eksplikative sekvens. Autonomihypotesen synest på den eine sida svekt, men vi står like fullt overfor det faktum at variantar av PL-modellen tydelegvis *både* fungerer for tekstar som er

dominerte av så vel narrative som argumenterende og eksplikative framstillingsformer. Dette vil eg kome attende til (sjå 4.3.2 nedanfor).

Uavhengig av kva ontologisk status som blir lagd til grunn, samlar bidraga seg først og fremst om narrative og argumenterende tekstorganiseringsprinsipp. Dei narrative modellane er av to slag: narratologiske og PL-baserte. Dei argumenterende modellane er òg av to slag: Toulmin-inspirerte og PL-baserte:

Narrative

van Dijk (narratologisk), Adam (narratologisk) og Hoey (PL)

Argumenterende

van Dijk (Toulmin), Adam (Toulmin) og Tirkkonen-Condit (PL)

Også dette vil eg kome attende til. Det må her gjerast eit val i høve til kva modelltype som skal leggjast til grunn (sjå 4.3.3.1 nedanfor).

Alle forskarane har, som vist ovanfor, plassert superstruktur på *deltekstnivå*, og dei beskriv alle meir eller mindre utførleg korleis superstrukturar (i form av minimale realiseringar som miniteksten og sekvensen) kan distribuerast i tekstar. I figuren nedanfor refererer eg først til korleis dei meiner éin superstruktur kan distribuerast, og deretter korleis dei eventuelt meiner fleire strukturar kan interagere:

Van Dijk	Hoey	Tirkkonen-Condit	Adam
horisontal	horisontal	horisontal	horisontal
rekursivitet	rekursivitet	og vertikal rekursivitet	rekursivitet
interaksjon via innskot (?)	interaksjon via innskot		interaksjon via innskot og dominans

Figur 29: Distribusjon av superstrukturar

Dei som skil seg ut her, er Tirkkonen-Condit, som legg til grunn at den argumenterende PL-strukturen blir distribuert rekursivt både horisontalt og *vertikalt*, og Adam, som legg til grunn at interaksjon

mellom strukturar (sekvensar) kan skje både via innskot og *dominans*.

Når det gjeld den *analytiske tilnærminga* som blir lagd til grunn, kan korkje van Dijk eller Adam seiast å applisere nokon eksplisitt *metode*. Van Dijk nemner nokre innhaldsbaserte kriterium, medan Adam, som vi har sett, i praksis opererer med heterogene og uklare kriterium.

For respektive PL-mønsteret og PL-strukturen opererer både Hoey og Tirkkonen-Condit med eit grunnleggjande *dialogisk* syn på tekst, og dei bruker begge *spørsmålsteknikk* for å eksplisittere *relasjonar mellom setningar og større einingar*. Hoey bruker i tillegg *parafrase*. *Kausale* relasjonar står sentralt for å påvise både Hoey's PL-mønster og Tirkkonen-Condit's PL-struktur. Hoey opererer dessutan med visse *innhaldsbaserte* krav. Tirkkonen-Condit legg meir vekt på å få fram *evaluative* teksttrekk i form av forfattar-engasjement og bruker *språkhandlingsanalyse* som det kanskje viktigaste metodiske rammeverket innanfor I&I-beskrivinga. Både Hoey og Tirkkonen-Condit har vidare ei klar *språkleg* forankring av analysane sine.

4.3 Superstrukturomgrepet: framlegg til avklaring

Eg vil no gjere greie for kva forståing av superstruktur eg vil leggje til grunn, og kva konkrete strukturar det skal byggjast på i analysane i denne granskinga. Dette avklaringsforsøket skjer i hovudsak på prinsipielt grunnlag: Eg vil fremje ein del prinsipielle synspunkt – eller kanskje meir presist *hypotesar* – eg har om slike tekststrukturar på bakgrunn av dei modellane vi har sett på, og den kritikken som (til dels) er reist mot dei.

Men samstundes er det kanskje på tide å minne om at hovudmålsetjinga i denne granskinga er å gjennomføre ein komparativ analyse av eit tekstkorpus. Som Tirkkonen-Condit har eg dermed ei primært empirisk problemstilling, og avklaringa av superstrukturomgrepet er her eit nødvendig delmål for å kunne gjennomføre analysen av materialet. Dette vil vidare seie at iallfall det utvalet av konkrete strukturar som eg vil leggje til grunn, *også* vil vere moti-

vert ut frå kva analytiske verktøy som er trengst for å undersøkje dei problemstillingane som er lagde til grunn i dette prosjektet. Det er klart at det først og fremst trengst analytiske verktøy for å fange opp argumenterande tekstoppbygging (jf. kapittel 1 og 2), og det er også signalisert at analytiske verktøy for narrativ tekstorganisering er av interesse (jf. 3.1.3.2 og 3.1.3.4 ovanfor). Vidare skulle deskriptive tekstorganiseringsprinsipp vere relevante i høve til å fange opp det som er omtalt som den «nøkterne» og saklege vitskaplege framstillingsforma.

Dette er i og for seg ikkje problematisk i høve til den prinsipielle diskusjonen, for både argumenterande, narrativ og deskriptiv tekstorganisering har ein sentral plass innanfor «superstrukturteori», og desse funksjonelle tekstmodellane må difor drøftast her i alle tilfelle. Det eg likevel vil poengtere, er at ei teoretisk og metodisk avklaring av superstruktur sjølvsagt ikkje kan skje upåverka av kva type empiri ein arbeider med. Data eksisterer ikkje preteoretisk, og teori byggjer på data. Denne føresetnaden vil gjelde for mi forståing av superstruktur på same viset som han har gjort seg gjeldande for dei fire arbeida som er presenterte ovanfor. Det framlegget eg presenterer nedanfor, er resultat av ein *prosess* som både har bestått av eit forsøk på å skaffe seg oversyn over teoretiske, metodiske og analytiske bidrag på feltet og av preliminære analysar av dei vitskaplege artiklane.

4.3.1 Grunnleggjande forståing

Av oppsummeringa ovanfor går det fram at det eksisterer stor grad av konsensus om at superstruktur må plasserast på *deltekstnivå*, og at superstruktur dermed *har komplekse distribusjonsmønster* i teksttar (dvs. heiltekstar). Tekstar er *konfigurasjonar* av superstrukturar. Dette er synsmåtar som eg deler, og som eg meiner er godt underbygde via drøftinga av dei fire forskingsbidraga ovanfor. Eg ser difor ingen grunn til å argumentere nærare for dei på prinsipielt nivå. Som Adam vil eg òg gå ut frå at slike tekstorganiseringsprinsipp må vere *prototypiske*. Dette vil seie at alle framlegg til superstrukturar i form av komponentskjema er teoretiske idealiseringar av dei mest *representative* eksemplara (sjå òg 6.0 nedanfor).

Det eksisterer derimot ei ganske stor variasjonsbreidd av konkrete framlegg til superstrukturmodellar, og det går eit klart skilje mellom *generelle* (eller autonome) modellar og *typologiske* modellar. Det er dermed desse problemstillingane som vil få breiast behandling her. Eg vil gå inn for ein typologisk modell, men eg vil samstundes argumentere for at det eksisterer eit grunnleggjande skilje mellom *dynamiske* og *statiske* framstillingsformer eller superstrukturar. Argumentativen og narrativen er dynamiske, medan ulike deskriptive framstillingsformer er statiske. Dette fører til at eg vil ende opp med eigne superstrukturmodellar for argumentativen og narrativen, men at eg vil bruke berre éin superstrukturmodell for fleire ulike deskriptive framstillingsformer. At eg plasserer superstruktur på deltekstnivå og samstundes vel ein typologisk innfallsvinkel, fører elles til at eg ser på superstruktur og teksttype som *samanfallande* storleikar. Superstruktur, teksttype og framstillingsform er dermed heretter synonyme termar.

Når det gjeld problemstillingar som knyter seg til det metodiske, har eg ovanfor slått fast at berre Hoey og Tirkkonen-Condit har kome med gjennomarbeidde framlegg. Eg vil direkte og indirekte byggje på desse framlegga, men eg vil ha ei anna metodisk tilnærming. Det er eit viktig delmål i denne avhandlinga å presisere *den språklege forankringa* til superstrukturar. Eg vil difor byggje vidare på Adams idé om at klyngjer eller «clusters» av overflatesignal på mikronivå (t.d. samrbindarar og tempusformer) kan vere signal på realiseringar av superstrukturar (jf. 4.2.4.3 ovanfor). Den metodiske tilnærminga på detaljnivå er emnet for neste kapittel, men eg vil i dette kapittelet gjere framlegg om nokre *aksar* – eller grunnleggjande tekstorganiseringsprinsipp – som denne tilnærminga vil vere basert på.

4.3.2 PL-modellen og dynamiske framstillingsformer

Vi har ovanfor sett at PL-modellen er den autonome eller generelle av superstrukturmodellane. Men at eg har valt ein typologisk innfallsvinkel, fører ikkje nødvendigvis til ei avvising av PL-modellen. Det er for det første tydeleg av Hoey's og Tirkkonen-Condit's analysar at denne modellen *fungerer* både i høve til narrativt og argu-

menterande organisert tekst. Dessutan har vi sett at Adams eksplikative sekvens er ein variant av PL-strukturen. Eg vil difor innleie dette avklaringsframlegget med å prøve å forklare kva som ligg bak *PL-modellens tilsynelatende store generaliseringspotensial*. Eg ser i første omgang på argumenterande og narrativt strukturert tekst og kjem etterpå tilbake til eksplikativen.

La oss på nytt sjå på dei to minitextane eg nytta som døme i kapittel 1. Eg les dei no begge som PL-strukturar, noko som lett lèt seg gjere, og som tyder på slående strukturelle likskapar mellom narrativ og argumenterande tekstorganisering:

	NARRATIV
SITUASJON	I går kveld
PROBLEM	Brått kom ei ku springande midt i vegen.
LØYSING	Eg stod på bremsene og unngjekk så vidt ein samanstøyt.
EVALUERING	I morgon skal eg ta bussen.
	ARGUMENTATIV
SITUASJON	I Noreg har vi sjølvbestemt abort.
PROBLEM	Dette fører til 16 000 fosterdrap i året.
LØYSING	Abortlova må avskaffast straks!
EVALUERING	Berre dette ville vere ein rettsstat verdig.

Figur 30: Narrativ og argumentativ minitext som PL-strukturar

Det den narrative og argumenterande superstrukturen har felles, er at dei er det eg vil kalle *dynamiske* eller *progressive* framstillingsformer. Som poengtert i presentasjonen av Tirkkonen-Condit ovanfor realiserer desse framstillingsformene (del)tekstar som startar i likevekt – i ei slags «verda i er i orden»-stemning – og slik sluttar dei også, vel å merke *etter* at det har oppstått ubalansar i form av komplikasjonar og problem som er blitt løyste. Slike tekstar «vil ein stad»; dei har narrativ eller argumentativ «retning». Ein annan måte å uttrykkje dette på er at dei er bygde opp som *responsmønster* (jf. Tirkkonen Condit 1985: 47f). Det som også er felles er at begge desse framstillingsformene i stor grad er baserte på *kausale* relasjonar.

nar. I narrativen ovanfor er t.d. sammenhengen mellom Problem- og Løysingskomponenten basert på ein kausalrelasjon.⁷⁵ I argumentativen ovanfor er det t.d. ein kausalrelasjon mellom Situasjons- og Problemkomponenten. Dersom det først og fremst er slike karakteristika ein er interessert i å fange opp i ein analyse, er ein generell PL-modell ein framifrå arbeidsreiskap.

Kva så med *eksplikativen*? Her har Adam lagt til grunn ein prototypisk sekvens som står fram som ein variant av PL-strukturen. Eksplikativen har ein mindre stabil medlemskap i teksttypologiske klassifikasjonar enn argumentativen og narrativen og er t.d. ikkje representert i Werlichs tekstgrammatikk. Adam identifiserer og avgrensar denne framstillingsforma ved å framheve at eksplikasjonen – i motsetnad til eksposisjonen eller den informative teksttypen – *forklarer* fenomenen, *svarer* på underliggjande *spørsmål* og dermed fører fram til ei form for *konklusjon* (jf. 4.2.4.2 ovanfor). Det Adam karakteriserer som eksplikativt organisert tekst, har dermed også «retning»; det er også ei dynamisk framstillingsform basert på kausalrelasjonar, og PL-modellen vil dermed fungere.

Men det er etter mitt syn mange inkonsistensar i Adams beskrivingar av eksplikativen. På den eine sida blir det (via eit sitat frå Grize 1981) slått fast at det fenomenet som skal forklarast, er uomtvisteleg. Det er eit *faktum*:

Le phénomène à expliquer est *incontestable*; *c'est un constat ou un fait*. Personne ne cherche, en effet, à expliquer quelque chose qu'il ne tient pas pour acquis. (Grize 1981, sitert etter Adam 1992: 131, mine kursiveringar)

Dette peiker i retning av det informative og deskriptive og ville ha vore eit diskriminerande kriterium i høve til argumentativen. Men to sider tidlegare skriv Adam at eksplikasjon òg kan dreie seg om å *grunngje*, om å svare på spørsmålet «kvifor *påstå* dette?»:

Il faut dire encore un mot de ce que je considère comme une forme particulière d'explication: *la justification*. Je me conten-

⁷⁵ Sjå òg Hoeys og Adams understreking av det kausale i narrativen, jf. 4.2.2.2 og 4.2.4.2 ovanfor.

terai de suivre ici J.-B. Grize [...] en définissant la justification comme une réponse à la question «pourquoi affirmer cela?» (Adam 1992: 129, kursivering i originalen)

Det er etter mitt syn *denne* forståinga av eksplikasjonen Adam bygger på i det sekvensframlegget han har for eksplikativen, og konsekvensen er at det i røynda blir *argumenterande* tekstorganisering Adam beskriv her. Mange av dei tekstane Adam analyserer i presentasjonen av eksplikativen, er òg klart argumenterande organiserte.⁷⁶ PL-modellen kan dermed ikkje nyttast om ein ønskjer å skilje ut eksplikativt organisert tekst. Korleis eg sjølv meiner eksplikativt organisert tekst skal behandlast, kjem eg attende til (sjå 4.3.5 nedanfor). At Adam opererer med ein PL-basert eksplikativ sekvens for i praksis i stor grad fange opp argumenterande tekstparti, trur eg elles må henge saman med at det Toulmin-inspirerte argumenterande skjemaet han legg til grunn, ikkje eigentleg beskriv tekstorganisering, men kvar enkelt kausalrelasjon i isolasjon. Dette kjem eg òg attende til (sjå 4.3.4 nedanfor).

PL-modellen er altså ein generell modell i den forstand at han fangar opp viktige sider ved dei dynamiske framstillingsformene argumentativen og narrativen, og han kan såleis omtalast som den *dynamiske* superstrukturmodellen. Symptomatisk for dette er at statiske deskriptive framstillingsmåtar vanskeleg lèt seg beskrive med utgangspunkt i ein slik modell. Med unntak av Adams etter mitt syn uheldige bruk av PL-strukturen for eksplikativen er det heller ikkje gjort framlegg om å bruke PL-strukturen for deskriptive framstillingsformer. Hoey har som nemnt ingen typologisk innfallsvinkel i arbeidet sitt, men også i Hoey 1983 kjem skiljet mellom dynamiske og statiske framstillingsformer implisitt til syne ved at det i hovudsak er tekstar med store innslag av narrative og argumenterande framstillingsformer som blir analyserte med utgangspunkt i PL-strukturen, medan dei samankoplande diskursmønstra fangar opp meir deskriptivt organisert tekst (sjå òg 4.3.4 nedanfor).

⁷⁶ Sjå t.d. Honda-reklamen (Adam 1992: 129) og artikkelen frå *la Nation* (Adam 1992: 133).

4.3.3 Argumenterende og narrative superstrukturar

Vi har no slått fast at argumentativen og narrativen er dei to dynamiske framstillingsformene, og at dei såleis har ein del fellestrekk. Dette er ein viktig observasjon, men etter mitt syn ikkje noko grunnlag for å operere med den dynamiske framstillingsforma som endå ein teksttype. Ingen vil vere i tvil om den typologiske klassifiseringa av dei to tekstane eg brukte som døme i figur 30 ovanfor. Argumenterende og narrative superstrukturar er truleg dei framstillingsformene språkbrukarar flest har dei klaraste intuisjonane om, og det er neppe tilfeldig at argumentativen og narrativen er dei kanskje mest stabile framstillingsformene i teksttypologiske taksonomiar.⁷⁷ I tillegg til denne prinsipielle avvisinga av ei eventuell samanslåing av argumentativen og narrativen, er det dessutan for analysen her særst relevant å kunne skilje best mogeleg mellom argumenterende og narrativ tekstorganisering.

4.3.3.1 Val av modellar

Kva modellar skal ein så leggje til grunn? Det kunne la seg gjere å ta utgangspunkt i PL-strukturen og presisere ein argumentativ og narrativ variant. Men dette ser eg som ei lite heldig løysing. Ein endar då lett opp med eit for grovmaska og inkonsistent beskrivingsapparat. Eg vil difor operere med to ulike skjema. I tillegg til PL-strukturen eksisterer det framlegg til Toulmin-inspirerte modellar for argumentativen og narratologiske modellar for narrativen. Eg vil her velje å bruke PL-strukturen som argumenterende modell og ei noko forenkla utgåve av den narratologiske modellen for narrativ tekstorganisering.

Eg vil bruke størst plass på å grunnngje valet av argumenterende modell. Dette heng for det første saman med at dei argumenterende framstillingsformene er viktigast for dette prosjektet, og for det andre heng det saman med at valet av argumenterende modell har større implikasjonar for den funksjonelle tekstanalysen: Det eksisterer nemleg større skilnader mellom PL-modellen som argumende-

⁷⁷ Som nemnt i fotnote 45 hevdar Virtanen at narrativen er den mest grunnleggjande teksttypen, medan argumentasjon er den mest grunnleggjande diskurstypen (jf. Virtanen 1992; sjå òg 4.1.3.3 ovanfor).

rande modell og dei Toulmin-inspirerte modellane enn mellom PL-modellen som narrativ modell og dei narratologiske modellane.

Dei som oppfattar PL-strukturen som ein generell modell, vil sikkert stille seg tvilande til at PL-strukturen kan fange opp «the layout of arguments» (jf. Toulmin 1958: 94f) like bra som modellar som er utvikla på grunnlag av argumentasjonsteori. Men om ein eksplisiterer skilnaden mellom PL-strukturen som argumenterande modell og dei Toulmin-inspirerte modellane, viser det seg at PL-modellen best beskriv den overordna tekstopppbygginga, og at innsiktene frå Toulmin-modellane blir integrerte i ei PL-tilnærming. Eg illustrerer dette her ved å lese den argumenterande miniteksten i figur 30 både som PL-struktur og med utgangspunkt i Toulmins argumentasjonsteori (eg viser elles til van Dijk og Adams Toulmin-inspirerte modellar):⁷⁸

<i>PL-komponentar</i>		<i>Toulmin-kategoriar</i>
SITUASJON	I Noreg har vi sjølvbestemt abort.	DATA 1
PROBLEM	Dette fører til 16 000 fosterdrap i året.	KONKLUSJON 1
	Abortinngrep er drap.	HEIMEL 1
PROBLEM	Dette fører til 16 000 forsterdrap i året.	DATA 2
LØYSING	Abortlova må avskaffast straks.	KONKLUSJON 2
	Abortinngrep er drap.	HEIMEL 1
	Abortlova må avskaffast straks.	DATA 3
EVALUERING	Berre dette ville vere ein rettsstat verdig.	KONKLUSJON3
	Abortinngrep er drap.	HEIMEL 1
	Det er uverdige for ein rettsstat å utføre drap.	HEIMEL 2

Figur 31: Jamføring av PL-strukturen og Toulmin-modellen

⁷⁸ Sidan eg bruker denne miniteksten så mykje som døme, kjenner eg behov for å understreke at dette er eit *høgst* konstruert døme, og at forfattaren av denne avhandlinga er for sjølvbestemt abort.

I venstre kolonne figurerer dei ulike komponentane i PL-strukturen, og teksten som følgjer etter desse (på same line), er den autentiske teksten (jf. figur 30). I høgre kolonne figurerer Toulmin-kategoriane. Tekst som *ikkje* er innleidd av PL-komponentar, er heimlar (underforståtte premissar eller inferensar) som *ikkje* var eksplisitt uttrykte i miniteksten ovanfor. Det Toulmins modell eksplisitterer, er for det første dei underliggjande premissane («l'étayage des inférences» i Adams modell). For det andre synleggjer modellen på detaljnivå alle dei *kausale* relasjonane mellom ulike påstandar i ein tekst, og den *rekursive* strukturen: Konklusjon 1 utgjer i sin tur data for konklusjon 2 etc.

Dette fører til at argumenterande tekstmodellar som byggjer på Toulmin, einsidig fokuserer på desse kausale relasjonane, og at dei ulike kausale relasjonane tilsynelatande får same *status* i ein tekstsyklus.⁷⁹ Kausalrelasjonane blir integrerte i ei PL-tilnærming, og det som kjem betre fram i ein PL-analyse, er at dei ulike kausalrelasjonane står opp om *ulike* steg i den argumenterande teksten og såleis har noko ulik funksjon eller status. Kjernekriteriet for ein fullt utbygd argumentativ er at ein kan identifisere ein Problemkomponent, og den *negative vurderinga* som ofte signaliserer denne komponenten kviler som regel på ein eksplisitt eller implisitt kausalrelasjon.⁸⁰ PL-modellen får dermed nettopp fram *dynamikken* i argumenterande organisert tekst, og ikkje minst *problemformuleringa* (og dermed den løysinga det blir respondert med) blir betre identifisert. Noko som dessutan kjem altfor mykje i bakgrunnen i Adams tilnærming, og som her vil bli sterkt fokusert i møte med argumentativen, er at

⁷⁹ Sjå t.d. Adams analyse av reklameteksten «Mir Rose». I dei to første periodane «Les hommes aiment les femmes qui ont les mains douces. Vous le savez.» er ein første argumenterande sekvens fullført (jf. Adam 1992: 122). I ei PL-lesing ville dette tekstsegmentet utgjere ein Situasjonskomponent, og det ville såleis ha vorte eksplisittert at tekstsegmentet, som sjølvsagt er prega av kausale relasjonar fordi det dreier seg om argumenterande strukturert tekst, like fullt har ein annan funksjon i høve til den overordna argumenterande strukturen enn påfølgjande tekstsegment. Sjå òg døme på applikasjonar av Adams argumenterande modell i Breivega 2001b: 89f.

⁸⁰ Eg viser til gjennomgangen av Tirkkonen-Condit ovanfor. Eg presiserer elles at eg heretter konsekvent omtalar det Tirkkonen-Condit kallar den interaksjonelle rolla «negative evaluation» som *negativ vurdering* for å skilje dette signalet på ein komponent frå komponenten *Evaluering*.

det er *synspunkt* og *påstandar* – altså ulike former for evaluering – som ved sida av kausaliteten konstituerer denne framstillingsforma. Som eg vil kome attende til nedanfor, kviler argumenterande tekstorganisering på den grunnleggjande relasjonen Situasjonevaluering.

Kva så med dei viktige heimlane – dvs. dei infererte sambanda – som ikkje er tematiserte i PL-modellen? Heimlar i den argumenterande strukturen vil via ein PL-analyse kome fram ved at den underliggjande relasjonen mellom setningar og større einingar i teksten sjølvstøtt vil bli eksplisitterte i argumenterande organiserte tekstparti på same måte som ymse infererte samband vil bli eksplisitterte i tekstparti som er organiserte på andre vis. Som nemnt under drøftinga av Adams teksteori ovanfor er det etter mitt syn inkonsistent å lyfte inferenssamband opp på *komponentnivå* i berre éin superstruktur eller teksttype. Summa summarum er difor PL-strukturen mykje betre eigna til å få fram den *overordna tekstopbygginga* i argumenterande organiserte tekstparti, og innsiktene Toulmin-modellen gjev, er dessutan langt på veg innarbeidde i ei PL-tilnærming.

Det er òg relevant å trekkje inn Swales' CARS-modell i ei drøfting av argumenteande tekstmodellar (jf. Swales 1990: 141). Denne modellen *er* etter mitt syn ein argumenterande PL-struktur, som berre er tilpassa typiske innhaldskategoriar i vitenskaplege innleiingar. Eg viser nedanfor berre eit utsnitt av CARS-modellen jamført med PL-strukturen. Sjå elles presentasjonen og drøftinga av denne modellen i kapittel 2 (jf. 2.2.1 og 2.3.2 ovanfor).

PL-strukturen CARS-modellen

SITUASJON	Move 1 Step 2	Establishing a territory Making topic generalization(s)
PROBLEM	Move 2 Step 1B	Establishing a niche Indicating a gap
LØYSING	Move 3 Step 1B	Occupying the niche Announcing present research

Figur 32: Jamføring av PL-strukturen og CARS-modellen

Swales' modell og resultat frå dei analysane han har gjort, vil dermed kunne integrerast i tilnærminga til den argumenterande superstrukturen her på same måte som Adams Toulmin-inspirerte modell dels vil bli det.

Når eg no har valt PL-modellen for argumenterande organisert tekst, er det ikkje aktuelt å bruke han for narrativt organisert tekst, og eg står dermed att med dei narratologiske modellane. Skilnaden mellom PL-modellen som narrativ variant og dei narratologiske modellane er etter mitt syn liten i høve til den funksjonelle analysen.⁸¹ PL-modellen og dei narratologiske modellane er nemleg like i den forstand at dei i motsetnad til dei Toulmin-inspirerte modellane gjev att ein *overordna* tekstsyklus i staden for å fordjupe seg i relasjonar mellom tekstsegment på meir underordna nivå. Dette vil seie at valet av narrativ modell i røynda er mindre avgjerande enn valet av argumenterande modell. Terminologien er rett nok meir treffande i dei narratologiske modellane. Komponentnemningar som Komplikasjon og Mothandlingar etc. får betre fram at det i narrativen dreier seg om *handlingar* og ikkje om synspunkt.

For narrativen legg eg difor til grunn det «narratologiske» skjemaet i «Brémond-Labov-van Dijk-Adam»-tradisjonen. Fordi narrative tekstparti her skal kartleggjast ved sida av andre og ikkje

⁸¹ Ein illustrasjon av dette er at Hoey og Adams analysar av eventyret «Prinsessa på erta», der Hoey bruker PL-modellen og Adam ein narratologisk variant, er ganske samanfallande (jf. Hoey 1983: 92-94 og Adam 1992: 32, 50-51).

er det primære studieobjektet for denne granskinga, vil eg operere med ei forenkla utgåve på fire komponentar: *Orientering*, *Komplikasjon*, *Resolusjon* og *Koda*. Dette er tilstrekkeleg detaljert i høve til analysane som skal gjennomførast her, og vi får dermed to parallelle skjema for narrativen og argumentativen:

	NARRATIV
ORIENTERING	I går kveld kørde eg heimover i 18-tida.
KOMPLIKASJON	Brått kom ei ku springande midt i vegen.
RESOLUSJON	Eg stod på bremsene og unngjekk så vidt ein samanstøyt.
KODA	I morgon skal eg ta bussen.
	ARGUMENTATIV
SITUASJON	I Noreg har vi sjølvbestemt abort.
PROBLEM	Dette fører til 16 000 fosterdrap i året.
LØYSING	Abortlova må avskaffast straks!
EVALUERING	Berre dette ville vere ein rettsstat verdig.

4.3.3.2 Karakteristika ved argumentativen og narrativen

Etter å ha framheva det som er felles for argumentativen og narrativen – dvs *kausalteten* – vil eg no fokusere på skilnadene mellom desse framstillingsformene for å kunne etablere dei *aksane* den språklege forankringa skal tuftast på. Den viktigaste skilnaden er at kausaliteten i narrativen er del av eit *temporalt* forløp. Den temporale tekstorganiseringa blir som regel framheva i presentasjonar av narrativen samstundes som det – heilt korrekt – blir presisert at dette i seg sjølv ikkje er eit diskriminerande kriterium for at ein står overfor ein narrativ (jf. presentasjonen av Adams narrative sekvens i 4.2.4.2 ovanfor). Det er nettopp *kombinasjonen* av det kausale og det temporale som karakteriserer narrativen. Det temporale forløpet må vere sett inn i det Adam omtaler som «la causalité narrative». Vi kan òg snu dette på hovudet og seie at kausaliteten må «temporaliserast». At hendingar skjer i ei viss rekkjefølgje, er ein grunnleggjande samhengsskapande faktor i narrativen, som derimot *ikkje* gjer seg gjeldande i argumentativen. *Temporalitet* må dermed bli ein viktig akse i den analytiske tilnærminga.

Medan kausaliteten må kombinerast med temporalitet i narrativen, må han, som alt nemnt ovanfor, kombinerast med *vurderingar* av ulike slag i i argumentativen. Som vi såg tidlegare i dette kapitlet, meiner Hoey at *Situasjon-Evaluering* er den grunnleggjande diskursorganiserande relasjonen. Eg vil her leggje til grunn at denne relasjonen er *konstituerande for den argumenterande framstillingsforma*. Hos Tirkkonen-Condit er det især framheva at Problemkomponentane og Evalueringskomponentene er baserte på vurderingar, og ein får inntrykk av at Situasjonskomponenten er mindre «evaluativ». ⁸² Eg vil ikkje operere med slike skilje mellom dei ulike komponentane i det argumenterande skjemaet.

Argumentasjon handlar om å fremje synspunkt, og synspunkt byggjer på vurderingar av kva som er bra eller dårleg, kva som er sannsynleg eller usannsynleg. Slike vurderingar kjem fram via *kvalifiseringar* av det saksinnhaldet (dei fakta) det blir referert til. I Problemkomponenten i eksempelteksten (jf. figur 30) ser vi døme på det eg vil omtale som ei kvalifisering på aksen god-dårleg via ordvalet «fosterdrap». I vitskaplege tekstar vil det òg ofte vere tale om kvalifiseringar på aksen sann-falsk; t.d. «ei *mogeleg* forklaring er, resultata *synest å peike i retning av*» etc. Korleis ulike typar vurderingar kan klassifiserast, og kva språklege variablar eg vil leggje til grunn for å kartleggje språkbruk som peiker i retning av argumenterande tekstoppbygging, gjer eg greie for i neste kapittel (sjå 5.2 nedanfor). I den prinsipielle diskusjonen i dette kapitlet vel eg å omtale dette som den *evaluative* aksen, som dermed blir den tredje eg vil leggje til grunn for den analytiske tilnærminga.

Situasjonen er likevel ikkje så enkel at eventuelle evaluative innslag er diskriminerande mellom argumentativen og narrativen. Også i narrativen er nemleg evaluative innslag viktige.

Evaluation is a major criterion of narrative. [...] This is particularly the case with those who use Labov's (1972) model of narrative structure. It means that judgements about whether a

⁸² Dette blir ikkje eksplisittert av Tirkkonen-Condit, men det er ein implikasjon av at Situasjonskomponentane er dominerte av språkhandlingstypen *utsegn*, medan Problem- og Evalueringskomponentane er dominerte av språkhandlingstypen *påstand* (jf. 4.2.3.2 ovanfor).

stretch of talk reporting personal experience is a narrative or not depend on whether the speaker uses evaluation (Cortazzi og Jin 2000: 103).

Eksistensen av evaluative innslag er i seg sjølv altså ikkje avgjerande for om ein tekstpassasje er narrativt eller argumenterande organisert. Men eit viktig skilje blir at det evaluative i narrativen kan situerast i éin komponent: i Koda. Miniteksten i figur 30 ovanfor gjev eit godt døme på at «the speaker uses evaluation» i Kodakomponenten. Og det som blir evaluert, er det narrative forløpet, altså sjølve forteljinga. Som både van Dijk og Adam understrekar (jf. 4.2.1.2 og 4.2.4.2 ovanfor), ligg dermed det evaluerte innslaget i narrativen på eit vis *utanfor* sjølve forteljinga. I argumentativen er derimot det evaluerte konstituerande for *heile* tekstsyklusen. Eksempelteksten ovanfor er bygd opp rundt den negative evalueringa av abortlova; utan denne evalueringa ville vi ikkje lenger hatt nokon argumentativ.

For å oppsummere kan vi dermed setje opp følgjande vesle «matrise» over dei aksane som er nemnde her:

	kausaltitet	temporalitet	evaluative innslag
narrativ	ja	ja	ja (dvs. obligatorisk i Koda)
argumentativ	ja	nei	ja (konstituerande)

4.3.4 Statiske eller deskriptive superstrukturar

Blant dei klassiske teksttypene og blant dei superstrukturmodellane som har vore nemnde her, står det att å ta stilling til *deskriptiven*, *ekspositiven*, *eksplikativen* og *instruktiven*. Desse vil eg behandle som *ulike variantar av deskriptive organiseringsprinsipp*, og dei vil alle bli analyserte med utgangspunkt i Adams deskriptive sekvens (jf. figur 24, 4.2.4.2 ovanfor). Samstundes vil eg halde ved lag eit skilje mellom deskriptiven, eksplikativen og instruktiven som deskriptive variantar. Ekspositiven vil eg ikkje operere med i det heile teke. Skiljet mellom det fenomen-*identifiserande* og fenomen-*koplande* i ekspositiven og det fenomen-*registrerande* i deskriptiven (jf. Werlich 1976: 28-29) blir etter mitt syn for hårfint. Fenomen blir sette i samanheng med andre (jf. det fenomen-*koplande* i

ekspositiven) i all deskripsjon, og Adams framlegg om den deskriptive komponenten Relasjonsdanning (mise en relation) er etter mitt syn pertinent. Når eg refererer til deskriptivar utan å framheve instruktive eller eksplikative trekk, er det altså i praksis deskriptivt og/eller ekspositivt organisert tekst eg refererer til.

Ved sida av komponenten Relasjonsdanning er basiskomponentane i Adams deskriptive sekvens Aspektualisering og Tematisering. «Del-heilskap»-relasjonar er konstituerande for desse komponentane. Det er dei òg i dei samankoplande mønstra Hoey gjer framlegg om i 1983-boka. Dette fører til at *leksikalske* relasjonar blir det berande organiseringsprinsippet i deskriptive framstillingsformer. Vi har sett at Hoey i eit seinare arbeid (Hoey 1991) går så langt som til å hevde at leksikalsk kohesjon (repetisjon) er det sentrale organiseringsprinsippet i alle *ikkje-narrative* tekstar. Ikkje-narrative tekstar er ein altfor upresis kategori, og av det som er sagt ovanfor, er det klart at den dynamiske framstillingsforma argumentativen ikkje kan karakteriserast på bakgrunn av leksikalske relasjonar åleine. Men i høve til deskriptiven, eksplikativen og instruktiven er eg samd i at dette organiseringsprinsippet er sentralt.

Relasjonar mellom konstituentar (referentkopling), både avgrensa til ulike former for *repetisjon* (døme: sjukdom-sjukdomen) og andre meir semantiske relasjonar som baserer seg på semantisk slektskap eller inferens (døme: sjukdom-dokter), er sjølvsagt viktige for å skape samanheng i *alle* typar tekstar. Skilnaden blir om dette er det berande organiseringsprinsippet eller ikkje. Det er av mange poengtert at slike samband først og fremst syter for *kontinuitet* i tekstar (sjå t.d. Halliday og Hasan 1976: 303). Adam poengterer i samband med ei drøfting av deskriptiven at alle tekstar er prega av ei spenning mellom *kontinuitet* (continuité-répétition) og *progresjon* (progression). Om spenninga mellom kontinuitet og progresjon i deskriptiven skriv han vidare:

[...] si dans la description la *cohésion* [= kontinuitet] est assurée par le Thème-titre, la *progression* est nettement plus difficile à situer, et ceci parce que ce type de séquence paraît avoir pour caractéristique la représentation de la simultanéité d'un

tout et de ses parties» (Adam 1989: 84, kursiveringar i originalen, min merknad i hakeparentes).

Når leksikalske og semantiske relasjonar blir det berande tekstorganiseringsprinippet, blir resultatet altså manglande progresjon eller dynamikk. Dette er eit grunnleggjande skilje mellom deskriptive framstillingsformer på den eine sida og argumentativen og narrativen på den andre. Dei deskriptive framstillingsformene er *statiske*; dei manglar den framdrifta dei ulike kombinasjonane av kausalitet, temporalitet og evaluative innslag gjev dei dynamiske framstillingsformene.

Dette kan like fullt nyanserast noko. Det er nettopp *kombinasjonen* av dei aksane som er nemnde ovanfor, dei deskriptive framstillingsformene manglar.

Temporalitet kan nemleg også gjere seg gjeldande i deskripsjonar, men *aldri* i kombinasjon med den kausaliteten som særpregar narrativen. Svært mange beskrivingar er organiserte kring ein tidsakse, men det er då den endeframme suksesjonen av hendingar eller tilstandar vi møter. Det temporale er elles særleg viktig i den *instruktive* varianten av deskripsjonen (jf. Adam 1992: 95-97). Instruksjonar vil som regel beskrive ei fast handlingsrekkefølge. Ein må t.d. skrelle epla *før* ein deler dei i bitar etc. Ei matoppskrift kan analyserast slik: Overskrifta, t.d Eplekake, tilsvarer Temaet, og lista over ingrediensane er Aspektualiseringa av delane i det overordna temaet med eventuelle påkravde eigenskapar spesifiserte. Den temporale ordninga i instruktiven og den temporale ordninga som eventuelt måtte finnast i andre typar deskripsjonar, vil eg situere i komponenten Relasjonsdanning. I tillegg til *samanlikninga* ser eg nemleg *plassering i tid og rom* som typiske relasjonsdannarar.⁸³

Kausalitet gjer seg dessutan gjeldande i den *eksplikative* varianten av dei deskriptive framstillingsformene fordi ei forklaring må baserast på kausale samband. Kausalitet er nøkkelkriteriet for at ein står overfor ei av dei dynamiske framstillingsformene, og den eksplikative eller forklarande kausaliteten fører lett til ei samanblan-

⁸³ Adam opererer ved sida av samanlikninga med relasjonsdanning i form av *metaforen* (sjå. 4.2.4.2 ovanfor). Denne fell i mi tilnærming inn under samanlikninga.

ding av argumenterende og eksplikativ tekstoppbygging. Eg meiner dette kausale innslaget i deskriptive framstillingsformer kan handterast ved at ein ser på *forklaringa* som ein relasjonsdannar ved sida av samanlikninga og plasseringa i tid og rom.

Temporalitet og kausalitet kan altså vere til stades i deskriptive framstillingsformer, og eg har no gjort greie for korleis dette blir handtert i den funksjonelle analysen. Men i høve til dei aksane eg ønskjer å leggje til grunn med tanke på å fange opp klyngjer av overflatesignal på mikronivå som indikatorar for ulike superstrukturar, fører det potensielle kausale innslaget i ein av dei deskriptive variantane til eit problem. Av figuren nedanfor går det fram at det temporale innslaget er uproblematisk. Dei deskriptive framstillingsformene skil seg framleis frå narrativen ved ikkje å vere baserte på casualrelasjonar. Problemet oppstår for eksplikativen, som tilsynelatende har same profil som argumentativen:

	kausalitet	temporalitet
narrativ	ja	ja
argumentativ	ja	nei
deskriptiv	nei	mogeleg
eksplikativ	ja	nei
instruktiv	nei	ja

Men dette problemet blir etter mitt syn løyst så snart ein dreg inn den *evaluative* aksen.

Deskriptiven, eksplikativen og instruktiven vil, slik eg definerer dei, vere prega av *fråværet av evaluative trekk*. Dette blir dermed eit sentralt skilje mellom dei statiske og dei dynamiske framstillingsformene; meir presist er det det avgjerande skiljet mellom argumentativen og eksplikativen.

Dette punktet er like fullt problematisk og fortener ei meir utførleg grunngjeving. For det første må vi, som tidlegare understreka (sjå 4.1.3.3 ovanfor), skilje mellom form (altså superstruktur) og funksjon: Ein deskriptiv passasje, som t.d. «berre beskriv» ein busskø, kan på same måten som ein narrativ, som t.d. fortel historia

om kor lang tid eg brukte på å kome meg til jobben med buss, *fungerer* som ei negativ vurdering av det lokale buss-selskapet. Men det er ikkje slike potensielle funksjonar eit deskriptivt tekstutsnitt kan ha i ein gjeven kontekst som er studieobjektet her; det er superstruktur, medrekna den deskriptive, som *form* eller *struktur* som står i fokus.

Meir problematisk er det derimot at ein viktig del av deskriptiven er den tildelinga av eigenskapar som kan førekome i Aspektualiseringa. Denne karakteriseringa *kan* sjølvsagt også vere høgst evaluierende (vakker kvinne, pene hender). Men det er for det første ikkje noko krav i beskrivinga av eigenskapane til Temaet at dei er klart evaluierende, og *om* dei eventuelt er det, oppstår ikkje det *responsmønsteret* som karakteriserer den argumenterende framstillingsforma. Slike deskriptive evalueringar dannar ikkje grunnlaget for neste komponent. *Om* slike evalueringar i eit tilsynelatande deskriptivt organisert tekstparti derimot skulle vise seg å danne basis for eit problem det blir teke stilling til, er ikkje teksten lenger deskriptivt, men tvertimot argumenterende, organisert.

Det evaluative er dermed ikkje konstituerande for deskriptive framstillingsformer, men derimot prototypisk for argumentativen og for den narrative komponenten Koda. Vi endar dermed opp med følgjande matrise over dei fem framstillingsformene, der alle kan skiljast frå kvarandre på grunnlag av kriteria kausalitet, temporalitet og evaluative innslag.

	kausalitet	temporalitet	evaluative innslag
narrativ	ja	ja	ja (obligatorisk i <i>Koda</i>)
argumentativ	ja	nei	ja (konstituerande)
deskriptiv	nei	nei	nei
eksplikativ	ja	nei	nei
instruktiv	nei	ja	nei

Figur 33: Kausalitet, temporalitet og evaluative innslag i narrativen, argumentativen, deskriptiven, eksplikativen og instruktiven


Denne matrisen dannar, som nemnt ovanfor, utgangspunktet for ei viktig side ved metodikken eg vil leggje til grunn, og må også forståast i relasjon til denne (jf. kapittel 5). Aksane skal ikkje forståast som kategoriske «bevis» for kva superstruktur ein står overfor. Det er førekomsten (eller eventuelt fråværet) av *mange* språklege variablar som peiker i same retning, t.d. i retning av den argumenterande profilen «kausaltet, evaluative innslag og fråvære av temporalitet», som vil vere av interesse. Overfor eit tekstparti med ein slik profil vil ei argumenterande lesing vere rimeleg. *Om* det verkeleg er ein argumenterande superstruktur som organiserer tekstpartiet, vil likevel berre kunne avgjerast i kombinasjon med ein kvalitativ funksjonell analyse.

Eg vil i neste kapittel gjere nærare greie for kva språklege variablar eg vil leggje til grunn for å identifisere slike aksar og etablere visse profilar for tekstar og tekstparti. Eg vil då også sjå på leksikalske og semantiske relasjonar. Desse er, som vi har sett, på eit vis «viktigare» i deskriptive framstillingsformer enn i andre, men dei er like fullt konstituerande for samanhengen i all tekst og er dermed sjølvstøtt også relevante i den analytiske tilnærminga til argumenterande og narrative strukturar. Denne typen tekstorganiseringsprinsipp *diskriminerer* ikkje mellom ulike framstillingsformer og utgjer difor ikkje nokon eigen akse her.


4.3.5 Oppsummering

4.3.5.1 Modellar og framstillingsformer

Eg har dermed enda opp med tre superstrukturskjema som dekkjer fem ulike framstillingsformer: *argumentativen*, *narrativen*, *deskriptive*, *ekspliktiven* og *instruktiven*. Dei to dynamiske framstillingsformene vil bli analyserte etter kvar sitt skjema, nemleg




Figur 34: Argumenterende superstrukturskjema



Figur 35: Narrativt superstrukturskjema

Det argumenterende skjemaet er altså PL-strukturen, og argumenterende struktur er dermed synonymt med PL-struktur her. Dei tre statiske eller deskriptive framstillingsformene vil bli analyserte etter ein modifisert variant av Adams prototypiske deskriptive sekvens:



Figur 36: Deskriptivt superstrukturskjema

Superstruktur og framstillingform/teksttype fell saman i mi tilnærming. Det kan dermed kanskje verke inkonsistent å operere med *tre* superstrukturskjema, som dekkjer *fem* ulike framstillingsformer. Skilnadene mellom deskriptiven (dvs. deskriptiv-ekspositivt organisert tekst), instruktiven og eksplikasjonen er store nok til at dei bør skiljast frå kvarandre, men det mitt val av éin felles modell for desse signaliserer, er at alle dei statiske framstillingsformene er mindre autonome enn dei dynamiske. Dei deskriptive framstillingsformene manglar dynamiske komponentar som Komplikasjon, Problem, Løysing og Resolusjon. Resultatet av dette blir ikkje berre det «statiske», men faktisk òg at deskriptive tekstsekvensar aldri beskriv noko anna enn det som innanfor dei dynamiske superstrukturane ville utgjere Situasjons- eller Orienteringskomponentar (og eventuelt underordna tekstparti innanfor andre komponentar).

4.3.5.2 Distribusjon av superstrukturar

Når det gjeld *distribusjon*, legg eg som Tirkkonen-Condit til grunn at superstrukturar kan distribuerast rekursivt både *horisontalt* og *vertikalt*. Men eg utvidar dette til også å gjelde ved *interaksjon* mellom ulike superstrukturar (altså heterogenitet). Når det er tale om interaksjon mellom ulike strukturar, kan dette altså også skje både ved at dei følgjer etter kvarandre i teksten (horisontalt), og via dominans (vertikalt) i den forstand at t.d. ein Situasjonskomponent i

PL-skjemaet på underordna nivå kan vere bygd opp av komponentar frå andre skjema, t.d. det deskriptive (jf. figur 37 nedanfor):

Nivå	I	Situasjon	Problem	Løysing
	II	Tema Asp Tematisering		

Figur 37: Vertikal (hierarkisk) distribusjon av ulike superstrukturar

Horisontal distribusjon av ulike superstrukturar samsvarer elles med det Adam kallar *innskot*, medan det er noko uklart kva han eigentleg legg i *dominans* (jf. 4.2.4.1 ovanfor). Difor byggjer eg heller primært på Tirkkonen-Condit på dette punktet.


4.3.5.3 Tekstteoretisk situering av superstruktur

Blant dei fire forskingsarbeida om funksjonelle tekstmodellar som er presenterte under 4.2 ovanfor, er Adam den som klarast situerer superstruktur (eller den prototypiske sekvensen) tekstteoretisk. Som vi har sett, er *sekvensialitet* ein modul som interagerer i konfigurasjonen tekst ved sida av modulane *illokusjonær intensjon*, *enonsiativ forankring*, *semantisk kohesjon* og *tekstuell samanbinding* (jf. 4.2.4.1 ovanfor). Dette er ei tekstteoretisk situering av superstruktur som eg er grunnleggjande usamd i.

Den analytiske tilnærminga er emnet for neste kapittel, men mange nok sider ved denne tilnærminga er skissterte til at det er klart at ho m.a. vil måtte byggje på ulike former av det Adam kallar tekstuell samanbinding og semantisk kohesjon. Eg kjem òg til å byggje på mange variablar som har vorte plasserte i modulen enonsiativ forankring.⁸⁴ Etter mitt syn kan storleiken superstruktur på ingen måte *sidestillast* med desse modulane eller tekstorganiseringsprinsippa. Superstrukturar utgjer i seg sjølve minitekstar eller deltekstar og er dermed i seg sjølve konstituerte av innhaldet i desse modulane.

⁸⁴ Illokusjonær intensjon blir ikkje trekt inn i mi analytiske tilnærming (jf. skiljet mellom form og funksjon).

Mi forståing av superstruktur fører dermed til at storleiken må plasserast *høgare* oppe i ein tekstteoretisk modell enn det Adam gjer framlegg om:



Figur 38: *Textteoretisk situering av superstruktur (skisse)*

Superstrukturar er i seg sjølve tekstar på deltekstnivå. Dei kan dermed ikkje sidestillast med underordna tekstorganiseringsprinsipp som t.d. kohesjonsmekanismar. Superstrukturar er samstundes på eit *lågare* nivå enn heilteksten. Dei ulike superstrukturane (dvs. dei minimale realiseringane) er byggjeklossane i den *superstrukturelle konfigurasjonen* ein heiltekst består av.

Eit viktig skilje mellom heiltekst- og deltekstnivået er at heiltekstnivået, på same vis som sjanger- og diskursnivået, er ein storleik *i kontekst*. Deltekstnivået superstruktur, slik eg prøver å nærme meg *kvar enkelt* superstruktur her, skal i prinsippet kunne beskrivast utan å trekkje inn kontekst. Å peike ut konkrete superstrukturar vil seie å identifisere konvensjonelle tekstlege framstillingsformer.

Men dei *konfigurasjonane av superstrukturar* som heile tekstar består av, er derimot objekt som ikkje kan forståast eller som ikkje har meining *utan* at konteksten blir trekt inn.

På nytt dukkar dermed skiljet mellom form og funksjon opp, og på nytt bør forståinga av *funksjonsomgrepet* presiserast. Når eg stadig omtaler superstrukturar som *funksjonelle* tekstmodellar, er det av to grunnar. Superstrukturar er for det første funksjonelle fordi dei beskriv korleis ulike delar av ein tekst har ulike funksjonar *i* teksten; t.d. at eit gjeve avsnitt er Orienteringskomponent. Superstrukturar er for det andre funksjonelle fordi dei tekstlege framstillingsformene dei representerer, også i sin natur er funksjonelle; det handlar om å *argumentere, fortelje og beskrive*. Språket har altså utvikla konvensjonelle former eller strukturar for mange av dei funksjonane det skal tene i faktisk kommunikasjon. Slik sett er det ein tett samanheng mellom slike former eller strukturar og *språket i bruk*, som på nytt synleggjer at skiljet mellom det tekstinterne og det teksteksterne er problematisk. Like fullt må det altså skiljast mellom den funksjonen ein gjeven superstruktur vil kunne ha – som del av ein superstrukturell konfigurasjon (altså ein heiltekst) i ein gjeven kontekst – og superstrukturen i isolasjon.

Når denne avhandlinga ber tittelen «Vitskaplege argumentasjonsstrategiar», er det fordi eg vil undersøkje korleis ulike konfigurasjonar av superstrukturar fungerer argumentativt i den vitskaplege artikkelen. Den kontekstuelle forståingsramma for denne analysen er, som eg har gjort greie for tidlegare, faglege og vitskapsteoretiske karakteristika for dei involverte fagområda. Å identifisere argumenterende superstrukturar (PL-strukturar) i dei vitskaplege artiklane som skal granskast her, er sjølvsagt ei viktig side ved argumentasjonsanalysen. Men til sjuande og sist er det analysen av samspelet mellom ulike superstrukturar; dvs. dei superstrukturelle konfigurasjonane, som synleggjer *argumentasjonsstrategiane*.

Det skulle elles vere klart av drøftinga i dette kapittelet at superstruktur og *sjanger* på ingen måte er samanfallande omgrep. Superstruktur er ein storleik på deltekstnivå, medan sjanger er relatert til heiltekstnivået. Det er difor uheldig at termen *sjangerskjema* har vore nytta om t.d. PL-strukturen (sjå Vagle, Sandvik og Sven-

nevig 1993: 192). Analysane i denne avhandlinga er dermed ikkje sjangeranalysar; eg tek på ingen måte sikte på å gje noka *uttømmende* beskriving av sjangeren vitskapleg artikkel. Like fullt vil eg tru at dei *superstrukturelle konfigurasjonane* som her vil bli identifiserte i dei vitskaplege artiklane, kan kaste lys over *viktige sider* ved den vitskaplege artikkelen som sjanger. Dette vil eg kome attende til i sluttdiskusjonen i kapittel 7.

4.3.6 Reformulering av hypotesar

I kapittel 2 vart følgjande hypotesar om superstrukturelle konfigurasjonar i humanistiske og naturvitskaplege artiklar formulerte på bakgrunn av dei karaktéristika tidlegare forskning hadde peikt på i slike tekstar:

2a) *Argumenterende superstrukturar dominerer i større grad humanistiske artiklar enn naturvitskaplege.* Dette vil både seie at større delar av tekstmassen er strukturerte som argumenterende minitekstar, og at argumenterende superstrukturar – i den grad teksten er hierarkisk oppbygd – i større grad er dominerande i teksten.

2b) *Argumenterende superstrukturar i naturvitskaplege artiklar har ein fastare horisontal (lineær) distribusjon enn det tilfellet er i humanistiske artiklar.* Argumenterende minitekstar førekjem helst i dei kommenterende avsnitta (innleiings- og diskusjonsavsnitta) og ikkje i dei rapporterende (metode- og resultatavsnitta). Humanistiske artiklar er ikkje direkte samanliknbare, sidan dei stort sett ikkje følgjer IMROD-formatet, men hypotesen er at det ikkje eksisterer spesielle restriksjonar for den horisontale distribusjonen av argumenterende framstillingsformer i humanistiske artiklar.

2c) *Argumenterende superstrukturar interagerer med andre superstrukturar i både humanistiske og naturvitskaplege artiklar.* Av hypotese 2c) følgjer dessutan at dei rapporterende avsnitta i naturvitskaplege IMROD-artiklar nødvendigvis er realiserte av andre superstrukturar enn den argumenterende. I dei humanistiske artiklane har vi ingen haldepunkt for å anta noko om distribusjonen av andre framstillingsformer.

Vi har sidan kapittel 2 gjort eit meir spesifikt fagutval (medisin, historie og språkvitskap) som også må reflekterast i hypotesane. Vi har dessutan haldepunkt for å gå ut frå at *narrative* organiseringsprinsipp gjer seg gjeldande i historiske artiklar. Vi veit dessutan at éin av dei språkvitskaplege artiklane som skal analyserast, følgjer IMROD. Det vi må presisere, er kva superstrukturar det er tale om, *PL-strukturar* (argumenterande strukturar), *narrative strukturar* eller *deskriptive strukturar*.

4a) *PL-strukturar dominerer i større grad historiske og språkvitskaplege artiklar enn medisinske*. Dette vil både seie at større delar av tekstmassen er strukturerte som PL-minitekstar, og at PL-strukturen – i den grad teksten er hierarkisk oppbygd – i større grad er dominerande i teksten (*vertikal* distribusjon).

4b) *PL-strukturar (minitekstar) har i medisinske artiklar ein fastare horisontal (lineær) distribusjon enn kva tilfellet er i historiske og språkvitskaplege artiklar*. PL-strukturar førekjem helst i innleiings- og diskusjonsavsnitta og ikkje i metode- og resultatavsnitta. Historiske og språkvitskaplege artiklar er – med unntak av artikkelen LING6 – ikkje direkte samanliknbare når det gjeld den horisontale distribusjonen, sidan dei ikkje følgjer IMROD-formatet, men hypotesen er at det ikkje eksisterer spesielle restriksjonar for den horisontale distribusjonen av PL-strukturar i historiske og språkvitskaplege artiklar. I den grad det er variasjonar i tekstoppbygginga på dei humanistiske fagområda, impliserer samanhengshypotesen at dei språkvitskaplege artiklane, og då særleg IMROD-artikkelen LING6, har fleire likskapar med dei medisinske artiklane enn det dei historiske har.

4c) Det vil vere interaksjon mellom PL-strukturen, narrative strukturar og deskriptive strukturar i både medisinske, historiske og språkvitskaplege artiklar. Meir presist er hypotesen at det særleg er interaksjon med narrative superstrukturar i historiske artiklar, og at det særleg er interaksjon med deskriptive superstrukturar i medisinske og språkvitskaplege artiklar. Av hypotese 4b) følgjer dessutan at det særleg er i metode- og resultatavsnitta i dei medisinske IMROD-artiklane at vi vil finne deskriptivt organiserte tekstparti. Korleis dette stiller seg i LING6, er eit ope spørsmål.

5 METODIKK OG LINGVISTISK FORANKRING

5.0 Innleiing

Den metodiske tilnærminga her vil byggje på ein kombinasjon av ei «bottom-up»- og ei «top-down»-tilnærming. «Top-down»-tilnærminga er den kvalitative funksjonelle analysen med utgangspunkt i dei tre modellane som er lagde til grunn (jf. 4.3.5.1 ovanfor). «Bottom-up»-analysen går ut på å identifisere språklege variablar på mikroplanet som kan knytast til dei tre aksane *evaluering*, *temporalitet* og *kausaltet*. Dette fokuset på variablar på mikroplanet er i stor grad motivert ut frå eit ønske om å bidra til å styrkje den språklege forankringa av superstruktur, som dels er svak i eksisterande arbeid. Men det ligg også andre grunnar bak eit slikt val.

I all sin omtale av PL-modellen refererer Hoey til *PL-mønsteret* og aldri til *PL-strukturen*, og han insisterer på å bruke termen *organisering*, og ikkje *struktur*, som generell term om tekstopppbygging:

[...] text has some organisation, but this organisation does not have the status of structure, a structural description being one that permits one to make predictive statements about the data under examination (Hoey 1991: 13).

Eg deler Hoey's synspunkt, men ser ingen grunn til å avstå frå å bruke termen *struktur*, som her har vorte – og kjem til å bli – brukt synonymt med *organisering* (sjå òg Mauranen 1993: 192f for ein diskusjon av struktur vs. organisering). Det eg vil understreke via sitatet ovanfor, er at det korkje lèt seg gjere å predikere dei superstrukturelle konfigurasjonane i ein heiltekst eller korleis superstrukturar realiserer seg i form av minimale realiseringar. Dette heng saman med at det er tekstlege *prototyper* vi står overfor (jf. 4.3.1 ovanfor).

Vi såg i førre kapittelet at Tirkkonen-Condit la til grunn at berre Problemkomponenten er obligatorisk i ein argumenterande PL-struktur. Dette verka rimeleg og vart underbygd i analysane, men situasjonen er då at vi står overfor iallfall seks moglege variantar

av PL-minitekstar.⁸⁵ Sjølv har eg dessutan lagt til grunn at relasjonen «Situasjon-Evaluering» er konstituerande for den argumenterande framstillingsforma, og dette fører til at også minimale realiseringar som består av komponentane Situasjon-Evaluering, vil bli rekna som PL-minitekstar her.

Det er elles ingen grunn til å tru at narrative og deskriptive strukturar oppviser mindre variasjon når det gjeld mogelege minimale realiseringar. Komplikasjonskomponenten er truleg viktig for narrativen på same vis som Problemkomponenten er det i argumentativen, men eg er like lite tilbøyeleg til å setje opp eksplisitte krav om kva som kan definerast som ei minimal realisering av ein narrativ superstruktur, som eg er det for argumenterande strukturar. Det er vanskeleg å førestelle seg ein deskriptiv minitekst utan Aspektualiseringar og Tematiseringar av det deskriptive Temaet, men heller ikkje for denne superstrukturen kan ein etter mitt syn definere eksakte krav for dei minimale realiseringane a priori.

Dei distribusjonsmønstra som eksisterer for superstrukturar, er dermed ganske omfattande. Det vil for det første variere i kva grad *alle* komponentar i éin konkret superstruktur er realiserte i kvar av dei minimale realiseringane. Mange realiseringar vil vere *elliptiske*. For det andre kan komponentane distribuerast i ei anna *rekkefølge* enn den dei har i superstrukturens skjema. For det tredje vil det vere tallause variantar av superstrukturelle konfigurasjonar, dvs. horisontale og vertikale distribusjonsmønster av éin og same og/eller fleire ulike interagerande superstrukturar i faktiske tekstar.

Dette er dermed den andre grunnen til at eg heller enn å arbeide vidare med å definere t.d. interaksjonelle roller for ulike komponentar vel ein radikalt annleis metodikk enn den vi har sett i somme av dei arbeida som vart presenterte i førre kapitlet. Eg trur ikkje det er mogeleg å definere dei ulike strukturane og dei ulike komponentane innan kvar av desse strukturane nærare enn det som er gjort i form av dei «prototypiske skissene» dei tre superstrukturmodellane eg her vil arbeide med representerer. Dei tre modellane som er lag-

⁸⁵ Altså Pro; Sit- Pro; Sit-Pro-Løy; Pro-Løy; Pro-Løy-Eva og Sit-Pro-Løy-Eva. Jf. Tirkkonen-Condit 1985: 26.

de til grunn, gjev visse *briller* eller overordna *forståingsrammer* ein kan lese tekstar med, men aldri eit eksakt beskrivingsapparat som vil gjere avgrensinga av t.d. ein Situasjonskomponent i PL-strukturen skarp i høve til dei tekstlege omgjevnadene. Analysar av komponentstrukturar og ikkje minst vurderinga av kva strukturar som eventuelt dominerer i ein superstrukturell konfigurasjon, kan difor nødvendigvis aldri bli noko meir enn «rimelege» *kvalitative* lesingar.

Å arbeide med tekstar er å tolke meiningsverk, og hermeneutikken blir dermed ei relevant forståingsramme. Vi såg i førre kapitlet at både Hoey og Tirkkonen-Condit brukte spørsmålstestar i den analytiske tilnærminga, og slike analytiske grep er i grunnen ei synleggjering av den *hermeneutiske* tolkingsprosessen, der den som les (eller høyrer) ein tekst, heile tida prøver å stille dei rette spørsmåla til teksten. Dei spørsmåla ein stiller, er baserte på ein viss *forventingshorisont* (jf. Gadamer, sjå Wetlesen 1983: 223f). I analysane her vil det *både* dreie seg om forventingar om korleis argumenterande, narrative og deskriptive superstrukturar prototypisk manifesterer seg, og om forventingar – eller hypotesar – om karakteristika ved dei superstrukturelle konfigurasjonane i vitenskaplege artiklar frå ulike fagområde.

Det eg derimot trur det er mogeleg å presisere yttelegare, er *hovudskilja* mellom argumenterande, narrativ og deskriptiv tekstorganisering. Ved hjelp av språklege variablar eller spor på mikroplanet meiner eg det er råd å teikne *tekstprofilar* som kan synleggjere at tekstparti har ulik profil med omsyn til aksane evaluering, temporalitet og kausalitet. På grunnlag av slike profilar vil ein kunne legitimere og underbygge ein viss lese måte. Om t.d. eit tekstparti inneheld mange språklege spor av aksane temporalitet og evaluering, representerer dette eit *grunnlag* for å prøve å analysere tekstpartiet med utgangspunkt i det narrative skjemaet.

Hovudmålet med dei analysane eg gjennomfører i neste kapittel, er å identifisere den superstrukturelle konfigurasjonen i kvar av dei seks artiklane som er valde ut til djupanalyse, og på den måten finne nokre svar på dei empiriske problemstillingane i dette prosjektet. Men ved sida av dette ønskjer eg å teste om «bottom-up»-

metodikken har noko føre seg, og analysane er i den forstand høgst eksplorative.

Aksen evaluering er etter mitt syn den viktigaste for å skilje ulike superstrukturar frå kvarandre (sjå òg Breivega 2001b og c). Eg vil difor bruke mest plass på å introdusere og drøfte dei ulike språklege spora som er knytte til denne aksen, og innleier også presentasjonen av dei språklege spora med ein gjennomgang av dei. Deretter behandlar eg indikatorane på aksane temporalitet og kausalitet meir summarisk. Men aller først vil eg knyte nokre merknader til tradisjonelle tekstlingvistiske kategoriar som referent- og setningskopling. Eg bruker elles i størst mogeleg grad døme frå dei vitenskaplege artiklane (referansematerialet inkludert) under presentasjonen av dei ulike språklege variablane i dette kapittelet.

5.1 Referent- og setningskopling

Meir tradisjonelle tekstlingvistiske kategoriar som referent- og setningskopling vil òg liggje i botnen av den analytiske tilnærminga her. Referent- og setningskoplingar er viktige for samanhengen i all tekst og blir dregne inn i dei kvalitative funksjonelle analysane i ymse samanhengar. Referentkopling er elles særleg viktig i høve til dei statiske framstillingsformene, der «del-heilskap»-relasjonar er konstituerande. Eksplisitt temporal og kausal setningskopling er dessutan sentrale språklege spor for aksane temporalitet og kausalitet, og desse koplingstypane vil difor bli nemnde særskilt i gjennomgangen nedanfor.

Sidan dette skulle vere veletablerte tekstlingvistiske kategoriar, vil eg ikkje gje nokon presentasjon av ulike typar referent- og setningskopling. Eg nøyer meg her med å presisere følgjande:

5.1.1 Nokre presiseringar

I høve til kategoriane referent- og setningskopling vil eg i hovudsak byggje på Källgren 1979 og nytte den same norske terminologien som i Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: ei lærebok, som byggjer på Källgren 1979 (sjå Källgren 1979: 69-93 og Vagle, Sandvik og Svennevig 1993: 144f).

Dette inneber at eg under paraplytermen referentkopling behandlar relasjonar som både byggjer på grammatisk kohesjon og på leksikosemantiske relasjonar (jf. 4.1.2.1 ovanfor). Døme på relasjonar mellom konstituentar som byggjer på grammatisk *kohesjon*, er t.d. dokter – dokteren. Her blir ein konstituent *repetert* ved hjelp av grammatiske verkemiddel. Konstituentar som blir repeterte, er det vanleg å omtale som *tekstreferentar*. Slik repetisjon skjer òg på grunnlag av leksikosemantiske relasjonar, dvs. på grunnlag av t.d. synonymirelasjonar som dokter – lege. Men blant dei leksikosemantiske relasjonane er mange òg «lausare»; dei skaper ikkje først og fremst samanheng ved å repetere, men ved å danne semantiske felt i teksten på grunnlag av semantisk slektskap eller inferens, som t.d. i døma dokter – sjukdom og sjukdom – pasient.

Dei grunnleggjande skilja mellom grammatisk og leksikosemantisk kohesjon på den eine sida og mellom ulike former for repetisjon og lausare semantiske samband på den andre er det inga nemneverdig usemje om, men tekstlingvistar kategoriserer desse skilja på ulike måtar. I klassikaren Halliday og Hasan 1976 blir t.d. dei grammatiske og leksikosemantiske koplingstypane behandla kvar for seg. Dei leksikosemantiske koplingstypane (her kalla *lexical cohesion*) blir vidare delte i gruppene *reiteration* og *collocation*. Den førstnemnde gruppa femner då om repetisjon på leksikosemantisk grunnlag, medan den sistnemnde gruppa femner om relasjonar som byggjer på semantisk slektskap (jf. Halliday og Hasan 1976: 279f).⁸⁶

Til liks med Källgren, som har ei utprega semantisk tilnærming, vil eg *ikkje* skilje mellom dei ulike koplingstypane, men samla behandle ulike former for grammatisk og leksikosemantisk baserte koplingstypar (her inkludert dei leksikosemantiske koplingstypane som *ikkje* er repetitive) under nemninga referentkopling. Dei ikkje-repetitive koplingstypane som byggjer på semantisk slektskap, er særst viktige for samanhengen i tekstar (sjå analysen i

⁸⁶ Eg viser elles til Mauranen 1993: 59f og Dahl 2000: 43f for gode presentasjonar av korleis ulike grammatiske og leksikosemantiske relasjonar blir handterte i ymse tekstlingvistiske tilnærmingar.

6.1.1.1 nedanfor). Eg vil som Källgren omtale denne koplningstypen som *inferens*.

Eg byggjer elles på den same *semantiske* forståinga av relasjonar mellom setningar eller grupper av setningar som Winter og Hoey (jf. the clause relation, sjå 4.1.2.1 og 4.2.2.2 ovanfor), og eg vil bruke termen *setningskoplning* både om eksplisitt markerte (grammatiske) og implisitte samband i tekstar. I høve til dei språklege spora eg nemner i dette kapitlet (dvs. temporal- og kausal-koplning som indikatorar for aksane temporalitet og kausalitet), vil det sjølvstykke berre vere *eksplisitte* koplningstypar som er relevante. Men i den kvalitative funksjonelle analysen vil for det første andre typar enn dei temporale og dei kausale bli trekte inn, og implisitte relasjonar vil få seg tillagt like stor vekt som dei eksplisitte. Relasjonar mellom setningar er jo ofte implisitte.

5.1.2 Referanse og proposisjonelt innhald

Via referanse til ulike storleikar, og særleg ved at slike referansar blir tekne opp att fleire gonger i ein tekst via sentrale tekstreferentar, oppstår det «innhaldet» teksten omhandlar:

Referring is one of the most important aspects of conveying the *propositional content* of a message to a receiver. By referring to entities which either are postulated to exist in the world independently of the text, or which are created by the text, the writer provides the bulk of the material by which the reader can assign an interpretation to the content of a text. (Mauranen 1993: 59, mi kursivering)

Referanse og referentkoplning er difor sentrale kategoriar i høve til det eg ovanfor har omtalt som proposisjonelt innhald. Ideasjonell og referensiell meining er termar som dekkjer om lag det same. Alle tekstar har sjølvstykke eit slikt semantisk innhald, men eg har ovanfor antyda at det er «viktigare» i deskriptive framstillingsformer i den forstand at desse framstillingsformene i større grad *berre* baserer seg på eit slikt innhald. Det vil seie at visse sentrale tekstreferentar (Tema og Tematiseringar) ikkje berre utgjer kjernen i det semantiske innhaldet, men også kjernen i funksjonsstrukturen. I dei

dynamiske framstillingsformene står sjølvsagt referanse og referentkopling like sentralt for å skape eit semantisk innhald, men i desse framstillingsformene byggjer funksjonsstrukturen på at det blir gjort noko med dette innhaldet, at dette innhaldet blir utsett for visse transformasjonar i form av t.d. den *narrative kausaliteten* Adam refererer til eller i form av ei *evaluativ innramming* som transformerer det proposisjonelle innhaldet til synspunkt og vurderingar. At dei deskriptive framstillingsformene er statiske, kan dermed reformulerast til at dei tilsynelatande berre består av proposisjonelt innhald, medan dei dynamiske framstillingsformene består av proposisjonelt innhald + «noko meir».

Skiljet mellom det proposisjonelle innhaldet og den «innramminga» det får, har vorte lagt til grunn av mange; t.d. byggjer Vande Kopples definisjon av *metadiskurs* på dette:⁸⁷

[...] many discourses have at least two levels. On one level we supply information about the subject of our text. On this level we expand *propositional content*. On the other level, the level of metadiscourse, *we do not add propositional material but help readers organize, classify, interpret, evaluate, and react to such material*. Metadiscourse, therefore, is discourse about discourse or communication about communication. (Vande Kopple 1985: 83, mine kursiveringar)

Eg vil ikkje leggje dette metadiskursomgrepet til grunn i mi tilnærming (sjå 5.2.2 nedanfor), men byggjer på ei samanfallande forståing – som ikkje minst vil gjere seg gjeldande i høve til den evaluative aksene – av at det er råd å skilje mellom det proposisjonelle innhaldet på den eine sida og t.d. organiseringa eller evalueringa av det (i teksten) på den andre.

I samband med dette er like fullt somme presisjonar og atterhald på sin plass. Tilhøvet mellom referent, uttrykk og innhald er for det første komplekst. Desse språkfilosofiske grunnlagsproblema vil eg ikkje gå inn på her. Som Mauranen vil eg poengtere at det innan tekstlingvistikken er tale om å peike på innføring og vidare-

⁸⁷ Sinclair opererer med eit liknande skilje mellom det *autonome* og det *interaksjonelle* planet i tekst (jf. Sinclair 1982: 71-72).

føring av referentar som eit tekstorganiseringsprinsipp og ikkje om å ta stilling til den semantiske relasjonen mellom lingvistisk uttrykk og den storleiken det blir referert til, på prinsipielt grunnlag (jf. Mauranen 1993: 59).

Men den tekstbaserte tilnærminga til referanse gjer ikkje situasjonen mindre kompleks. *I tekstar* vil forståinga av ein storleik det blir referert til, stadig vere i utvikling: storleiken blir i større eller mindre grad *skapt* i teksten, og ein del referansar vil rett og slett ikkje ha meining i isolasjon. Dette fører til at det i høgste grad kan diskuteras om det verkeleg er mogeleg å gjere den same referansen to gonger, og at referentkopling òg kan vere ein del av *dynamikken* i ein tekst:

Therefore, despite repetition, the same reference cannot be made twice, because every reference carries with it something of the earlier mentions. [...] Thus, each reference produces both constant and variable referential meaning. (Mauranen 1993: 72)

På dette grunnlaget bør dermed det statiske ved det proposisjonelle innhaldet nyanseras noko. Det proposisjonelle innhaldet er også i utvikling. Ikkje minst er dette tilfellet ved den semantiske koplings-typen *inferens*, som skaper semantiske felt i teksten, og som på den måten kan etablere nye og uventa meiningssamband. Denne typen samband kan òg vere høgst evaluative. «Variable referential meaning» kan difor spele ei rolle i realiseringa av dynamiske – altså narrative og argumenterande – framstillingsformer, og slike må fangast opp i analysar av dynamiske tekstparti.

Det er likevel i all hovudsak det *konstante* eller *statiske* aspektet ved referentkoplingar og ved det proposisjonelle innhaldet i det heile som kjem til å stå i fokus her.

5.2 Enonsiative spor

Eg tek no føre meg den sentrale aksa «evaluering» eller «evaluative innslag», som i stor grad er knytt til argumenterande tekstorganisering. Det «evaluative» vil her omfatte meir enn klare vurderingar;

det vil òg omfatte ulike former for spor av forfattarnærvære og nærvære av andre forfattersubjekt: Dei kategoriane eg vil leggje til grunn, er *kvalifiseringar* med undergrupper, *førstepersonspronomen*, *metatekstuelle* innslag og *referansebruk*. «Evaluative innslag» eller «evaluering» blir dermed for upresist som overomgrep.

I mi tilnærming til denne aksen har ulike rammeverk for analysen vore aktuelle. Fleire av dei kategoriane eg vil arbeide med, kan beskrivast både med utgangspunkt i *modalitet*, med utgangspunkt i *språkhandlingsanalyse* og med utgangspunkt i eit vidt *metadiskursomgrep*. Eg vil i stor grad bygge på modale kategoriar i høve til kvalifiseringane (sjå nedanfor), men korkje modalitet eller dei andre nemnde rammeverka kan dekkje *alle* dei språklege spora analysen skal fange opp.

Som paraplyterm har eg, som det går fram av overskrifta, valt *enonsiative spor*. Grunnen er at *enonsiasjon* (utseiing) er mest dekkjande som ei samla beskriving av dei ulike kategoriane eg legg til grunn. Enonsiasjon er normalt knytt til dei tre dimensjonane *person*, *tid* og *stad* (jf. 4.2.4.1 ovanfor). Det er berre dimensjonen *person* som ligg til grunn for den enonsiative forankringa eg vil operere med.

Kvalifiseringar med undergrupper er, som eg straks vil kome attende til nedanfor, ganske samanfallande med det som ovanfor har vore omtalt som evalueringar, vurderingar og garderingar. Det dreier seg om at det proposisjonelle innhaldet blir kvalifisert, eller, om ein vil, evaluert, på ulike måtar. Men dei andre enonsiative spora – førstpersonspronomen, metatekstuelle innslag og referansebruk – er ikkje primært evalueringar eller kvalifiseringar. Dei to første er spor av forfattarmanifestasjon, og det siste er spor av andre personar (dvs. andre forskarar). Kvalifiseringar er – i tillegg til å vere «evalueringar» – sjølvstendig også spor av forfattarmanifestasjon. Det som dermed er felles for desse variablane, er manifestasjonen av *person*.

Eg trekkjer altså no i stor grad inn att dei variablane eg behandla som spor av forfattarnærvære og argumentasjon under gjennomgangen av tidlegare forskning på den vitskaplege artikkelen (sjå 2.2.2

ovanfor). Det eg gjer, er dermed å integrere resultat og innsikter frå forskinga på isolerte språklege variablar i sjangeren vitskapleg artikkel i den funksjonelle tekstanalysen. Dette fører til at iallfall éin av dei variablane som her blir lagd til grunn – referansebruk – neppe vil vere særleg relevant for den evaluative aksens i andre sjangrar. Dei konkrete enonsiative spora kan truleg variere ein del frå sjanger til sjanger, men det som står fast i høve den prinsipielle tilnærminga til superstruktur, er at enonsiativ forankring av person i kombinasjon med kvalifiseringar er viktige indikatorar på den argumenterande framstillingsforma (sjå òg 5.2.5 nedanfor).

I den analytiske tilnærminga til superstruktur vil eg leggje stor vekt på dei enonsiative spora både fordi dei er sentrale i akademisk prosa, og fordi tidlegare forsking etter mitt syn i for stor grad har oversett kor viktig den enonsiative forankringa er for å skilje ulike superstrukturar frå kvarandre. Tirkkonen-Condit representerer eit unntak ved den vekta ho legg på ein språkhandlingsanalyse som nettopp fangar opp gradar av forfattarengasjement (sjå figur 18 i 4.2.3.2 ovanfor). Adam legg til grunn modulen enonsiativ forankring, og i analysane sine dreg han tidvis inn enonsiative kategoriar som modalitet (sjå t.d. Adam 1992: 124). Men som nemnt tidlegare presiserer han dessverre ikkje samanhengen mellom denne modulen og sekvensialiteten (superstrukturar) på systematisk vis. Eg vil her gjere eit forsøk på nettopp det.⁸⁸

5.2.1 Førstepersonspronomen

Dette er pronomena *jeg/eg* og *vi/me* med alle bøygde former (eigeformer inkluderte). Det dreier seg dermed om formene *jeg/eg, meg, min, mi, mitt, mine, vi/me, oss, vår, vårt, våre*. Det er først og fremst subjektformene vi vil sjå i bruk i det materialet som her skal granskast. Førstepersonspronomen er det sterkaste signalet om forfattarnærvære blant dei enonsiative spora. Dei synleggjer forfatter-subjekta, men dei er isolert «nøytrale» i høve til synspunkt, haldningar og evalueringar.

⁸⁸ Fløttum har fleire gonger peikt på at Adam ikkje utnyttar potensialet i modulen enonsiativ forankring. Sjå t.d. Fløttum 1998: 77

Særleg bruken av eintalsformene er oppfatta som «sterk», og det fører til at mange skribentar unngår dei. Her eksisterer det også store skilnader mellom ulike nasjonale akademiske kulturar (jf. Vassileva 1998). I «bottom-up»-tilnærminga vil det likevel ikkje bli differensiert mellom dei ulike formene som er nemnde ovanfor. Elles kan bruken av fleirtalsformene ha noko varierende funksjon. Dette vil heller ikkje bli fanga opp av analysen her, men eg gjev nedanfor nokre døme frå materialet for å illustrere nokre typiske bruksområde.

I dei artiklane i materialet som er skrivne av berre éin forfattar, vil som regel både eintals- og fleirtalsformne vere nytta. Førstepersonspronomen er ofte å finne i kombinasjon med metatekstuelle innslag som *her* og *i denne artikkelen*:

(10) **Jeg** skal ikke her bruke plass på regjeringsbehandlingen.
[HIS3]⁸⁹

(11) Det er svært mange morfologiske spørsmål **eg** ikkje har kommi inn på i denne artikkelen. La **meg** likevel summere opp hovudpunkta. [LING3]

Bruken av fleirtalsforma kan som nemnt ha varierende funksjon. Når *vi* blir nytta i artiklar skrivne av éin forfattar, er pronomenet *inkluderande*; dvs. at det refererer til forfattarsubjektet og lesaren/lesarane. Ein variant er den reint tekstrefererande som førekjem saman med metatekstuelle innslag:

(12) Disse endringene er, som **vi** skal se senere, mange av de samme som Elias peker på for samme periode. [HIS4]

Ein annan inkluderande variant er ein bruk av *vi* som svarer til den vanlege bruken av dei upersonlege pronomena *en (ein)* og *man*. Ein dreg her lesaren med inn i t.d. eit kunnskapsfellesskap:

(13) **Vi** finner også garder der samarbeidet var knyttet til regelmessig møteordning, uttrykte vedtekter og fast organisert lederverv [HIS1]

⁸⁹ Sjå appendiks 1 for bibliografiske opplysningar om dei ulike artiklane.

- (14) I morfologien studerer **vi** forma, fasongen eller utsjånaden til orda [...] [LING3]

Men *vi* kan også eksklusivt referere til forfattersubjektet som i (15) nedanfor:

- (15) **Vi** anbefaler de kirurgiske avdelinger ved norske sykehus som ikke allerede har gjort dette, å etablere blodspareprogrammer [...] [MED3]

Slik bruk av *vi* er det mange døme på i materialet, sidan det er mange (totalt 11) artiklar som er skrivne av meir enn éin forfattar (jf. appendiks 1).

5.2.2 Metatekstuelle innslag

Som nemnt kan eit vidt metadiskursomgrep femne om fleire av dei enonsiative spora her. Vande Kopples definisjon, som eg siterte ovanfor, representerer ein slik vid definisjon der metadiskursen omfattar organisering, klassifisering, tolking og evaluering av det proposisjonelle innhaldet. Eg vil her avgrense omgrepet metadiskurs, eller helst metatekstuelle innslag, til spor av *organisering* (tekststdeiksis).

Spor som vil vere aktuelle, er dermed tilvisingar til sjølve teksten som:

- (16) Vi hadde tre mål for **denne artikkelen**. [LING6]
- (17) I **det følgende** skal vi bruke formen DENNE til å referere til pronomenene denne, dette og disse [LING1].
- (18) Bare de norske dataene fra dette eksperimentet vil bli presentert **her** [LING6].
- (19) Noen er gjengitt **nedenfor** [LING1]:
- (20) Klasseinndelingen som er beskrevet **ovenfor** [...] [LING6].

(21) [...] **som vist i tabell 1** i en annen artikkel i **dette nummer av Tidsskriftet** [MED1]

Metatekst er demed ein ganske avgrensa kategori i mi tilnærming. Eg vil t.d. ikkje ta med tilvisingar til undersøkinga eller analysen, men berre til sjølve teksten. Dei metatekstuelle innslaga må dessutan vere *leksikaliserte*; dvs. at eg ikkje tek med tekstdeiksis av typen nedanfor, der det er vist til ein figur berre ved å nemne han i ein parentes:

(22) Resultatene med hensyn til overlevelse (fig 3)
[...] [MED1]

(21) ovanfor er elles eit interessant døme fordi det andre metatekstuelle innslaget er i gråsona mellom metatekst og referanse. Vi ser her ei form for intertekstuell tekstdeiksis der det blir vist til ein annan artikkel i same nummeret av TNL.

Metatekstuelle innslag, slik dei blir avgrensa her, er dermed som førstepersonspronomena først og fremst signal på forfattarnærvere. Metatekstuelle innslag er nøytrale med omsyn til *korleis* det proposisjonelle innhaldet blir evaluert eller kvalifisert. Dei kvalifiserer ikkje innhaldet, men er symptom på *at* det blir kvalifisert.

5.2.3 Litteraturreferansar

Referansebruk har både ei formside og ei funksjonsside (jf. 2.2.2 ovanfor). Ein vitenskapleg artikkel utan referansar til anna forskning må truleg plasserast ganske langt ute i periferien i høve til dei prototypiske eksemplara av denne sjangeren. Referansar synleggjer og bidreg til å skape eit kunnskapsfellesskap (jf. Bazerman 1988; sjå òg 2.3.4 ovanfor) innanfor dei akademiske *diskurssamfunna* (jf. Swales 1990). I argumenterande tekstoppbygging vil referansebruket truleg ha ulik funksjon. I somme tekstparti gjev referansane ei plattform av delt kunnskap. Vidare blir referansar i vitenskaplege artiklar brukte både til å støtte opp om egne synspunkt og til å markere avstand (jf. Koskela 1999 og 2000, sjå 2.2.2 ovanfor). Kvalitative analysar av kva *funksjon* referansane har i argumentasjonen, vil ikkje bli gjennomførte her, men eg vil gå ut frå at *alle*

referansar er symptom på *forhandlinga* i den vitskaplege teksten. Dermed er dei òg spor av argumenterande tekstoppbygging.

Dei ulike formene for referansebruk eg vil registrere i «bottom-up»-tilnærminga er

a) tilvising til eit forskingsarbeid ved direkte sitat (verbatim-sitat) frå eit arbeid:

(23) I denne situasjonen er det slik at «uttryck som skola och till och med paradig mister sin mening. Rörelsen befinner sig i upplösning, delvis som ett resultat av sin egen framgång» [HIS4].

b) tilvising til eit forskingsarbeid med namn, publikasjonsår og eventuelt sidetilvisingar:

(24) **Nedergaard Thomsen (1991, 1995)** går et skritt lenger [...] [LING9]

(25) [...] og derfor skal verbet utstyres med trykk i (6) (**Nedergaard Thomsen 1995: 153**) [LING9]

c) tilvising til andre forskingsarbeid ved bruk av fotnote- eller sluttnotesystemet:

(26) Det er et forsøk på å skrive Frankrikes historie 1500-1640⁴ [HIS4]

(27) Kalsiumantagonister, ACE-hemmere og α -blokkere synes også å ha liten effekt på fysisk yteevne (11-15). [MED5]

d) tilvising til andre forskarar i form av personlege fråsegner:

(28) [...] (definisjonen er gitt av **Kjetil Strand ved personlig forespørsel**) [LING1].

e) tilvising til forskar utan å referere til ein konkret publikasjon:

(29) Historiografi før og etter White blir, kan man føle, en parallell til seksualitet før og etter **Freud**. [HIS7]

Det er referansen til Freud som her er av denne typen. White er tidlegare i artikkelen introdusert i form av eksplisitte referansar. Denne typen tilvisingar er typiske ved klassikarreferansar.

f) generelle tilvisingar til forskningstradisjon og forskingslitteratur:

(30) Dette viser hvor vanskelig det kan være å sammenlikne **resultater som publiseres i litteraturen** [MED1].

(31) Jeg skal ikke her ta opp til debatt **konkurrerende hypoteser** omkring pestepidemienes opphør [...] [HIS6]

Denne siste typen omtaler eg som *leksikaliserte* referansar.

Det er nødvendig å inkludere alle dei nemnde typane fordi bruk av referansar er særst viktige signal på argumentasjon i vitenskaplege artiklar. Eg har her difor teke med referansar i form av fot- eller sluttnotesystemet, sjølv om eg elles i analysane berre vil leggje sjølve brødteksten til grunn (jf. 6.0 nedanfor). Denne typen referansar er klart mindre *synlege* enn dei andre typane, men dei er like fullt viktige indikatorar på forhandlinga i teksten.

Når det gjeld tilvisingsteknikk, eksisterer det noko varierende konvensjonar i dei tre tidsskrifta artiklane er henta frå. Dette vil eg presisere i samband med analysane i neste kapittel.

5.2.4 Kvalifiseringar

Det eg siktar til med kvalifiseringar, er klare *karakteriseringar* av det proposisjonelle innhaldet. Eg vil her leggje to hovudtypar av kvalifiseringar til grunn: a) epistemiske kvalifiseringar (kvalifiseringar på aksen sann-falsk) og b) evaluative kvalifiseringar (kvalifiseringar på aksen god-dårleg). Desse typane korresponderer i grove trekk med *garderinga* og *evalueringa*, som er presenterte i samband med tidlegare forskning på argumentasjon og forfattarnærvære i vitenskaplege artiklar (jf. 2.2.2 ovanfor).

Sjølv om det ovanfor er avklart at *enonsiative spor* her vil fungere som overterm for dei fenomena eg vil studere i høve til den evaluative aksen, er det i møte med undergruppa kvalifiseringar på nytt rom for diskusjonar av rammeverk.

Ein mogleg innfallsvinkel til analysar av uttrykte haldningar til eit saksinnhald er t.d. *språkhandlingsteorien*, som vi såg Tirkkonen-Condit bygde på i si inndeling av ulike typar representativar. Men analysar av illokusjonær intensjon treng tilgang til *kontekst*, og superstrukturar er, som vi har sett, storleikar på deltekstnivå. Etter mitt syn er det berre teksten som heilskap, forstått som ein superstrukturell konfigurasjon i ein kontekst, som kan analyserast som *språkhandling*. Hunston og Thompson argumenterer i innleiingskapittelet i boka *Evaluation in Text. Authorial Stance and the Construction of Discourse* (2000) for å nytte *evaluating* som overterm for uttrykte haldningar til eit saksinnhald. Heller ikkje ei slik løysing vil eg gå inn for.

Eg vil derimot ta utgangspunkt i kategorien *modalitet* for ei drøfting av dei ulike kvalifiseringane eg vil operere med. Dette heng saman med fleire tilhøve:

For det første står epistemiske kvalifiseringar sentralt i akademisk prosa i form av *garderinga*, og det er alt utført mykje forskning på dette fenomenet (jf. 2.2.2 ovanfor). Men ikkje alle som har arbeidd med fenomenet *gardering* i akademisk prosa, har behandla det som ein modal kategori (sjå Markkanen og Schröder 1997 og Clemen 1997), og somme av dei som har gjort det, har etter mitt syn eit noko problematisk syn på den epistemiske statusen til *garderinga*. Dette er difor noko eg vil nytte høvet til å ta opp her.

For det andre vil eg hevde at ein ved å ta utgangspunkt i *modalitet* – ein lingvistisk kategori med ein grammatikalisert kjerne – i større grad sikrar den lingvistiske forankringa både av epistemiske og evaluative kvalifiseringar enn det ein gjer ved t.d. å bruke *evaluating* (jf. Hunston og Thompson 2000) som overomgrep.

Før eg behandlar dei to ulike typane kvalifiseringar eg vil operere med, gjev eg her ein generell presentasjon av kategorien *modalitet*.⁹⁰

⁹⁰ Sjå òg Breivega 2001d, der dei teoretiske drøftingane får større plass enn her.

5.2.4.1 Modalitetsomgrepet

Modalitet er ein vag semantisk kategori, og det eksisterer mange ulike definisjons- og avgrensingsforsøk (sjå t.d. Palmer 1986: 4). Herslund strukturerer framstillinga si kring desse to definisjonane, og går sjølv inn for den siste:

- I: modality defines the set of linguistic phenomena which signal the presence of man in language (Herslund 1989: 7).
- II: modality seems to be reserved to such phenomena as expressions of possibility, necessity, permission and obligation (epistemic and deontic modality) (Herslund 1989: 8).

Med utgangspunkt i den første (og vide) definisjonen skulle det ikkje berre vere legitimt å inkludere alle typar uttrykte haldningar til eit saksinnhald i modalitetsomgrepet. Også alle typar spor av forfattarnærvære i form av t.d. førstepersonspronomen og ymse metadiskursive signal (altså somme av dei andre enonsiative spora) skulle faktisk kunne inkluderast. Med utgangspunkt i den andre (og snevrare) definisjonen er desse sistnemnde kategoriane av språklege spor utelatne. Vidare er det berre haldningar til eit saksinnhald som gjeld grad av visse/sanningsgehalt (epistemisk), eller haldningar i høve til å utføre handlingar (deontisk) som blir rekna med. I strengaste forstand er denne typen modalitet knytt til dei modallogiske operatorane «mogelegheit» (possibility) og «nødvendigheit» (necessity) (jf. Lyons 1977: 787 og Herslund 1989: 13).⁹¹

Eg vil leggje til grunn ei forståing av modalitet som avgrensar det modale til *klare kvalifiseringar av eit saksinnhald*. Språket inneheld også mange andre spor av «the presence of man», men spor som ganske enkelt signaliserer menneskeleg nærvære, er etter mitt syn berre *enonsiative* og *ikkje* modale: det modale impliserer *ein måte å sjå ting på*, ikkje nærvære per se. Kva type kvalifiseringar som skal reknast med, er det meir problematisk å avgjere. På norsk er det berre epistemisk og deontisk modalitet som er grammatikali-

⁹¹ Med utgangspunkt i desse to modallogiske operatorane dekkjer ein det epistemisk mogelege og nødvendige, medan det deontisk mogelege og nødvendige blir « the logic of obligation and permission» (Lyons 1977: 823).

sert, og det er difor ikkje vanleg å rekne kvalifiseringar på aksen god-dårleg som modale. Men ein del andre språk har grammatikalisert evaluativ modalitet (jf. Palmer 1986:12, 121, 225), og som vi skal sjå nedanfor, er kvalifiseringar på aksen god-dårleg på ulike vis i slekt med både epistemisk og deontisk modalitet.

Kva løysing ein fell ned på her, altså om ein vel å sjå evaluative kvalifiseringar som modale, er først og fremst av teoretisk interesse. I den analytiske tilnærminga i neste kapittel vil dei to ulike typane kvalifiseringar eg opererer med, i all hovudsak bli behandla samla som *indikatorar* på argumenterande tekstopppbygging. Det er like fullt viktig å presisere skilnaden mellom dei av metodiske omsyn, slik at det blir klart kva språklege signal analysen av ulike typar kvalifiseringar byggjer på.

Eg tek no føre meg den språklege realiseringa av epistemisk og deontisk modalitet på norsk. Deretter behandlar eg dei to typane kvalifiseringar eg legg til grunn. Kva plass deontisk modalitet vil ha i høve til dei to hovudtypane av kvalifiseringar, kjem eg tilbake til seinare.

5.2.4.2 Språkleg realisering av epistemisk og deontisk modalitet på norsk

Til no har eg teke utgangspunkt i modalitet som ein semantisk kategori og late vere å kommentere den språklege realiseringa. På norsk er det, som alt nemnt, berre epistemisk og deontisk modalitet som blir *grammatikalisert*. Som det vil gå fram nedanfor, vil eg også rekne med leksikalske realiseringar av desse modale kategoriane.

Med grammatikalisering forstår eg her at dei ulike haldningane kjem fram via grammatiske kategoriar som t.d. modus, verbalmorfologi eller klitika.⁹² I somme språk er slike grammatiske system svært utbygde, og haldningar som i eit språk som norsk berre kan uttrykkjast leksikalsk, er grammatikalisererte (jf. Palmer 1986).⁹³

⁹² Sjå Hopper og Traugott (1993) for ei innføring i grammatikalisering.

⁹³ Språket ngiyambaa har t.d. morfologiske kategoriar for imperativ, fortid, notid, føremål og irrealis og klitika for påstandar, kategoriske påstandar, motpåstandar, hypotesar, eksklamativar, ignorativar m.m. (jf. Palmer op.cit.: 46-49).

Det som eksisterer av grammatikalisert modalitet på norsk, er (restane av) *modus*-systemet (indikativ, imperativ og konjunktiv) og konstruksjonar med *modalverb*.⁹⁴ Av moduskategoriane vil eg her berre rekne med *indikativ* og *imperativ*.⁹⁵ Imperativ er ein klart markert modal kategori, som uttrykkjer deontisk modalitet. (32) nedanfor er eit konstruert eksempel:

(32) Legg ned Rikshospitalet!

Indikativ er ofte presentert som den *umarkerte* modusforma (jf. Palmer 1986: 88 og *Norsk referansegrammatikk* (heretter: *Nrg*): 580).

(33) Pasientene blir utredet for sin leversykdom ved Medisinsk avdeling A. [MED1]

(34) Totalt er det på Rikshospitalet utført 114 levertransplantasjoner hos 106 pasienter i perioden 15.2.1984 - 31.12.1994 . [MED1]

(33) og (34) har ingen markert modalitet i den forstand at ytringane seier noko om grad av visse (epistemisk), eller at det er uttrykt ønske om handlingar på noko vis (deontisk). Saksinnhaldet er heller ikkje på anna vis kvalifisert som ønskjeleg, bra, dårleg etc. Det er likevel noko omdiskutert om det er rett å hevde at indikativ (eller den umarkerte deklarativen) er modalt umarkert. Denne diskusjonen vil eg kome attende til under behandlinga av epistemisk markerte kvalifiseringar (sjå 5.2.4.3 nedanfor).

Modalverba er den viktigaste måten modalitet blir grammatisk uttrykt på i norsk:

(35) Aktuell informasjon **kan** også ligge gjemt i semjer [HIS1]

⁹⁴ Tempus er òg i stor grad ein modal kategori, men av avgrensingsomsyn behandlar eg ikkje desse eigenskapane ved tempuskategorien her. Sjå elles 4.3 nedanfor.

⁹⁵ Konjunktiv vil eg sjå bort frå fordi dette er ein marginal kategori i moderne norsk (fagspråk).

(36) Norske pasienter **må** sikres et behandlingstilbud som er fullt etablert [MED1]

Kunne i (35) er brukt epistemisk, og *måtte* i (36) er brukt deontisk. Det er elles typisk for modalverba at dei har dobbel tyding, dvs. at eitt og same modalverb kan uttrykkje både epistemisk og deontisk modalitet:

(37) Du **må** vere trøytt. (epistemisk)

(38) Du **må** ta eksamen. (deontisk)

Strengt lingvistiske tilnærmingar til modalitet vil ofte avgrense studieobjektet til modalitet som er uttrykt via slike grammatiske kategoriar som vi no har sett på (jf. t.d. Palmer 1986). Eg vil her trekkje inn *leksikalske* uttrykksmåtar.

Vi ser t.d. svært ofte følgjande kombinasjon: modalt hjelpeverb brukt epistemisk + leksikalsk verb som understrekar eller forsterkar uvissa. (39) illustrerer kombinasjonen av *kunne* og det leksikalske verbet *tyde på*:

(39) Sammenliknet med tall for Sverige, hvor det totalt i perioden 1990-93 ble transplantert 25 pasienter på grunn av kronisk viral hepatitt (7), **kan** våre tall **tyde på** en underrepresentasjon av disse pasientene i Noreg. [MED1]

Denne typen uttrykksmåtar er så vanleg i akademisk prosa at det faktisk tok tid å finne eit eksempel til (35) ovanfor, fordi eg der ønskte å vise modalverbet kombinert med eit verb som er modalt umarkert (*ligge*).

Leksikalske uttrykk kan altså kombinerast med grammatiske, men ofte er situasjonen at det er leksikon åleine som uttrykkjer modaliteten.

(40) Det er **mulig** at det finnes en slik faktor, men ting **peker mer i retning av** at det er et samspill mellom flere faktorer som avgjør. [LING10]

Vi ser i (40) eksempel på bruk av adjektivet *mulig* og verbalsyn- tagmet *peke i retning av*. Adverb og substantiv kan sjølvsagt også uttrykkje modalitet (*kanskje, visstnok, mulighet*).

5.2.4.3 Epistemiske kvalifiseringar

Epistemisk modalitet har ei særstilling innan akademisk prosa, sidan tekstane akademikarar produserer, i så stor grad handlar om kunnskap (episteme: kunnskap). Epistemisk modalitet er langt på veg konvensjonalisert i akademisk prosa i form av *garderinga* (the hedge), som mange fagspråkforskarar har interessert seg for (sjå m.a. Zuck og Zuck 1986, Banks 1994, Markkanen og Schröder 1997, Hyland 1998b og dessutan presentasjonen i 2.2.2 ovanfor).

Dei to oftast siterte definisjonane av gardering er

– «the process whereby the author reduces the strength of what he is writing» (Zuck og Zuck 1986: 172) og

– «any manipulative non-direct sentence strategy of saying less than one means» (Markkanen og Schröder 1989, her sitert etter Banks 1994: 587).

Det vi skal merke oss ved desse definisjonane, er dei begge knyter garderinga til det vi kan kalle *reservasjonsretorikken* i aka- demisk prosa. Å gardere er ifølgje desse definisjonane å tone ned og dempe påstandane ein fremjar eller t.o.m. å «seie mindre enn ein meiner» (korleis no det eigentleg skal forståast). Det ligg òg i sjølve termen gardering at det er tale om å signalisere atterhald, reserva- sjon eller uvisse i høve til sanningsgehalten i det saksinnhaldet som blir lagt fram.

(41)-(44) nedanfor kan her tene som typiske eksempel på gar- deringar, slik dei er definerte ovanfor:

- (41) Sammenliknet med tall for Sverige, hvor det totalt i peri- oden 1990-93 ble transplantert 25 pasienter på grunn av kronisk viral hepatitt (7), **kan** våre tall **tyde på** en under- representasjon av disse pasientene i Norge. [MED1]

- (42) Allerede nå kan vi røpe at rekkefølgen av thetarollene **ser ut til** å være den mest avgjørende faktoren. [LING10]
- (43) Det er **mulig** at vomeronasale formidler luktforandringer som skjer i løpet av menstruasjonssyklus. [MED8]
- (44) Det **ser** uansett **ut til** at subjektsvegringen er langt svake-re setningseksternt, noe som **tyder på** at der finnes andre betingelser – **kanskje** mer i tråd med logoforiske pronomener. [LING1]

Forfattersubjekta slår ikkje kategorisk fast at tala viser ein underrepresentasjon, at thetarollene er dei mest avgjerande, at vomeronasale formidlar luktendringar i menstruasjonssyklusen, eller at vilkåra er dei same som for logoforiske pronomener. Dei garderer seg ved å skrive at tala *kan tyde på* at det har seg slik, at thetarollene *ser ut til* å vere dei viktigaste, at det er *mogeleg* at vomeronasale formidlar luktendringar, og endeleg at det omtalte fenomenet *kanskje* har same bruksvilkår som logoforiske pronomener. Alle døma i (41-44) er dermed epistemisk markerte på den måten at det klart blir signalisert *atterhald* og *uvisse*.

Hyland er blant dei fagspråkforskarane som klart knyter garderinga til modale kategoriar. Innleiingsvis definerer han garderinga slik:

In sum, in this study hedges are the means by which writers can present a proposition as an opinion rather than a fact: *items are only hedges in their epistemic sense, and only then when they mark uncertainty* (Hyland 1998b: 5, mine kursiveringar).

Hyland ser altså ut til å meine at epistemisk markerte utsegner også kan signalisere større grad av visse, men at garderinga berre omfattar slike utsegner som klart signaliserer usikker kunnskap. Dette kan i utgangspunktet verke som eit tilforlateleg standpunkt på bakgrunn av det som til no er sagt om garderinga, og dei eksempla som er gjevne. Men denne avgrensinga er faktisk problematisk.

Hyland gjev ikkje sjølv døme på epistemisk markerte utsegner som ikkje (eller i mindre grad) signaliserer uvisse. Det er dermed litt uklart kva grenseoppgangar det er han måtte sikte til. Men det er

ganske interessant å registrere at Hyland, trass i den avgrensinga han prøver å gjere i sin definisjon av garderinga, faktisk ser ut til å innlemme epistemisk markerte utsegner som signaliserer stor grad av visse.

(45) **We suggest** here that the endogenous ligand for the NPA receptor is a conjugate of IAA [...] (eksempel frå Hyland 1998b: 211)

(46) **We conclude** that the fluorescence quenching seen here is not due [...] (eksempel frå Hyland 1998b: 122)

(45) signaliserer sjølvsagt atterhald, sidan det er tale om å gjere framlegg om noko framfor å slå fast at noko er slik eller slik. Men samanlikna med språkeksempla ovanfor (41-44) må det kunne hevdast at det i (45) meir er tale om å *knyte påstandsinnhaldet til forfattarane si dømmekraft* enn å signalisere uvisse i høve til sjølve påstandsinnhaldet. (46) blir eit endå mindre velvalt døme i høve til den avgrensinga Hyland har gjort: Er ein ikkje rimeleg sikker på noko når ein konkluderer?

Korleis skal så dette mis høvet oppfattast? Ein kunne sjølvsagt berre karakterisere dette som upresise og uklare eksempel frå Hylands hand (noko dei for så vidt uomtvisteleg er, slik han har definert garderinga). Men dette er etter mitt syn symptom på noko meir interessant enn ein tilfeldig inkonsistens, nemleg at det er ganske vanskeleg – og kanskje ikkje eingong særleg føremålstenleg – å operere med eit skilje mellom det klart usikre og det som er markert epistemisk på «sikrare» vis.

Her kan det vere nyttig å gå tilbake til diskusjonen omkring den modale statusen til indikativ eller den umarkerte deklarativen, som eg tangerte under 5.2.4.2 ovanfor. La oss ta utgangspunkt i eitt av dei døma på gardering som vi alt har sett (tidlegare (43), no (47b)):

(47a) Vomeronasale formidler luktforandringar som skjer i løpet av menstruasjonssyklus.

(47b) Det er **mulig** at vomeronasale formidler luktforandringar som skjer i løpet av menstruasjonssyklus. [MED8]

(47c) Det er **hevet over tvil** at vomeronasale formidler luktforandringer som skjer i løpet av menstruasjonssyklus.

(47d) **Vi er sikre på** at vomeronasale formidler luktforandringer som skjer i løpet av menstruasjonssyklus.

Palmer hevdar at ein umarkert deklarativ, som den vi ser i (47a), er modalt umarkert eller nøytral (Palmer 1986: 88). Dyvik (1980/1996: 103) og Lyons (1977: 809) forsvarer eit anna syn: nemleg at *den umarkerte deklarativen er den mest kategoriske måten ein kan uttrykke seg på*. Sjølv deler eg det siste synet. Når ein på eit eller anna vis relaterer påstandsinnhaldet til eiga dømmekraft – anten det dreier seg om intuisjon, generelt kunnskapsnivå, deduksjonar eller utrekningar – så står påstandsinnhaldet fram som mindre sikkert enn i den umarkerte deklarativen. Som Dyvik formulerer det, «relaterer utsagnet uttrykkelig til avsenders viten, og dermed blir påstandsvirkningen svakere» (jf. Dyvik 1980/1996: 103). Dette gjeld altså også når ein markerer stor grad av visse, som i (47c-d) ovanfor og i døma eg siterte frå Hyland. Ein har like fullt transformert ei potensiell fakta-utsegn til ei meningsytring. Epistemisk markerte utsegner vil altså *alltid* vere svakare enn kategoriske utsegner. På bakgrunn av dette opplever eg framlegga til avgrensing av garderinga som ein subtype av epistemisk modalitet som både vanskeleg handterbare og lite føremålstenlege. Det er meir fruktbart å ta føre seg det *epistemisk markerte*, uavhengig av grad av signalisert (u)visse. Termen *gardering* vil eg difor ikkje bruke, fordi han er misvisande i høve til mi forståing av epistemisk kvalifisering.

Epistemiske kvalifiseringar er altså *alltid* enonsiative spor av avsendersubjektet, og dei plasserer seg langs *aksen sann-falsk*, som tentativt kan skisserast som i figur 39 nedanfor:

Epistemiske kvalifiseringar

sann/sikker----sannsynleg----mogeleg----usikker----falsk/usann

Figur 39: Epistemisk akse

I den analytiske tilnærminga her vil dermed *alle typar epistemiske kvalifiseringar* (eller kvalifiseringar på aksene sann-falsk) bli lagde

til grunn. Også kvalifiseringar som uttrykkjer stor grad av visse, som i (48) nedanfor, blir dermed rekna med:

- (48) I alle eksemplene ovenfor er det **klart** at det subjektet som ikke kan være antesedent, også har den mest prominente rollen. [LING1]

I høve til dei språklege spora av epistemiske kvalifiseringar viser eg elles til alle døma som er nytta i diskusjonen ovanfor. Eg presiserer elles at blant dei norske modale hjelpeverba står *kunne* i ei særstilling som epistemisk markør, og at dette hjelpe verbet truleg er det mest frekvente epistemiske sporet i materialet her. Men alle førekomstar av *kunne* i materialet er sjølvstilt ikkje epistemiske. For det første finn vi ganske mange førekomstar av *kunne* i deontisk tyding:

- (49) Vi vil derfor reise spørsmålet om alle som **kan** ha nytte av denne behandlingen, får tilbudet. [MED1]

For det andre finst ein annan bruk av dette frekvente hjelpe verbet, som knapt er rekna som modal og som iallfall ikkje er epistemisk. Det er den *dynamiske* bruken av *kunne*, der tydinga blir noko i retning av å ha «evne eller en ferdighet» (jf. Nrg: 581).

- (50) Vi **kan** gi råd om disse pasientene uten innleggelse hvis opplysninger og røntgenbilder sendes for diskusjon på våre ukentlige fellesmøter. [MED1]

Denne typen bruk av *kunne* blir sjølvstilt ikkje lagd til grunn som spor av epistemiske kvalifiseringar.

5.2.4.4 Evaluative kvalifiseringar

Som evaluative kvalifiseringar – eller kvalifiseringar på aksene god-dårleg – vil eg rekne t.d.

- (51) Dette er **utilgivelig nonchalant** gjort av forfatteren [LING8]

- (52) Det er **påfallende** at ratene har økt år for år i de øvrige nordiske land [MED1]

- (53) I dagens forskningssituasjon blir det da **en viktig kilde til ny innsikt** å kombinere flere historiografiske tradisjoner [HIS4]
- (54) Her i Norden er det forståelsen av sivilisasjonsprosessen som en statlig organisert disiplineringsprosess som har vist seg **mest fruktbar** [HIS4]
- (55) Preteritumsbøyning, med sin veksling mellom sterk og svak bøyning, kan gi **nyttig** informasjon om hvordan barn gradvis mestrer morfologien i språket sitt [LING6]
- (56) Innføringen av syklosporin A tidlig på 1980-tallet var et **vesentlig bidrag** til utviklingen av dette behandlingsprogrammet [MED1]

(51)-(52) er her kvalifiseringar i form av *negative* vurderingar, medan (53)-(56) er *positive* vurderingar. Blant dei språklege spora er *evaluative adjektiv* særst viktige (jf. *nonchalant, viktig, ny, påfallende, fruktbar, nyttig* og *vesentlig*). Dei språklege spora for denne typen kvalifiseringar er leksikonbaserte. Ved sida av adjektiva kan òg alle andre leksikalske ord fungere evaluativt. Aktuelle verb kan vere *revolusjonere, nyutvikle* etc., og av substantiv finn vi t.d. *kilde, innsikt* og *bidrag* i døma ovanfor. Fordi substantiv og adjektiv står sentralt her, er kvalifiseringar på aksen god-dårleg ofte situerte på nominalfrasenivå.⁹⁶

Sentralt på aksen god-dårleg står i vitskaplege artiklar dikotomiar som viktig-uviktig og interessant-uintressant (sjå figur 40 nedanfor). Evaluative kvalifiseringane dreier seg difor også i stor grad om *kunnskap* i den forstand at kunnskap (dvs. problemstillingar, metodar, teoriar etc.) blir vurdert som meir eller mindre relevant, interessant og viktig. Dette kjem i døma ovanfor best fram i (53) og (55).

⁹⁶ Mi tilnærming til denne typen kvalifiseringar er m.a. inspirert av Hunston og Sinclair 2000, som kjem med framlegg til ein lokal grammatikk for evalueringa.

Evaluative kvalifiseringar

God-----dårleg

viktig	uviktig
interessant	uinteressant
relevant	irrelevant

Figur 40: Evaluativ akse

I all språkbruk ligg det elles implisitte karakteriseringar og dermed implisitte kvalifiseringar på aksen god-dårleg. Når det t.d. i ein av dei historiske artiklane heiter at

(57) Muchembled hører til Elias-tradisjonen i sin problemstilling [HIS4]

kan det i dette sjølv sagt liggje ei positiv eller negativ vurdering av Muchembleds val av problemstilling. Men dette kan ein ikkje ta stilling ved å vurdere (57) i isolasjon, og denne typen karakteriseringar vil difor ikkje bli rekna som kvalifiseringar på aksen god-dårleg her.

I presentasjonen av modalitet ovanfor vart det også gjort greie for den *deontiske* typen. Deontisk uttrykt modalitet markerer ikkje gradar av visse i høve til eit påstandsinnhald, men *to deon* («det som bør gjerast»). Deontisk uttrykte haldningar går dermed «på det å få utført eller gjennomført en viss handling» (jf. Nrg: 580). Eg vil her relatere denne typen modalitet til kvalifiseringar på aksen god-dårleg, noko som fører til at også somme av desse kan reknast som modale.

I døme (58) nedanfor er det deontiske knytt til handlingar som kan føre til eit høgare kunnskapsnivå. I denne direkte oppmødinga ligg det sjølv sagt ei positiv vurdering av at slike handlingar er «bra». Vi ser at (58) dessutan er kvalifisert positivt via adjektivet *rikt*. I døme (59) er det deontiske knytt til handlingar som via den typen kvalifiseringar vi såg døme på ovanfor, er kvalifiserte som positive (*livreddende* m.m.).

- (58) Forskere som ønsker å gå nærmere inn på disse stilistiske spørsmål, **vil** finne et rikt materiale i Ingerid Dals etterlatte manuskript [LING7]
- (59) Norske pasienter **må** sikres et behandlingstilbud som er fullt etablert, og som er et livreddende inngrep med stor mulighet for tilbakeføring til normal livs- og arbeidsfunksjon [MED1]

Denne typen deontiske kvalifiseringar vil eg difor rekne som ei undergruppe av kvalifiseringar på aksene god-dårleg.

At det eksisterer glidande overgangar mellom «evaluative» kvalifiseringar og deontisk modalitet synleggjer at det er vanskeleg å trekkje klare grenser mellom modale kategoriar. Min intuisjon er at det også er ein slektskap mellom evaluative kvalifiseringar og epistemiske kvalifiseringar. Både evaluative og epistemiske kvalifiseringar kvalifiserer ein entitet X langs ein akse, og i artikkelmaterialet (og i norsk elles) kan ein ofte sjå svært parallelle syntaktiske konstruksjonar i bruk for begge desse kvalifiseringstypene (konstruerte døme her):

- (60a) Bakteriar fører til hjarteinfarkt.
- (60b) Bakteriar kan føre til hjarteinfarkt.
- (60c) Det er mogeleg at bakteriar fører til hjarteinfarkt.
- (60d) Det er påfallande/interessant/forferdeleg at bakteriar fører til hjarteinfarkt.

(60a) er den umarkerte deklarativen som uttrykkjer det proposisjonelle innhaldet kategorisk (i epistemisk forstand) og nøytralt i evaluativ forstand. (60b) og (60c) har markert epistemisk modalitet, (60b) via ein grammatikalisert uttrykksmåte og (60c) via ein leksikalsk uttrykksmåte. (60d) er også ei leksikalsk uttrykt kvalifisering, i dette tilfellet på aksene god-dårleg. Det vi kan observere, er den samanfallande syntaktiske strukturen i (60c) og (60d). Begge er døme på ein syntaktisk konstruksjon som er svært tenleg for å uttrykkje haldningar av ulike slag, nemleg den komplekse setningsty-

pen formelt subjekt + verbal (i form av kopula) + predikativ (i form av eit epistemisk eller evaluativt adjektiv) + potensielt subjekt (i form av ei nominal leddsetning). Denne typen konstruksjonar er det mange av i artiklane i materialet mitt, og dei uttrykkjer skiftevis epistemiske og evaluative kvalifiseringar.

Det skulle no vere klart kva eg siktar til med evaluative kvalifiseringar (eller kvalifiseringar på aksen god-dårleg), og det er gjeve døme på ei rekkje ulike språklege spor. Vidare har eg òg vore inne på den modale statusen til denne typen kvalifiseringar og peikt på ulike former for slektskap mellom epistemisk og deontisk modalitet og evaluative kvalifiseringar. Dette er etter mitt syn interessante observasjonar.

5.2.5 Oppsummering

Eg gjev no ei samla oppsummering av dei enonsiative spora, der eg først og fremst vil presisere kva superstrukturar desse spora – eller meir presist *oppføringar* av dei – kan vere indikatorar på. Eg tek no føre meg dei tre superstrukturane som her er lagde til grunn i tur og orden. Hypotesane er som følgjer:

Deskriptive strukturar

Førekomstar av enonsiative spor av *nokon som helst type* er eit teikn på *fråvære* av deskriptive strukturar.

Narrative strukturar

Det er først og fremst *evaluative kvalifiseringar* som er indikatorar på narrative superstrukturar. Dei realiserer sluttvurderinga i komponenten *Koda*. Dei fleste andre enonsiative spora – særleg referansebruk og epistemiske kvalifiseringar – er mindre relevante, men førstepersonspronomen kan førekome.

Argumenterande PL-strukturar

Førekomstar av enonsiative spor av *nokon som helst type* er indikatorar på at eit tekstparti er argumenterande strukturert. Dette er den generelle hypotesen.

Meir spesifikt kan dei ulike enonsiative spora tentativt graderast i høve til argumentativ styrke. Kvalifiseringar av alle typar reknar eg som dei sterkaste enonsiative spora av argumentasjon. Kvalifiseringane på aksen god-dårleg er elles felles for argumentativen og narrativen, medan epistemiske kvalifiseringar er meir prototypiske for argumentativen, og ikkje minst i vitskapleg argumentasjon, som er studieobjektet her. Førstepersonspronomen, metatekstuelle innslag og referansebruk er enonsiative spor som isolert sett er svakare. Dei er, som nemnt ovanfor, ikkje kvalifiseringar i seg sjølve, men potensielle teikn på *at* det blir kvalifisert.

PL-strukturen kviler, som vi har sett, på relasjonen situasjon-evaluering, og kvalifiseringar på aksen god-dårleg er nettopp realiseringar av positive eller negative vurderingar i denne strukturen. Eg presiserer at eg bruker termen *vurdering* om slike kvalifiseringar på mikroplanet for å unngå samanblanding med komponenten *Evaluering*. Også epistemiske kvalifiseringar kan *fungere* som negative eller positive vurderingar: at noko er kvalifisert som usikkert eller uklart, kan t.d. vere det *problemet* PL-strukturen er bygd opp rundt.

5.3 Temporalitet

Temporalitet er den andre viktige aksen som vart etablert i førre kapitlet. Med temporalitet vil det her konkret bli sikta til to fenomen: a) temporal tekstorganisering i form av temporalkopling og b) distribusjon av tempusformer.

Eit par presiseringar er på sin plass før eg presenterer dei to kategoriane nærare. Som det har gått fram av presentasjonen av omgrepet enonsiasjon ovanfor, er enonsiasjon i tradisjonen etter Benveniste knytt til dei tre dimensjonane *person*, *tid* og *stad*. Det er her berre den enonsiative forankringa av person som blir behandla. Benvenistes forståing av enonsiasjonen reflekterer at temporalitet og tempus er komplekse lingvistiske kategoriar. Tempus er det mest prototypiske uttrykket for tidsreferanse, men tempus er òg ein modale kategori. Dei modale eller enonsiative aspekta ved temporalitet vil av avgrensingsomsyn *ikkje* bli behandla her. Med temporalitet

forstår eg her altså først og fremst tidsreferanse og plassering av tekstsegment langs ein tidsakse.⁹⁷

5.3.1 Temporal tekstorganisering

At det semantiske innhaldet i ein tekst er organisert langs ein tidsakse, kan kome fram via ulike verkemiddel. Blant dei språklege spora står setningskoplingstypen *temporalkopling* sentralt.

Temporalkopling blir *eksplisitt* signalisert via tidsadverbiale uttrykk som *no, då, når, før, så, deretter, seinare, medan, idet, i dag, i går* etc. Temporalkopling kjem òg til uttrykk via leksikalske eller numeriske tidsopplysningar som *i mellomalderen, på ettersommar* og *i 1833*. Nokre døme frå artikkelmaterialet er

(61) **Allerede før** ervervet uttrykte Falman i Centralgruppens styre [...] [HIS10]

(62) **Mellom 1880 og 1920** ble det bygd en rekke sulfitt fabrikker i Sverige. [HIS10]

Men situasjonen er ofte er implisitt. Segment i ein tekst kan ofte vere organiserte langs ein tidsakse utan at dette er eksplisitt signalisert. I instruksjonar vil t.d. dei ulike handlingane prototypisk vere presenterte i ei tidslogisk rekkjefølgje som ikkje treng å vere markert. Dette inneber at temporal tekstorganisering ofte ikkje kan fangast opp ved å registrere overflatesignal eller språklege spor. Denne sida ved aksens temporalitet vil dermed ofte først kunne bli fanga opp ved ein kvalitativ funksjonell analyse.

5.3.2 Tempus

I høve til teksttypologiseringsproblematikken har det vore vanleg å ha som utgangspunkt at dei enkelte framstillingsformene er dominererte (kvantitativt) av bestemte tempusformer. Werlich 1976 knyter

⁹⁷ For drøftingar av tempus som modal kategori sjå t.d. *Nrg*: 583 og Engh 1993: 25. Benvenistes skilje mellom *discours* og *histoire* (sjå 4.2.4.1 ovanfor) og Weinriches skilje mellom *besprochene Welt* og *erzählte Welt* (jf. Weinrich 1973 og Fossetøl 1980: 392) er i stor grad baserte på modale aspekt ved tempuskategoriar.

såleis narrativen til den engelske tempusforma «past» (preteritum) og argumentativen og eksposisjonen til tempusforma «present» (presens), medan deskriptiven ifølgje Werlich kan vere dominert av så vel presens- som preteritumsformer. Mellom anna fordi ulike tempusformer har til dels vide bruksområde, vil alle som arbeider med teksttypologi, raskt innsjå at det ikkje eksisterer noko symmetrisk tilhøve mellom framstillingsform og tempus. Historisk (eller dramatisk) presens kan t.d. nyttast i narrativar.

Tilhøvet mellom tempusformer og tidsreferanse er komplekst. Til dømes *kan* både presens og preteritum på norsk referere til både fortid, notid og framtid (jf. Engh 1993: 3, 14). Eg vil ikkje her gjere greie for dette problemkomplekset, men som ei operasjonaliserbar generalisering leggje til grunn at *presens* er den mest *umarkerte* tempusforma på norsk, ei form som i tillegg til å referere til notid også prototypisk viser til generelle og habituelle tilhøve, og at *preteritum* prototypisk har fortidsreferanse.

Presens og preteritum er vidare dei *enkle* eller *eigentlege* tempusformene i norsk. Presens og preteritum dannar dei finitte formene i alle dei *samansette* tidene, og *Nrg* deler på dette grunnlaget det norske tempussystemet inn i «presenssystemet» og «preteritumsystemet» (jf. figur 41 nedanfor). Dette er ein inndeling eg vil bygge på her.

presenssystemet:	presens (reiser) presens perfektum (har/er reist) presens perfektum futurum (skal/vil ha/være reist) presens futurum (skal reise)
-------------------------	--

preteritumssystemet	preteritum (reiste) preteritum perfektum (hadde/var reist) preteritum perfektum futurum (skulle/ville (ha/være) reist) preteritum futurum (skulle reise)
----------------------------	---

Figur 41: Presens- og preteritumssystemet (jf. Nrg: 542)

Formene i presenssystemet vil eg referere til som *notidige* tempusformer og formene i preteritumssystemet som *fortidige* tempusformer. Skiljet mellom notidige og fortidige tempusformer er nyttig i høve til store einingar som tekstar, der det sjølvsagt vil ovre seg mange ulike tempusformer. Ved å kartleggje dei ulike tempusformene i ein tekst, kan ein raskt danne seg eit oversyn over kva former (notidige og fortidige) som dominerer. Hypotesane tek her utgangspunkt i distribusjonen av fortidige former fordi dei blir oppfatta som dei mest markerte, og den viktigaste hypotesen i høve til dei ulike superstrukturane er her negativt formulert:

Førekomstar av fortidige tempusformer er eit indisium på at framstillingsforma ikkje er argumenterande.

Stilt overfor eit tekstparti med store innslag av fortidige tempusformer er PL-strukturen dermed ikkje ein aktuell lesemåte. Fortidige tempusformer kan derimot, som tidlegare presisert, førekome både i narrative og deskriptive framstillingsformer. Eg vil her gå ut frå følgjande:

1 Førekomstar av fortidige tempusformer i kombinasjon med kausalitet og kvalifiseringar på aksen god-dårleg kan indikere narrativ tekstorganisering.

2 Førekomstar av fortidige tempusformer i tekstutsnitt der det ikkje er spor av aksane kausalitet og evaluering (enonsiative spor), peiker i retning av deskriptive framstillingsformer.

5.4 Kausalitet

Kausalrelasjonar dreier seg om ei rekkje former for «årsak-verknad»-relasjonar, inkludert intensjon, vilkår og følgjer, og er her knytt til aksen kausalitet. Denne aksen er den det vil vere minst å seie om i dette kapittelet. Dette heng saman med at det viktigaste språklege sporet av kausalitet er setningskoplingstypen kausalkopling, og som nemnt ovanfor er setningskopling ofte ikkje eksplisitt markert. Ikkje minst gjeld dette kausalrelasjonar (jf. Källgren 1979: 89, sjå òg døme under 4.1.2.1 ovanfor).

Når setningskoplinga ikkje er eksplisitt, vil vi ikkje finne overflatespor som kan danne grunnlag for tekstprofilar. Som ved temporal tekstorganisering må difor kausalitet i større grad enn enonsiative spor og distribusjon av tempusformer etablerast i dei kvalitative djupanalysane. Eventuelle eksplisitt signaliserte kausalrelasjonar er likevel særst viktige signal, ikkje minst fordi kausaliteten då må kunne reknast som sterk.

Kausalkoplingar kan eksplisitt uttrykkjast via sambindarar som *difor, sidan, slik at, då, på grunn av* etc. Eg vil dessutan sjå Källgrens *summative* koplingstype som ein kausalrelasjon (jf. Källgren 1979: 90). Når samanhengen mellom parti i teksten blir oppsummert som *altså* X, blir det uttrykt ein kausalrelasjon.

I tillegg nemner eg en passant den *adversative* koplingstypen som typisk er signalisert via sambindarar som *men, imidlertid, like fullt, derimot*. Denne koplingstypen er ikkje alltid rekna som kausal. Etter mitt syn har adversative koplingar kausale sidetydingar, og dei vil dessutan ofte førekome i kombinasjon med eksplisitte og implisitte kausalkoplingar.

Kausalkoplingar er dessutan svært ofte signaliserte *leksikalsk* via verb som *føre til, resultere i, forårsake, kome av* og substantiv som *årsak, resultat, verknad, konsekvens* etc.

Nokre døme på eksplisitte kausalkoplingar frå materialet:

- (63) Normalt var det **således** i sulfittindustriens interesse å ha tilgang på kopperfattig kis [HIS10]
- (64) Kisen fra Bjørkaasen ble hevdet å være attraktiv for svensk sulfittindustri og svensk svovelsyreproduksjon **fordi** den var kopperfattig og dessuten inneholdt lite av de skadelige stoffene arsen og selen [HIS10]

Førekomstar av eksplisitte kausalkoplingar er ein indikator på at eit tekstparti kan vere både argumenterande, narrativt og eksplikativt organisert. Kausale innslag må difor sjåast i samanheng med temporale og evaluative innslag (sjå 4.3.4 ovanfor).

6 SUPERSTRUKTURELLE KONFIGURASJONAR

6.0 Innleiing

Vi er no komne fram til analysen av dei seks vitskaplege artiklane som vart presenterte på slutten av kapittel 3. Desse analysane er tidvis refererte til som djupanalysar ovanfor. Med *djupanalyse* siktar eg her til at dei superstrukturelle konfigurasjonane i desse tekstane skal studerast og kartleggjast. Ved utgangen av dette kapitlet skal vi sitje att med eit bilete av hovudtrekka i tekstoppbygginga i desse seks tekstane som gjer det mogeleg å *jamføre* superstrukturelle konfigurasjonar i artiklar på dei tre fagområda medisin, historie og språkvitskap. Med djupanalyse siktar eg altså *ikkje* til at alle dei seks tekstane blir gjennomgått i detalj avsnitt for avsnitt. Dette ville ha teke altfor mykje plass og hadde neppe vore noka særleg lesarvenleg framstillingsform. Eg har valt å presentere analyseresultata på følgjande måte:

Den superstrukturelle konfigurasjonen for kvar av dei seks tekstane blir presentert i form av eit *tekstkart*.⁹⁸ I kva grad alle underlagsdata for desse tekstkarta blir presenterte, vil variere. Den metodiske tilnærminga vil, som det er gjort greie for ovanfor, i stor grad vere prega av ei «bottom-up»-tilnærming, der eg prøver å setje påviste variablar på mikroplanet i samanheng med overordna tekstorganiseringsprinsipp. For å illustrere denne metodikken har eg valt å presentere underlagsdata for den første analysen – analysen av MED1 – i større detalj enn det eg gjer i påfølgjande analysar. Dette vil seie at analysen av MED1 ikkje berre er meir detaljert, han er også meir *eksplorativ* i den forstand at eg her i større grad enn seinare i kapitlet vurderer alternative lesingar og underbyggjer kvifor eg meiner ein gjeven superstruktur er det mest rimelege tekstorganiseringsprinsippet. Presentasjonen av dei superstrukturelle konfigurasjonane i dette kapitlet bli såleis «skeiv» kvantitetsmessig fordi den første analysen vil fungere som ein «master»-analyse.

⁹⁸ Det blir gjort greie for oppsettet av tekstkarta i samband med den første analysen. Sjå 6.1.1.5 nedanfor.

I dei fem påfølgjande analysane presenterer eg den overordna tekstoppbygginga. Desse lesingane vil i varierende grad bli underbygde av tekstprofilar på grunnlag av dei språklege spora og/eller av analytiske djupdykk i utvalde tekstutsnitt som eg vurderer som særskilt interessante i høve til dei empiriske og teoretiske problemstillingane i denne avhandlingen. Ikkje minst vil det i denne sammenhengen vere relevant å få kartlagt realiseringar av *alle* dei tre superstrukturane som er lagde til grunn for analysen. Det vil t.d. syne seg at berre dei historiske artiklane inneheld realiseringar av narrative superstrukturar, og dei narrative strukturane vil følgjeleg få særleg merksemd i analysane av HIS4 og HIS6.

Ein kunne elles ha disponert framstillinga av analyseresultata langs ulike aksar. Sidan innslaget av argumentasjon i vitenskapleg skriving står sentralt i problemstillinga for denne granskinga, kunne ei samla framstilling av dei argumenterende PL-strukturane i materialet vore av interesse. Men sidan den *komparative* empiriske problemstillinga er viktigast, vel eg å presentere analyseresultata i høve til fagområde. Analyseresultata for dei medisinske, historiske og språkvitenskaplege artiklane blir difor presenterte parvis i respektive 6.1, 6.2 og 6.3 med underpunkt. Desse tre hovudbolkane vil ha noko varierende disposisjon. I 6.1 *kunne* analysane vore presenterte samla, fordi dei to medisinske artiklane syner seg å ha ganske samanfallande superstrukturelle konfigurasjonar. Analysane av dei to medisinske artiklane blir likevel presenterte separat fordi analysen av MED1, som nemnt ovanfor, har ein særmerkt funksjon i dette analysekapittelet. Analysane av dei historiske artiklane i 6.2 blir derimot presenterte samla, medan det under 6.3 igjen blir naturleg med to relativt separate analysar fordi den eine språkvitenskaplege artikkelen skil seg ut ved å vere ein IMROD-artikkel. Etter kvar av dei parvise analysane for artiklar frå same fagområde følgjer ei kort oppsummering, medan den endelege jamføringa av analyseresultata i dette kapittelet følgjer til slutt i 6.4.

Ein vitenskapleg artikkel består til dels av mykje ikkje-tekstleg informasjon i form av tabellar, figurar og grafikk. Denne typen informasjon fell utanfor rammene for analysen. Vidare er analysen også avgrensa til sjølve *brødteksten*. Eventuelle resymé og ingressar

er ikkje analyserte. Tekst som er plassert i fot- eller sluttnotar, er heller ikkje normalt lagd til grunn. Eventuelle *referansar* i form av fot- eller sluttnotar blir likevel registrerte (jf. 5.2.3 ovanfor). I analysen er det elles brukt følgjande annotasjonskonvensjon: [1.1] refererer til første avsnittet, første perioden, [1.2] til første avsnittet, andre perioden og [3.4] til tredje avsnittet, fjerde perioden etc. i brødteksten i artiklane.

For å presentere dei språklege variablane eg legg til grunn i «bottom-up»-tilnærminga, bruker eg ulike typografiske verkemiddel, som *kursiv*, **utheving**, understreking og ~~gjennomstreking~~, når eg siterer frå artikkelmaterialet. Med unntak av dei enonsiative spora, som gjennomgåande er kursiverte, vil det variere kva typar språklege spor dei typografiske verkemidla framhevar, og dette vil det bli gjort greie for i analysane.

6.1 To medisinske artiklar: MED1 og MED5

Dei to medisinske artiklane er, som presentert under 3.2.4 ovanfor, MED1 og MED5. Begge vart publiserte i *Tidsskrift for den Norske Lægeforening* (TNL) 1/1996 og var plasserte i artikkelseksjonen «Klinikk og forskning». MED1 er klassifisert som empirisk forskingsdokumentasjon, medan MED5 beskriv eit eksperiment (jf. appendiks 2). Som dei fleste andre artiklane i TNL følgjer MED1 og MED5 IMROD-konvensjonen (sjå òg 3.2.2 ovanfor). MED1 strekkjer seg over nesten seks sider i TNL og er den lengste av alle dei medisinske artiklane (referansematerialet inkludert). MED5 strekkjer seg over nesten fire sider i TNL. Dette synest å vere ei gjennomsnittleg artikkellengd i TNL (sjå òg appendiks 1). MED1 inneheld totalt 3757 ord, medan MED5 inneheld 2234 ord.

Begge artiklane inneheld mykje ikkje-tekstleg informasjon. I MED1 er det fire tabellar og fire figurar, og i MED5 er det tre tabellar og to figurar. Særmerkt for dei medisinske artiklane er at dei i tillegg til eit engelsk samandrag også inneheld ein *ingress* (på norsk). Som nemnt ovanfor fell desse innhaldskomponentane utanfor rammene for denne granskinga. Vidare er *sluttnotesystemet* nytta for referansar (døme frå MED5 understreka nedanfor):

β -blokkere reduserer hjertets minuttvolum mer under aktivitet enn i hvile (1), noe som kan nedsette fysisk utholdenhet (2) [1.2]. Andre mekanismer bak en slik reaksjon i fysisk yteevne er også foreslått (3-6) [1.3]. [MED5]

Dei medisinske artiklane er prega av fleirforfattarskap. MED har flest forfattarar av alle dei medisinske artiklane her (ti), medan fire forfattarar står oppførte for MED5 (jf. appendiks 1).

6.1.1 Analyse av MED1

Som nemnt innleiingsvis vil analysen av MED1 vere meir detaljert og meir utprøvande enn dei påfølgjande analysane. For å gjere greie for underlaget for analyseresultatet har eg funne det tenleg å presentere analysen av MED1 avsnittsvis i høve til IMROD-strukturen. Eg tek såleis føre meg tekstopppbygginga i innleiinga, metodeavsnittet, resultatavsnittet og diskusjonsavsnittet i tur og orden og gjer til slutt framlegg om ein overordna tekststruktur, dvs. den superstrukturelle konfigurasjonen i MED1.

6.1.1.1 Innleiinga i MED1

MED1 omhandlar den medisinske prosedyren *levertransplantasjon*. Konstituenten levertransplantasjon er den mest sentrale tekstreferenten i teksten (om lag 70 koreferentar), og i innleiinga blir han straks presentert:

I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at **levertransplantasjon** er en etablert behandling for pasienter med terminal leversykdom [1.1].

Berre i løpet av innleiinga finn vi elleve koreferente uttrykk for levertransplantasjon og ei rekkje konstituentar som er semantisk relaterte til levertransplantasjon via inferens. For å illustrere dei relativt tette leksikalske og semantiske relasjonane som knyter seg til konstituenten levertransplantasjon i dette tekstavsnittet, gjev eg nedanfor att heile innleiinga. Referentkjeda til levertransplantasjon er her **utheva**, medan konstituentar som er knytte til det same semantiske feltet, er markerte i *kursiv*. Nokre segment er òg understreka. Desse kjem eg attende til nedanfor.

I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at **levertransplantasjon** er en etablert **behandling** for *pasienter med terminal leversykdom* [1.1]. Det er også gitt retningslinjer for hvilke *pasientgrupper* som er aktuelle for **levertransplantasjon** [1.2]. Innføringen av cyklosporin A tidlig på 1980-tallet var et vesentlig bidrag til utviklingen av **dette behandlingsprogrammet** [1.3]. Bedre *kirurgiske teknikker og metoder* for preservasjon av *donorlever* har også hatt stor betydning [1.4].

Seleksjon av *pasienter* og vurdering av tidspunkt for påmelding til **transplantasjon** er problematisk [2.1] Dette skyldes delvis at *prognostiske modeller* for mange kroniske *leversykdommer* er utilstrekkelige [2.2]. Tidlig **operasjon** gir bedre resultater fordi *pasienter* i god fysisk form og allmenntilstand bedre tåler det **operative inngrepet** og den *postoperative periode* [2.3]. På den annen side vil tidlig **operasjon** kunne medføre *tap av levetid* for de *pasienter som dør som følge av transplantasjonen* [2.4]. Dette forhindres ved å utsette tidspunktet for **transplantasjon**, men man må da akseptere en høyere *mortalitet* på grunn av økt *komplikasjonsrisiko* [2.5]. Antall *dødsfall* på ventelisten vil også øke ved sen påmelding [2.6]. Ikke minst gjelder dette *små barn*, hvor ventetiden erfaringsvis er lengre [2.7].

Vi gjør her rede for erfaringene med **levertransplantasjon** ved *Rikshospitalet* fra starten i 1984 til og med 1994 [3.1]. Vi vil spesielt omtale de problemene vi møter ved vurdering av ulike *indikasjoner* [3.2].

Vi ser her at dei elleve koreferente uttrykka (utheva) er jamt spreidde over dei tre avsnitta. Vidare er òg talrike inferenskoplingar (kursiverte), som «kirurgiske teknikker og metoder», «donorlever», «leversykdommer» og «indikasjoner» jamt distribuerte i innleiinga. Somme av konstituentane som eg har vurdert som semantisk relaterte, viser seg å vere del av ei anna sentral referentkjede i MED1: dette er «pasienter med terminal leversykdom», som også er innført alt i [1.1]. Dei ulike referansane til storleiken *pasient* er difor understreka ovanfor. Ikkje alle desse er heilt koreferente (i den grad koreferanse i det heile er mogeleg, jf. 5.1.2 ovanfor). Det er nemleg mange referansar til ulike *undergrupper* av den aktuelle pasient-

gruppa («pasienter i god fysisk form og allmenntilstand») og «små barn»). Ei anna viktig gruppe blant inferenskoplingane ovanfor er dei som er relaterte til *dødsrisiko*: «terminal - tap av levetid - dør - mortalitet - komplikasjonsrisiko - dødsfall».

Inferenskoplingar er ein problematisk koplingstype fordi han er basert på assosiasjonar og dermed på kunnskap om verda. Ein medisinar vil truleg etablere fleire inferenskoplingar enn dei som er markerte her, t.d. «cyklosporin A» i [1.3], som eg ut frå samanhengen i teksten forstår er relatert til levertransplantasjon, men som eg likevel har valt ikkje å markere. Andre lesarar kunne òg ha oppfatta dei semantiske relasjonane annleis. Poenget her er korkje å gjennomføre eller argumentere for ein leksiko-semantisk analyse på detaljnivå, men å få illustrert den styrken referenten «levertransplantasjon» synest å ha både i kraft av dei koreferente uttrykka og det semantiske feltet han aktiverer i tekstavsnittet. Dei leksikalske og semantiske relasjonane som det er peikt på, er utan tvil sentrale samanhengsskaparar i tekstavsnittet, og dei gjev ein god indikasjon på kva teksten handlar om, kva referensielt innhald han denoterer.

Men kva funksjonsstruktur inngår dette referensielle innhaldet i? Er tettleiken i dei leksikalske og semantiske relasjonane ein indikasjon på at dette er ein innleiande *deskriptiv-ekspositiv struktur* som gjer greie for levertransplantasjon som medisinsk prosedyre i norsk medisin? Referentkjeda til konstituenten pasient er, som vi har sett, dels prega av hierarkiske semantiske relasjonar, og dette kan òg vere eit teikn på deskriptiv tekstorganisering. Både Aspektualiseringa og Tematiseringa i deskriptiven er konstituerte av denne typen relasjonar. La oss sjå nærare på det første avsnittet:

I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at **levertransplantasjon** er en etablert **behandling** for *pasienter med terminal leversykdom* [1.1]. Det er også gitt retningslinjer for hvilke *pasientgrupper* som er aktuelle for **levertransplantasjon** [1.2]. Innføringen av cyklosporin A tidlig på 1980-tallet var et vesentlig bidrag til utviklingen av **dette behandlingsprogrammet** [1.3]. Bedre *kirurgiske teknikker* og *metoder* for preservasjon av *donorlever* har også hatt stor betydning [1.4].

Kunne tekstreferenten «levertransplantasjon» her karakteriserast som eit Tema innanfor rammene av Adams deskriptive sekvens? Eg meiner nei, for avsnittet kan ikkje samanfattast i temaet «levertransplantasjon», men i evalueringa «levertransplantasjon er en etablert behandling». Om dette tekstavsnittet skulle kunne karakteriserast som deskriptivt, måtte det etter mitt syn omformulerast t.d. slik:

[TEMA Levertransplantasjon]

[RELASJONSDANNING er en behandling for en del pasienter med terminal leversykdom]

[TEMATISERING behandling]

[ASP 1 Cyklosporin A har siden tidlig på 1980-tallet vært brukt som immunsuppressiv behandling]

[ASP 2 De kirurgiske teknikkene som brukes er...]

[ASP 3 Donorlever preserves ved å ...]

Figur 42: Avsnitt 1 i MED1 lese som deskriptiv struktur

Etter ein slik transformasjon kunne «levertransplantasjon» ha vore kandidat for eit Tema i ein deskriptiv-ekspositiv struktur, som i det tekstutsnittet vi har føre oss, blir karakterisert som ei «behandling» for ei viss gruppe pasientar (*Relasjonsdanning*). «Behandling» blir så eit nytt tema i teksten (*Tematisering*), og immunsuppresjon, kirurgisk teknikk og preservasjon av donorlever kan tolkast som *Aspektualiseringar* av dette temaet. Desse tre Aspektualiseringane kunne vidare ha vore kandidatar for nye Tematiseringar seinare i teksten på same måte som dei ulike pasientgruppene eventuelt kunne vere det (jf. ovanfor).

For å konstruere ei slik deskriptiv lesing måtte dei *enonsiative spora* og blant desse ikkje minst dei evaluative *kvalifiseringane* av det referensielle innhaldet i tekstutsnittet strykast. Nedanfor er dei *enonsiative spora* kursiverte:

I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at levertransplantasjon er en etablert behandling for pasienter med terminal leversykdom [1.1]. Det er også gitt retningslinjer for hvilke pasientgrupper som er aktuelle for levertransplantasjon [1.2].

Innføringen av cyklosporin A tidlig på 1980-tallet var *et vesentlig bidrag* til utviklingen av dette behandlingsprogrammet [1.3]. *Bedre* kirurgiske teknikker og metoder for preservasjon av donorlever *har også hatt stor betydning* [1.4].

Dei enonsiative spora gjev etter mitt syn det referensielle innhaldet ei evaluativ og dermed argumenterende innramming som fører til at [1.1] ikkje er eit deskriptivt Tema, men ei *positiv vurdering* av levertransplantasjon som behandlingsmetode. Dette er for det første eit resultat av at adjektivet *etablert* er mindre nøytralt innan legesjargong enn i allmennspråket. At ei behandling er etablert, vil seie at behandlingsforma ikkje lenger er eksperimentell, og at ho er godkjend av det medisinske forskarsamfunnet som vitskapleg haldbar. Dermed er utsegna i [1.1] *kvalifisert* på aksen god-dårleg. Dette er eit første indisium på at teksten kan vere *argumenterende* strukturert. For det andre har denne utsegna «to konsensusrapporter (1,2)» som kjelde. Dette er også eit enonsiativt spor. Forfattarane behandlar ikkje utsegna som ukontroversiell. Dei bruker ei autoritativ kjelde innanfor det medisinske diskurssamfunnet som støtte for påstanden.

Dette var to enonsiative spor *innanfor* perioden [1.1]. Dei er viktige, men det avgjerande kriteriet for å bestemme kva status påstanden i [1.1] har, blir likevel *koteksten*. Gjev framhaldet av avsnittet oss grunnar til oppretthalde hypotesen om at [1.1] er ein påstand i form av ei positiv vurdering som er del av ein argumenterende superstruktur? Eg ser i første omgang på periodane [1.3] og [1.4] og kjem attende til [1.2] seinare.

Periodane [1.3] og [1.4] syner seg også å vere kvalifiserte utsegner som karakteriserer det referensielle innhaldet som «et vesentlig bidrag» og som noko som «har hatt stor betydning». Som i [1.1] er det altså også her tale om *vurderingar* eller kvalifiseringar på aksen god-dårleg. Begge desse to periodane stør vidare opp under [1.1], dei grunnjev denne initiale påstanden. Ein implisitt *kausal* relasjon skaper samanheng mellom [1.1] på den eine sida og [1.3] og [1.4] på den andre: *fordi* «Innføringen av cyklosporin A tidlig på 1980-tallet var et vesentlig bidrag til utviklingen» (jf. [1.3]) og *fordi* «Bedre kirurgiske teknikker og metoder for preser-

vasjon av donorlever har hatt stor betydning» jf. [1.4], er levertransplantasjon ei etablert behandling, jf. [1.1]. Om vi la Adams Toulmin-inspirerte argumentasjonsmodell til grunn (jf. 4.2.4.2), ville denne kausalrelasjonen utgjere ein fullt utbygd argumentativ sekvens, der påstanden «Levertransplantasjon er en etablert behandling ...» ville vere Konklusjonen/Ny tese. Argumentasjonen blir då *regressiv* her, fordi konklusjonen faktisk blir presentert først i teksten. Dette trur eg er ganske vanleg i faktiske tekstar. At [1.3] og [1.4] er Data/Argument for *same* konklusjon, kjem elles også fram ved at dei er bundne saman ved additiv setningskopling:

Bedre kirurgiske teknikker og metoder for preservasjon av donorlever har også hatt stor betydning [1.4].

Som det er gjort greie for i kapittel 4 (sjå 4.3.3.1), vil ikkje kausalrelasjonar isolert her bli rekna som fullt utbygde argumenterande strukturar. For å fange opp argumenterande tekstparti er PL-modellen lagd til grunn. Men slike kausalrelasjonar er – særleg når dei som her er omgjevne av kvalifiseringar på aksen god-dårleg og andre enonsiative spor – *eit sterkt indisium på at teksten er argumenterande strukturert* (jf. 4.3.3.2 ovanfor).

I perioden 1.2 har eg ikkje markert enonsiative spor av noko slag:

I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at levertransplantasjon er en etablert behandling for pasienter med terminal leversykdom [1.1]. Det er også gitt retningslinjer for hvilke pasientgrupper som er aktuelle for levertransplantasjon [1.2]. Innføringen av cyklosporin A tidlig på 1980-tallet var et vesentlig bidrag til utviklingen av dette behandlingsprogrammet [1.3]. Bedre kirurgiske teknikker og metoder for preservasjon av donorlever har også hatt stor betydning [1.4].

[1.2] har ikkje same funksjon i høve til [1.1] som [1.3] og [1.4]. [1.2] grunnjev ikkje den sentrale påstanden i [1.1], men *spesifiserer* noko av innhaldet i konsensusrapportane nærare. Koherensen mellom [1.1] og [1.2] er sikra via ei additiv kopling mellom «det er slått fast» (i konsensusrapportane) og «det er gitt». Denne koplinga er dermed relatert til eitt av dei enonsiative spora og er slik sett med

på å understreke den relevansen referansebruken har i teksten. Dermed er også [1.2] med på å gje tekstutsnittet argumentativ retning, sjølv om setninga «Det er også gitt retningslinjer for...» isolert sett etter mitt syn ikkje kan reknast som eit enonsiativt spor.

Det vi no bør kunne konkludere med, er at avsnitt 1 på grunnlag av den sentrale kausale relasjonen og dei mange enonsiative spora har eit sterkt argumentativt preg. Vi har òg grunnlag for å hevde at [1.1] er kjernen i avsnittet, sidan den positive vurderinga her blir grunngeven i to påfølgjande periodar, jf. [1.3] og [1.4], og sidan [1.2] spesifiserer delar av innhaldet elles. Men kva funksjon har dette avsnittet i høve til den etterfølgjande teksten? Kan det seiast å vere del av ein argumenterande PL-struktur? Ved utgangen av avsnitt 1 kan funksjonen til perioden [1.2] (om vi ser bort frå at perioden understrekar relevansen til eit enonsiativt spor) synast mindre klar enn funksjonen til [1.3] og [1.4]. Men vi skal straks sjå at problemstillingar knytte til seleksjon av pasientar etter kvart blir svært sentrale i teksten. Det blir faktisk hovudtemaet i det andre avsnittet:

Seleksjon av pasienter og vurdering av tidspunkt for påmelding til transplantasjon er *problematiske* [2.1] Dette skyldes delvis at prognostiske modeller for mange kroniske leversykdommer er *utilstrekkelige* [2.2].

Og kva innramming får temaet «seleksjon av pasienter»? Som i avsnitt 1 blir det referensielle innhaldet kvalifisert på aksen god-dårleg. [2.1] er eit typisk døme på det som ifølgje Tirkkonen-Condit er det viktigaste kriteriet for ein Problemkomponent innanfor ein argumenterande PL-struktur: *ei negativ vurdering*. Det negative blir i [2.1] signalisert via adjektivet «problematiske» og i [2.2] via adjektivet «utilstrekkelige». At vi står overfor ein argumentativ struktur, kjem òg fram ved at [2.2] fungerer som grunngeving for påstanden i [2.1]. Den kausale relasjonen er i dette tilfellet eksplisitt signalisert leksikalsk: «Dette skyldes». Eit viktig enonsiativt spor er dessutan den epistemiske kvalifiseringa «delvis» i [2.2]. [2.2] er dermed kvalifisert *både* på aksen god-dårleg og på aksen sann-falsk.

For at eit segment i teksten skal kunne karakteriserast som Problemkomponent, er det sjølvsagt ikkje likegyldig kva det er som

blir kvalifisert i den negative vurderinga. Det må vere eit eller anna aspekt som er førebudd i teksten, og det vilkåret er oppfylt her. Vi har no grunnlag ikkje berre for å karakterisere [2.1]-[2.2] som (starten på ein) Problemkomponent, vi kan også karakterisere avsnitt 1 som Situasjonskomponent. Overgangen frå Situasjonskomponent til Problemkomponent kan også infererast ved å leggje til forbindarar i [2.1]. Aktuelle kandidatar her er «men» og «imidlertid». Desse ville ha eksplisittert den *adversative* relasjonen mellom Situasjonskomponenten og Problemkomponenten.

Resten av avsnitt 2 ([2.3]-[2.7]) har som hovudfunksjon å grunnje og underbyggje den negative vurderinga i [2.1]. [2.3]-[2.7] utgjer dermed ein underordna del av Problemkomponenten. Men isolert sett har [2.3]-[2.7] eit visst *eksplikativt* preg. Som vi ser nedanfor, er dei enonsiative spora (kursiverte) mindre tette enn i avsnitt 1. På den andre sida finn vi to eksplisitte kausalkoplingar («fordi», «medføre»; understreka) og dessutan mange *adversative* koplingar («På den annen side», «men», «ikke minst»; understreka).

Tidlig operasjon gir bedre resultater fordi pasienter i god fysisk form og allmenntilstand bedre tåler det operative inngrepet og den postoperative periode [2.3]. På den annen side vil tidlig operasjon *kunne medføre* tap av levetid for de pasienter som dør som følge av transplantasjonen [2.4]. Dette forhindres ved å utsette tidspunktet for transplantasjon, men man må da akseptere en høyere mortalitet på grunn av økt komplikasjonsrisiko [2.5]. Antall dødsfall på ventelisten vil også øke ved sen påmelding [2.6]. Ikke minst gjelder dette små barn, hvor ventetiden *erfaringsvis* er lengre [2.7].

Kausale og *adversative* koplingar kan vere signal på både argumentative og eksplikative tekststrukturar, og når kvalifiseringar i form av positive og negative vurderingar som her uteblir, verkar det rimeleg å leggje vekt på det eksplikative. Her ser vi dermed eit døme på tekstleg *heterogenitet*. Eg avstår likevel frå å analysere [2.3]-[2.7] som ein deskriptiv-eksplikativ struktur både fordi det eksplikative her klart er underordna den argumenterande PL-strukturen, og fordi vi seinare i analysen av MED1 vil få høve til å sjå nærare på ulike former for deskriptiv tekstorganisering.

Eit problem krev helst ei løysing, og i avsnitt 3 finn vi ei form for Løysingskomponent:

Vi gjør her rede for erfaringene med levertransplantasjon ved Rikshospitalet fra starten i 1984 til og med 1994 [3.1]. Vi vil spesielt omtale de problemene vi møter ved vurdering av ulike indikasjoner [3.2].

Dei enonsiative spora er her førstepersonspronomen ⁹⁹ og metatekst. Kvalifiseringar eller referansebruk finst ikkje, og avsnitt 3 gjev inga løysing på det problemet som er skissert i avsnitt 2. Avsnitt 3 kan like fullt seiast å fungere som ein elliptisk Løysingskomponent i form av *forpliktande metahandlingar*, der forfattaren/-ane tek på seg å gjere greie for eit visst sakstilhøve på bakgrunn av det som til no er sagt/problematisert. Som nemnt i kapittel 4 kan Swales' CARS-modell seiast å representere ei realisering av PL-strukturen, der Løysingskomponenten korresponderer med MOVE 3 «Occupying the niche». I MOVE 3 er to av dei *retoriske stega* Swales formulerer, nettopp «Outlining purposes» (Step 1a) og «Indicating RA structure» (Step 3). Denne typen grep er truleg vanleg i Løysingskomponentar i vitskaplege innleiingar.

I analysen av innleiinga i MED1 er det dermed etablert at dette tekstavsnittet i hovudsak er strukturert som ein argumenterande PL-struktur. Men det eksisterer eksplikative innslag på underordna nivå, og Løysingskomponenten er elliptisk.

Nivå I	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING
Nivå II		[eksplikative innslag]	
	(avsnitt 1)	(avsnitt 2)	(avsnitt 3)

Figur 43: PL-struktur i innleiinga av MED1

⁹⁹ I dei medisinske artiklane er det alltid fleirtalsforma av førsteperson som er nytta, sidan artiklane er skrivne av fleire forfattarar.

6.1.1.2 Metodeavsnittet

Metodeavsnittet i MED1 har overskrifta «Materiale», men eg vil, som konvensjonen er, likevel referere til det som metodeavsnittet. Metodeavsnittet i MED1 omfattar avsnitta 4-14.

Med unntak av éin lite framståande referanse i form av ein sluttnote «(3)» og éin førekomst av førstepersonspronomenet «vi» i [9.1], inneheld metodeavsnittet *ingen enonsiative spor*. Dette er eit teikn på at andre superstrukturar enn PL-skjemaet bør vurderast, altså anten det narrative eller det deskriptive skjemaet. Det narrative er det minst sannsynlege av desse to. Vurderingar er som vi har sett også konstituerande for Koda i narrativen, og det totale fråværet av slike enonsiative spor peiker difor i retning av ei deskriptiv tekstorganisering. Alle tempusformene i metodeavsnittet tilhøyrer dessutan *presenssystemet*, og *temporalkopling* er ikkje noko berande tekstorganiseringsprinisipp, sjølv om vi skal sjå at ei viss organisering i høve til tidsaksen kan etablerast. Eg vil difor analysere metodeavsnittet med utgangspunkt i den *deskriptive* strukturen som er lagd til grunn her. Som det er gjort greie for i kapittel 4 (jf. 4.3.4 ovanfor), dekkjer denne strukturen både genuint deskriptiv og ekspositiv, eksplikativ og instruktiv tekstorganisering (jf. Werlichs og Adams taksonomiar). Det blir i praksis ikkje skilt mellom det deskriptive og det eksposistive, slik at deskriptiv er å forstå som deskriptiv-ekspositiv, medan instruktive og eksplikative parti er deskriptive variantar som vil bli signaliserte særskilt. Av avgrensingsomsyn konsentrerer eg meg om dei tre første avsnitta (avsnitt 4-6).

Djupanalyse av ein deskriptiv struktur

Metodeavsnittet er til dels underinndelt ved hjelp av tematiske mellomtitlar:

Materiale (avsnitt 4-14)

Operasjon (avsnitt 7-9)

Immunsuppresjon (avsnitt 10)

Postoperative problemer (avsnitt 11-14)

Dei første tre avsnitta, som vi skal konsentrere oss om her, har altså *ingen* tematisk mellomtittel og følgjer rett etter avsnittoverskrifta

«Materiale». Ei høvande tematisk overskrift for avsnitt 4-6 ville ha vore «Utredning av pasienter», og denne nominalfrasen vil eg her rekne som overordna *Tema* i den deskriptive strukturen. Kjernen i denne strukturen kan identifiserast i midtpartiet [5.2]-[6.1], og då særleg i [5.2]:

Utredningen tar sikte på å etablere sikker diagnose, bestemme sykdommens alvorlighetsgrad, påvise og behandle eventuelle komplikasjoner og vurdere pasientens prognose med eller uten levertransplantasjon [5.2]. Det innsamles et omfattende sett av data som benyttes i en lokal og i en fellesnordisk database [5.3]. I tillegg gis regelmessige rapporter til Europeisk Levertransplantasjonsregister (ELTR) i Paris [5.4].

Pasientene diskuteres på et fellesmøte mellom kliniske avdelinger og serviceavdelinger før eventuell akseptering og påmelding på venteliste [6.1].

Som vist i figur 44 nedanfor blir Temaet «Utredning av pasienter» aspektualisert (=ASP), dvs. brote opp i delar, i alt sju gonger:

[TEMA Utredning av pasienter]

[ASP1 etablere sikker diagnose]

[ASP2 bestemme sykdommens alvorlighetsgrad]

[ASP3 påvise og behandle komplikasjoner]

[ASP4 vurdere pasientens prognose]

[ASP5 samle inn data]

[ASP6 gi rapport]

[ASP7 diskutere pasienter]

Figur 44: Aspektualiseringar av Temaet «Utredning av pasienter»¹⁰⁰

Alle Aspektualiseringane til Temaet er *handlingar*, men det sterke *listepreget* med talrike passivkonstruksjonar («innsamles, benyttes, gis, diskuteres») og nominaliseringar («utredning, akseptering og påmelding») gjer tekstutsnittet meir *statisk* enn det semantiske innhaldet tilseier. Handlingane er presenterte i ei rekkjefølgje som

¹⁰⁰ Lett omskrivne av meg til infinitivsfrasar.

er logisk i høve til tidsaksen, men det temporale er, med unntak av «før eventuell akseptering...» i 6.1 ikkje eksplisitt signalisert, og agens er knapt synleg.

Ei noko sterkare *temporal* tekstorganisering har vi derimot i dei delane av avsnitt 4-6 som omgjev [5.2]-[6.1]. Dei eksplisitte signala på temporalkopling er nedanfor utheva:

Pasientene blir utredet for sin leversykdom ved Medisinsk avdeling A eller ved Barneklubben i henhold til et standardisert opplegg (tab 1) [4.1]. Pasienter som behandles for akutt eller subakutt leversvikt, gjennomgår et redusert utredningsprogram hvis transplantasjon er aktuelt [4.2].

På grunn av variasjoner i sykdomsbildet **over uker eller måneder** og for å sikre en god klinisk evaluering, må mange pasienter innlegges flere ganger [5.1].

[...]

Etter transplantasjonen og den første postoperative periode, hvor pasientene er innlagt ved Kirurgisk avdeling B, flyttes pasientene til Medisinsk avdeling A eller Barneklubben **3-5 uker etter transplantasjonen** [6.2]. **Videre oppfølging** skjer ved Medisinsk avdeling A eller Barneklubben med rutineinnleggelse **etter 1/2, ett, to, tre, fem og ti år** [6.3].

I [4.1]-[5.1] er vi på stadiet *før* transplantasjon, medan vi i [6.1]-[6.3] (avsnitt 6) er på stadiet *etter* transplantasjon. Tekstutsnitt i respektive [4.1]-[5.1] og [6.1]-[6.3] rammar såleis inn den meir statiske deskripsjonen i [5.2]-[6.1] ved å plassere han i *tid*. Vi ser vidare at beskrivinga her også i større grad blir forankra i *rom*, ved at det blir fokusert på *kvar* pasientane oppheld seg i dei ulike fasane (understreka segment). Vi ser dermed *Relasjonsdanningar* i form av at det overordna Temaet (Utredning av pasienter) blir plassert i tid og rom.

[4.2] inneheld vidare ei Aspektualisering i form av å referere til ei undergruppe av pasientar som gjennomgår eit redusert utgreiingsprogram:

På grunn av variasjoner i sykdomsbildet over uker eller måneder og for å sikre en god klinisk evaluering, må mange pasienter innlegges flere ganger [5.1].

Vi kan dermed setje opp denne analysen av avsnitt 4-6:

[TEMA Utredning av pasienter]

- [ASP 1 etablere sikker diagnose (5.2)]
- [ASP 2 bestemme sykdommens alvorlighetsgrad (5.2)]
- [ASP 3 påvise og behandle komplikasjoner (5.2)]
- [ASP 4 vurdere pasientens prognose(5.2)]
- [ASP 5 samle inn data (5.2)]
- [ASP 6 gi rapport (5.2)]
- [ASP 7 diskutere pasienter (6.1)]
- [RELASJONSDANNING1 før transplantasjon, plassering (4.1)]
- [ASP8 undergruppe av pasienter gjennomgår redusert utredningsopplegg (4.2)]
- [RELASJONSDANNING2 hvorfor undergruppe av pas. må innlegges flere ganger (5.1)]
- [RELASJONSDANNING3 etter transplantasjon, plassering (6.2-6.3)]

Figur 45: Deskriptiv struktur i avsnitt 4-6 i MED1

Horisontal plassering viser her kva plass segmentet har i den potensielt svært hierarkiske deskriptive strukturen. Dess lenger inn mot venstremargen eit segment – dvs. ein komponent i den deskriptive strukturen – er stilt, dess meir overordna er det i hierarkiet. Her har vi ein ganske flat deskriptiv struktur, for alle dei underordna komponentane er på *same* nivå i høve til Temaet «Utredning av pasienter». Det same Temaet har totalt åtte Aspektualiseringar og tre Relasjonsdanningar. Etter kvar komponent er nøkkelfrasar frå teksten siterte (ev. lett omskrivne), og det er vist til periode i MED1. Den deskriptive strukturen samsvarer ikkje med den lineære rekkjefølgja i teksten, og dette er ei følgje av at deskriptive strukturar byggjer på leksikalske og semantiske relasjonar. Som det er gjort greie for i kapittel 4 (sjå 4.3.4 ovanfor), er det ulike undergrupper av Aspektualiseringar og Relasjonsdanningar. Desse er ikkje spesifiserte i figuren, men skulle gå fram ovanfor.

Alternative lesingar av avsnitt 4-6 er mogelege: Ein kunne teke utgangspunkt i «Pasientene» som overordna Tema og lese teksten som Aspektualiseringar og Relasjonsdanningar i høve til dette Temaet. At konstituenten pasient, som nemnt i analysen av innleiinga, er ein av dei mest sentrale tekstreferentane i artikkelen MED1, at avsnitt 4-6 følgjer rett etter avsnittsoverskrifta «Materiale», og at «Pasientene/Pasienter» er framheva i informasjonsstrukturen (tematiserte i [1.1], [1.2] og [6.1]), kunne peike i retning av ei slik lesing. Den mest sentrale underordna komponenten ville i ei slik lesing bli Relasjonsdanninga at pasientane «blir utredet» (jf. perioden [1.1]), og denne Relasjonsdanninga ville ha generert Tematiseringa «Utredning» med påfølgjande Aspektualiseringar, som vist ovanfor. Men om «Pasienter» var overordna Tema, synest eg ein burde kunne påvise fleire Aspektualiseringar i form av ei opplisting av undergrupper av pasientar og eigenskapar ved desse, som t.d. indikasjonar, alder og kjønn, og slike Aspektualiseringar finst ikkje her. Dei vil derimot vise seg å dukke opp i resultatavsnittet i artikkelen. På dette grunnlaget meiner eg analysen ovanfor er den mest rimelege.

Resten av metodeavsnittet (avsnitt 7-19) er også deskriptivt organisert. Som vist ovanfor er teksten her delt inn i underavsnitt «Operasjon», «Immunosuppresjon» og «Postoperative problemer», og desse mellomtitlane er identiske med overordna Tema i dei deskriptive strukturane som no følgjer.¹⁰¹ Eg vil ikkje bruke plass her på detaljanslysar av desse, men heller sjå nærare på nokre *instruktive* innslag og den *overordna* oppbygginga av metodeavsnittet.

Instruktive innslag i metodeavsnittet

I avsnitt 4-6 såg vi at det referensielle innhaldet i stor grad var detemporaliserte og agensundertrykte *handlingar* som kunne oppsummerast i nominaliseringa «utredning». Adam legg til grunn den deskriptive varianten *description d'actions* (handlingsbeskriving) og siktar med denne først og fremst til *instruktive* tekstparti. Det instruktive var ovanfor ikkje særleg framstående, i avsnitt 4-6 såg vi ganske enkelt ei handlingsbeskriving. Men elles i metodeavsnittet,

¹⁰¹ For avsnitt 10-11 er «Immunosuppressiv behandling» meir dekkjande enn «Immunosuppresjon».

og særleg under mellomtittelen «Operasjon» (avsnitt 7-9), finn vi meir genuint instruktive preg. Avsnitta 7-9 er ei beskriving av korleis dette forskarteamet gjennomfører sjølve operasjonen, og delar av det (utheva) kunne uforandra ha fungert som ein *operasjonsinstruksjon*.¹⁰²

Operasjon

Blodgruppekompatibel donorlever som passer mottaker (høyde og vekt), brukes [7.1]. Alle donororganer vurderes brukt, uavhengig av donoralder [7.2]. Donorlever perfunderes med University of Wisconsin (UW)-løsning, som tillater kald iskemitid på 10-15 timer [7.3]. Resipientoperasjonen (hepatektomi og innsynging av ny lever) har de siste to år vært foretatt under hemodynamisk kontrollerte forhold ved hjelp av venovenøs bypass der blod fra vena porta og vena cava inferior-området dreneres tilbake til vena cava superior ved hjelp av en pumpe [7.4].

Leveren sys inn i ortopedisk posisjon (det vil si der den opprinnelig ligger) med ende-til-ende-anastomoser på vena cava inferior (både over og under leveren), vena porta og arteria hepatica [8.1]. Alt etter anatomiske variasjoner kan arterieanastomosen legges på ulike steder på resipienten, fra aorta (vanlig hos barn) til arteria hepatica communis distalt for avgangen av arteria gastroduodenale [8.2]. Gallegangen anastomoseres ende-til-ende over T-dren hvis resipientens hovedgallegang er normal [8.3]. Ved patologisk resipientgallegang (f.eks. ved primær skleroserende kolangitt, ekstrahepatisk gallegangsatresi og ved retransplantasjon), konstrueres en hepatikojejunostomi [8.4].

For barn, der tilbud om donororgan er sterkt begrenset, har vi siden 1988 brukt teknikken med dellever fra voksen donor (3) [9.1]. Etter uttak deles donorlever i nedkjølt tilstand, og 2-4 segmenter fra venstre leverhalvdel brukes (vanligvis segment I-III) [9.2].

¹⁰² Eg siktar sjølvsagt til operasjonsinstruksjon i *tekstleg* forstand; det faglege innhaldet kan eg ikkje vurdere.

I dei utheva partia er det gjennomført bruk av s-passiv («brukes, vurderes, perfunderes» etc.) og agens i form av forskarteamet er heilt usynleg.¹⁰³ Beskrivinga av operasjonen er heilt urelatert til person, tid og stad og står dermed fram som ei generell, instruktiv beskriving. Andre stader i avsnitt 7-9 blir operasjonsbeskrivinga i støre grad knytt til forskarteamet sine røynsler og vilkåra for levertransplantasjon i Noreg (understreka parti). Her finn vi òg dei to einaste enonsiative spora i metodeavsnittet: førstepersonspronomenet «vi» og sluttnotereferansen «(3)» i [9.1]. Dei andre partia i avsnitt 7-9 (korkje utheva eller understreka) inneheld ein del *forklarande* eller *spesifiserande* innslag som t.d. «det vil si hvor den opprinnelig ligger» i [8.1] og «f.eks. ved primær skleroserende kolangitt, ekstrahepatisk gallegangsatresi og ved retransplantasjon» i [8.4]. Ei mogeleg «forklaring» på innslaga av andre deskriptive framstillingsformer i eit elles svært instruktivt parti kan vere at desse innslaga er nødvendige for at andre legar enn indrekirurgane skal kunne forstå innhaldet. TNL er som nemnt tidlegare eit breitt orientert medisinsk fagtidsskrift, og dei fleste typar medisinarar er potensielle lesarar.


Som nemnt ovanfor har også resten av metodeavsnittet (avsnitt 10-14) instruktive innslag. Også her er det store innslag av s-passiv, men subjekta i passivsetningane er formelle, t.d. «*Det gis imipenem*» i [12.1]. Vi har altså upersonleg passiv: det er ikkje objektet i den tilsvarande aktivsetninga som er vorte subjekt, slik vi såg i dei utheva døma ovanfor, t.d. «*Leveren sys inn i ortopedisk posisjon*». Dermed er det instruktive innslaget mindre utprega her.

Metodeavsnittet i fugleperspektiv

Metodeavsnittet er bygd opp av fire deskriptive strukturar der Tema er «Utredning av pasienter», «Operasjon», «Immunsuppresiv behandling» og «Postoperative problemer». Som vi ser, gjer dermed metodeavsnittet *samlar* greie for ulike sider ved behandlingssopplegget rundt levertransplantasjon både før, under og etter sjølve opera-

¹⁰³ Det vil seie at det som ville ha vore subjektet i aktivsetninga, ikkje er uttrykt via preposisjonsfrase innleidd med «av» nokon stad; t.d. «*Leveren sys inn i ortopedisk posisjon av kirurgen*».

sjonen. På dette grunnlaget kan «Behandlingsopplegg» *infererast* som overordna Tema for metodeavsnittet.



Figur 46: Oversyn over metodeavsnittet i MED1

Mellom dei fire deskriptive strukturane kan det etablerast ei viss *temporal* organisering. Metodeavsnittet gjer nemleg greie for ulike sider ved behandlingsprosedyren levertransplantasjon i ei *tidslogisk rekkjefølgje*. Men som tilfellet var for Temaet «utredning» ovanfor, er ikkje denne temporale samanhengen framheva i teksten. Som tidlegare nemnt er alle tempusformene frå presenssystemet, og som vi også alt har sett, er det mykje bruk av passiv. Dei relativt få eksplisitte temporalkoplingane som finst i teksten, er preposisjonsuttrykk som «*etter* transplantasjonen» i [6.2], «*før* behandlingen» i [10.2] og «*etter* reperfusjon» i [13.1]. Dei fungerer alle i Relasjonsdanningar *innanfor* dei enkelte deskripsjonane og bind altså *ikkje* saman dei fire overordna deskriptive strukturane i metodeavsnittet. Dei eksplisitte temporale koplingane er dermed realiserte på eit lågt nivå i teksthierarkiet.

Noko temporal tekstorganisering kan altså påvisast i metodeavsnittet, men det er etter mitt syn å sjå som eit uunngåeleg minimum av temporalitet i eit tekstavsnitt som beskriv *handlingar*. Det temporale i tekstorganiseringa er først og fremst eit resultat av den tidsløse rekkjefølgja handlingane nødvendigvis skjer i, og det mest slående ved metodeavsnittet er i kor stor grad det temporale ved det semantiske innhaldet er *undertrykt*. Like eins er den enonsiative forankringa fråverande. Innhaldet er ikkje kvalifisert korkje på aksen sann-falsk eller på aksen god-dårleg og blir dermed ikkje relatert til den argumenterande strukturen i innleiinga.

6.1.1.3 Resultatavsnittet

Resultatavsnittet omfattar avsnitta 15-26 og er inndelt i følgjande underavsnitt:

Resultater (avsnitt 15-26)

Antall (avsnitt 15)

Indikasjoner (avsnitt 16-17)

Overlevelse (avsnitt 18-25)

Tid på venteliste (avsnitt 26)

Som nemnt ovanfor blir det her gjeve mange opplysningar om pasientane. Underavsnittet «Overlevelse» er det mest omfangsrike. Her blir det gjort detaljert greie for overlevingsprosent og eventuelle dødsårsaker for ulike undergrupper av pasientar. Resultatavsnittet samla er prega av store innslag av numeriske data (tal). I hovudsak er det store likskapar mellom metode- og resultatavsnittet. Også i resultatavsnittet er det svært sparsamt med *enonsiative* spor (totalt fem) (kursiverte):

Aldersfordelingen blant de transplanterte (ved akseptering på venteliste) *er vist i figur 2* [15.3].

Primær biliær cirrhose, metabolsk leversykdom og primær skleroserende kolangitt utgjør de viktigste indikasjonene i *vårt* materiale (tab 2) [16.1].

Den *antatt* viktigste dødsårsak for hver enkelt pasient er registrert, og *er vist i tabell 3* [21.1].

Median ventetid for hele materialet, for ulike blodtyper og for barn under 15 år *er angitt i tabell 4* [26.1].

Som vi ser, er tre av dei enonsiative spora metatekstuelle, eitt er ei eigedomsform av eit førstepersonspronomen, og eitt er ei epistemisk kvalifisering. Det enonsiative innslaget må altså reknast som relativt svakt, både i tal og som type (berre éi kvalifisering). På nytt kan dermed ein argumenterende PL-struktur reknast som lite sannsynleg.

Narrative strukturar kunne i utgangspunktet ha vore sterkare kandidatar for overordna tekstorganiseringsprinsipp her enn i metodeavsnittet. Dette heng for det første saman med det semantiske innhaldet i resultatavsnittet. Som det skulle gå fram, legg eg ikkje primært innhaldsbaserte kategoriar til grunn for analysane her. Men i møte med resultatavsnittet i MED5 er det vanskeleg å unngå å leggje merke til at innhaldet har store fellestrekk med prototypiske innhaldskategoriar i sjantrar som normalt er narrativt strukturerte. Av alle artiklane i det samla materialet er MED1 ved sida av HIS6 (sjå 6.2 nedanfor) den som *kunne* ha fortalt den mest dramatiske historia, nemleg historia om den heroiske innsatsen kirurgar gjer for å redde livet til menneske med terminal leversjukdom, blant desse fleire små barn. For det andre er det i resultatavsnittet òg meir bruk av *aktiv* enn det var i metodeavsnittet, og det er ein del tempusformer frå *preteritumssystemet* (totalt 13).

Ei narrativ lesing kan likevel ikkje forsvarast. Sjølv om førekomsten av passivsetningar er færre, er dei avgjort til stades og fører til at den potensielle narrative aktøren (kirurgen) ikkje kjem til syne på tekstoverflata. Passivsetningane er no ikkje realiserte ved s-passiv, men ved hjelpeverb, t.d. «Totalt er det på Rikshospitalet utført...» i [15.1]. Aktivsetningane i resultatavsnittet har aldri forfattersubjektet som grammatisk subjekt, men t.d. «Resultatene» jf. [18.3], «Overlevelseskurven» jf. [19.1] og ikkje minst *pasientane*. Pasientane er den konstituenten som oftast er subjekt i aktivsetningar (sic!). Nokre døme (utheva) følgjer nedanfor:


16 pasienter er i live mer enn fem år etter transplantasjonen, **35 pasienter har levd** mer enn tre år, **to av de tre pasientene** [...] **lever** fremdeles [18.2].
Pasienter som er i live ett år etter transplantasjonen, **har 87 %** sjanse for også å være i live etter tre år [19.2].

Mange av pasientene døde etter komplekse sykdomsbilder med multiorgansvikt og med kombinert rejeksjons- og infeksjonsproblematikk [21.2]. **Fem pasienter døde** peroperativt (under selve transplantasjonen) [21.3].

Seks av åtte retransplanterte pasienter døde kort tid (< én måned) etter retransplantasjonen [24.1]. **De øvrige to er i live og i god form** hhv. 22 og 24 måneder etter retransplantasjonen [24.2].

Når former frå preteritumssystemet er nytta, er det også i stor grad i aktivsetningar med «pasientene» som subjekt (jf. [21.2] og [24.1] ovanfor). Det er altså ikkje den potensielle narrative aktøren sine handlingar som er plasserte i eit «fortid-notid»-perspektiv. Den mest frekvente kollokasjonen av subjekt og verb i aktivsetningar er elles «pasientene døde».

Resultatavsnittet er altså også *deskriptivt* organisert. Det potensielt temporale og narrative er transformert til *deskriptive punktnedslag*, til *resultat* i form av tal og tekst som er underlag for tabellar og figurar. Vi finn altså også her deskriptive strukturar med utgangspunkt i Tema. Desse deskriptive Tema samsvarar som i metodeavsnittet bra med dei mellomtitlane forfattarane har valt (sjå ovanfor), vel å merke om vi *infererer* det overordna Temaet «Pasienter», som ikkje er nemnt i nokon av mellomtitlane.



Figur 47: Oversyn over resultatavsnittet i MED1

I motsetnad til i metodeavsnittet er den deskriptive strukturen her gjennomført *deskriptiv-ekspositiv*. Det er ingen instruktive eller eksplikative innslag. I metodeavsnittet såg vi ei at dei ulike underavsnitta var logisk ordna i høve til tidsaksen. Resultatavsnittet samla kan ikkje seiast å vere ordna slik, for underavsnittet Temaet «Tid på venteliste» følgjer *etter* Temaet «Overlevelse og dødsårsaker». Resultatavsnittet er altså svært *statisk* og meir prototypisk deskriptivt enn metodeavsnittet. Den deskriptive strukturen her er også dels meir *hierarkisk* ordna enn det vi såg var tilfellet i metodeavsnittet (jf. figur 45 ovanfor). For å illustrere dette gjev eg avslutningsvis ein djupanalyse av Temaet «Indikasjoner» i avsnitt 16-17:

Indikasjoner

Primær biliær cirrhose, metabolsk leversykdom og primær skleroserende kolangitt utgjør de viktigste indikasjonene i vårt materiale (tab 2) [16.1]. Tyrosinemi (ni pasienter) og oksaluri (fem pasienter) utgjorde de viktigste metabolske sykdommer [16.2]. Hos alle pasienter med oksaluri er det gjort kombinert lever- og nyretransplantasjon [16.3]. Cirrhose på grunn av al-

koholforbruk (én pasient) eller kronisk viral hepatitt (to pasienter) representerer sjeldne indikasjoner [16.4].

Det er utført åtte retransplantasjoner [17.1]. Rejeksjon og følgetilstander etter rejeksjon, samt arterieproblemer med sekundær utvikling av iskemisk betingede gallegangstrikturer, er de viktigste årsakene til retransplantasjon [17.2].

Den hierarkiske deskriptive strukturen i avsnitt 16-17 er eit resultat av at tekstutsnittet refererer til ulike indikasjoner, dvs. sjukdomar og tilstandar som inngår i eit medisinsk-terminologisk omgrepshierarki. Det overordna Temaet er «Indikasjoner». Dette Temaet dannar grunnlag for to Tematiseringar: «Indikasjoner for transplantasjon» (avsnitt 16) og «Indikasjoner for retransplantasjon» (avsnitt 17). Desse Tematiseringane dannar så grunnlag for ulike Aspektualiseringar og Relasjonsdanningar som synt i figur 48 nedanfor. Som det er gjort greie for i analysen av deskriptive tekstparti i metodeavsnittet, syner horisontal plassering den hierarkiske plasseringa i den deskriptive strukturen. Underordna komponentar er nummererte når fleire komponentar er relaterte til *same* overordna komponent.

[TEMA Indikasjoner]

[ASP1 Indikasjoner for levertransplantasjon (avsnitt 16)]

[ASP2 Indikasjoner for retransplantasjon (avsnitt 17)]

[TEMATISERING1 Indikasjoner for transplantasjon]

[ASP1 primær biliær cirrhose; viktig (16.1)]

[ASP2 metabolsk leversykdom; viktig (16.1)]

[TEMATISERING metabolske leversykdommer]

[ASP tyrosinemi og oksaluri; viktige (16.2)]

[RELASJONSDANNING type transpl. ved oksaluri (16.3)]

[ASP3 primær skleroserende kolangitt; viktig (16.1)]

[ASP4 cirrhose p.g.a alkoholforbruk; sjelden (16.4)]

[ASP5 kronisk viral hepatitt; sjelden (16.4)]

[TEMATISERING2 Indikasjoner for retransplantasjon]

[ASP1 rejeksjon og følgetilst. etter rejeksjon; viktig (17.2)]

[ASP2 arterieproblemer med gallegangstrikturer; viktig (17.2)]

[RELASJONSDANNING det er utført åtte retransplantasjoner (17.1)].

Figur 48: Deskriptiv struktur i avsnitt 16-17

Mest *overordna* er altså Temaet «Indikasjoner», og mest *underordna* er Aspektualiseringa og Relasjonsdanninga til Tematiseringa av den andre Aspektualiseringa (ASP2) under TEMATISERING1. Ved Aspektualiseringane er både *del* og *karakterisering* (etter ;) markert fordi det i denne deskriptive strukturen gjennomført vart vist til både del og karakterisering i Aspektualiseringane.

6.1.1.4 Diskusjonsavsnittet

Diskusjonsavsnittet er relativt langt i MED1 samanlikna med dei andre medisinske artiklane i materialet. Det strekkjer seg frå avsnitt 27 til avsnitt 51 og utgjer drygt 60 prosent av tekstmassen i MED1 rekna i ord.¹⁰⁴ Avsnitt 35-51 følgjer etter mellomtittelen «Indikasjoner for transplantasjon». Elles er diskusjonsavsnittet ikkje underinndelt.

Det er i heile diskusjonsavsnittet tett med *enonsiative spor*. Til dømes er det totalt 24 førekomstar av *førstepersonspronomen* (eigedomsformer inkluderte) og 36 *referansar i form av sluttnotar*. I heile artikkelen elles (altså i innleiinga, metode- og resultatavsnittet samla) er det til samanlikning berre fire førekomstar av første-personspronomen og to førekomstar av referansar i form av sluttnotar. I diskusjonsavsnittet er det dessutan mange *leksikaliserte referansar*, som t.d. «den første konsensuskonferanse» i [27.1] og «internasjonal litteratur» i [31.1]. Det er òg mange *metatekstuelle innslag* som t.d. «Resultatene i Norge er, som vist...» i [34.3]. Sist, men ikkje minst, er teksten no sterkt prega av *kvalifiseringar* (både epistemiske og evaluative). Etter dei kriteria eg har lagt til grunn (jf. kapittel 5), inneheld diskusjonsavsnittet totalt om lag 41 kvalifiseringar. At det dessutan er mykje *kausalkopling*, og at tempusformene i hovudsak er henta frå *presenssystemet* (totalt sju former frå preteritumssystemet), fører til at ein analyse med utgangspunkt i den argumenterande PL-strukturen verkar mest rimeleg. Det ville sprengje alle tenlege rammer å gå gjennom dette lange tekstutsnittet i detalj. Når eg nedanfor gjer greie for PL-strukturen, refererer eg

¹⁰⁴ Total ordmengd: 3757. Innleiing, metode- og resultatavsnitt: 1449 ord. Diskusjonsavsnitt: 2308 ord.

berre til dei tekstsegmenta eg oppfattar som kjernen i PL-komponentane.

Det er ganske interessant å samanlikne det første avsnittet i diskusjonsavsnittet med det første avsnittet i innleiinga. Vi ser då at det referensielle innhaldet er nesten identisk (viktige referantar er **utheva**, alle enonsiative spor er dessutan *kursiverte*):

Avsnitt 1 innleiinga:

*I to konsensusrapporter (1,2) er det slått fast at **levertransplantasjon** er en etablert **behandling** for pasienter med terminal leversykdom [1.1]. Det er også gitt retningslinjer for hvilke pasientgrupper som er aktuelle for **levertransplantasjon** [1.2]. **Innføringen av cyklosporin A** tidlig på 1980-tallet var et *vesentlig* bidrag til utviklingen av **dette behandlingsprogrammet** [1.3]. *Bedre* kirurgiske teknikker og metoder for preservasjon av donorlever har også hatt *stor betydning* [1.4].*

Avsnitt 27 i diskusjonsavsnittet:

Levertransplantasjon var *eksperimentell behandling* frem til den første *konsensuskonferanse* om emnet ble holdt i USA i 1983 (1) [27.1]. Det var **innføringen av cyklosporin A** som basis i den immunsupprimerende behandling som representerte et *vendepunkt i utviklingen av dette behandlingstilbudet* [27.2].

I begge avsnitta blir det referert til levertransplantasjon som behandling og til cyklosporin A. Referansane det blir synt til, er også delvis samanfallande. I begge avsnitta blir dessutan det referensielle innhaldet kvalifisert på aksen god-dårleg. Det mest frapperande er at det som vart inferert som Gammal tese då vi las kausalrelasjonen i avsnitt 1 i innleiinga etter Adams argumentative sekvens (nemleg at «levertransplantasjon er eksperimentell behandling»), her blir *eksplisittert* jf. [27.1]. Dette tyder for det første på at analysen av kausalrelasjonen i innleiinga var rimeleg. For det andre skaper det ein sterkare samanheng mellom innleiinga og diskusjonsavsnittet enn det som kan etablerast mellom desse to avsnitta og metode- og resultatavsnitta.

Dei sentrale komponentane i PL-strukturen i diskusjonsavsnittet i MED1 er plasserte i avsnitt 27-30. Nedanfor er desse avsnitta refererte med aktuell komponent som overskrift. Dei enonsiative spora er kursiverte og *eksplisitte* kausalkoplingar er understreka:

SITUASJON

Levertransplantasjon var *eksperimentell* behandling frem til den første *konsensuskonferanse om emnet* ble holdt i USA i 1983 (1) [27.1]. Det var innføringen av cyklosporin A som basis i den immunsupprimerende behandling som representerte et *vendepunkt* i utviklingen av dette behandlingstilbudet [27.2].

Finland var først ute av de nordiske land i 1982, Norge og Sverige kom etter i 1984, mens Danmark startet i 1990 [28.1]. I Skandinavia er det nå fem sentre (Helsingsfors, Stockholm/Uppsala, Göteborg, København og Oslo) som utfører slike transplantasjoner [28.2]. Virksomheten overvåkes nøye ved at alle sentre leverer data til Nordisk Levertransplantasjonregister i Aarhus [28.3]. Norge leverer også data til Europeisk Levertransplantasjonregister i Paris [28.4]. *Vi* har derfor til enhver tid full oversikt over utviklingen i Europa og kan vurdere indikasjoner og resultater i forhold til andre sentre [28.5].

Antall transplanterte per år i Norge er ennå *beskjedent* [29.1]. Uttrykt i rater har *vi* de siste 3-4 år transplantert i gjennomsnitt fire pasienter per million innbyggere per år [29.2].

PROBLEM

Det er *påfallende* at ratene har økt år for år i de øvrige nordiske land [29.3]. I 1994 transplanterte Finland, Sverige og Danmark henholdsvis seks, ti og ti pasienter per million innbyggere [29.4].

Hva forklarer disse forskjellene [30.1]? Det er *neppe grunn til å tro* at prevalensen av kronisk leversykdom i de nordiske land er *vesentlig* forskjellig, med unntak av at alkoholindusert levercirrhose *sannsynligvis* er vanligere i Danmark og Finland enn i Norge [30.2]. Det er *påfallende* store variasjoner i operasjonsratene for enkeltindikasjoner, *som vist i tabell 1 i en*

annen artikkel i dette nummer av Tidsskriftet (4)[30.3]. Dette viser at leger i de nordiske land vurderer kroniske leversykdommer ulikt [30.4]. Vi vil derfor reise spørsmålet om alle som kan ha nytte av denne behandlingen, får tilbudet [30.5]. Grunnen til det lave behandlingsvolumet i Norge i dag er først og fremst manglende henvisning av disse pasientene, idet både kapasitet og tilbud av donororganer er til stede [30.6].

LØYSING

Resultatene av levertransplantasjon ved alkoholisk levercirrhose, ved primær malign leversykdom og ved akutt/subakutt leversvikt er nå så gode at den restriktive linje som har vært fulgt i Norge, må forlates [30.7].

Vi mener at det reelle behandlingsbehovet i Norge er 30-35 pasienter per år (7-8 per million innbyggere) [30.8]. Tilbudet av donororganer er godt, og dette er derfor ikke den begrensede faktor for levertransplantasjonsvirksomheten [30.9].

I Situasjonskomponenten blir først, som vist ovanfor, «tråden» frå innleiinga teken opp att (avsnitt 27), og deretter følgjer eit avsnitt som gjer greie for status for levertransplantasjonar i nordisk samanheng (avsnitt 28). Avsnitt 28 har fram t.o.m. [28.4] eit deskriptivt preg. Mellom anna er dei enonsiative spora mindre talrike her. Situasjonskomponenten munnar ut i norske data, og vi kan her ane ei oppbygging mot Problemkomponenten via kvalifiseringa «beskjedent» i [29.1].

Problemkomponenten inneheld talrike kvalifiseringar i form av *negative vurderingar* og er dessutan innleidd av eit *spørsmål*. Spørsmål kan òg signalisere Problemkomponentar (jf. Tirkkonen-Condit 1985 og Swales 1990: 141). Det som det blir stilt spørsmål om her, er om det blir utført for få transplantasjonar i Noreg, noko forfattarane meiner er tilfellet (jf. Løysingskomponenten).

I Løysingskomponenten finn vi fleire evaluative kvalifiseringar, blant desse ei *deontisk* markert utsegn («må forlates» i [30.7]). Denne kvalifiseringa har dermed form av ei *direktiv* tilråding uttrykt via deontisk bruk av det modale hjelpeverbet *måtte*. Direktive innslag er typiske markørar for Løysingskomponentar (jf. Tirkko-

nen-Condit 1985, sjå 4.2.3.2 ovanfor). Forfattarne kjem her sterkt til syne i høve til det dei har gjort tidlegare i MED1 (jf. «Vi mener» i [30.8]). Her finn vi i motsetnad til det vi gjorde i PL-strukturen i innleiinga, ein fullt utbygd Løysingskomponent. Analysen av slutten av avsnitt 30 som Løysingskomponent kan ytterlegare underbyggjast ved at det same synspunktet blir lagt fram i den perioden som avrundar MED1. [51.1] er altså *konklusjonen* i artikkelen:

Norske pasienter *må sikres* et behandlingstilbud som er *fullt etablert*, og som er et *livreddende* inngrep med *stor mulighet for tilbakeføring* til normal livs- og arbeidsfunksjon [51.1].

Avsnitt 27-30 er etter mitt syn *kjernen* både i diskusjonsavsnittet og i artikkelen MED1 samla.

I resten av diskusjonsavsnittet finn vi elliptiske PL-strukturar som stør opp om den sentrale Løysingskomponenten (dvs. Løysinga i slutten av avsnitt 30). Dei to første av desse strukturane tek opp delproblem. Begge desse problema *kunne* ha representert negative Evalueringar av den sentrale Løysingskomponenten.¹⁰⁵ Men begge dei potensielt negative Evalueringane blir avviste (i underordna Løysingskomponentar). Det blir i staden gjeve positive Evalueringar av den sentrale Løysingskomponenten i MED1. Eg gjev nedanfor att nokre av kjerneperiodane i desse elliptiske PL-strukturane (enonsiative spor er framleis kursiverte, og eksplisitte kausalkoplingar er framleis understreka). Legg merke til dei sterke epistemiske kvalifiseringane i [31.1] og [32.2]:

Potensielt PROBLEM1

Resultatene med hensyn til overlevelse (fig 3) *kan isolert sett tolkes* som om *våre* resultater er *dårligere* enn dem man finner i *internasjonal litteratur* (5,6) [31.1].

Underordna LØYSING1 (= positiv Evaluering på overordna nivå):

¹⁰⁵ Det blir her sikta til komponenten Evaluering i PL-skjemaet og ikkje til den negative vurderinga som signaliserer Problemkomponenten.

Sammenlikning av resultater er *beheftet med en rekke problemer* [31.2]. [...]

Våre data kan derfor ikke uten videre sammenliknes med materialer fra enkeltinstitusjoner som er selekterte med hensyn til tid [32.2]. Sammenlikningsgrunnlaget *må være* totaltall fra Europeisk Levertransplantasjonsregister [32.3].

Potensielt PROBLEM2:

I ettertid er det *klart* at noen av de pasientene som ble transplantert i de første årene, i dag ikke ville blitt akseptert pga. for *høy risiko* [33.1].

Underordna LØYSING2 (= positiv Evaluering på overordna nivå):

Som de norske og europeiske resultatene viser, har det skjedd en forbedring over tid [33.2]. For en stor del skyldes dette bedre seleksjon av pasientene før operasjon [33.3]. [...] Resultatene som nå oppnås (fig 3), *er det beste argument* for en økning [34.7].

Avsnitt 35-51 følger som nemnt etter mellomtittelen «Indikasjoner for levertransplantasjon». Her går teksten, med unntak av avsnitt 51, som vart referert ovanfor, ned på semantisk detaljnivå att. Forfatterne gjer greie for korleis ulike indikasjonar skal vurderast i høve til transplantasjon. Men teksten dreier ikkje over i deskripsjonen, han har heile tida argumentativ retning. Dei enonsiative spora er like talrike som tidlegare i diskusjonsavsnittet, og den overordna Løysingskomponenten blir repetert fleire gonger, t.d. som her:

Nyere data viser at også denne pasientgruppen kan ha *god nytte* av transplantasjon (24) [44.1]. *Vi mener derfor* at retningslinjene *vi* har hatt i Norge til nå, er *for restriktive* [44.2]. Flere pasienter *bør derfor* henvises til vurdering [44.3].

Denne delen av diskusjonsavsnittet kan lesast som ei rekkje Situasjonskomponentar (alle indikasjonane) som blir positivt evaluerte i høve til den overordna Løysinga i MED1. På underordna nivå har vi her i alt *11 PL-strukturar* i form av sekvensen Situasjon-(positiv) Evaluering. Den siste av desse Evalueringane er nettopp konklusjo-

nen i [51.1], som vart referert ovanfor. Fordi desse Situasjonskomponentane har eit svært samanfallande innhald, vil eg i tekstkartet nedanfor slå dei saman («Situasjon-Evaluering» x 11).

Evalueringane treng ikkje presiserast som positive, for Evalueringskomponentar som følgjer etter Løysingskomponentar, vil normalt nettopp evaluere løysingsframlegget i teksten positivt. Om Evalueringa var negativ, ville ho generert nye PL-strukturar. I *tekst-karta* (sjå nedanfor) spesifiserer eg berre *negative* Evalueringar.

PL-stukturen i diskusjonsavsnittet samla kan dermed setjast opp slik:

Nivå I	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING
Nivå II	[deskriptive innslag]		
	[27.1] [29.2]	[29.3]-[30.6]	[30.7]-[30.9]
Nivå I	EVALUERING	EVALUERING	EVALUERING
Nivå II	[problem - løysing]	[problem-løysing]	[situasjon-evaluering x 11]
	(avsnitt 31-32)	(avsnitt 33-34)	(avsnitt 35-51)

Figur 49: PL-struktur i diskusjonsavsnittet i MED1

6.1.1.5 Den superstrukturelle konfigurasjonen i MED1

Vi har no grunnlag for å sjå på den samla tekstoppbygginga, og dermed den superstrukturelle konfigurasjonen, i artikkelen MED1. Eg oppsummerer først dei viktigaste resultata frå analysen av dei enkelte IMROD-avsnitta

Innleiinga er *argumenterande* organisert. Ein PL-struktur med komponentane Situasjon, Problem og Løysing kunne etablerast. Denne PL-strukturen hadde ein elliptisk Løysingskomponent, og i høve til dei meir utbygde PL-strukturane i diskusjonsavsnittet var denne PL-strukturen ganske summarisk. Innleiinga er også svært kort (tre små avsnitt). På underordna nivå kunne *eksplikative* innslag etablerast (i Problemkomponenten).

Metode- og resultatavsnitta er *deskriptivt* organiserte. I begge desse rapporterende avsnitta kunne eit overordna *ikkje eksplisitt*

Tema som syter for den overordna koherensen infererast. Desse to Tema («Behandlingsopplegget levertransplantasjon» og «Pasienter») var begge bygde opp av fire Tema-strukturar der Temaa i stor grad samsvarer med mellomtitlane. I metodeavsnittet var det sterke *instruktive* innslag.

Diskusjonsavsnittet er *argumenterende* organisert. Her kunne ein utbygd PL-struktur etablerast. På det overordna nivået er denne sekvensen Situasjon-Problem-Løysing etterfølgt av tre (positive) Evalueringar. På det underordna nivået kunne deskriptive innslag påvisast i Situasjonskomponenten, og Evalueringane var bygde opp av sekvensane Problem-Løysing (x 2) og sekvensane Situasjon-Evaluering (x 11).

Forklaring av tekstkartet:

Den *overordna* tekstopppbygginga i MED1 er illustrert i *tekstkartet* nedanfor. I tekstkarta blir tekstopppbygginga i artiklane attgjevne i lineær rekkjefølgje, og denne er markert på avsnitt- eller periodenivå øvst i kolonnane. Nedanfor finn vi i dei ulike boksane komponentar og/eller minitekstar på opptil tre nivå. I tekstkartet for MED1 er det, som vi ser, berre to nivå (Nivå I og Nivå II). Dei første boksane på Nivå I gjev att PL-strukturen i innleiinga (avsnitt 1-3). På Nivå II ser vi dei eksplikative innslag på underordna nivå i Problemkomponenten. Deretter følgjer dei deskriptive strukturane i metode- og resultatavsnitta (avsnitt 4-26). Desse er attgjevne som to overordna Tema med i alt åtte underordna Tema. Det er berre Tema i deskriptive strukturar som vil bli attgjevne i tekstkarta her. I høve til den overordna tekstopppbygginga har eg ikkje vurdert det som nødvendig å trekkje inn underordna komponentar som Tematiseringar, Aspektualiseringar og Relasjonsdanningar. Slike vil gå fram av eventuelle djupanalyser av deskriptive parti. Vidare i tekstkartet ser vi PL-strukturen i diskusjonsavsnittet med deskriptive innslag og PL-strukturar på underordna nivå (avsnitt 27-51). For å spare plass har eg markert at den siste av desse underordna PL-strukturane blir repetert elleve gonger (x 11). For å spare plass bruker eg òg *forkortingar* for komponentnamna på underordna nivå (Nivå II og Nivå III). Forkortingane som er brukte i tekstkarta i dette kapitlet, er som følgjer: Situasjon = Sit, Problem = Pro, Løysing = Løys, Evaluering = Eval, Orientering = Orien, og Komplikasjon = Komp. Alle komponentar på Nivå I blir skrivne med versalar.

Avsnitt (lineær plassering)			
Tekstkart MED1	1	2	3
Nivå I	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING
Nivå II		[eksplicative innslag]	

Avsnitt (lineær plassering)								
Tekstkart MED1	4 - 6	7 - 9	10 - 11	12 - 14	15	16 - 17	18 - 25	26
Nivå I	TEMA (<i>inferert</i>)							
Nivå II	Tema 1	Tema 2	Tema 3	Tema 4	Tema 1	Tema 2	Tema 3	Tema 4

Avsnitt (lineær plassering)						
Tekstkart MED1	27.1 - 29.2	29.3 - 30.6	30.7 - 30.9	31 - 32	33 - 34	35 - 51
Nivå I	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING	EVALUERING	EVALUERING	EVALUERING
Nivå II	[deskriptive innslag]			[pro - løys]	[pro - løys]	[sit-eval x 11]

TEKSTKART for den superstrukturelle konfigurasjonen i MED1

Som nemnt i analysen av diskusjonsavsnittet ser eg på den innleiande PL-strukturen i dette avsnittet som den argumentative kjernen i MED1. PL-strukturen er elles dominerande i teksten i den forstand at han strukturerer brorparten av tekstmassen (heile innleiinga og diskusjonsavsnittet). Men som det går fram av tekstkartet, har eg ikkje vurdert det slik at dei deskriptive strukturane i metode- og resultatavsnitta kan relaterast til PL-strukturen via over- eller underordningsrelasjonar.

Det er nemleg vanskeleg å relatere metode- og resultatavsnittet til den argumenterande PL-strukturen. Teksten samla har ein klar samanheng i kraft av den sentrale tekstreferenten «levertransplantasjon», og slik sett er det ikkje vanskeleg å sjå relevansen til metode- og resultatavsnittet. Men kva *funksjon* desse avsnitta har *i høve til den argumenterande PL-strukturen, blir aldri eksplisittert*. Dette vil seie at vi ikkje kan etablere éin overordna superstruktur for teksten MED1 samla. Den superstrukturelle konfigurasjonen MED1 består på overordna nivå av to urelaterte konfigurasjonar der den eine er bygd opp av argumenterande PL-strukturar (innleiinga og diskusjonsavsnittet), og den andre er bygd opp av deskriptive strukturar (metode- og resultatavsnittet). Dei argumenterande og deskriptive konfigurasjonane er ikkje relaterte via hierarkiske relasjonar, dei er *sidestilte*. MED1 er altså ein *heterogen* tekst; han er på overordna nivå prega av eit samspel mellom to ulike tekstorganiseringsprinsipp. Vi ser her eit døme på *heterogen horisontal distribusjon* eller det Adam omtaler som heterogenitet via *innskot* (insertion). I tillegg har vi sett nokre døme på *vertikal heterogen distribusjon* – dvs. at det er innslag av andre tekstorganiseringsprinsipp på underordna nivå – men desse er få og er dessutan aldri fullt utbygde strukturar.

Avslutningsvis vil eg knyte nokre merknader til det problematiske omgrepet *koherens*. MED1 er ein særleg interessant tekst i denne samanhengen, og dette gjev meg dessutan eit høve til å kome med nokre viktige presiseringar som er relevante for dei påfølgjande analysane.

MED1 er for det første interessant i høve til koherensomgrepet fordi PL-strukturen og den deskriptive strukturen synest relativt urelaterte i eit funksjonelt perspektiv. Eit fokus på tekstleg hetero-

genitet fører nettopp til ei framheving av sider ved tekstopbygginga som *kan* stå fram som potensielle samanhengsbrot (sjå òg 4.1.2.2 ovanfor). Dette analyseresultatet *kunne* difor ha vore utlagt som at teksten MED1 manglar koherens.

For det andre er det også sider ved *samanhengen* mellom PL-strukturen i innleiinga og den sentrale PL-strukturen i diskusjonsavsnittet som fortener ein kommentar. Då det i analysen av diskusjonsavsnittet ovanfor vart påvist samanheng mellom innleiinga og diskusjonsavsnittet, bygde det på den sterke parallelliteten mellom *Situasjonskomponentane* i desse tekstutsnitta. Om ein jamfører resten av innleiinga i MED1 med det som syner seg å bli den sentrale Problemkomponenten i diskusjonsavsnittet, syner det seg at denne i liten grad er førebudd i innleiinga:

Problem- og Løysingskomponentane i innleiinga:

Seleksjon av pasienter og vurdering av tidspunkt for påmelding til transplantasjon er problematisk [2.1] Dette skyldes delvis at prognostiske modeller for mange kroniske leversykdommer er utilstrekkelige [2.2]. Tidlig operasjon gir bedre resultater fordi pasienter i god fysisk form og allmenntilstand bedre tåler det operative inngrepet og den postoperative periode [2.3]. På den annen side vil tidlig operasjon kunne medføre tap av levetid for de pasienter som dør som følge av transplantasjonen [2.4]. Dette forhindres ved å utsette tidspunktet for transplantasjon, men man må da akseptere en høyere mortalitet på grunn av økt komplikasjonsrisiko [2.5]. Antall dødsfall på ventelisten vil også øke ved sen påmelding [2.6]. Ikke minst gjelder dette små barn, hvor ventetiden erfaringsvis er lengre [2.7].

Vi gjør her rede for erfaringene med levertransplantasjon ved Rikshospitalet fra starten i 1984 til og med 1994 [3.1]. Vi vil spesielt omtale de problemene vi møter ved vurdering av ulike indikasjoner [3.2].

Den overordna Problemkomponenten i diskusjonsavsnittet (utdrag):

Det er påfallende at ratene har økt år for år i de øvrige nordiske land [29.3]. I 1994 transplanterte Finland, Sverige og Dan-

mark henholdsvis seks, ti og ti pasienter per million innbyggere [29.4].

Hva forklarer disse forskjellene [30.1]? Det er neppe grunn til å tro at prevalensen av kronisk leversykdom i de nordiske land er vesentlig forskjellig, med unntak av at alkoholindusert levercirrhose sannsynligvis er vanligere i Danmark og Finland enn i Norge [30.2]. Det er påfallende store variasjoner i operasjonsratene for enkeltindikasjoner, som vist i tabell 1 i en annen artikkel i dette nummer av Tidsskriftet (4)[30.3].

Det er sjølvsagt ein klar samanheng mellom desse tekstutsnitta, men det blir ingen stader i innleiinga førebudd at forfattarane har som hovudærend å argumentere for at det blir utført for få levertransplantasjonar i Noreg. I innleiinga verkar det som om det berre er dei medisinskfaglege problema kring seleksjon av pasientar på grunnlag av ulike indikasjonar som er den sentrale problemstillinga i artikkelen. Denne problemstillinga blir, som vi såg ovanfor, også utførleg behandla i diskusjonsavsnittet (Situasjon-Evaluering x 11), men det er altså *ikkje* denne tematikken som blir behandla i den sentrale PL-strukturen i diskusjonsavsnittet.

Innleiinga i MED1 kan dermed til ein viss grad seiast å kamuflere den argumentative kjernen i artikkelen. Påvisinga av dette «mishøvet» kunne – på same måte som relasjonen mellom PL-strukturar og deskriptive strukturar – tolkast som at teksten MED1 ikkje er *koherent*. Som tidlegare nemnt (jf. 4.1.2.2 ovanfor) ser eg det ikkje som mi oppgåve å kome med normative vurderingar av koherensen i dei tekstane er analyserer. Eg går ut frå at dei vitskaplege artiklane som blir analyserte her, er koherente for dei fagfolka som skal bruke dei.

MED5, som vi straks skal sjå på, verkar for meg som lesar som meir samanhengande, men vi vil i analysen av denne artikkelen sjå at også denne teksten på overordna nivå er prega av eit samspel mellom ein argumenterande PL-struktur og ein deskriptiv struktur som synest ganske urelaterte, og at innleiinga også i denne artikkelen er svært summarisk formulert i høve til det vi vil sjå i dei humanistiske artiklane. For meg blir denne typen observasjonar interes-

sante symptom på medisinske *argumentasjonsstrategiar* og ikkje problematiske sider ved koherensen i desse tekstane.

Dette er viktige punkt som eg òg vil kome attende til i sluttdiskusjonen i neste kapittel. Når eg tek dette opp her, er det også for å presisere at det i tekstkarta som følgjer analysane, *ikkje* blir teke stilling til (gradar av) koherens mellom ulike strukturar som følgjer etter kvarandre lineært (horisontal distribusjon). Når det gjeld den vertikale distribusjonen – dvs. når det er påvist innslag av underordna minitekstar av same type som den overordna eller minitekstar som realiserer andre tekstorganiseringsprinsipp på underordna nivå – er dette nødvendigvis i større grad eit resultat av at eg meiner å kunne påvise ein funksjonell *samanheng*. Men heller ikkje her vil eg markere eller gradere koherensen på noko vis. Eg kommenterer berre slike aspekt i djupanalysar i den grad det måtte vere relevant.

6.1.2 Analyse av MED5

MED5 er ein av tre *eksperimentelle* artiklar i materialet. Artikkelen gjer greie for resultat av eit eksperiment der det vart undersøkt korleis ein bestemt type blodtrykksmedisin (α_1 -blokade) påverka oksygenopptak og fysisk arbeidskapasitet hos 16 veltrena menn med mild hypertensjon.

Som nemnt ovanfor er MED5 ein noko kortare artikkel enn MED1. Særleg diskusjonsavsnittet er markert kortare enn i MED1 og utgjer her i underkant av 40 prosent av tekstmassen.¹⁰⁶ Metodeavsnittet i MED5 heiter «Materiale og metoder». I all hovudsak er det store likskapar i tekstopppbygginga i MED1 og MED5. Også i MED5 er innleiinga og diskusjonsavsnittet argumenterande strukturerte, medan metode- og resultatavsnitta er deskriptive. Eg presenterer difor no dei argumenterande PL-strukturane og dei deskriptive strukturane samla i staden for å disponere stoffet i høve til kvart av IMROD-avsnitta.

¹⁰⁶ Total ordmengd i MED5 er 2234. Innleiing, metode- og resultatavsnitta er på 1417 ord og diskusjonsavsnittet er på 817 ord.

6.1.2.1 PL-strukturar

Den argumenterende PL-strukturen i MED5, som altså startar i innleiinga og held fram i diskusjonsavsnittet, blir innleidd med følgjande ukvalifiserte periode, som utgjer kjernen i Situasjonskomponenten i innleiinga:

SITUASJON:

Antihypertensive midler senker blodtrykket ved ulike hemodynamiske prinsipp [1.1].

Resten av Situasjonskomponenten ([1.2]-[4.1]) gjer greie for korleis ulike typar blodtrykksmedisin påverkar den fysiske yteevna. Her er det i motsetnad til i [1.1] mange enonsiative spor, særleg i form av slutnotereferansar og epistemiske kvalifiseringar som i [3.1] nedanfor:

Kalsiumantagonister, ACE-hemmere og α -blokkere *synes* også å ha liten effekt på fysisk yteevne (11-15) [3.1].

Det er den siste av dei tre nemnde blodtrykkmedisinane som er i fokus her. Det blir vist til at internasjonale retningsliner for blodtrykksenkande behandling no tilrår α -blokkarar på line med dei to andre, og det er her artikkelforfattarane situerer problemstillinga si:

PROBLEM

Effekten av α_1 -selektiv blokade på fysisk kapasitet hos hypertensive er imidlertid *ikke godt dokumentert* [4.2].

LØYSING

Derfor var formålet med *denne undersøkelsen* å teste effekten av α_1 -selektiv blokade med doxazosin på maksimalt oksygenopptak (VO_2 maks) og fysisk arbeidskapasitet hos veltrente menn med mild hypertensjon [4.3].

[4.2] er Problemkomponenten i den innleiande PL-strukturen, og vi ser dei typiske signala negativ vurdering og adversativ sambindar. [4.2] er truleg ein representativ Problemkomponent for innleiande PL-strukturar i vitenskaplege artiklar. Innhaldet korresponderer nemlig bra med Step 1b i Move 2 i Swales' CARS-modell: «Indicating a gap» (jf. Swales 1990: 141, sjå òg 2.2.1 ovanfor).

Innhaldet i [4.3] er òg typisk for innleiingar i vitskaplege teksttar. Vi ser at det er ein eksplisitt signalisert kausalrelasjon mellom [4.2] og [4.3], men denne relasjonen byggjer ikkje opp om ei grunngeving for at påstanden i [4.2] er rimeleg, han grunnjev derimot legitimiteten og relevansen av undersøkinga artikkelforfattarane har gjort og teksten som følgjer. [4.3] er ein Løysingskomponent i den forstand at han formulerer ei førebels løysing på innhaldet i Problempblemkomponenten i form av ei *problemstilling*. Omskriven til eit spørsmål er dette problemstillinga:

Hva er effekten av α_1 -selektiv blokade med doxazosin på maksimalt oksygenopptak (VO_2 maks) og fysisk arbeidskapasitet hos veltrente menn med mild hypertensjon? [4.3, lett omskrive]

I innleiinga har vi dermed PL-strukturen:

Situasjon - Problem - Løysing (= Problem)

Vi ser dermed ei form for samanveving av Problem- og Løysingskomponenten som etter mitt syn er typisk for akademiske fagtekstar, der det å formulere den «rette» problemstillinga er ein sentral del av løysingsframlegget. I framhaldet av teksttar som har ein slik innleiande PL-struktur, vil det normalt bli respondert på det problemet som er signalisert i Løysingskopponenten (sjå Breivega 1994: 61-65).

Det er i samband med dette av interesse å nemne at Swales drøftar PL-modellen under den presentasjonen han gjev av CARS-modellen han har utvikla (jf. Swales 1990). Swales avviser PL-modellen som analysemodell for innleiingane i vitskaplege artiklar fordi det ofte er vanskeleg å finne «problemet» i desse tekstane:

[...] part of the difficulty with fitting a problem-solution schema onto introductions is the fact that 'problems' or research questions or unexplained phenomena are the life-blood of many research undertakings. (Swales 1990: 140)

Dette er etter mitt syn ei dårleg grunngeving for å gje avkall på denne analysemodellen. Ved å ta utgangspunkt i ein tekstmodell

som ikkje er tufta på innhaldskategoriar i ein bestemt sjanger, slik Swales' CARS-modell i stor grad er, kan ein nettopp *jamføre* argumenterande strukturar i ulike sjangrar (jf. 2.3.2 ovanfor). Vi har her truleg etablert eit karakteristisk trekk ved innleiande PL-strukturar i vitenskaplege artiklar som heng saman med nettopp det Swales peiker på, at problem er «livsgrunlaget» for all forskning.

Bortsett frå innslaget av denne særmerkte «akademiske» løysingskomponenten er den innleiande PL-strukturen i MED1 og MED2 samanfallande. Etter eit deskriptivt parti i metode- og resultatavsnitta (sjå nedanfor) vender ein argumenterande PL-struktur tilbake i diskusjonsavsnittet, slik han gjorde i MED1. Symptom på dette er at dei enonsiative spora, kausalrelasjonane og tempusformer frå presenssystemet vender attende etter å ha vore fråverande i metode- og resultatavsnitta.

Ein skilnad mellom MED5 og MED1 er at kjernen i den argumenterande PL-strukturen kan identifiserast alt i innleiinga. Det første avsnittet i diskusjonsavsnittet (avsnitt 23) svarer nettopp på problemstillinga som vart formulert i Løysingskomponenten i innleiinga, og det same svaret blir parafrasert som *konklusjon* i det siste avsnittet (avsnitt 32). Avsnitt 23 meiner eg difor må karakteriserast som ein Løysingskomponent:

LØYSING

Undersøkelsen viser at α_1 -selektiv blokade med doxazosin fører til en moderat, men signifikant reduksjon i VO_2 maks, maksimalt ytelsesnivå, og tid frem til utmattelse på ergometer-sykkel [23.1]. I tillegg ble løpshastigheten på 5 000 meter redusert [23.2].

[...]

Konklusjonen er at α_1 -selektiv blokade med doxazosin fører til en moderat, men signifikant reduksjon i VO_2 maks og fysisk yteevne hos veltrente menn med mild hypertensjon [32.1].

Vi møter her ein Løysingskomponent som *ikkje* inneheld direktive tilrådingar om *handlingar* som den vi såg i diskusjonsavsnittet i MED1 eller i den konstruerte teksten eg nytta som døme i kapittel 4 (jf. Abortlova må avskaffast straks). Etter mitt syn er dette typisk

for Løysingskomponentar i akademiske tekstar. Desse tekstane forhandlar i større grad om kva som er dei rette synspunkta enn om kva som er dei rette handlingane.

I MED1 såg vi at kjernen i PL-strukturen var plassert i starten av diskusjonsavsnittet. Ikkje minst var dette eit resultat av at problemet «for få norske transplantasjonar» først var formulert her. I MED5 blir det ikkje reist nye overordna problem i diskusjonsavsnittet. Etter avsnitt 23 følgjer to PL-strukturar som tek opp delproblemstillingar. Den første av desse er svært analog med den første underordna PL-strukturen vi såg i diskusjonsavsnittet i MED1. Det dreier seg om i kva grad resultatata her er samanliknbare med resultat frå tidlegare studiar. Det andre problemet er at *årsaka* til at den aktuelle blodtrykksmedisinen set ned fysisk yteevne, ikkje er klar, og moglege feilkjelder blir drøfta. I begge tilfelle blir det gjeve løysingar på desse problema, slik at vi som i MED1 på overordna nivå får to (positive) Evalueringar av den sentrale Løysingskomponenten. Eg gjev nedanfor att nokre av kjerneperiodane i dei to underordna PL-strukturane (enonsiative spor kursiverte):

Potensielt PROBLEM 1

Våre resultater kan synes å være i strid med resultatene fra en liknende undersøkelse med α -blokkeren prazosin (15), hvor man ikke påviste noen signifikant effekt [24.1]. [...]

Til forskjell fra *vår* undersøkelse har de andre undersøkelsene (11, 15, 22) konkludert med at forsøksmedikamentet ikke hadde negativ effekt, ettersom de ikke kunne påvise statistisk signifikante forskjeller [25.1].

Underordna LØYSING1 (= positiv Evaluering på overordna nivå):

Dette kan muligens tilskrives mer spredning i data og manglende statistisk styrke (11, 22) [25.2].

Potensielt PROBLEM2:

Årsaken til at fysisk utholdenhet reduseres av α_1 -selektiv blokkade er ikke klar [27.1].

Underordna LØYSING2 (= positiv Evaluering på overordna nivå):

Imidlertid *ugyldiggjør ikke* dette hovedresultatene, som viser en reduksjon i V_{O2} maks og fysisk kapasitet [31.4].

6.1.2.2 Deskriptive struktur

Som i MED1 er metode- og resultatavsnitt i MED5 fattige på enonsiative spor. Det er totalt i dei to avsnitt berre éin førekomst av førstepersonspronomen og to førekomstar av slutnotereferansar. Tekstmassen i metode- og resultatavsnittet kan, som i MED1, analyserast med utgangspunkt i Adams deskriptive sekvens. Som i MED1 er det nytta tematiske mellomtitlar i desse avsnitt, og dei gjev ein peikepinn om kva som er sentrale emne:

Materiale og metoder (avsnitt 5-17)	Resultater (avsnitt 18-22)
<i>Forsøkspersoner</i> (avsnitt 5-6)	<i>Ergometersykelbelastning</i> (avsnitt 18)
<i>Protokoll</i> (avsnitt 7-8)	<i>5 000 m baneløp</i> (avsnitt 19)
<i>Medisinering</i> (avsnitt 9-10)	<i>Blodprøver, vekt og blodtrykk i hvile</i> (avsnitt 20-21)
<i>Testing på ergometersykel</i> (avsn. 11-15)	<i>Bivirkninger</i> (avsnitt 22)
<i>5 000 m baneløp</i> (avsnitt 16)	
<i>Statistisk metode</i> (avsnitt 17)	

Figur 50: IMROD-avsnitt med tematiske mellomtitlar i MED5¹⁰⁷

Det slåande her er at to av mellomtitlane i respektive metode- og resultatavsnittet er meir eller mindre identiske («Testing på ergometersykel» vs. «Egometersykelbelastning» og «5 000 m baneløp» vs. «5 000 m baneløp»). Dette er symptomatisk for at det mellom metode- og resultatavsnitt i MED5 kan etablerast ein sterkare samanheng enn det som var mogeleg mellom dei tilsvarande avsnitt i MED1. Begge avsnitt inngår etter mitt syn i éin deskriptiv struktur, der det overordna Temaet kan infererast som «Forsøket» eller «Eksperimentet». Mellomtitlane gjev att mange av dei eksplisitt

¹⁰⁷ Det er ingen andre tematiske mellomtitlar enn desse i MED5.

formulerte Temaa som inngår i det overordna infererte Temaet (totalt seks). Eg gjev ingen djupanalyse av den deskriptive strukturen her. For å kartleggje den overordna tekstoppbygginga (dvs. den superstrukturelle konfigurasjonen) i MED5 har vi nok informasjon idet vi har etablert at tekstmassen har eitt overordna inferert Tema med seks realiserte Tema (jf. tekstkart nedanfor).

Den deskriptive strukturen her har elles ingen instruktive innslag. Han er gjennomført deskriptiv-ekspositiv med somme eksplikative innslag i form av relasjonsdanningstypen *forklaring*, som t.d. i [8.2] nedanfor:

For å gjøre forsøkspersonene kjent med testene og for å oppdage eventuelle arytmier i tilknytning til fysisk anstrengelse, gjennomførte alle en sykkel- og løpstest (fortest) (fig 1) før den første behandlingsperioden tok til [8.2].

I resultatavsnittet i MED1 såg vi at det var ein del tempusformer frå preteritumssystemet. Det er vanleg at dei rapporterende avsnitta i IMROD-strukturen har større innslag av fortidsformer enn dei kommenterende avsnitta (jf. 2.2.3 ovanfor). I MED5 er dette skiljet ekstra tydeleg. 72 av 75 tempusformer i metodeavsnittet er frå preteritumssystemet, og *alle* tempusformene i resultatavsnittet er det. Den deskriptive strukturen i MED5 er som i metodeavsnittet i MED1 ei utprega *handlingsbeskriving*, og bruken av preteritumsformer blir naturleg når ein skal rapportere om korleis ein gjekk fram, og korleis testpersonane responderte.

6.1.2.3 Den superstrukturelle konfigurasjonen i MED5

I MED5 er det lettare å relatere den deskriptive strukturen i metode- og resultatavsnitta til PL-strukturen i innleiinga og diskusjonsavsnittet. Vi har like fullt også her ei klar todeling av teksten i superstrukturelle termar, der den deskriptive strukturen utgjer éin eigen tekst i teksten Denne deskriptive strukturen er omgjeven av PL-strukturane i innleiinga og diskusjonsavsnittet. Av tekstkartet nedanfor går dette fram av at både PL-komponentar og deskriptive komponentar ligg på Nivå I.

Den superstrukturelle konfigurasjonen på overordna nivå er dermed svært samanfallande med den vi etablerte i MED1. Vi ser

den same tekstlege *heterogeniteten* kome til uttrykk ved at ulike superstrukturar følgjer etter kvarandre lineært i teksten (horisontal distribusjon).

Avsnitt (lineær plassering)			
Tekstkart MED5	1 - 4.1	4.2	4.3
Nivå I	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING (=PROBLEM)
Nivå II			

Avsnitt (lineær plassering)						
Tekstkart MED5	5-6	7 - 8	9-10 og 20-22	11 - 14 og 18	15, 16 og 19	17
Nivå I	TEMA (inferert)					
Nivå II	Tema 1	Tema 2	Tema 3	Tema 4	Tema 5	Tema 6

Avsnitt (lineær plassering)			
Tekstkart MED5	23	24-26	27-32
Nivå I	LØYSING	EVALUERING	EVALUERING
Nivå II		[pro-løys]	[pro-løys]

TEKSTKART for den superstrukturelle konfigurasjonen i MED5

6.1.3 Oppsummering: MED1 og MED5

Dei viktigaste hypotesane i denne granskinga er komparative, og vi kan difor ikkje vurdere analyseresultata opp mot desse hypotesane før alle dei seks artiklane er analyserte. Det vi førebels kan slå fast, er at denne analysen av superstrukturelle konfigurasjonar ser ut til å ha stadfest den *strukturelle todelinga* i IMROD-artiklane (jf. 2.2.3 ovanfor). Dei *kommenterande* avsnitta er både i MED1 og i MED5 organiserte som argumenterande PL-strukturar, medan dei *rappor-terande* avsnitta er deskriptivt organiserte. Denne horisontale distri-busjonen av superstrukturar er elles i samsvar med den som vart skissert i hypotesane for dei medisinske artiklane ovanfor (jf. 4.3.6). Dette tyder på ein ganske fast distribusjon av PL-strukturar i dei medisinske artiklane, men i kva grad han er *fastare* enn i dei huma-nistiske artiklane står det enno att å sjå.

Dei *instruktive* innslaga i metodeavsnittet i MED1 er interes-sante påminningar om at klinisk medisin også er eit *handverk*. MED9 (sjå appendiks 1 og 2) er ved sida av MED1 den medisinske artikkelen som i størst grad beskriv eit behandlingsopplegg, og også i denne artikkelen finn vi eit metodeavsnitt med sterke instruktive innslag.

I høve til begge dei medisinske artiklane er det elles klart at ar-gumenterande PL-strukturar organiserer store delar av tekstmassen. Innslaget av argumentasjon er såleis på ingen måte lite. Men argu-mentasjon – eller argumentasjonsstrategiar – skal her ikkje avgren-sast til realiseringar av PL-strukturar (jf. 1.4 og 4.3.5.3 ovanfor). I dei medisinske artiklane synest den strukturelle todelinga å vere ein sentral argumentasjonsstrategi. På denne måten skil ein skarpast mogeleg mellom forskingsdata og forskar, eller mellom det som blir observert og den som observerer. Dette er den same strategien som prega det eksperimentelle essayet (jf. 2.1.3 ovanfor). Skiljet mellom forskingsdata og forskarsubjekt kjem tydeleg fram ved at det i dei rapporterende avsnitta aldri blir signalisert tvil eller gjeve drøftingar av alternative framgangsmåtar. På grunn av det nesten totale fråværet av enonsiative spor blir det proposisjonelle innhaldet

her *aldri* relatert til forfattersubjekta sine kunnskapar og vurderingar.

Dei deskriptive partia i MED1 og MED5 er dermed tilsynelatande «objektive» beskrivingar av medisinske prosedyrar og testopplegg. Men desse avsnitta skal sjølvstøtt ikkje (berre) oppfattast som venleg kunnskapsoverføring til kollegaer, dei er med på å underbyggje den faglege dugleiken til forfattersubjekta (t.d. transplantasjonsteamet i MED1) og leverer såleis indirekte argument for at det blir utført for få levertransplantasjonar i Noreg.

6.2 To historiske artiklar: HIS4 og HIS6

Dei to historiske artiklane er, som presentert under 3.2.4 ovanfor, HIS4 og HIS6. Begge er publiserte i *Historisk tidsskrift* (HT) i 1996: HIS4 i det tredje heftet og HIS6 i det fjerde heftet dette året. Begge artiklane er klassifiserte som *empiriske*, og ingen av artiklane følgjer IMROD-konvensjonen.

I begge artiklane er det avsnittsinndelingar på eitt nivå med tematiske mellomtitlar, og innleiinga har ikkje eiga overskrift. Denne måten å markere artikkelstrukturen på synest å vere vanleg i HT. Om vi dreg inn referansematerialet, syner det seg at seks av ti artiklar følgjer denne «konvensjonen». Elles er det tre artiklar som *har* markering av innleiinga (HIS5, HIS8 og HIS9), og i éin artikkel er teksten berre inndelt ved hjelp av romartal (HIS7). Det varierer elles om det er brukt tal føre dei tematiske mellomtitlane, og om desse tala er arabiske eller romerske. «Style-sheet»-konvensjonane i HT synest dermed ganske frie.

HIS4 strekkjer seg over 8,5 sider i HT og HIS6 over 19,5 sider. Som nemnt i kapittel 3, varierer lengda på dei humanistiske artiklane meir enn det ho gjer blant dei medisinske. Om vi dreg inn referansematerialet, vil HIS6 representere gjennomsnittslengda for dei historiske artiklane her. HIS4 er altså ein kort artikkel. Den lengste historiske artikkelen er på 36 sider (HIS5). Rekna i ord er HIS4 om lag like lang som den lengste medisinske artikkelen (MED1), me-

dan HIS6 er den mest omfangsrike av alle dei seks artiklane som skal analyserast her.¹⁰⁸

Artiklane i HT er innleidde av eit norsk samandrag og avrunda med eit noko lengre engelsk samandrag. Referansane blir oppgjevne i *footnotar* (døme frå HIS4 understreka nedanfor):

I denne situasjonen er det slik at «uttryck som skola och till och med paradigm mister sin mening [1.5]. Rörelsen befinner sig i upplösning, delvis som ett resultat av sin egen framgång»1 [1.6].

Både HIS4 og HIS6 er skrivne av berre éin forfattar (jf. appendiks 1).

6.2.1 «Bottom-up»-tilnærming til det historiske materialet

Det er i analysen av MED1 ovanfor illustrert at dei ulike språklege variablane som vart presenterte i kapittel 5, er gode indikatorar på kva tekstorganiseringsprinsipp vi står overfor. Eg vil difor nærme meg dei to historiske artiklane ved å teikne nokre tekstprofilar for HIS4 og HIS6 basert på førekomsten av somme variablar på mikroplanet. Vel så mykje som omfanget av dei ulike variablane er det *distribusjonen* eg er interessert i å danne meg eit bilete av.

I analysen både av MED1 og MED5 har vi sett at dei tekstpartia som var organiserte som argumenterande PL-strukturar, inneheldt mange enonsiative spor, mange kausal- og adversativkoplingar og at tempusformene i hovudsak var henta frå presenssystemet. I dei deskriptive partia var det få eller ingen enonsiative spor, det var delvis større innslag av former frå preteritumssystemet, og det var færre kausal- og adversativkoplingar. Som understreka fleire gonger tidlegare eksisterer det ikkje symmetriske relasjonar mellom variablar på mikronivået og superstrukturar: Kausal- og adversativkoplingar kan førekome både i argumenterande tekstparti og i den eksplikative varianten av deskripsjonen. Tempusformerne frå preteritumssystemet kan finnast både i deskriptive og narrative parti etc. Det dei første analysane likevel synest å ha stadfest, er at oppho-

¹⁰⁸ Total ordmengd i HIS4 er 3571. Total ordmengd i HIS6 er 6955.

pingar eller klyngjer («clusters») av variablar som trekkjer i same retning, er gode indikatorar på den overordna tekstorganiseringa, og vi har i dei medisinske artiklane påvist ei klar *strukturell todeling* av tekstane både med omsyn til distribusjon og omfang av dei nemnde variablane og med omsyn til tekstorganiseringa.

Det eg i første omgang vil undersøkje i det historiske materialet, er difor distribusjonen av somme av desse variablane på mikroplanet. Eg avgrensar meg til dei enonsiative spora (med alle undergrupper) og tempus. Er det i dei historiske artiklane klare skilnader i distribusjonen av slike variablar mellom større tekstparti? Først etter at eg har sett nærare på dette, vil eg drøfte kva superstrukturar dei ulike variablane kan vere indikatorar på.

For å undersøkje distribusjonen av ulike variablar har eg valt å ta utgangspunkt i dei inndelingane av artiklane forfattarane sjølve har gjort ved hjelp av tematiske mellomtitlar. HIS4 har seks mellomtitlar, og HIS6 har fem. I tillegg må dei tre første avsnitta i kvar av artiklane reknast som innleiing (umarkert):

HIS4

(Innledning) (avsnitt 1-3)

Annales-tradisjonen (avsnitt 4-19)

Elias-tradisjonen (avsnitt 20-29)

Tradisjonene fra Annales og Elias utfyller hverandre (avsnitt 30-33)

Robert Muchembled (avsnitt 34-42)

Spierenburg (avsnitt 43-46)

Konklusjon (avsnitt 47-48)

HIS6

(Innledning) (avsnitt 1-3)

Gud (avsnitt 4-13)

Pesten (avsnitt 14-27)

Legekunsten (avsnitt 28-38)

Mottiltakene (avsnitt 39-54)

Staten (avsnitt 55-67)

Figur 51: Tematiske mellomtitlar i HIS4 og HIS6

Særleg i HIS6 er det til dels store tekstparti som følgjer etter slike inndelingar. Dette kan dekkje til at mindre parti innan slike store avsnitt har andre profilar i høve til dei ulike variablane enn avsnitta samla. Eg vil difor presisere slike eventuelle avvik nedanfor, men meiner elles at å ta utgangspunkt i denne typen typografisk inndeling av artikkelen må vere det mest sakssvarande med tanke på eit samanlikningsgrunnlag i høve til IMROD-artiklane.

6.2.1.1 Enonsiative spor

Enonsiative spor omfattar førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og ulike typar kvalifiseringar og er alle primært rekna som indikatorar på *argumenterande* tekstoppbygging. Eg viser her til kapittel 5, der dei ulike kategoriane er presenterte, og dessutan til analysane av dei medisinske artiklane ovanfor, der det vart gjeve mange døme, og avgrensar meg her til følgjande merknader:

Førstepersonspronomen

I det historiske materialet kunne det ha vore interessant å skilje mellom bruken av eintals- og fleirtalsformene, fordi både HIS4 og HIS6 er skrivne av berre éin forfattar. Som nemnt under 5.2.1 ovanfor blir ikkje dette skiljet gjort her. Ulike typar bruk av fleirtalsforma (*vi*) blir difor registrerte saman med eintalsforma (*jeg*). I tillegg blir alle eigedomsformer registrerte.

Referansar

Referansar omfattar i dei to historiske artiklane både referansar i form av fotnotetilvisingar og talrike leksikaliserte referansar. Særmerkt for HIS4 er at det i denne artikkelen også er mange koreferente uttrykk for litteraturreferansar, i praksis ved at pronomenet *han* har anaforisk referanse til ein forskar som er nemnd ved «namns nemning» tidlegare i teksten. Alle typane blir registrerte (døme frå HIS4 understreka nedanfor):

For å konkretisere hva dette i praksis betydde for analysen av mentalitetsendringer, skal jeg bruke Robert Mandrous bok *Introduction à la France moderne* [9.1]. Det er et forsøk på å skrive Frankrikes historie 1500-1640⁴ [9.2]. [...]

Mandrou er interessant å følge når han forklarer hvorfor mentalitetene ikke endret seg i den førindustrielle perioden [16.1]. Mindre overbevisende blir han når han skal forklare de endringene som foregikk ved overgangen til det moderne Frankrike omkring 1640 [16.2].

Kvalifiseringar

Kvalifiseringar fell i to store grupper etter kvalifiseringsakse (god-dårleg vs. sann-falsk/epistemisk). Det blir ikkje skilt mellom dei ulike typane i denne registreringa.

Metatekstuelle innslag

Sjå 5.1.2 ovanfor.

	1. pers.	Ref	Meta	Kval
(Innledning)	1	18	2	10
Annales-tradisjonen	3	37	1	22
Elias-tradisjonen	0	19	0	9
Tradisjonene fra [...]	0	7	0	5
Robert Muchembled	0	17	0	5
Spierenburg	0	28	1	4
Konklusjon	0	9	2	5

Figur 52 Distribusjon av førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og kvalifiseringar i HIS4

	1. pers.	Ref	Meta	Kval
(Innledning)	1	4	1	3
Gud	0	7	0	4
Pesten	4	21	0	17
Legekunsten	3	22	0	18
Mottiltakene	8	46	0	25
Staten	4	22	0	18

Figur 53 Distribusjon av førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og kvalifiseringar i HIS6

Det desse oversyna viser, er at det med unntak av førstepersonspronomen i HIS4 og metatekstuelle innslag i begge artikkane tilsynelatande er ein *jamn* distribusjon av enonsiative spor i desse to historiske artikkane. Vi ser ingen teikn til ei strukturell todeling som den vi såg i dei medisinske artikkane. Dette *kan* tyde på at heile eller store delar av tekstmassen i desse artikkane er *argumenterande* strukturert. Kva tekstorganiseringsprinsipp som gjer seg gjeldande, er det først råd å etablere ved ein kvalitativ djupanalyse, men denne typen spor peiker etter mitt syn klart i retning av at den argumenterande PL-strukturen må vurderast.

6.2.1.2 Tempus

I begge dei medisinske artikkane var det ein klar distribusjon av tempusformer. Metode- og resultatavsnitta i MED5 var nesten fullstendig dominerte av tempusformer frå preteritumssystemet, medan

13 av dei totalt 21 tempusformene frå preteritumssystemet som var å finne i MED1, også var plasserte her. Særleg fordi metodeavsnittet i MED5 var langt, førte førekomstane av former frå preteritumssystemet her til at MED5 samla hadde ei overvekt av former frå preteritumssystemet, medan MED1 klart var dominert av former frå presenssystemet. Dette var òg symptom på den strukturelle todelinga i dei medisinske artiklane. Presensformene kan vi i desse tekstane sjå som indikatorar på argumenterande tekststruktur, medan preteritumsformene er indikatorar på at teksten *ikkje* er argumenterande, men deskriptivt, strukturert.

I begge dei to historiske artiklane er innslaga av former frå preteritumssystemet stort, men det er likevel berre i HIS6 at dei er i overvekt. HIS4 inneheld totalt 320 tempusformer, der 171 er frå presenssystemet og 148 er frå preteritumssystemet, medan HIS6 inneheld totalt 565 tempusformer, der 241 er frå presenssystemet og 324 er frå preteritumssystemet. I høve til dei avsnittsinndelingane som er gjorde av forfattarane, er dei ulike tempusformene distribuerte slik:

	Presens- former	Preteri- tums- former		Presens- former	Preteri- tums- former
(Innledning)	19	1	(Innledning)	8	7
Annales- tradisjonen	75	47	Gud	26	46
Elias- tradisjonen	34	25	Pesten	64	23
Tradisjonene fra [...]	8	19	Legekunsten	24	78
Robert Muchembled	10	36	Mottiltakene	73	105
Spierenburg	15	20	Staten	54	65
Konklusjon	10	1			

Figur 54: Distribusjon av tempusformer frå presens- og preteritumssystemet i HIS4

Figur 55: Distribusjon av tempusformer frå presens- og preteritumssystemet i HIS6

Det vi på nytt kan konstatere, er at ein variabel – i dette tilfellet tempusformene – synest *jamt distribuert* i dei to artiklane. Med unntak av innleiinga og konklusjonen i HIS4 er det ingen avsnitt som har mindre enn sju tempusformer av den typen det er minst av. I begge artiklane vekslar det kva tempusformer som dominerer kvantitativt frå hovudavsnitt til hovudavsnitt. Det er ikkje slik at t.d. ein midtdel i artiklane er dominert av t.d. preteritumsformer. På nytt ser vi altså at det ikkje synest å eksistere noka strukturell todeling av desse artiklane.

6.2.2 Dei superstrukturelle konfigurasjonane i HIS4 og HIS6

Det desse tekstprofilane er symptom på, er at det som er det karakteristiske ved dei historiske artiklane, er eit gjennomgåande *samspel* mellom dei to dynamiske framstillingsformene, dvs. mellom argumenterende PL-strukturar og narrative strukturar.

Eg siterer det minste hovudavsnittet i HIS4 for å gje ein første illustrasjon av dette. Dei variablane som vart kartlagde i tekstprofilane ovanfor, var for dette avsnittet enonsiative spor i form av sju referansar og fem kvalifiseringar (kursiverte). Vidare var det åtte tempusformer frå presenssystemet og 19 frå preteritumssystemet. Formene frå preteritumssystemet er understreka nedanfor.

TRADISJONENE FRA ANNALES OG ELIAS UTFYLLER HVERANDRE
For å forstå mentalitetsutviklinga i førindustrielle samfunn *må en ha et åpent blikk for* de kreftene som skapte endring, så vel som for det trege, tradisjonsbundne som satte grenser for endring og skapte stabilitet [30.1]

Ved å kombinere *de to tradisjonene*, hvilket bilde får en da av årsakene til mentalitetsendringer i det førindustrielle europeiske samfunnet [31.1]? Det som skapte endring, var statens økende makt og evne til å organisere samfunnet, og en økende gjensidig avhengighet mellom menneskene [31.2]. Det som skapte stabilitet, var tregheten i den økologiske tilpasninga og manglende evne og vilje til å bryte ut av tradisjonene [31.3]. I dette spenningsfeltet ble mentalitetene utformet [31.4].

Adel, embetsklasse og borgerskap var sterkere utsatt for de dynamiske kreftene enn bønder og lavere klasser [32.1]. Mentaliteter som berørte statens maktutøvelse, ville også være sterkere utsatt for de dynamiske kreftene, det gjaldt f.eks. voldsmentaliteter [32.2]. Mentaliteter som i liten grad interesserte staten, ville derimot i større grad forbli bundet til tradisjonene, det gjaldt f.eks. holdninger til døden, kjærligheten, naturfenomen og andre mer folkloristiske forestillinger [32.3]. I en mellomstilling

kom religiøse forestillinger som berørte kirkens doktriner, her kunne kirkens toleranse variere [32.4].

For å forstå endring og stabilitet i mentalitetene i førindustrielle samfunn er det *utvilsomt frukbart* å kombinere *Elias* og *Annales* [33.1]. Og det er nettopp det mange *mentalitetshistorikere* i dag *forsøker* å gjøre [33.2]. Den tradisjonelle mentalitetshistorien i *Annales-tradisjonen*, der politikk og statsutvikling betydde lite i analysen, har ikke samme *prestisje* som for 10-20 år siden [33.3]. Dette er tydelig hos en *innflytelsesrik* forsker som *Robert Muchembled*, som også har publisert i *tidskriftet Annales* [33.4].

Dette avsnittet illustrerer eit gjennomgåande trekk ved tekstoppbygginga i HIS4 og HIS6. Historiske data blir presenterte i tekstparti der preteritumsformene florerer, og dei enonsiative spora blir mindre talrike (jf. avsnitt 31 og 32 ovanfor). Desse tekstpartia er i somme tilfelle fullt utbygde narrative minitekstar. I andre tilfelle (som her) er ikkje tekstpartia genuine narrativar, men det eg vil omtale som *pseudonarrativar*, dvs. tekstparti som har klare narrative preg ved at dei beskriv tilstandar og hendingar i fortid med store innslag av kausal- og/eller temporalkoplingar. Desse partia er innleidde og/eller avrunda av tekstparti som karakteriser og evaluerer dette saksinnhaldet, og som behandlar historiske data som *synspunkt* og ikkje som hendingar i eit narrativt forløp (jf. avsnitt 30 og 33 ovanfor).

Innanfor dei hovudavsnitta det vart teke utgangspunkt i tekstprofilane ovanfor, kan det altså påvisast skiftande gradar av innslag av dei ulike variablane. Men etter mitt syn betyr dette *ikkje* at tekst-

profilane er bygde på for grovmaska inndelingar, og at tekstprofilane dermed er verdilause. I motsetnad til dei tendensane til *brot* i tekstoppbygginga som vi såg i dei medisinske artiklane, er nemleg dei ulike tekstorganiseringsprinsippa integrerte i kvarandre på heilt anna vis her. Dei narrative og pseudonarrative partia er underordna ein argumenterende PL-struktur som organiserer teksten som heilskap, og den jamne distribusjonen av både enonsiative spor og ulike tempusformer er symptom på nettopp denne forma for tekstoppbygging.

Dei superstrukturelle konfigurasjonane i HIS4 og HIS6 er altså svært samanfallande. Dei to viktigaste aspekta ved tekstoppbygginga er at

- *ein argumenterende PL-struktur organiserer heile tekstmassen på overordna nivå*
- *den overordna argumenterende PL-strukturen stadig interagerer med narrative eller pseudonarrative parti på underordna nivå*

At ein argumenterende struktur er dominerande, går fram av tekstkarta nedanfor, der vi ser at alle komponentar på Nivå I er PL-komponentar. På Nivå II og III finn vi narrative innslag og narrative minitekstar ved sida av underordna PL-strukturar. Eg gjer no først greie for PL-strukturane i desse artiklane. Etter dette kjem eg tilbake til dei narrative partia.

Avsnitt (lineær plassering)						
Tekstkart						
HIS6	1 - 2	3	4 -13	14.1 - 23.1	23.2	24 - 27
I	SITUASJON	LØYSING (=PROBLEM)	SITUASJON EVALUERING	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING (=PROBLEM)
II	[sit-pro-løys]		[komp][komp-reso]	[sit-eval x 3]		
III						

Avsnitt (lineær plassering)			
Tekstkart			
HIS6	28 - 38	39 - 54	55 - 66
I	SITUASJON neg EVALUERING	LØYSING	
II	[narrative innslag]	[sit- eval]	[sit- eval]
III		[narrative innslag]	[narrative innslag]

TEKSTKART for den superstrukturelle konfigurasjonen i HIS6

6.2.2.1 PL-strukturar

Begge artiklane har relativt korte innleiingar (tre avsnitt), som er organiserte som PL-strukturar utan narrative innslag. Begge desse innleiande PL-strukturane munnar ut i den same «akademiske» Løysingskomponenten som vi fann i MED5, nemleg LØYSING (= PROBLEM), der det blir formulert ei *problemstilling*. Som i MED5 er det også denne problemformuleringa artiklane gjev ei løysing eller ein respons på. Men i motsetnad til i MED5, der eit midtparti var deskriptivt strukturert, er *heile* denne responsen argumenterande strukturert, og begge artiklane munnar ut i ein stor Løysingskomponent (avsnitt 30-48 i HIS4 og avsnitt 39-66 i HIS6) der det «rette svaret» blir presentert.

HIS4

I HIS4 er problemformuleringa i innleiinga (utheva nedanfor) langt på veg ein parafrase av tittelen «Annales-skolen – en tradisjon i oppløsning» (enonsiative spor kursiverte):

LØYSING (= PROBLEM) (i innleiinga):

Til slutt vil jeg ta for meg to nyere mentalitetshistoriske oversiktsverk fra henholdsvis 1988 og 1991 for å se om det virkelige er slik at skillet mellom Annales- og Elias-tradisjonen nå er i ferd med å utviskes [3.3].

Dette spørsmålet svarer artikkelen stadfestande på:

EVALUERING (i konklusjonen):

Den foregående undersøkelsen av oppfatninga av endring og stabilitet i førindustrielle samfunns mentalitetshistorie har bekreftet inntrykket av at den franske mentalitetshistoriske tradisjonen med Annales i spissen i dag er i ferd med å miste sitt særpreg [47.2].

Men like viktig i dette resonnementet er det at dette «problemet» egentleg ikkje blir oppfatta som eit problem: Forfattaren gjer seg nemleg til talsmann for at ei kombinert tilnærming, der innsiktene frå dei to mentalitetshistoriske skulane Annales og Elias blir sameina, er den beste:

EVALUERING (i konklusjonen):

Mer *fruktbart* er det likevel å se *Annales-* og *Elias-tradisjonene* som ulike men komplementære innfallsvinkler til mentalitetshistorien [48.3]. I dagens forskningssituasjon blir det da en *viktig kilde til ny innsikt* å kombinere flere *historiografiske tradisjoner* [48.4].

Dette er òg førebudd i innleiinga, der dei to aktuelle skulane blir presenterte slik:

EVALUERING (i innleiinga):

Mens *Annales-tradisjonen* har hatt sin *styrke* i å beskrive og forklare trege strukturer og stabilitet, har *Elias-tradisjonen* hatt sin *styrke* i å forklare endring [3.2].

I tekstkartet for HIS4 ser vi at den innleiande PL-strukturen er etterfølgd av tre PL-strukturar som består av komponentane Situasjon- (negativ) Evaluering (avsnitt 4-29). Det dette speglar, er at dei synsmåtane på mentalitetshistoriske årsakssamanhengar som blir presenterte her, blir avviste. Meir konkret blir vurderinga av dei to mentalitetshistoriske skulane i [3.2] utvikla og presisert. Både *Annales-* og *Eliastradisjonen* blir avviste som sjølvstendige forklaringsmodellar. To ulike *Annales-forskarar* blir presenterte og kritiserte i tur og orden, og difor får vi sekvensen Situasjon-negativ Evaluering repetert to gonger i det hovudavsnittet som omhandlar *Annales-skulen*. Nokre kjerneperiodar her er (enonsiative spor kursiverte):

NEGATIV EVALURING

Det er *påfallende* at *Braudel* i *denne artikkelen* utelukkende er opptatt av hvordan mer eller mindre trege stukturer setter grenser for eller hindrer endring [8.1]. *Han* konstaterer at strukturene likevel faktisk endres, men årsakene til endring *synes ikke å interessere ham* [8.2].

NEGATIV EVALUERING

Mandrou er *interessant* å følge når *han* forklarar hvorfor mentalitetene ikke endret seg i den førindustrielle perioden [16.1]. *Mindre overbevisende* blir *han* når han skal forklare de endringene som foregikk ved overgangen til det moderne Frankrike omkring 1640 [16.2].

Deretter er det Elias-skulen som blir kritisert:

NEGATIV EVALUERING

Svakheten ved Elias-skolen er at den interesserer seg mindre for tradisjoner og tregheten i tradisjonene [29.2].

Deretter følgjer det hovudavsnittet som vart attgjeve ovanfor: eit avsnitt med den talande tittelen «Tradisjonene fra Annales og Elias utfyller hverandre» (avsnitt 30-33). Denne sekvensen Situasjon-Evaluering innleier løysingsframlegget i teksten. Saman med dei to nest siste avsnitta (avsnitt 34-46) og konklusjonen (avsnitt 47-48) blir her den *kombinerte* mentalithistoriske tilnæringsmåten presentert. Heile tekstmassen i avsnitt 30-48 er difor på overordna nivå (nivå I) LØYSING.

På nivå II ser vi at PL-strukturen framleis består av sekvensar av Situasjon-Evaluering. Evalueringane er no *positive*.¹⁰⁹ Eit døme:

POSITIV EVALUERING

Denne analysen av disiplinerings- og siviliseringsprosessen på landsbynivå gir et eksempel på hvordan en kombinasjon av *Elias- og Annales-tradisjonene kan få fram samspillet* mellom den dynamiske statlige omforminga av samfunnet og de trege tradisjonene i landsbysamfunnet [42.1].

Dei negative evalueringane i midtdelen av teksten *kunne* ha representert nye Problemkomponentar. Når eg ikkje les desse negative evalueringane som Problemkomponentar, er det fordi det ikkje blir formulert *nye* problem: Desse negative vurderingane underbyggjer berre dei synsmåtane forfattaren alt har gjort seg til talsmann for i innleiinga (jf. [3.2]).

Kva negative vurderingar som er signal på Problemkomponentar, og kva negative vurderingar som er signal på Evalueringskomponentar, er noko som må vurderast relasjonelt i høve til teksten som heilskap. All argumenterande strukturert tekst er, som understreka i kapittel 4, bygd opp rundt relasjonen Situasjon-Evaluering.

¹⁰⁹ Som nemnt i analysen av MED1 spesifiserer eg berre *negative* Evalueringskomponentar i tekstkarta.

Det er etter mitt syn berre denne grunnleggjande relasjonen det er råd å identifisere med stor grad av visse på grunnlag av m.a. dei enonsiative spora. Korleis ulike Evalueringar fungerer i PL-strukturen, er kvalitative vurderingar.

HIS6

I HIS6 er tekstoppbygginga svært samanfallande med den vi har sett i HIS4. HIS6 omhandlar pesten som demografisk «aktør» i Danmark-Noreg på 1300- og 1600-talet og argumenterer for at konsolideringa av den moderne staten var ein sentral føresetnad for at situasjonen kom under kontroll. Avsnitt 1-27 gjev ein del bakgrunnsinformasjon i form av historiske data om korleis pesten herja, og i form av ei utgreiing om demografiske problemstillingar. I avsnitt 28-38 blir framveksten av legekunsten avvist som moglege forklaring på at dei store pestepidemiane gav seg. I dei to siste hovudavsnitta «Mottiltakene» og «Staten» (avsnitt 39-66) utmeislar forfattaren sitt syn på årsakssamanhengane, og dei statlege mottiltaka mot pestepidemiane blir sette inn i eit moderniseringsperspektiv.

Også her finn vi difor ein stor avsluttande Løysingskomponent som på underordna nivå består av Situasjons- og Evalueringskomponentar der løysingsframlegget i teksten blir presentert (avsnitt 39-66). Avvisinga av legevitskapen som forklaringsmodell i avsnitt 28-38 er i superstrukturelle termar sekvensen Situasjon- negativ Evaluering. Denne tekstoppbygginga er dermed heilt parallell med den vi finn i HIS4.

Det som skil HIS6 frå HIS4, er at vi tidlegare i teksten finn sekvensane Situasjon-Evaluering og Situasjon-Problem-Løysing(= Problem), og altså ikkje mønsteret Situasjon-negativ Evaluering. Dette heng saman med at det i HIS6 blir brukt større plass på å utvikle problemstillinga. For å gjere greie for dette må innleiinga presenterast nærare. Som det går fram av tekstkartet, er avsnitt 1-2 vurderte som Situasjonskomponent på overordna nivå. Men på underordna nivå finn vi sekvensen Situasjon-Problem-Løysing (enonsiative spor kursiverte):

SITUASJON (underordna):

Pest i epidemisk form forsvant fra Vest-Europa i løpet av siste halvdel av 1600-tallet, med epidemiene i Østersjø-området 1709-1713 og i Sør-Frankrike i 1720-22 som de siste voldsomme krampetrekninger [1.1].

PROBLEM (underordna):

Spørsmålet om årsakene til dette *betydningsfulle* epidemiske skiftet *har vært diskutert* lenge,

LØYSING (underordna):

men det dominerende standpunktet som har utviklet seg i løpet av de siste tiåra er at administrative tiltak, med hovedvekt på virkemidler som isolasjon og karantene, var *avgjørende*.² [1.2]
[...]

Samla utgjør avsnitt 1-2 ein Situasjonskomponent fordi det blir gjort greie for ein generell forklaringsmodell som forfattern stiller seg bak. Den adversative sambindaren i 1.2 (understreka) er difor her *ikkje* signal på nokon Problemkomponent. Vi ser elles at tekstutsnittet er sterkt prega av det grepet Swales omtaler som «claiming centrality» (jf. «dette betydningsfulle epidemiske skiftet har vært diskutert lenge»). Avsnitt 3, som utgjør komponenten Løysing (=Problem), kan òg beskrivast i Swales termar: Det forfattern gjer, er som nemnt ikkje å gå imot den generelle forklaringsmodellen, men å «etablere ein nisje» *innanfor* denne modellen (problemformulering **utheva**):

LØSYING (=PROBLEM)

Det er *sentrale* aspekter ved dette årsakskomplekset som er emnet for *denne artikkelen* [3.1]. *Jeg skal ikke ta opp til debatt konkurrerende hypoteser* omkring pestepidemiens opphør, men konsentrere oppmerksomheten om utviklingstrekk innenfor Danmark-Norge som *kan bidra til forståelse* av den seierrike kampen mot pestens terror-regime. Mer konkret: **Hvilke forutsetninger lå til grunn for at kampen ble tatt opp, og for at kampen ble vunnet** [3.2]?

No kan vi vende attende til den delen av HIS6 som vi kalla frå HIS4. Som nemnt blir det her brukt meir plass på å utvikle problemstillinga. I avsnitt 4-13 skjer dette via ein ekspansjon av innhaldet i

den underordna Situasjonskomponenten i innleiinga jf. [1.1]. Det blir beskrive korleis pesten herjar, og som vi òg ser av tekstkartet, er det narrative minitekstar på underordna nivå. Dei evaluierende innslaga her dreier seg altså *ikkje* om å vurdere historiske forklaringsmodellar. Desse innslaga er, som eg vil kome attende til nedanfor, på grensa til narrative Kodakomponentar.

I avsnitt 14-27 møter vi så ein utbygd PL-struktur som munnar ut i ei reformulering og presisering av den innleiande problemformuleringa. Dette skjer etter ei lengre utgreiing om ulike demografiske forklaringsmodellar. Denne problemformuleringa er som følger (utdrag):

LØYSING (= PROBLEM)

[...] *min* oppgave i denne sammenhengen er på sett og vis å begynne i motsatt ende, det vil si å avdekke «den moderne ånd» som en *avgjørende* kraft bak den demografiske overgangen på 1600-tallet, slik den kommer til syne innenfor den tidligmoderne statsforvaltningen i Danmark-Norge [27.1]

Reformulert som Problem får vi: «Var den tidligmoderne staten en avgjørende kraft bak den demografiske overgangen?». Dette er det spørsmålet resten av artikkelen responderer på, og responsen er – ikkje uventa – positiv. I sterkare grad enn i MED5, som også hadde den akademiske Løysingskomponenten Løysing (= Problem), ser vi elles både i HIS4 og HIS6 at denne typen komponentar gjev att *problemstillingar* og/eller *hypotesar*.

I HIS6 ser vi døme på rekursivitet i den innleiande problemreisninga. Først ved utgangen av avsnitt 27 er problemreisninga fullført. I HIS4 var problemreisingsfasen enklare og berre situert i innleiinga. Elles er den overordna PL-strukturen samanfallande med den vi finn i HIS4. Sjølv om problemreisingsfasen er enklare i HIS4 enn i HIS6, er begge dei historiske artiklane samanlikna med dei medisinske prega av meir komplekse innleiande PL-strukturar. Det som er karakteristisk for denne distribusjonen av PL-strukturen samanlikna med dei populærvitenskaplege artiklane Tirkkonen-Condit analyserte (jf. Tirkkonen-Condit 1985), er at det er relativt få Problemkomponentar: i HIS4 berre éin og i HIS6 berre to. Dette synest ka-

rakteristisk for distribusjonen av PL-strukturen i akademiske fagtekstar. Eit vitenskapleg arbeid skal helst konsentrere seg om eitt problem og løyse det på ein mest mogeleg ryddig måte. Dermed får vi relativt store delar av tekstmassen som berre responderer på dette i form av dei grunnleggjande argumenterande komponentane Situasjon og Evaluering.

6.2.2.2 Narrative strukturar

Like karakteristisk som den overordna PL-strukturen er for dei to historiske artiklane, er det at det heile tida er *interaksjon* mellom argumenterande og narrative superstrukturar. Som det er gjort greie for ovanfor, blir dette ikkje minst reflektert via vekslinga i distribusjonen av tempusformer frå presens- og preteritumssystemet. Somme narrativiserte parti vurderer eg som pseudonarrativar. I slike kan det ikkje etablerast ein klar narrativ komponentstruktur. I tekstkarta er dette attgjeve med nemninga «narrative innslag». Vi såg døme på ein slik pseudonarrativ i 6.2.2 ovanfor. Av tekstkarta går det elles fram at det i dei historiske artiklane er identifisert fire genuine narrative minitekstar. Eg vil her sjå nærare på to av desse.

Narrativ i HIS6

I presentasjonen av PL-strukturen i HIS6 vart det gjort greie for at det første hovudavsnittet etter innleiinga ekspanderte innhaldet i den underordna innleiande Situasjonskomponenten i [1.1]. Dette hovudavsnittet har overskrifta «Gud» og femner om avsnitt 4-13. Starten på dette avsnittet er prega av det verknadsfulle «grepet» historisk *presens*. Kontrasten mellom det historiske punktnedslaget som innleier dette avsnittet, og innleiinga (sjå ovanfor) blir såleis slående:

KOMPLIKASJON

Tidspunktet er høsten 1349, Kong Magnus Eriksson av Sverige og Norge sitter i Lødøse og ser den stor manndauden komme [4.1]:

Pesten herjer i Norge og i Halland, folk dør raskt uten forvarsel og i så store mengder at det er for få igjen til å begrave li-

kene [5.1]. I en slik situasjon tar kongen ansvar for sine riker og iverksetter følgende tiltak [5.2.]: Alt folket skal møte barbeinte ved sognekirkene sine hver fredag til prosesjon, messe og ofring til de fattige [5.3]. [...]

Uberørt av Kong Magnus' tiltak nådde den store manndauden Sverige i **1350**. [6.1]

Tempusformer frå preteritumssystemet dukkar først opp i [6.1], men dette fråværet av eit prototypisk narrativt signal fører på ingen måte til at den teksttypologiske klassifiseringa blir usikker. Tekstutsnittet er fritt for enonsiative spor. Det gjer ikkje greie for synspunkt og haldningar hos forfattaren, men for den kompliserande *hendinga* pesten representerer. Vidare inneheld tekstutsnittet den narrative aktøren kong Magnus (koreferente uttrykk understreka). At dette er ein narrativ, kjem elles fram via den *temporale* tekstorganiseringa (utheva) og ved dei implisitte *kausale* relasjonane: *For-di* folk døyr raskt, er det ingen som kan gravleggje dei døde, *fordi* situasjonen er slik, tek kongen ansvar etc.[..].

Vi ser at diverse *mottiltak* blir sette i verk for å eliminere den Komplikasjonen pesten utgjør. Mothandlingar skal i historier med lykkeleg utgang føre til ein Resolusjon. Her er ikkje dette tilfellet, jf. [6.1], og heile tekstutsnittet er difor ein Komplikasjonskomponent.

Etter den uløyste Komplikasjonen følgjer straks ein ny Komplikasjonskomponent:

KOMPLIKASJON (starten)

360 år etter er det igjen akutt fare for at pesten skal invadere de nordiske rikene [7.1].

Men denne gongen får historia ein, om ikkje lykkeleg, så iallfall betre utgang (enonsiative spor *kursiverte*, eksplisitt temporal- og kausalkopling **utheva**):

RESOLUSJON eller argumentativ EVALUERING (utdrag)?

I august 1709 ble havner i Norge og Danmark avskåret fra all handel med Danzig og andre «befængte steder» i Østersjøen.

Kapteiner og loser fikk særskilte ordre om hvordan de skulle ta seg av skip fra Østersjø-byene⁸ [9.1]

Den evne og vilje til organisering for å begrense virkningene av pesten som *vi* møter i Danmark-Norge **omkring 1710** var *omfattende, kostnadskrevende* og *imponerende* [12.1]: **Før** pest var rapportert innenfor Danmarks grenser, ble handelen med Danzig og andre havnebyer i Østersjøen sperret, karantene-stasjoner ble etablert [...][12.2]

Etter alt å dømme var Politi- og Commerce-Collegiet og Danmark-Norge godt forberedt, og det er **grunn** til å *regne med* at de store samfunnsmesige ressursene som ble mobilisert *i stor grad* bidro til å begrense denne epidemien til å bryte ut bare i Helsingør og i København [13.1].

Dei historiske data det blir gjort greie for her, er viktige i høve til den overordna argumenterende PL-strukturen i HIS6. Det er viktig for forfatteren å få fram at det på byrjinga av 1700-talet skjer store endringar i måten dei freistar å hindre pestepidemiar på. Og den tekstlege utforminga dette får, representerer eit interessant døme på tekstleg *heterogenitet*. Det er nemleg vanskeleg å ta stilling til om teksten som følgjer etter den andre Komplikasjonskomponenten, er ein narrativ Resolusjonskomponent eller ein argumenterende Evalueringskomponent.

Det er framleis store innslag av temporalkopling, og tekstutsnittet beskriv *handlingar*. Det er evaluative kvalifiseringar i [12.1], og desse kan signalisere både narrative og argumenterende tekstparti. Men samstundes dukkar det opp enonsiative spor i form av epistemiske kvalifiseringar, jf. [13.1]. I tillegg inneheld tekstutsnittet eit enonsiativt spor av ein svært diskuré type som er typisk for dei historiske artiklane: litteraturreferanse i form av notetilvising, jf. [9.1]. Det som står fram som ukvalifiserte historiske – eller om ein vil: narrative – fakta, blir i dei historiske artiklane stadig underbygd av tilvisingar til historisk kjeldemateriale og/eller andre historiske forskingsbidrag. Dette skiplar narrativen og synleggjer at historikarar fortel vitskapleg kvalifiserte forteljingar.

På grunn av det sterke kvalifiserande og dermed argumenterande innslaget er avsnitt 4-13 på det overordna planet attgjeve som Situasjon-Evaluering i tekstkartet. Men innslaget av narrative trekk er òg sterkt, og ei narrativ lesing er difor *også mogeleg*. Avsnitt 4-13 kan både lesast som ein narrativ der Kodaen har sterke argumenterande trekk (ein kvalifisert narrativ), eller – slik eg har gjort – som ein argumentativ der Situasjonskomponenten er narrativt organisert (narrativisert argumentativ).

Narrativ i HIS4

Vi vil sjå døme på det same subtile (sam)spelet mellom argumenterande og narrative superstrukturar i det neste utsnittet som skal behandlast her. Det dreier seg om eit utdrag or hovudavsnittet «Robert Muchembled» i HIS4. Av tekstkartet går det fram at den overordna strukturen i avsnitt 34-42 er Situasjon-Evaluering, og at vi på underordna nivå har ein narrativ minitext i form av Orientering, Komplikasjon og Resolusjon. Det er denne vi no skal sjå på. Som det er gjort greie for ovanfor, er hovudavsnittet om Muchembled eitt av dei fire hovudavsnitta som utgjer den store Løysingskomponenten i denne artikkelen. Muchembled står for ei mentalitethistorisk tilnærming som blir positivt evaluert. Det utdraget eg vil sjå på (avsnitt 37-41), er presentert som «et konkret eksempel på Muchembleds kombinasjon av tradisjonen fra Elias og Annales», jf. [36.1], og det blir avrunda av den positive evalueringa i [42.1], som er attgjeven i samband med presentasjonen av PL-strukturane ovanfor.

Eg gjev nedanfor att heile tekstutsnittet. Den sentrale tekstreferenten «siviliseringsprosessen» er understreka, preteritumsformer er ~~gjennomstreka~~, eksplisitte temporal-, kausal- og adversativkoplingar er **utheva**, og enonsiative spor er *kursiverte*:

Før siviliseringsprosessen ble de sosiale normene i de franske landsbyene håndhevet gjennom en «loi de la honte» (304) [37.1] Det ~~fant~~es i landsbyen en «offentlig mening» som det først og fremst ~~var~~ kvinnene som ~~forvaltet~~ [37.2]. De ~~møttes~~ til kveldsseter, ved vaskeplassene og brønnen, og der ~~fikk~~ hver enkelt landsbyboer sitt pass påskrevet [37.3]. **Dersom** den en-

kelte ikke ~~opptrådte~~ i samsvar med normene, ~~fikk~~ det **følger** for ære og anseelse [37.4]. Større konflikter ~~ble~~ oppgjort innenfor landsbyfellesskapet ved privat overenskomst [37.5]. I sin drøfting av disse forholdene *kan Muchembled bygge på en rik antropologisk litteratur, der Annales-tradisjonen står sentralt* [37.6].

Muchembled viser så hvordan kirke og stat gradvis ~~innførte~~ mer presise moralbud/lover [38.1]. Brudd på disse ~~var~~ synd/forbrytelse som ~~måtte~~ bøtes i skriftemål eller for en domstol [38.2].

Men landsbyen ~~førsvarte~~ seg mot den nye kongelige jurisdiksjonen [39.1]. Bøndene ~~gjorde~~ fortsatt *i stor utstrekning* opp sine saker privat, domstolene ~~var~~ noe en ~~kunne~~ ty til i nødsfall eller for å øve press på motparten [39.2]. Det statlige rettsvesenet ~~ble~~ **derved** integrert i landsbyens tradisjonelle rettspraksis [39.3]. Et solidarisk landsbysamfunn ~~kunne~~ umuliggjøre rettsvesenets forsøk på å finne ut hva som egentlig ~~hadde~~ skjedd [39.4]. **Men på tross av dette, den statlige disiplinierungs- og siviliseringsprosessen bær resultater** [39.5]. Bøndene ~~øvd~~ mindre vold og ~~skjelte~~ hverandre mindre ut, og bondekvinnene ~~fikk~~ færre barn utenfor ekteskap (174-200) [39.6]. Liknende synspunkter har også vært framme i *den skandinaviske debatten om rettsvesen og lokalsamfunn i tidlig nytid*¹⁰ [39.7].

Elias ~~understreket~~ at siviliseringsprosessen ~~gjorde~~ samfunnet mer ensartet **ved at** overklassens verdier *gradvis* ~~ble~~ indoktrinert i stadig nye samfunnsklasser, noe som **endte opp i** de nasjonale felleskulturene på **1800-tallet** [40.1]. **Men Muchembled** viser hvordan siviliseringsprosessen **første fase** ~~skapte~~ overklassenormer som **fikk** adel og borgerskap **til** å føle seg stadig mer forskjellige fra bønder og arbeidsfolk [40.2]. Disse ~~holdt~~ lenger fast på de tradisjonelle normene [40.3]. Siviliseringsprosessen ~~skapte~~ et kulturelt skille mellom elite og folk, som ikke ~~hadde~~ eksistert *i samme grad* tidligere¹¹[40.4].

Etterhvert ~~nådde~~ siviliseringsprosessen også et lite toppsjikt i landsbyene [41.1]. De ~~lærte~~ å lese og ~~tilegnet~~ seg nye hold-

ninger til bl.a. religion og konge [41.2]. Det skapte nye sosiale skiller i landsbyen (136-174) [41.3].

Det er i dette tekstutsnittet mange narrative trekk som talrike preteritumsformer og somme eksplisitte temporalkoplingar («før», «etterhver»). Vidare er det òg ein del kausal- og adversativkopling, men dette kan vere signal både på narrativ og argumenterande tekstorganisering. Vel så viktig for den narrative lesinga er at vi finn to aksar av handlande subjekt som står i opposisjon til kvarandre (utval):

Usiviliserte aktørar

de franske landsbyene
kvinnene
hver enkelt landsbyboer
bøndene

Siviliserte aktørar

kirke og stat
den kongelige jurisdiksjonen
domstolene
rettsvesenet

Figur 56: Sentrale aktørar i narrativ struktur i HIS4

Vi står dermed overfor ein konflikt eller intrige, og når det også skjer klare *endringar* (transformasjonar) i løpet av teksten, er ei narrativ lesing ganske sikker. Initialsituasjonen er *ikkje* den same som sluttsituasjonen. Det som har skjedd, er nettopp *siviliseringsprosessen*. Temporaliteten i tekstutsnittet har dermed *narrativ retning*.

Ulike narrative strukturar kunne her vere aktuelle alt etter kven sitt perspektiv ein vel å ta: perspektivet til dei usiviliserte bøndene som blir pådytta nye normer (= Komplikasjon), eller perspektivet til dei statlege institusjonane som møter gjenstridige landsbysamfunn (= Komplikasjon). Eg har her valt det siste alternativet. Kjerneperiodane i denne narrative superstrukturen blir då:

ORIENTERING (utdrag)

Før siviliseringsprosessen ble de sosiale normene i de franske landsbyene håndhevet gjennom en «loi de la honte» (304) [37.1] Det ~~fant~~es i landsbyen en «offentlig mening» som det *først og fremst* var kvinnene som ~~forvaltet~~ [37.2]. De ~~møttes~~ til kveldsseter, ved vaskeplassene og brønnen, og der ~~fikk~~ hver enkelt landsbyboer sitt pass påskrevet [37.3]. [...] *Muchembled*

viser så hvordan kirke og stat gradvis ~~innførte~~ mer presise moralbud/lover [38.1].

KOMPLIKASJON (utdrag)

Men landsbyen ~~førsvarte~~ seg mot den nye kongelige jurisdiksjonen [39.1]. Bøndene ~~gjorde~~ fortsatt *i stor utstrekning* opp sine saker privat, domstolene ~~var~~ noe en ~~kunne~~ ty til i nødsfall eller for å øve press på motparten [39.2].

RESOLUSJON (utdrag)

Men på tross av dette, den statlige disiplinerings- og siviliseringsprosessen ~~bær~~ **resultater** [39.5]. Bøndene ~~øvd~~ mindre vold og ~~skjelt~~ hverandre mindre ut, og bondekvinnene ~~fikk~~ færre barn utenfor ekteskap (174-200) [39.6]. [...] **Etterhvert** ~~nådde~~ siviliseringsprosessen også et lite toppsjikt i landsbyene [41.1]. De ~~lærte~~ å lese og ~~tilegnet~~ seg nye holdninger til bl.a. religion og konge [41.2].

Den lesinga eg har valt, kan òg underbyggjast av signalordet «resultater» i 39.5, som ikkje berre indikerer ein kausalrelasjon, men òg ein *responsfase i ein dynamisk* (dvs. narrativ eller argumenterande) tekststruktur.

Ein utbygd narrativ struktur med mange prototypiske trekk kan etablerast i dette tekstutsnittet, men ei narrativ lesing på overordna nivå kan likevel ikkje forsvarast. For det første finn vi også her litteraturreferansar i notar i [39.7] og [40.3] og mange leksikaliserte referansar (sjå tekstutsnittet ovanfor) som skiplar narrativen. Det som vidare er karakteristisk i dette tekstutsnittet, er at narrativen stadig blir «henta opp» i ein argumenterande superstruktur via semantiske operasjonar som transformerer det narrative forløpet eller den narrative prosessen til *synspunkt* (jf. understreka segment nedanfor). Utgreiinga om tilhøva på den franske landsbygda i Orienteringskomponenten blir avrunda slik:

I sin drøfting av disse forholdene *kan Muchembled bygge på en rik antropologisk litteratur, der Annales-tradisjonen står sentralt* [37.6].

Og Resolusjonskomponenten blir kvalifisert på denne måten:

Liknende synspunkter har også vært framme i *den skandinaviske debatten om rettsvesen og lokalsamfunn i tidlig nytid*¹⁰ [39.7].

Synsvinkelen i dette tekstutsnittet er dermed skiftevis hos ein «allvitande» forteljar og hos ein vitskapleg garantist som kvalifiserer og refererer. Denne vekslinga blir elles reflektert i *distribusjonen av tempusformer*. Dei narrative partia har former frå preteritumssystemet, medan dei argumenterande har former frå presenssystemet. Som presisert i kapittel 5 og illustrert ovanfor eksisterer det ikkje noko symmetrisk tilhøve mellom preteritumsformer og narrasjon. Ein kan fortelje i presens. Men kan ein argumentere i preteritum? Når tempus som her vekslar, er førekomst av presensformer ein god indikatorar på *skifte* av framstillingsform.

En passant kan nemnast eit «unntak» frå denne regelen. Som det er gjort greie for i kapittel 5, fell tempus som modal kategori utanfor rammene for denne undersøkinga. I det aktuelle tekstutsnittet er det likevel ein bruk av preteritum og gjerne vil framheve.

Elias understreket at siviliseringsprosessen gjorde samfunnet mer ensartet ved at overklassens verdier gradvis ble indoktrinert i stadig nye samfunnsklasser, noe som endte opp i de nasjonale felleskulturene på 1800-tallet [40.1]. *Men Muchembled* viser hvordan siviliseringsprosessens første fase skapte [...] [40.2]

I 40.1 er preteritum nytta som *avstandsmarkering*. Forfattaren er, som tidlegare nemnt, usamd med Elias, og markerer dette ved å bruke preteritum. Semja med Muchembled blir på den andre sida m.a. markert ved å gå tilbake til presens i [40.2]. Dessutan kjem kontrasten fram via den adversative sambindaren «men» i [40.2].

6.2.3 Oppsummering: HIS4 og HIS6

Det vi framfor alt kan slå fast, er at analysane av HIS4 og HIS6 har styrkt hypotesane om superstrukturelle konfigurasjonar i historiske artiklar. Begge artiklane er *dominerte av argumenterande superstrukturar*, samstundnes som *narrative strukturar interagerer* med

PL-strukturen, og dette samsvarer bra med hypotesen som vart formulert ovanfor (sjå 4.3.6).

Karakteristisk for argumentasjonsstrategien i desse artiklane blir då for det første samspelet mellom argumenterande og narrative superstrukturar. Dette er så merkande at ein tidvis må spørje seg om desse tekstane er *argumenterte forteljingar* eller *fortalde argumentasjonar*.

For det andre er artiklane prega av at éin superstruktur dominerer gjennomgåande. Dette fører til at vi ikkje får den strukturelle todelinga som vi observerte i dei medisinske artiklane. Medan argumentasjonsstrategien i dei medisinske artiklane var å skape brot i teksten og dermed eit skilje mellom forskar og forskingsdata, er argumentasjonsstrategien i dei historiske artiklane snarare å skape *samanheng* mellom forskingsdata og synspunkt på dei. Noko skarpt skilje mellom forskarsubjekt og historiske data kan demed ikkje etablerast.

At det er den argumenterande PL-strukturen som er den overordna strukturen, fører også til at dei historiske artiklane er prega av ein meir *open* argumentasjon enn dei medisinske. Forfattarane *vedkjenner seg* ein argumenterande skrivestrategi. Denne heilt motsette skrivestrategien, samanlikna med dei medisinske artiklane, kan truleg setjast i samanheng med at humanisten i større grad enn naturvitaren må identifisere forskingsobjektet og legitimere forskingsprosjektet. Dermed må han i større grad stå fram som synleg organisator av teksten. Men at dei historiske artiklane er prega av meir open argumentasjon, skal ikkje utleggjast naivt som at det ikkje også i desse tekstane eksisterer meir *subtile* former for argumentasjon. Måten historiske data og forklaringsmodellar blir vovne saman på i dei partia som er prega av sterk interaksjon mellom argumenterande og narrative superstrukturar, representerer klart ein meir kamouflert argumentasjonsstrategi.

6.3 To språkvitskaplege artiklar: LING1 og LING6

Dei to språkvitskaplege artiklane er, som presentert under 3.2.4 ovanfor, LING1 og LING6. Begge er publiserte i *Norsk lingvistisk*

tidsskrift (NLT) i 1996: LING1 i det første heftet og LING6 i det andre. LING1 er klassifisert som empirisk, medan LING6 er klassifisert som eksperimentell. LING6 følgjer på same måte som den andre eksperimentelle språkvitskaplege artikkelen LING10 IMROD-konvensjonen (jf. 3.2 ovanfor). LING6 har tematiske mellomtitlar på to nivå, og innleiinga har eiga overskrift. *Måten* avsnittsmarkeringar i artiklane er gjennomført på, synest noko meir standardisert i NLT enn i HT, der det var fleire mindre variasjonar (jf. 6.2 ovanfor).

LING1 strekkjer seg over 25 sider i NLT og LING6 over 18 sider. Gjennomsnittslengda på dei språkvitskaplege artiklane er om lag 20 sider. LING1 er på 6245 ord, medan LING6 inneheld 3902 ord. Når den totale ordmengda her er mindre enn det sidetala skulle tilseie, heng det saman med at berre brødteksten er lagd til grunn (jf. 6.0 ovanfor). LING1 inneheld mykje språkleg eksempelmateriale som ikkje er rekna med (totalt 42 språkeksempel som dels er sette opp i figurar), og LING6 har det felles med dei medisinske artiklane at han inneheld mange figurar og tabellar (totalt 13). Brødteksten i dei språkvitskaplege artiklane er likevel lang samanlikna med dei to medisinske artiklane også etter desse avgrensingane.

Artiklane i NLT er innleidde av eit norsk samandrag. Referansane er mykje synlegare i desse artiklane enn i dei historiske fordi dei blir oppgjevne i sjølve brødteksten (døme frå LING1 understreka nedanfor):

Vi vil derfor ende opp med et større syntaktisk apparat, nemlig bindingsteorien i Chomsky (1986) og subjektvegringsanalysen for possessive pronomener/refleksiver i Hestvik (1992) [6.7].

LING1 har éin forfattar, medan LING6 er skriven av to forfattarar (jf. appendiks 1). Som tidlegare nemnt blir dei språkvitskaplege artiklane presenterte kvar for seg fordi den eine av dei følgjer IMROD-konvensjonen.

6.3.1 Analyse av LING1

LING1 handlar om bruksvilkåra for pronomenet *denne*. Artikkelen er delt inn i følgjande fem hovudavsnitt, som i sin tur er inndelte i opptil seks underavsnitt:

1. Innledning (avsnitt 1-12)
2. Pragmatiske eller semantiske bruksbetingelser? (avsnitt 13-28)
3. Syntaktiske bruksbetingelser (avsnitt 29-64)
4. Gjenstående problemer (avsnitt 65-70)
5. Sammenfatning (avsnitt 71-72)

Figur 57: Tematiske mellomtitlar i LING1 (utdrag)

På mikronivået er LING1 prega av den same *jamne* distribusjonen av *enonsiative spor* som HIS4 og HIS6. Distribusjonen er faktisk endå meir gjennomført her, for om vi ser bort frå nokre få avsnitt som berre består av éin periode, er det *ingen av dei totalt 72 avsnitt* i denne artikkelen som ikkje inneheld *enonsiative spor*.

Representative døme på *enonsiative spor* i LING1 er:

Pronomenet har *ikke fått utstrakt omtale i norske grammatikker* og dets bruksbetingelser har *ikke vært beskrevet tilfredsstillende* [5.1]. I *denne artikkelen* skal vi se på hvilke bruksbetingelser som finnes [5.2]. Vi skal se at begrensningene på pronomenets referanse ikke kan beskrives som en slags språklig deiksis hvor det sist nevnte er den *sannsynlige* eller endog *mulige* referanse [5.3]. Det mer generelle begrepet *distanse* kan heller ikke beskrive de observerte begrensninger [5.4]. Tvert imot viser det seg at hovedbegrensningen *ser ut til* å være at det aldri kan være koreferent med et subjekt [5.5].

Dette avsnittet er ein underordna Problemkomponent i innleiinga (jf. tekstkartet nedanfor). Dette kjem fram via alle dei negative evaluative kvalifiseringane («ikke fått utstrakt omtale» etc). Vidare ser vi epistemiske kvalifiseringar («ser ut til», «mulige» m.fl), bruk av førstepersonspronomen, metatekstuelle innslag og ein leksikalisert litteraturreferanse («norske grammatikker»). Det er karakteristisk for denne artikkelen at forfattere gjennomgåande kjem svært godt

til syne på tekstoverflata i form av stor førekomst av både førsteper-
sonspronomen og metatekstuelle innslag i tillegg til alle kvalifise-
ringane. I dei lingvistiske artiklane er dessutan litteraturreferansane
synlegare enn i dei medisinske og historiske artiklane:

Progovac (1993: 757) diskuterer det lokale domenet til lang-
distanse-refleksiver [58.1]. Som *Hestvik* skiller *Progovac* mel-
lom X^0 - og XP-refleksiver [58.2]. *Progovac* diskuterer lang-
distanse-refleksiver (X^0) i russisk og kinesisk [...] [58.3].

Den andre variabelen vi såg på i samband med dei historiske artik-
lane, *tempus*, er derimot ikkje aktualisert her. Med unntak av dei tre
formene «ble nevnt» [16.1], «skulle» og «kunne» i [22.3] er *heile*
teksten halden innanfor presens-systemet. Tempus er dermed ikkje
noko «distinktivt trekk» her. Svært stor tettleik av enonsiative spor
kombinert med tempusformer i presenssystemet er indikatorar som
peiker i retning av argumenterande tekstoppbygging, og LING1 er
difor analysert med utgangspunkt i PL-skjemaet (sjå tekstkartet
nedanfor).

6.3.1.1 Ei kompleks innleiing

I begge dei historiske artiklane var innleiingane prega av meir
komplekse PL-strukturar enn dei vi fann i dei medisinske artiklane,
men dei to historiske innleiingane var like fullt stutte. I LING1 og,
som vi vil sjå nedanfor, i LING6 er innleiinga mykje lengre. Ho
femner totalt om 12 avsnitt. Av tekstkartet går det fram at vi på
overordna nivå (nivå I) har sekvensen Situasjon-Problem, og at
desse komponentane inneheld totalt tre PL-minitekstar.

Avsnitt 1-4 er på overordna nivå ein Situasjonskomponent der
det blir gjort greie for kva som er emnet for artikkelen:

SITUASJON (i innleiinga, utdrag)

*I denne artikkelen skal jeg belyse flere sider ved pronomenet
denne, med de alternative formene dette og disse [1.1]. Disku-
sjonen avgrensnes til den pronominalen bruken av denne [1.2]:
Vi skal altså ikke se på den determinative bruken, hvor det
modifiserer et substantivisk ledd (1a) [1.3]. [...]*

Det artikkelen skal handle om, er den anaforiske, selvstendige bruken av pronomenet [3.1]. Det første kravet er da at det viser til noe som er nevnt (eller skal nevnes) i den språklige konteksten, og for det andre at det ikke modifierer et substantivisk ledd [3.2].[...]

I (2) ser vi at DENNE fungerer som et pronomen *snarere* enn et determinativ, og at det må være korefererende med et annet ledd i setningen [4.1]. (Koreferanse vil *her* og *i det følgende* illustreres med halvfet trykk, med mindre fare for misforståelser vil gjøre det nødvendig med egen indeksering [4.2].)

På underordna nivå er denne Situasjonskomponenten bygd opp av sekvensen Situasjon-Løysing. Underordna Løysingskomponentar kjem fram via kombinasjonen av metatekstuelle innslag og første-personspronomen, der forfattere, vel å merke *før* ei problemformulering er presentert, tek på seg å utføre ei viss oppgåve, jf. t.d. [1.1].

Avsnitt 5-12 er på overordna nivå ein Problemkomponent. Her blir tilnærminga til problemet gjort i to omgangar på underordna nivå. Første gong skjer dette i form av den negative vurderinga av tidlegare forskning som vart presentert ovanfor:

PROBLEM (underordna, utdrag)

Pronomenet har *ikke fått utstrakt omtale* i norske grammatikker og dets bruksbetingelser har *ikke vært beskrevet tilfredsstillende* [5.1].

LØYSING (underordna, utdrag)

Pronomenet er altså offer for subjeksvegring [6.1]. [...]

Vi vil derfor ende opp med et større syntaktisk apparat, nemlig bindingsteorien i *Chomsky (1986)* og subjektvegringsanalysen for possessive pronomen/refleksiver i *Hestvik (1992)* [6.7].

Jeg skal foreslå at bruksbetingelsene til DENNE *kan* forklares ved å kombinere den innsikt som gjelder subjeksvegring i *Hestvik (1992)* og den som gjelder langdistanserefleksiver slik de har vært behandlet i *litteraturen*, for eksempel i *Progovac (1993)* [6.8]

Vi ser her ein interessant variant av distribusjonen av PL-strukturen i form av at det løysingsframlegget artikkelen vil gje, *alt blir formulert* (jf. 6.7-6.8). Etter dette blir problemformuleringa reformulert i form av at det blir gjeve ein meir utførleg gjennomgang av tidlegare omtale i litteraturen. Sjølve omtalen av tidlegare forskning er her å rekne som ein underordna Situasjonskomponent, medan dei negative vurderingane av denne forskinga er ein repetisjon av den første Problemkomponenten. Sjå t.d.:

SITUASJON (underordna)

Beito (1970: 242) legger også vekt på at pronominalt DENNE er sjelden og mest brukt til å unngå misforståelse [10.1]:

Negativ evaluering (= underordna PROBLEM)

Vi ser at grammatikerne har vært uvillige til å ha klare meninger om referanseforholdet til DENNE [12.1]. I den grad de har uttalt seg, er det for å påpeke likheten mellom anaforisk og deiktisk bruk [12.2].

I denne gjennomgangen av litteraturen ser vi dermed det grepet Swales omtaler som «indicating a gap». Det er *mangelen på kunnskap* om den pronominalen bruken av *denne* som er utgangspunktet til forfattern, og vi finn dermed meir prototypiske Problemkomponentar og ikkje den akademiske varianten Løysing (= Problem). Vidare må argumentasjonsstrategien beskrivast som endå *opnare* enn i dei to historiske artiklane i og med at forfattern alt her gjer greie for kva løysinga vil bli.

6.3.1.2 Den superstrukturelle konfigurasjonen i LING1

LING1 representerer ei realisering av PL-strukturen som minner meir om dei realiseringane Tirkkonen-Condit 1985 og Hoey 1983 etablerte i sine analysar. Det vil seie at vi finn fleire Problem- og Løysingskomponentar enn det vi fann i HIS4 og HIS6, der den dominerande sekvensen eller miniteksten var Situasjon-Evaluering. Før eg gjer nærare greie for dette, er det like fullt viktig å understreke at likskapane mellom LING1 på den eine sida og HIS4 og HIS6 på den andre er større enn skilnadene. Det desse tre artiklane har felles, er at ein *argumenterende PL-struktur gjennomført orga-*

niserer tekstmassen på overordna nivå (sjå tekstkartet). Heller ikkje LING1 er prega av noka strukturell todeling. På underordna nivå er det elles ein del deskriptive innslag. Desse går eg ikkje nærare inn på.

Det som skil LING1 frå dei historiske artiklane (og – som vi vil sjå nedanfor – også frå LING6), er at teksten er meir aktivt *problemløysande*. Her er det ikkje slik at vi berre finn éin stor Løysingskomponent mot slutten av teksten, der ein viss synsmåte blir positivt evaluert. Heile LING1 er prega av at ulike løysingsframlegg for bruksvilkåra til studieobjektet *denne* blir utprøvde. Som det går fram av tekstkartet, blir i alt seks Løysingar utprøvde. Dei fem første blir avviste, og problemet blir dermed ståande uløyst inntil Løysing 6. Dette minner om den distibusjonen av PL-stukturen som Hoey omtaler som *spiral multilayering*, dvs. at fleire Løysingar blir forsøkte for å løyse det *same* Problemet (jf. Hoey 1983, sjå 4.2.2.2 ovanfor).

Eg gjev her att kjerneperiodane i dei to første sekvensane Løysing - negativ Evaluering (jf. avsnitt 13-19). Legg merke til tettleiken av dei enonsiative spora og ikkje minst alle dei epistemiske kvalifiseringane (m.a.: «intuitiv følelse», «antagelig» «har noe å si»):

LØYSING1:

Den *intuitive følelsen* man har for DENNE, er at det *snarere* følger pragmatiske enn grammatiske prinsipper, og at det *egentlig* er svært liten forskjell mellom DENNE og et ord som sistnevnte, som plukker ut nettopp det sist nevnte, som i (7) [13.1].

Negativ EVALUERNG av LØYSING 1:

Vi kan altså fastslå at DENNE *ikke har fullstendig samme* bruksbetingelser som sistnevnte, og at de blant annet skiller seg fra hverandre ved at DENNE ikke behøver å referere til det sist nevnte substantiviske ledd [17.1].

LØYSING2:

Selv om DENNE ikke har samme bruksbetingelser som sistnevnte og *antagelig* har mer kompliserte betingelser, *kan* det likevel *hende* at det *er noe i det* at distanse *har noe å si* [18.1].

Negativ EVALUERING av LØYSING2:

I eksemplene i (10) er det kortest mulig avstand til DENNE og dens mulige antesedent [19.1]. Likevel er koreferanse umulig [19.2]. Liten avstand til antesedenten *kan* derfor ikke være et tilstrekkelig krav [19.3]. Stor avstand er heller ikke det rette kravet til antesedenten [19.4].

Først i avsnitt 36-72 kjem LING1 fram til adekvate løysingar på kva som er bruksvilkåra for *denne*. Desse er m.a.:

Utdrag frå LØYSING på Nivå II

Vi har derfor funnet en uavhengig årsak til at det lokale domenet er sterkt utvidet for DENNE [55.3]

Vi kan nå beholde *antagelsen* om at DENNE er et pronomen [...] [64.1]

Vi kan altså fastholde LF-flytting som forklaring på subjektsvegring innenfor helsetningen [67.1]. Likevel *ser det ut til* at i de aller fleste tilfeller der DENNE forekommer i en annen helsetning enn antesedenten, er *det en form for* subjektsvegring til stede [67.2] [...]. Den mest *sannsynlige* årsaken *kan være* saliens, som spiller en *sentral* rolle ved andre pronomeners antesedens [67.4].

Det som er påfallande i LING1 jamført med dei historiske artiklane, er den frekvente bruken av epistemiske kvalifiseringar. Desse er, som vi ser ovanfor, i bruk både ved avviste og vedkjende løysingsframlegg. Forfattaren av LING1 står såleis fram som meir epistemisk kvalifiserande enn historikarane. Kombinert med mykje bruk av førstepersonspronomen og metatekstuelle innslag fører dette til at forfattarsubjektet her er ekstremt synleg og i svært stor grad tek på seg *ansvaret* for evalueringane i PL-strukturen. Forfattaren av LING1 er meir kritisk til sine eigne konklusjonar enn forfattarane av HIS4 og HIS6.

Legg òg merke til (jf. tekstkartet) at LING1 endar i ein Problemkomponent på underordna nivå. Dette heng saman med at det her blir gjort greie for problem som teksten ikkje har løysingsframlegg for:

Problem (Nivå II)

Jeg unnlater å *prøve å forklare* dette [...] [69.3] [...] Analysen tar for seg alle forekomster (så nær som én) av setningsinternt DENNE, men *sier ikke noe om* antesedens over helsetningsgrense [72.1]

LING1 er altså på ingen måte ein tekst der bruken av det argumenterande PL-skjemaet fører til at teksten gjev (den endelege) *Løysinga* på eit problem.

Avsnitt (lineær plassering)	
Tekstkart LING1	1-4 5-12
I	SITUASJON PROBLEM
II	[sit-løys] [sit-pro]

Avsnitt (lineær plassering)						
Tekstkart LING1	13 - 16	17 - 19	20 - 22	23 - 28	29 - 31	32 - 35
I	LØYSING 1 (neg) EVALUERING	LØYSING 2 (neg) EVALUERING	LØYSING 3 (neg) EVALUERING	LØYSING 4 (neg) EVALUERING	LØYSING 5 (neg) EVALUERING	SITUASJON
II	[deskriptive innslag]	[deskriptive innslag]	[deskriptive innslag]	[deskriptive innslag]	[deskriptive innslag]	[deskriptive innslag]

Avsnitt (lineær plassering)					
Tekstkart LING1	36 - 43	44 - 56	57 - 64	65 - 67	68 - 72
I	LØYSING 6				
II	[pro-løys]	[sit-pro-løys]	[pro-løys]	[pro-løys]	[pro]

TEKSTKART for den superstrukturelle konfigurasjonen i LING1

6.3.2 Analyse av LING6

LING6 er éin av to språkvitskaplege IMROD-artiklar, og det er difor særleg interessant å jamføre han med dei to medisinske artiklane. Eg vil difor, som eg gjorde i analysen av MED1, på nytt presentere analysen avsnittsvis i høve til IMROD.

Som nemnt i kapittel 3 er LING6 ein IMROD-artikkel der eitt av IMROD-avsnitta har fått ei anna overskrift enn det som er konvensjonen. Metodeavsnittet heiter her «Eksperimentet». Elles har også innleiinga fått overskrift, og det er tematiske mellomtitlar i *alle* hovudavsnitta.

0. Innledning (avsnitt 1-12)

0.1 Forklaringsmodeller

1. Eksperimentet (avsnitt 13-32)

1.1 Elisiteringsmetode

1.2 Verb

1.3 Forsøkspersoner

2. Resultater (avsnitt 33-47)

2.1 Totalskårer: Riktig besvarte verb

2.2 Feiltyper

3. Diskusjon (avsnitt 48-60)

3.1 Hvilken rolle spiller frekvens og fonologiske faktorer?

3.2 Er det forskjell mellom barn og voksne i prosesseringen?

3.3 Gir resultatene grunnlag for valg av forklaringsmodell?

Figur 58: IMROD-avsnitt med underavsnitt i LING6

Artikkelen LING6 refererer ei undersøking om prosessering av preteritumsformer hos eit utval testpersonar (barn og vaksne). På grunnlag av testresultata tek forfattarane stilling til ulike forklaringsmodellar for prosessering og tileigning av preteritum.

6.3.2.1 Innleiinga

Også i LING6 er innleiinga organisert som ein argumenterande PL-struktur. Dermed kan vi slå fast at *alle* dei seks artiklane i kjerne-materialet har innleiande PL-strukturar. Det som elles har kome fram i dei tidlegare analysane, er at PL-strukturane i dei medisinske artiklane femnde om svært små tekstmassar, og at strukturane dels

var elliptiske. I dei historiske artiklane var distribusjonen av PL-strukturane meir kompleks både horisontalt og vertikalt, men samanlikna med LING1, som til no er den artikkelen som har den mest omfangsrike og komplekse innleiinga, var innleiingane i dei historiske artiklane like fullt relativt stutte. Korleis tek så innleiinga seg ut i LING6? Er PL-strukturen også her lite utbygd og/eller elliptisk?

Som LING1 har LING6 ei lang innleiing på 12 avsnitt, der vi finn to fullt utbygde PL-strukturar (sjå tekstkartet nedanfor i 6.3.2.5). Den todelte strukturen er m.a. eit resultat av at forfattarane bruker plass på å legitimere prosjektet (jf. «claiming centrality»). Dette gjer dei i ein underordna Situasjonskomponent i avsnitt 2 (enonsiative spor kursiverte, eksplisitt kausalkopling understreka):

SITUASJON (underordna, i innleiinga):

Preteritumsbøyning, med sin veksling mellom sterk og svak bøyning, *kan* gi *nyttig* informasjon om hvordan barn gradvis mestrer morfologien i språket sitt [2.1]. Derfor har barns tilegnelse av preteritum blitt studert innenfor *ulike forskningsparadigmer og med ulike typer data som grunnlag i de siste 50 år* [2.2].

Problemkomponenten i denne innleiande PL-strukturen (avsnitt 3) omhandlar manglande kunnskap om norsk verbbøyning. Dei fleste tidlegare studiane er nemleg baserte på engelskspråkleg materiale. Denne PL-strukturen munnar så ut i den akademiske Løysingskomponenten Løysing (=Problem) i avsnitt 4. Også her, der forfattarane presenterer problemstillinga si på *generelt* nivå, er elles grepet «claiming centrality» tydeleg:

LØYSING (=PROBLEM)

På grunn av slike forskjeller *kan* en undersøkelse av hvordan verbbøyning foregår i norsk, sammenlignet med engelsk, *gi nye perspektiver* på forklaringer av tilegnelsen av preteritumsbøyning hos barn. [4.1] Ved å teste voksne i tillegg til barn, *kan vi få øket kunnskap* om prosesseringen av preteritum generelt [4.2]

I den neste PL-strukturen i innleiinga blir problemformuleringa presisert. Å ta stilling til kva type modell for tileigning og prosessering av preteritumsformer som er den mest plausible, er ein klart formulert målsetnad i artikkelen, og dette blir signalisert alt i innleiinga. Som vi såg av figur 58 ovanfor, presenterer eit eige avsnitt i innleiinga ulike forklaringsmodellar. I denne IMROD-artikkelen må ein altså ikkje vente til diskusjonsavsnittet før problemstillinga blir sett i samanheng med annan forskingslitteratur. Utgreiinga om to ulike forklaringsmodellar i avsnitt 6-11 er ein Situasjonskomponent som munnar ut i tre problemformuleringar (jf. tekstkartet nedanfor):

- 1) Å finne ut i hvilken grad frekvens og fonologiske faktorer virker inn på tilegnelse og prosessering av preteritumsbøyning;
- 2) å finne ut hvorvidt det er forskjell mellom barn og voksne i prosessering av verb; og
- 3) å se om våre data kan hjelpe til å velge mellom de to alternative modellene for tilegnelse og prosessering av preteritum [12.2].

Den språkvitskaplege IMROD-artikkelen LING6 er dermed *ikkje* innleidd av elliptiske og/eller svært lite utbygde PL-strukturar som dei vi såg i MED1 og MED5.

6.3.2.2 Metodeavsnittet

Kva så med metodeavsnittet, det «hardaste» av IMROD-avsnitta? Her finn vi som i dei medisinske artiklane deskriptive strukturar. Eitt av dei tre deskriptive Temaa er t.d. «Forsøkspersoner» i avsnitt 32:

Tre grupper av barn ble testet, 4-, 6- og 8-åringer (fra de første seks månedene av hver aldersgruppe), halvparten jenter og halvparten gutter [32.1]. Barna var i tillegg valgt ut på basis av dialekt: begge foreldrene skulle snakke østlandsk [32.2]. Alle de voksne snakket østlandsk (her sjekket vi ikke foreldrenes dialekt), og var i alderen 27-50 år [32.3]. Det var ca 30 forsøkspersoner i hver grupper [32.4].

[TEMA Forsøkspersoner]

[ASP1 barn]

[TEMATISERING av barn]

[ASP1 alder]

[ASP2 kjønn]

[ASP3 foreldres dialekt]

[ASP4 tall]

[ASP2 voksne]

[TEMATISERING av voksne]

[ASP1 dialekt]

[ASP2 alder]

[ASP3 tall]

Figur 59: Deskriptiv struktur i metodeavsnittet

Også i LING6 er det sjølvsagt nødvendig å gjere greie for data som ligg til grunn for undersøkinga (dvs. for eksperimentet), og vi finn ved sida av dette Temaet to meir utbygde deskriptive strukturar der Tema korresponderer med mellomtitlane «Elisiteringsmetode» og «Verb». Men ein avgjerande skilnad mellom LING6 på den eine sida og dei to andre IMROD-artiklane på den andre er at desse deskriptive strukturane i metodeavsnittet er *integrerte i ein overordna PL-struktur*. Dette kjem fram ved at det proposisjonelle innhaldet i deskriptivane blir kvalifisert. Nedanfor ser vi to døme på dette. Forfattarane signaliserer via dei epistemiske kvalifiseringane at det både er mogeleg å definere sterke verb og å vurdere fonologisk koherens på ulike måtar:

Av den grunn, og også fordi vår definisjon av sterke verb avviker noe fra den som *synes* å ligge til grunn for BOs definisjon, vil det nøyaktige antall sterke verb være noe lavere enn det som er angitt for BO [19.6].

En klasse ble *antatt* å ha høy fonologisk koherens (HiPC) i den grad infinitivstammene rimte på hverandre, samtidig som de ikke rimte med infinitivstammene i andre klasser [27.4].

Slike kvalifiseringar av metodiske emne såg vi ingen døme på i MED1 og MED5.

6.3.2.3 Resultatavsnittet

Resultatavsnittet i LING6 er prega av den same interaksjonen mellom underordna deskriptive parti og ein overordna PL-struktur som metodeavsnittet i artikkelen. Begge dei rapporterende avsnitta i LING6 vik dermed noko av frå konvensjonane i IMROD-formatet. Her er to døme på kvalifiseringar i resultatavsnittet:

Den lille svake klassen (WSR og WSN) *ser ut til* å gruppere seg sammen med de sterke verbene, dvs. at det ikke er noen signifikant forskjell mellom disse gruppene og de sterke verbene i gruppe S1 og S3 [37.1].

Men det er *en interessant forskjell*, og det er forskjellen i skåre på de to svake klassene [40.3]

I [37.1] signaliserer forfattarane atterhald i høve til korleis resultat skal tolkast, og i [40.3] kvalifiserer dei somme av resultata som interessante. Ifølgje APAs kravspesifikasjon (jf. 2.1.2 ovanfor) skal ein ikkje vurdere og drøfte resultata før i Diskusjonsavsnittet, og dei medisinske artiklane levde opp til denne eksplisitte tekstnorma. Det gjer altså ikkje LING6, sjølv om det må leggjast til at dei enonsiative spora like fullt er færre i dei *rapporterande* avsnitta enn i dei *kommenterande* også her (sjå 6.3.2.6 nedanfor).

6.3.2.4 Diskusjonsavsnittet

At diskusjonsavsnittet er organisert som ein PL-struktur, er som venta. Av tekstkartet nedanfor går det fram at diskusjonsavsnittet (avsnitt 48-60) er siste del av ein stor Løysingskomponent, og at det på underordna nivå har tre minitekstar av Situasjon-Evaluering. Dette reflekterer den tredelte problemformuleringa i innleiinga, som blir rekapitulert i starten på diskusjonsavsnittet. Kvar av dei tre minitekstane Situasjon-Evaluering svarer såleis på kvar sin del av den tredelte problemformuleringa. Også i MED1 såg vi stor grad av parallellitet mellom innleiinga og starten på diskusjonsavsnittet, men i LING6 er samanhengen endå tydelegare, og argumentasjonen er dermed mykje opnare.

6.3.2.5 Den superstrukturelle konfigurasjonen i LING6

Sentrale aspekt ved den superstrukturelle konfigurasjonen i LING6 er alt nemnde. For å oppsummere har vi i LING6, som i alle dei andre humanistiske artiklane, ein overordna PL-struktur som organiserer heile tekstmassen. Vi finn altså ikkje den retorisk-strukturelle todelinga som prega dei medisinske artiklane. Som i dei medisinske artiklane er dei deskriptive innslaga store i dei rapporterende avsnitta i LING6, men som vi ser av tekstkartet, er dei deskriptive strukturane plasserte på Nivå III. Dei utgjer det proposisjonelle innhaldet i Situasjonskomponentane i den store Løysingskomponenten på same måte som narrative minitekstar eller pseudonarrativar var «innhaldet» i mange av Situasjonskomponentane i dei historiske artiklane. Som dei andre humanistiske artiklane har LING6 ein stor løysingsbolc, og dei rapporterende IMROD-avsnitta *inngår* nettopp i denne Løysingskomponenten.

Avsnitt (lineær plassering)					
Tekstkart					
LING6	1 - 2	3	4	5 - 9	10 - 12
Nivå	SITUASJON	PROBLEM	LØYSING (=PROBLEM)	SITUASJON	PROBLEM 1,2 &3
I	[løys-sit]				
II	[deskriptive innslag]			[deskriptive innslag]	
III					

Avsnitt (lineær plassering)								
Tekstkart								
LING6	13 - 15	16 - 31	32	33 - 41	42 - 47	48 - 53	54 - 56	57 - 59
Nivå	[sit]	[sit-eval x 2]	[sit]	[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]
I				LØYSING				
II				[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]	[sit-eval]
III	[tema]	[tema]	[tema]	[tema]	[tema]	[tema]		

TEKSTKART for den superstrukturelle konfigurasjonen i LING6

Dette blir dermed den avgjerande skilnaden mellom LING6 på den eine sida og MED1 og MED5 på den andre. Alle superstrukturane i artikkelen (dvs. alle dei minimale realiseringane) inngår i éin superstrukturell konfigurasjon. Dei deskriptive innslaga utgjer ikkje sjølvstendige tekstparti eller konfigurasjonar.

6.3.2.6 Enonsiative tekstprofilar: ei jamføring av MED1, MED5 og LING6

Enonsiative spor har alt vore nemnde i presentasjonen av den kvalitative funksjonelle analysen. Som ei avsluttande jamføring følgjer nedanfor eit oversyn over distribusjonen av enonsiative spor i kommenterande og rapporterande avsnitt i MED1, MED5 og LING6. Eg minner om at dei *kommenterande* avsnitta er innleiinga og diskusjonsavsnittet, medan dei *rapporterande* avsnitta er metode- og resultatavsnittet:¹¹⁰

	1. pers.	Ref	Meta	Kval
Kommenterande avsnitt	27	48	7	46
Rapporterande avsnitt	2	1	2	1

Figur 60 Distribusjon av førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og kvalifiseringar i MED1

	1. pers.	Ref	Meta	Kval
Kommenterande avsnitt	8	46	1	27
Rapporterande avsnitt	1	2	0	0

Figur 61 Distribusjon av førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og kvalifiseringar i MED5

	1. pers.	Ref	Meta	Kval
Kommenterande avsnitt	22	11	4	37
Rapporterande avsnitt	19	6	11	9

Figur 62 Distribusjon av førstepersonspronomen, referansar, meta-tekstuelle innslag og kvalifiseringar i LING6

¹¹⁰ Førstepersonspronomen omfattar også eigeomsformene. Referansar omfattar både slutnotereferansar og leksikaliserte referansar. Det er i dei medisinske artiklane mest bruk av slutnotereferansar (totalt 61 slutnotereferansar mot 16 leksikaliserte referansar). Sjå elles kapittel 5 for definisjonar og avgrensingar av dei enonsiative spora.

Vi ser at det i begge dei medisinske artiklane er *klar* overvekt av enonsiative spor i dei kommenterande avsnitta. Av dei sterkaste enonsiative spora – kvalifiseringane – finn vi totalt berre éin førekomst i dei rapporterende avsnitta i dei to medisinske artiklane. Også i LING6 ser vi at dei enonsiative spora er mest frekvente i dei kommenterande avsnitta, men *alle* typar finst òg i dei rapporterende avsnitta. Metatekstuelle innslag er jamvel *mest* talrike i dei rapporterende avsnitta, og fordelinga av førstepersonspronomen er svært jamn. LING6 er altså ein IMROD-artikkel med ein *annan enonsiativ tekstprofil* enn MED1 og MED5. Trass i at LING6 er ein IMROD-artikkel, kjem forfattarane til syne som organisatorar av teksten heile tida, og ein argumenterende PL-struktur organiserer teksten på overordna nivå. LING6 har dermed mest felles med dei andre humanistiske artiklane.

6.3.3 Oppsummering: LING1 og LING6

Både LING1 og LING6 er, som dei to historiske artiklane, *dominerte av argumenterende PL-strukturar*. Dette fører til at vi heller ikkje i desse artiklane kan identifisere den strukturelle todelinga som vi observerte i dei medisinske artiklane. Også i dei språkvitenskaplege artiklane synest den overordna argumentasjonsstrategien å vere å skape *samanheng* framfor *brot* i tekstopppbygginga. Det er ikkje skarpe skilje mellom tekstparti som framstiller data, og tekstparti som evaluerer data, og forfattersubjekta i dei språkvitenskaplege artiklane er vel så synlege på tekstoverflata som forfattersubjekta i dei historiske artiklane og vedkjenner seg i like stor grad den argumenterende framstillingsforma. Det er ikkje minst eit viktig resultat at dette i like stor grad gjeld IMROD-artikkelen LING6 som LING1. Tekstformatet IMROD treng altså ikkje nødvendigvis føre til ei retorisk-strukturell todeling.

Også i dei språkvitenskaplege artiklane kan det påvisast tekstleg *heterogenitet*. Det er interaksjon mellom argumenterende og deskriptive framstillingsformer. Men heterogeniteten er mindre slående enn i dei medisinske og dei historiske artiklane. I dei medisinske artiklane var heterogeniteten lett å få auge på fordi ulike framstillingsformer følgde etter kvarandre horisontalt eller lineært.

Det var nettopp dette som skapte den retorisk-strukturelle todelinga. I dei historiske artiklane var samspelet mellom narrative og argumenterande superstrukturar slåande, og sjølv om ein argumenterande PL-struktur klart var overordna, var narrative lesingar av somme tekstutsnitt absolutt mogelege alternativ. Deskriptive lesingar av mindre tekstparti i dei språkvitskaplege artiklane er derimot ikkje aktuelle tolkingsalternativ. Dette heng truleg saman med at det her er tale om interaksjon mellom ei dynamisk (argumenterande) og ei statisk (deskriptiv) framstillingsform. Den dynamiske vil då alltid stå fram som dominerande. Når to dynamiske framstillingsformer interagerer, vil derimot begge lettare kunne representere overordna lesingar.

6.4 Jamføring av analyseresultat og hypotesar

Vi kan no jamføre analyseresultata med hypotesane som vart lagde til grunn i kapittel 4 (jf. 4.3.6 ovanfor). Dei to første hypotesane dreidde seg om distribusjonen av argumenterande PL-strukturar. Den første gjekk ut på at PL-strukturar i større grad dominerer humanistiske artiklar enn medisinske i den forstand at større delar av tekstmassen i humanistiske artiklar er strukturerte i PL-strukturar, og at PL-strukturen er dominerande i den grad teksten har ein hierarkisk superstrukturell konfigurasjon. Den andre hypotesen gjekk ut på at PL-strukturar har ein fastare lineær distribusjon i dei medisinske artiklane enn i dei humanistiske, og at PL-strukturar er å finne i dei kommenterande avsnitta i dei medisinske artiklane.

Begge desse hypotesane synest styrkte av resultatata her. Vi har sett at argumenterande PL-strukturar nettopp dominerer heile tekstmassen i dei humanistiske artiklane, og at dei er distribuert i dei kommenterande avsnitta i dei medisinske artiklane.

Vidare vart ein tredje hypotese om interaksjon mellom ulike superstrukturar lagd til grunn. Denne gjekk ut på at narrative superstrukturar interagerer med PL-strukturar i dei historiske artiklane, og at deskriptive superstrukturar interagerer med PL-strukturar i dei medisinske og språkvitskaplege artiklane. Begge desse hypotesane synest også styrkte. Men det er, som vi har sett, klare skilnader i

kva *funksjon* dei deskriptive tekstpartia har i dei medisinske og dei språkvitskaplege artiklane.

7 SLUTTDISKUSJON

7.0 Innleiing

Dette kapitlet er dels ei oppsummering og dels ei drøfting av dei viktigaste empiriske og teoretiske resultatane i denne granskinga. Som det vart slått fast i innleiinga, har den overordna problemstillinga vore det *empiriske* forskingsspørsmålet: *Kva skilnader kan påvisast med omsyn til tekstopppbygginga i respektive medisinske, historiske og språkvitskapelege artiklar?* Vidare har det funksjonelle tekstomgrepet *superstruktur* vore det analytiske verktøyet som er nytta. Dette har ført til at det, for å svare på det empiriske forskingsspørsmålet, har vore nødvendig å bruke mykje plass på å situere superstrukturomgrepet tekstteoretisk og dessutan, som ei følgje av dette, å gjere framlegg om ei metodisk tilnærming. Det fell difor naturleg å disponere sluttdiskusjonen i to bolkar, der den eine behandlar teoretiske og metodiske problemstillingar, og den andre tek opp dei empiriske problemstillingane.

Sidan eg vil bruke minst plass på dei teoretiske og metodiske problemstillingane, som er utførleg behandla i kapittel 4 og 5, vil eg innleie denne avsluttande diskusjonen med ein gjennomgang av desse. 7.1 med underpunkt tek såleis opp teoretiske og metodiske emne, medan 7.2 med underpunkt oppsummerer og drøftar dei empiriske resultatane. Det vil her ikkje minst stå sentralt å drøfte analyseresultatane i høve til *samanhengshypotesen*. Kapitlet blir avrunda i 7.3 med framlegg til vidare forskning.

7.1 Superstrukturomgrepet

Det har vore eit viktig forskingsmål her å situere superstrukturomgrepet tekstteoretisk og å gjere framlegg om ei språkleg forankra metodisk tilnærming. Ein kritisk gjennomgang av eksisterande litteratur i kapittel 4 synleggjorde at storleiken superstruktur har ein både vekslende og lite presisert epistemologisk og ontologisk status. Eg oppsummerer no dei viktigaste teoretiske og metodiske resultatane mine med utgangspunkt i dei spørsmåla som innleidde drøft-

inga av arbeida til van Dijk 1980, Hoey 1983, Tirkkonen-Condit 1985 og Adam 1992.

- 1 Korleis er superstruktur definert i høve til andre sentrale tekstomgrep som teksttype og sjanger (dvs. er storleiken plassert på heil eller deltekstnivå)?
- 2 Korleis kan superstruktur(ar) distribuerast i tekstar?
- 3 Kva konkrete strukturar blir det gjort framlegg om innanfor dei ulike tilnærmingane («generelle», argumenterande, narrative)?
- 4 Kva kriterium blir lagde til grunn for å påvise superstruktur(ar) i tekstar?
- 5 I kva grad er desse kriteria språklege?
- 6 Korleis går ein fram metodisk?

7.1.1 Teoretiske konklusjonar

Dei tre første spørsmåla ovanfor dreier seg om den *ontologiske* statusen til superstruktur. Dei viktigaste teoretiske konklusjonane her har vore:

- a) Superstruktur er ein storleik på *deltekstnivå* som er samanfallande med *teksttypeomgrepet* i tradisjonen etter Werlich.
- b) Superstrukturar er tekstlege *prototyper* i form av retorisk-funksjonelle skjema som består av fire-fem komponentar.
- c) Superstrukturar er anten *dynamiske* eller *statiske*.
- d) *Argumentativen* og *narrativen* er dynamiske superstrukturar, medan *deskriptiven*, *instruktiven* og *eksplikativen* er statiske superstrukturar.
- e) Deskriptive superstrukturar (dvs. deskriptiven, instruktiven og eksplikativen) er mindre autonome fordi dei manglar det responsmønsteret som kjenneteiknar dynamiske superstrukturar, og dei kan difor analyserast med utgangspunkt i eitt felles

deskriptivt skjema, medan dei dynamiske superstrukturane må analyserast med utgangspunkt i kvar sitt skjema.

- f) Éin eller fleire superstrukturar kan i éin og same *heiltekst* distribuerast fleire gonger både horisontalt (lineært) og vertikalt (hierarkisk).
- g) Samanstillinga av – eller samspelet mellom – ulike superstrukturar i ein heiltekst utgjer ein *superstrukturell konfigurasjon*.

Skiljet mellom deltekst- og heiltekstnivået (jf. a)), som er henta frå Frandsen 1995, er essensielt. Dette skiljet gjer det mogeleg å unngå uheldige samanblandingar av ulike analyse- og typologiseringsnivå som t.d. sjanger og superstruktur/teksttype. *Sjanger* er situert på heiltekstnivå, medan superstruktur er situert på deltekstnivå. Ein faktisk tekst (heiltekst) *kan* vere bygd opp av berre éi realisering av ein superstruktur, men dette er svært sjeldsynt. Dei fleste faktiske tekstar er *heterogene*. Det vil seie at dei er bygde opp av fleire interagerande superstrukturar (jf. f)). Eg har vidare rådd frå å bruke termen *teksttype* om slike konvensjonelle framstillingsformer på deltekstnivå som superstruktur representerer, fordi denne termen nettopp kan gje inntrykk av å referere til heiltekstnivået. At eg behandlar superstruktur og teksttype som samanfallande storleikar, fører elles til at eg, som Adam, understrekar dei *komposisjonelle* eigenskapane ved teksttypene, som Werlich-tradisjonen har oversett.

Superstruktur er vidare tekstlege *prototyper* (jf. b)). Dei strukturane som blir lagde til grunn i form av komponentskjema, er teoretiske idealiseringar av dei mest representative eksemplara. Det varierer i kva grad *alle* komponentar i eit skjema er realiserte, og *rekkefølga* komponentane blir distribuerte i, kan vike av frå den dei har i prototypmodellane. Dette har ein del metodiske implikasjonar (sjå nedanfor).

Skiljet mellom *dynamiske* og statiske *superstrukturar* er òg sentralt (jf. c), d) og e)). Argumentativen og narrativen er *dynamiske*, medan deskriptiven, instruktiven og eksplikativen er *statiske*

framstillingsformer. Deskriptiven femner her om det Werlich karakteriserer som deskriptive og ekspositive teksttypar:

Dynamiske framstillingsformer

Argumentativen
Narrativen

Statiske framstillingsformer

Deskriptiven
Instruktiven
Eksplikativen

Det dei dynamiske superstrukturane har felles, er at dei er baserte på *kausalrelasjonar*, og at dei er prega av ein dynamikk i form av responsmønster. Ein Situasjonskomponent i ein argumentativ fører til ei problematisering i form av ein Problemkomponent; ein Komplikasjonskomponent i ein narrativ fører til ein respons i form av ein Resolusjonskomponent etc. Argumenterende og narrative deltekstar har *retning*, dei er tekstar som vil ein stad. Det som skil argumentativen og narrativen frå kvarandre, er for det første at kausaliteten er temporalisert i narrativen, men ikkje i argumentativen. For det andre dreier narrativen seg om transformasjonar i form av eit hendingsforløp, medan argumentativen er tufta på synspunkt og vurderingar. Evaluative innslag i form av ulike epistemiske og evaluative kvalifiseringar og andre enonsiative spor kjenneteiknar dermed argumentativen.

Dei statiske superstrukturane manglar slike responsmønster og den dynamikken som kombinasjonen av kausalitet, enonsiasjon og eventuelt temporalitet gjev dei dynamiske superstrukturane. Dei statiske superstrukturane organiserer proposisjonelt innhald og byggjer i stor grad på «del-heilskap»-relasjonar. Statiske superstrukturar er mindre autonome. Dei er i praksis (i faktiske tekstar) ofte underordna strukturar i Situasjons- eller Orienteringskomponentar i dei dynamiske superstrukturane. I materialet her har vi berre sett døme på det førstnemnde. Fordi deskriptive superstrukturar er mindre autonome, er dei alle analyserte med utgangspunkt i eitt skjema. Skilnadene mellom dei kjem i stor grad fram i komponenten Relasjonsdanning.

I litteraturen står PL-modellen ofte fram som ein generell eller autonom superstrukturmodell som ikkje er knytt til ulike konvensjonelle framstillingsformer. Det er gjort greie for at det tilsynelatande generaliseringspotensialet til PL-modellen byggjer på at modellen fangar opp kausaliteten og responsmønsteret i dei dynamiske superstrukturane. For dei ulike superstrukturane har følgjande modellar vore lagde til grunn her:

PL-skjemaet i tradisjonen etter Hoey 1983 for argumentativen

Narratologisk skjema i tradisjonen etter Labov, van Dijk og Adam for narrativen

Deskriptivt skjema frå Adam 1992 for deskriptiven, instruktiven og eksplikativen

Superstrukturar har komplekse distribusjonsmønster i faktiske teksttar (jf. f) og g)). Minimale realiseringar av éin og same eller ulike superstrukturar kan for det første følgje etter kvarandre i tekst (horizontal distribusjon). For det andre kan minimale realiseringar av éin og same eller ulike superstrukturar vere realiserte på underordna nivå, altså i tekstparti som på overordna nivå er komponentar i *andre* superstrukturar (vertikal distribusjon). Slike samanstillingar av superstrukturar er ein *superstrukturell konfigurasjon*. Superstrukturelle konfigurasjonar, som dei som her er identifiserte for dei vitenskaplege artiklane i denne granskinga, er truleg viktige karakteristika for *sjangrar* (sjå òg 7.2 nedanfor).

7.1.2 Metodiske problemstillingar

At superstrukturar er tekstlege prototypar, har vidare fått store metodiske implikasjonar i denne granskinga. «A priori»-definisjonar av superstrukturkomponentar på grunnlag av innhaldsbaserte og språklege *kriterium* er avviste som metodisk tilnæringsmåte. Det er i staden lagt vekt på å identifisere *hovudskilja* mellom argumenterende, narrativ og deskriptiv tekstorganisering på grunnlag av språklege overflatesignal. Metodikken har vore ein kombinasjon av ei «bottom-up»-tilnærming der språklege spor på mikroplanet blir fanga opp, og ei «top-down»-tilnærming som er basert på dei tre prototypiske superstrukturmodellane.

«Bottom-up»-tilnærminga har bygd på dei tre tekstorganiseringsaksane som vart etablerte i diskusjonen i kapittel 4 (*evaluering, temporalitet og kausalitet*) og språklege overflatesignal av desse aksane som det vart gjort greie for i kapittel 5. Aksen evaluering vart her presisert som *enonsiasjon av person*.

Det må like fullt framhevast at ei registrering av slike variablar i seg sjølv ikkje er nokon tekstanalyse. Men ei kombinert tilnærming der ei identifisering av variablar på mikronivå fører fram til ein *tekstprofil* som så dannar utgangspunktet for ein kvalitativ funksjonell analyse, har her synt seg å vere ein fruktbar framgangsmåte. I analyseprosessen står mikro- og supernivået i eit dialektisk tilhøve til kvarandre.

Eg vil særleg framheve den enonsiative (og dels evaluative eller kvalifiserande aksen). «Del-heilskap»-relasjonar, og dessutan ei viss temporal tekstorganisering og innslag av implisitt eller eksplisitt kausalkopling vil vere å finne i dei fleste tekstar. I mi tilnærming har enonsiasjonen synt seg å vere den mest *diskriminerande* analysevariabelen (sjå òg Breivega 2001a, 2001b og 2001c).

Dei ulike typane *kvalifiseringar* har særleg synt seg viktige i høve til den argumenterande PL-strukturen. Kvalifiseringar på aksen god-dårleg (evaluative kvalifiseringar) er nemleg sterke indikatorar på den grunnleggjande relasjonen Situasjon-Evaluering. Slike kvalifiseringar kan òg vere signal på den narrative Kodakomponenten, men det har ikkje vore døme på slik bruk i det materialet som er undersøkt her. Epistemiske kvalifiseringar kan etter mitt syn i endå sterkare grad knytast eksklusivt til den argumenterande PL-strukturen. Vidare har deontiske kvalifiseringar her vorte behandla som ei undergruppe av dei evaluative kvalifiseringane. Slike kvalifiseringar kan knytast til Løysingskomponenten i PL-skjemaet. Dei andre typane kvalifiseringar kan ikkje i same grad knytast til spesifikke komponentar. Negative og epistemiske kvalifiseringar er viktige signal på Problemkomponentar, men dei *kan*, på same måte som positive kvalifiseringar, finnast i alle komponentane i PL-skjemaet.

I den metodiske tilnærminga har eg integrert studiet av språklege mikrofenomen som er påviste i tidlegare forskning på akademisk prosa, i tilnærminga til det funksjonelle tekstomgrepet superstruktur. Ikkje minst dei epistemiske kvalifiseringane, som er så karakteristiske for akademisk prosa, er sette i relasjon til den overordna tekstoppbygginga. Referansebruk, som i endå større grad er særmerkt for akademisk prosa, er òg drege inn i analysen. Dette meiner eg har vore svært nyttig for tilnærminga til superstruktur.

I denne samanhengen er det like fullt viktig å presisere at både metodikken og den tekstteoretiske situeringa i denne granskinga er utvikla på grunnlag av analysar av eit avgrensa tekstleg materiale. Ei teoretisk og metodisk avklaring av superstruktur kan ikkje skje upåverka av kva type empiri ein arbeider med, og det trengst vidare studiar i høve til andre sjangrar enn den vitskaplege artikkelen for å kunne ta stilling til generaliseringspotensialet av resultata her (sjå òg 7.3 nedanfor). Eg er like fullt ganske optimistisk med omsyn til den vekta som bør leggjast på *enonsiasjon av person* som eit distinktivt trekk for den argumenterande superstrukturen, men dei relevante språklege spora av denne enonsiasjonen vil truleg variere i ulike sjangrar.

7.2 Empiriske konklusjonar

Den berande empiriske problemstillinga i denne granskinga har vore kva skilnader som kan påvisast i tekstoppbygginga i medisinske, historiske og språkvitskaplege artiklar. Meir presist har denne *komparative* problemstillinga i særleg grad vore retta mot innslaget av *argumentasjon* i vitskaplege artiklar. Med utgangspunkt i superstruktur som analytisk verktøy har tilnærminga til argumentasjon vore todelt: På den eine sida har ho gått ut på å undersøkje i kva grad og på kva måte *argumenterande superstrukturar* er distribuerte i det undersøkte artikkelmaterialet. På den andre sida har ho gått ut på å undersøkje *samspelet* mellom argumenterande, narrative og deskriptive superstrukturar i dei vitskaplege artiklane. Dette samspelet og dei ulike superstrukturelle konfigurasjonane det resulterer i, representerer ulike *argumentasjonsstrategiar*.

På bakgrunn av analyseresultata i kapittel 6, der dei superstrukturelle konfigurasjonane i seks vitenskaplege artiklar frå fagområda medisin, historie og språkvitskap er kartlagde, vil eg no først og fremst jamføre *argumentasjonsstrategiane*. Eg vil vidare trekkje inn artiklane frå referansematerialet for å setje dei djupanalyserte artiklane i relieff. I 7.2.1 nedanfor ser eg først på dei humanistiske artiklane og prøver i samband med dette å presisere *tekstnormene* for denne typen *humanistiske fagtekstar*. Deretter ser eg i 7.2.2 på dei naturvitenskaplege artiklane, og eg kjem her også inn på tekstformatet IMROD. I denne oppsummerande drøftinga av analyseresultata vil eg trekkje inn faglege og vitenskapsteoretiske perspektiv, og eg avrundar gjennomgangen av dei empiriske resultata med ei samla drøfting av dei ulike argumentasjonsstrategiane i materialet i lys av *samanhengshypotesen* i 7.2.3.

7.2.1 Den humanistiske artikkelen på fagområda historie og språkvitskap

Det har ovanfor vore fokusert på mangelen på *eksplisitte tekstnormer* for den humanistiske artikkelen (jf. 1.2 og kapittel 2). Det eksisterer sjølvsagt tekstnormer som regulerer den språklege utforminga av humanistiske vitenskaplege artiklar. Som språkbrukarar er vi som regel godt i stand til å identifisere humanistiske artiklar sjølv om vi ikkje kan eksplisittere kva det er vi byggjer intuisjonane våre på. Tekstnormene er altså ikkje eksplisitt formulerte: Dei er *taus kunnskap* (jf. Polanyi 1958). Dette er det i grunnen ingenting oppsiktsvekkjande ved. Det normale er at dei spelereglane vi følgjer i språkleg kommunikasjon, munnleg som skriftleg, i liten grad er artikulerte. Slik sett er det tendensen til å eksplisittere tekstnormene på det naturvitenskaplege området (jf. IMROD) som er uvanleg. Eg skal no, på grunnlag av denne studien, gjere greie for dei *tekstnormene* humanistiske artiklar frå fagområda historie og språkvitskap ser ut til å følgje.

Det som særpregar dei humanistiske artiklane i kjernematerialet, er at éin superstruktur – den argumenterande PL-strukturen – organiserer heile tekstmassen på overordna nivå. At éin superstruktur dominerer heile teksten, fører for det første til at éin argu-

mentasjonsstrategi synest å vere å skape *funksjonell* samanheng. I faktiske tekstar er det ikkje uvanleg at superstrukturar følgjer etter kvarandre lineært (horisontal distribusjon) på øvste nivå i teksthierarkiet, og i dei medisinske artiklane har vi sett døme på nettopp dette. Det vart i samband med analysane av dei medisinske artiklane presisert at slike *brot* i den funksjonelle oppbygginga ikkje må forvekslast med manglande koherens.¹¹¹ Å skape funksjonell samanheng kan i lys av dette sjåast som eit argumentativt grep. Presentasjonen av forskingsdata og tolkinga av dei utgjer, i motsetnad til det som er tilfellet i dei medisinske artiklane, ein *integrert heilskap*.

Om vi dessutan dreg inn at den overordna superstrukturen i dei humanistiske artiklane er den argumenterande PL-strukturen, kan ein annan sentral strategi seiast å vere valet av *open* argumentasjon. Det gjennomgåande synlege forfattersubjektet vedkjenner seg ei argumenterande tekstopbygging. Forfattarne av dei humanistiske artiklane er heile tida synlege organisatorar av det proposisjonelle innhaldet, og dei evaluative og epistemiske kvalifiseringane er talrike og jamt distribuerte. Vi står dermed overfor forfattersubjekt som gjennomgåande kvalifiserer og tek ansvar for det proposisjonelle innhaldet.

Det eksisterer ingen eintydige eller «rette» svar innan vitenskap korkje når det gjeld val av metodar, data eller tolkingalternativ. Trass i dei skilnadene som eksisterer mellom naturvitenskap og humaniora, gjeld dette prinsipielt for dei begge. I lys av dette kan den humanistiske skrivestrategien stå fram som «ærlegare» enn den meir kamuflerte argumenterande strukturen som er påvist i dei medisinske artiklane.

Som *tekstleg uttrykk* er det nok rimelegare å sjå dette som ein konvensjonell humanistisk argumentasjonsstrategi, der poenget nettopp er at det er *forventa* at forfattaren ope kvalifiserer og organiserer det proposisjonelle innhaldet. Som tidlegare presisert er det viktig å skilje mellom vitenskap som aktivitet og vitenskap som tekstleg

¹¹¹ Diskusjonen av koherens i høve til den eine medisinske artikkelen (MED1) bygde elles på meir enn det faktum at ulike superstrukturar følgjer etter kvarandre. Han bygde òg på at det var manglande samsvar mellom innleiinga og den «eigentlege» problemstillinga i teksten.

uttrykk. Kva det er som blir kvalifisert, og ikkje minst i kva grad det som blir kvalifisert, er det mest (u)sikre, originale eller interessante innhaldet artiklane, er eit heilt anna spørsmål, som analyseresultata i denne granskinga ikkje seier noko som helst om. Når t.d. epistemiske kvalifiseringar klart uttrykkjer atterhald, treng ikkje det innhaldet som blir kvalifisert slik, nødvendigvis vere det mest usikre eller kontroversielle i artikkelen. Folkeleg uttrykt kan ein mogleg argumentasjonsstrategi vere å dekkje til dei store veikskapane ved å framheve dei små...

Desse presiseringane gjeld sjølvsagt prinsipielt for kvalifisert språkbruk også i dei medisinske artiklane, men dei er mest relevante for dei humanistiske, fordi det å argumentere ope i desse artiklane nettopp er den mest sentrale argumentasjonsstrategien. Også dei humanistiske artiklane i *referansematerialet* ser ut til å ta i bruk desse argumentasjonsstrategiane:

Med unntak av HIS7 og HIS10 synest alle dei *historiske* artiklane å vere prega av eit samspel mellom argumenterande og narrative superstrukturar der den argumenterande strukturen dominerer. HIS10 er den mest *empiriske* artikkelen blant dei humanistiske. Som det går fram av appendiks 2, gjer artikkelen greie for eit case-studium, og dette fører til at den overordna tekstorganiseringa i denne artikkelen er narrativ. Mellom anna manglar artikkelen innleiing. Det som skil HIS7 frå dei andre historiske artiklane, er ikkje mangel på argumenterande PL-strukturar, men mangel på narrative strukturar. Dette kjem av at dette er den mest *teoretiske* av dei humanistiske artiklane i materialet (jf. appendiks 2). HIS7 og HIS10 representerer såleis kvar sitt ytterpunkt i høve til distribusjonen av argumenterande og narrative superstrukturar i det historiske materialet. Dei to artiklane som er djupanalyserte, synest dermed representative for dei superstrukturelle konfigurasjonane i dei historiske artiklane som har lege til grunn her. I høve til ei drøfting av tekstnormer i den humanistiske vitenskaplege artikkelen er det distribusjonen av dei argumenterande superstrukturane i dei historiske artiklane som er av interesse. Som det gjekk fram av analysane i kapittel 6, gjev elles samspelet av to *dynamiske* superstrukturar dei historiske artiklane eit særmerkt preg, der den underordna superstrukturu-

ren står fram som «sterkare» enn dei deskriptive innslaga i dei språkvitskaplege artiklane gjer (jf. 6.2.3 og 6.3.3 ovanfor).

Alle dei språkvitskaplege artiklane synest å vere dominerte av den argumenterande PL-strukturen, som interagerer med klart underordna deskriptive parti. Dette gjeld òg den andre IMROD-artikkelen: LING10. I analysen kom det elles fram at LING1 skilde seg noko ut frå dei andre humanistiske artiklane ved å vere ein utprega *problemløysande* tekst, der fleire løysingar vart utprøvde i tur og orden etter den innleiande PL-strukturen. Også LING8 er prega av denne typen distribusjon av PL-strukturen etter den innleiande problemreisinga. LING1 og LING6 synest dermed representative for den gjennomgåande tekstopppbygginga i dei språkvitskaplege artiklane.

Tekstnormene som denne studien har identifisert for historiske og språkvitskaplege artiklar, kan dermed oppsummerast slik: Ein overordna argumenterande PL-struktur organiserer heile tekstmassen i artikkelen. Denne PL-strukturen har ei karakteristisk *todeling*, der den første delen av artikkelen (i praksis innleiinga og eventuelt dei første hovudavsnitta (jf. HIS6)) representerer ei innleiande problemreising. Det problemet artikkelen tek utgangspunkt i, er ofte presentert i form av den akademiske Løysingskomponenten Løysing (= Problem). PL-strukturen i resten av tekstmassen i artikkelen responderer på Problem- eller Løysingskomponentane i dei innleiande PL-strukturane. Denne *responsen*, som på øvste nivå i teksthierarkiet må reknast som ein einaste stor Løysingskomponent, har som oftast form av mange minitestar som består av dei grunnleggjande argumenterande komponentane Situasjon-Evaluering. Men vi kan òg sjå andre variantar av distribusjonen av PL-komponentar i responsfasen, dvs. at fleire løysingar blir utprøvde (jf. LING1). I Situasjonskomponentane i responsfasen vil ofte teksten ha innslag av andre organiseringsprinsipp (narrative eller deskriptive) på underordna nivå. Som ei følgje av den overordna argumenterande PL-strukturen er elles den humanistiske vitskaplege artikkelen prega av store innslag av *enonsiative spor*, der kvalifiseringane og litteraturreferansane står svært sentralt, og der førsteper-

sonspronomen og metatekstuelle innslag òg som regel er svært frekvente.

Desse kjenneteikna skulle dermed representere somme *språkleg forankra* særtrekk for den *humanistiske artikkelen* og dermed for ein type humanistisk *fagtekst* (jf. 2.1.4 ovanfor). I kva grad resultata er representative for humanistiske vitenskaplege artiklar frå andre fagområde, er det opp til vidare forskning å stadfeste eller avkrefte. Men med tanke på representativiteten til resultata meiner eg det er vonfullt at den overordna tekstoppbygginga i artiklar frå to så *ulike* humanistiske fagområde som historie og språkvitenskap er så samanfalande.

I den grad resultata er representative, skulle også viktige sider ved *sjangeren* humanistisk vitenskapleg artikkel vere påpeikte. Som nemnt i kapittel 4 (jf. 4.3.5 ovanfor) er den superstrukturelle konfigurasjonen i ein tekst truleg sjangerspesifikk. På grunnlag av analyseresultata i denne granskinga, som synleggjer slående skilnader i dei superstrukturelle konfigurasjonane mellom historiske og språkvitenskaplege artiklar på den eine sida og medisinske på den andre (jf. 6.4 ovanfor), synest det rimeleg å sjå humanistiske og naturvitenskaplege artiklar *som to ulike sjangrar*. Det må like fullt presiserast at dei superstrukturelle konfigurasjonane åleine ikkje gjev noka fullt dekkjande beskriving av ein sjanger.

7.2.2 Den naturvitenskaplege artikkelen på fagområdet medisin

Begge dei medisinske artiklane som her er djupanalyserte, og seks av dei totalt åtte i referansematerialet, er IMROD-artiklar. Analysen av LING6 har vist at det ikkje er korrekt utan vidare å assosiere prototypisk naturvitenskapleg diskurspraksis til dette tekstformatet. I den språkvitenskaplege IMROD-artikkelen vart formatet nytta mykje friare enn det det tilsynelatande blir i dei medisinske artiklane. Dette synleggjer at tekstformatet IMROD ikkje nødvendigvis eksplisiterer tekstnormene i den grad ein kan få inntrykk av. Som Skelton formulerer det, er IMROD berre eit sett overflateinstruksjonar:

The result is *a set of surface instructions* with no very profound justification, one which on the face of it treats difficult problems (the nature of significance, the definition of scientific purpose, the nature of an extensive review, and so on) as matters of editorial detail. None of the contributing editors would seriously wish to claim there was nothing more to be said on the subject, of course: but the fact is that *nothing more has been said*. (Skelton 1997: 123, mine kursiveringar)

Til sjuande og sist er det opp til artikkelforfattarane å ta stilling til korleis dei vitenskaplege problemstillingane og analyseresultata skal presenterast innanfor dette tekstformatet. I dei medisinske artiklane som er djupanalyserte her, har vi like fullt fått stadfest den tekstoppbygginga som synest å vere mest typisk for IMROD-artiklar (jf. 2.2.3 ovanfor). Det er ei tekstoppbygging som er prega av *brot*. Meir presist er tekstoppbygginga prega av ei *retorisk-strukturell todeling* der dei kommenterande avsnitta er argumenterande strukturerte, medan dei rapporterende avsnitta er deskriptivt organiserte. Inntrykket av brot i den funksjonelle tekstoppbygginga er elles ikkje berre eit resultat av at to superstrukturar på overordna nivå er *sidestilte*, det heng også saman med at dei rapporterende avsnitta gjennomført er *statisk* strukturerte. *Argumentasjonsstrategien i dei medisinske artiklane er dermed ikkje å skape mest mogeleg funksjonell samanheng i teksten, men derimot å halde ved lag skarpe skilje mellom forskingsdata og tolkinga av dei.*

Dei medisinske artiklane i referansematerialet som følgjer IMROD, er alle prega av den same strukturelle todelinga. Dette gjeld òg artiklar frå «mjukare» medisinske disiplinær som psykiatri (jf. MED7). Som det går fram av appendiks 2, gjer artikkelen MED7 greie for røynslene frå eit grupperettleiingsprosjekt i psykiatri for allmennpraktikarar. Det er dermed eksklusivt *institusjonelle fakta* denne artikkelen tek opp (jf. 2.3.4.2 ovanfor). Den strukturelle todelinga fører her til at mellommenneskelege røynslar, tankar og kjensler blir refererte som handfaste (eller meir presist «teipa») «resultat» via drøssevis av verbatim-sitat av det kursdeltakarane sa på dei ulike samlingane, t.d.: «Jeg vil anbefale kolleger å prøve». Dei fleste humanistar vil truleg kjenne seg framande overfor denne måten å referere institusjonelle fakta på.

Dei to medisinske artiklane som *ikkje* følger IMROD, er MED6 og MED8. MED6 er ein svært stutt artikkel som gjer greie for ein kasuistikk (jf. appendiks 2). Sjukdomshistoria til pasienten er klart skild ut frå meir kommenterande parti, og denne artikkelen held dermed òg ved lag ei form for todeling. MED8 er den medisinske artikkelen som skil seg skarpast ut. Denne artikkelen er klassifisert som teoretisk, og han inneheld mykje faghistorisk stoff (jf. appendiks 2). Her kan ikkje den strukturelle todelinga etablerast, og det kan òg nemnast at pseudonarrative parti dukkar opp i dei faghistoriske bolkane.

Med unntak av MED8 synest altså alle dei medisinske artiklane i referansematerialet prega av den same strukturelle todelinga. Vidare har vi sett at dei innleiande PL-strukturane i dei to djupanalyserte medisinske artiklane femner om svært små tekstmassar, og at dei dels er elliptiske. Vi har òg sett at det i MED1 var liten grad av samanheng mellom Problemkomponenten i innleiinga og Problemkomponenten i diskusjonsavsnittet. Swales refererer ei undersøking av Adams Smith 1987, som sannsynlegvis har stått overfor liknande tekststrukturar i dei medisinske artiklane ho undersøkte, for ein av konklusjonane er at innleiingane

[...] either failed to contain a recognizable *problem* or tended not to foreground it (sitert etter Swales 1990: 140, kursivering i originalen).

Dette kan dermed vere symptom på ei anna viktig side ved argumentasjonsstrategiane i medisinske artiklar: Problemstillinga blir ikkje framheva i innleiinga, det er først i diskusjonsavsnittet at ho kjem klart til syne. Av dei to djupanalyserte artiklane er det MED1 som klarast ber preg av dette. I MED5 var problemformuleringa i innleiinga svært summarisk, men problemet *vart* formulert. Blant artiklane i referansematerialet kan den same tendensen til at den Problemkomponenten i diskusjonsavsnittet responderer på, først blir presentert i sjølve diskusjonsavsnittet, påvisast i MED3, MED9 og MED10 (jf. appendiks 2).

Denne tendensen til å plassere den etter mitt syn sentrale Problemkomponenten langt ut i teksten, kan kanskje setjast i samanheng

med eit ønske om å få det til å verke som om problemstillinga spring ut av dei forskingsdata som er presenterte i dei rapporterende avsnitta. Dette er i så fall ein *kamuflasjestrategi*, for undersøkinga dei rapporterende avsnitta gjer greie for, byggjer jo nødvendigvis på ei problemstilling forfattaren/-ane har lagt til grunn a priori. Skilnadene mellom dei medisinske artiklane på den eine sida og dei historiske og språkvitskaplege på den andre er slåande her, for i dei humanistiske artiklane synest det viktig å *framheve* den problemstillinga forfattaren legg til grunn. Artikkelen HIS6, der problemreisinga held fram til det tredje hovudavsnittet i artikkelen, representerer eit godt døme på dette. Desse skilnadene i artikkelmaterialet som er ganska her, samsvarer elles bra med Bazermans observasjonar i samband med jamføringa av ein naturvitskapleg og to kultur-faglege artiklar (jf. Bazerman 1988, sjå 2.3.4.1 ovanfor).

Det som elles er interessant i det medisinske materialet, er at IMROD-formatet blir nytta i ei rekkje artiklar som *ikkje dokumenterer eksperimentell* forskning. Som det er gjort greie for i kapittel 3 (jf. 3.2 ovanfor), er det berre artikkelen MED5 som er klassifisert som eksperimentell. Dei andre IMROD-artiklane i materialet er klassifiserte som empiriske, og av appendiks 2 går det dessutan fram at dei undersøkingane det blir gjort greie for i dei rapporterende avsnitta, eigentleg ikkje er planlagde vitskaplege undersøkingar, men *røynsler ein har gjort seg over tid i t.d. klinisk praksis*. I MED1 dreier det seg, som vi har sett i analysen i førre kapittelet, om dei røynslene eit forskarteam har gjort med levertransplantasjonar ved Rikshospitalet over ti år. Av appendiks 2 går det fram at t.d. MED2 og MED10 rapporterer frå kvalitetssikringsprosjekt, og vi har ovanfor sett at MED7 beskriv eit gruppeleingsprosjekt i psykiatri.

Når den sentrale Problemkomponenten i desse artiklane ser ut til å vere plassert seint i teksten, *kan* dette etter mitt syn også henge saman med at det eigentleg ikkje er knytt spesifikke problemstillingar til innhaldet i dei rapporterende avsnitta. I MED10, som rapporterer frå eit kvalitetssikringsprosjekt som gjekk ut på å få ned forbruket av albumin ved Ullevål sykehus (jf. appendiks 2), er det eigentleg ikkje dei (gode) resultata frå dette prosjektet som står i

fokus, men snarare ein prinsipiell diskusjon om *kvifor* forbruket av albumin bør reduserast. Denne diskusjonen kunne forfattarane eigentleg ha teke uavhengig av den «undersøkinga» dei presenterer, sjølv om det sjølv sagt ikkje er noka ulempe å vise til at det lèt seg gjennomføre å få ned forbruket av det aktuelle blodproduktet. Dette må etter mitt syn vere eit symptom på kor *sterkt* IMROD – forstått som eit format som impliserer ei klar retorisk-strukturell todeling – står blant medisinarar *uavhengig* av kva type forskning dei dokumenterer.

7.2.3 Jamføring med samanhengshypotesen

Eg skal no oppsummere resultatata frå denne granskinga i lys av samanhengshypotesen. Samanhengshypotesen går ut på at harde fagområde som behandlar råfakta, har ein «positivistisk skrivestil», der forfattaren er mindre synleg, og der det er lite open argumentasjon, medan mjuke fagområde som behandlar institusjonelle fakta, er prega av open argumentasjon og av at forfattaren er ein synleg organisator av det proposisjonelle innhaldet (jf. 2.3.4.2).

Dei fagområda som er representerte i denne granskinga, har eg tidlegare plassert slik i det vitskapsteoretiske landskapet: «Medisin og historie representerer prototypiske trekk ved den vitskapsteoretiske overbyggnaden til dei vitskaplege tradisjonane dei tilhøyrrer, medan språkvitskap står fram i ein mellomposisjon, som ein slags hybrid» (jf. 3.1.3.4).

Om det skal vere noko grunnlag for samanhengshypotesen, må dette for det første seie at språkvitskaplege artiklar står i ein mellomposisjon mellom medisinsk og historisk skrivestil. Dei seks artiklane som er djupanalyserte, vart alle valde ut med tanke på at dei skulle representere faglege kjerneområde. MED7, som representerer det «mjuke» medisinske fagområdet psykiatri, var såleis uaktuell for kjernematerialet. Om det er grunnlag for samanhengshypotesen, skulle ein nemleg tru at dette ville fått systemutslag i ein artikkel som denne. Eg oppsummerer no analyseresultata i høve til samanhengshypotesen for kvart fagområde. Eg byggjer her primært på analyseresultata frå kapittel 6, men eg dreg også inn referansematerialet i ein viss mon.

Det er naturleg å ta til med fagområdet *språkvitskap*. På grunnlag av analyseresultata i kapittel 6 kan vi då raskt slå fast at samanhengshypotesen synest *svekt*. Trass i at LING6 – og dessutan ein av artiklane i referansematerialet – tek i bruk tekstformatet IMROD, er familelikskapen mellom språkvitskaplege og historiske artiklar slåande. Dei språkvitskaplege artiklane er organiserte i liknande superstrukturelle konfigurasjonar som dei historiske, har like synlege forfattarsubjekt og har på same måte som dei historiske artiklane enonsiative spor jamt spreidde ut over tekstmassen.

På fagområdet *medisin* held samanhengshypotesen stikk i høve til kjernematerialet. Artiklane MED1 og MED5 representerer faglege kjerneområde og er prega av ein objektiverande, positivistisk skrivestil med ei karakteristisk retorisk-strukturell todeling. Men om vi dreg inn referansematerialet, er samanhengen mellom fag og tekstleg uttrykk mindre klar. Artiklar som tek opp institusjonelle fakta, følgjer nemleg dei same tekstnormene. Skrivepraksisen er dermed «hard» også på «mjuke» fagområde. Berre på fagområdet *historie* ser fag og tekstleg uttrykk ut til å korrespondere i tråd med samanhengshypotesen. Alle artiklane her behandlar institusjonelle fakta og alle, så nær som éin, som er narrativt strukturert, er prega av den «humanistiske» eller «hermeneutiske» skrivestilen, dvs. synleg forfattar og open argumentasjon.

Kva er det så som forklarar at tekstnormene er slik dei er? Kvifor ser t.d. den medisinske skrivepraksisen ut til å stå i ein slags ubrotten positivistisk tradisjon? Kvifor reflekterer ikkje artikkeloppbygginga til medisinarane meir av det mangfaldet som faktisk eksisterer? Kanskje er det slik fordi den naturvitskaplege artikkelen kan følgjast over 300 år attende i historia (jf. 2.1.3 ovanfor) og dermed er ein svært etablert *sjanger* (meir etablert enn romanen, til dømes). Sjangeren blir dermed mindre sensitiv for kontekstavhengige formendingar. Meir presist kan vi oppsummere med å seie at sjangeren iallfall ikkje er særleg sensitiv for den typen kontekstuelle rammer som er behandla her, nemleg epistemologiske og ontologiske særtrekk ved dei akademiske faga. Og kvifor får ikkje dei «harde» sidene ved allmennlingvistikken systemutslag? Kanskje er den vitskaplege *identiteten* til lingvistar først og fremst knytt til den

prototypiske humanistiske forskningstradisjonen, trass i reduksjonistiske rammeverk og fokuset på allmenne språklover?

Kor som er, peiker iallfall resultatane i denne granskinga i retning av at det *ikkje* er den vitskapsteoretiske overbyggnaden til fagområdet som determinerer skrivepraksisen. Om ikkje anna så viser dei ulike skrivetradisjonane innanfor academia nettopp tekstens – eller språkets – *autonomi*. At det ikkje nødvendigvis eksisterer ein likefram samanheng mellom fagleg aktivitet på den eine sida og skrivetradisjon på den andre, er ein framifrå illustrasjon av at språk og tekst ikkje er transparente medium for den vitskaplege erkjenninga, men faktisk medspelarar i denne erkjenninga. Å lære seg vitskaplege handverk vil difor også seie å lære seg å meistre *tekstnormene* i den vitskaplege tradisjonen ein går inn i.

7.3 Framlegg til vidare forskning

Sjølv om resultatane mine har vist at vitskapsteoretiske forklaringsmodellar for skilnader i den vitskaplege diskurspraksisen kjem til kort, meiner eg likevel det er viktig å ha eit medvite tilhøve til kva *type* forskning vitskaplege sjantrar dokumenterer når ein gjennomfører tekstanalysar. Til dømes kunne det vere interessant å kartleggje tekstnormer for respektive empiriske og teoretiske artiklar på ulike fagområde med tanke på t.d. å betre skriveopplæringa ved universitet og høgskular. Eg har her, på grunnlag av dei relativt avgrensa resultatane frå mitt materiale, teke til orde for at den humanistiske og den naturvitskaplege artikkelen er to ulike sjantrar. Truleg finst det fleire subsjantrar blant dei vitskaplege artiklane.

Det har i denne granskinga vore viktig å bruke eit «nøytralt» analytisk verktøy for å få fram «positive» data både om humanistiske og naturvitskaplege artiklar. Anten ein tek utgangspunkt i eit overordna tekstomgrep som superstruktur eller i nokon av dei mikrofena eg har sett på – som t.d. kvalifiseringane – vil ein slik analyse kunne få fram samanliknbare data om t.d. vitskaplege artiklar frå andre fagområde, på andre språk eller frå andre historiske periodar. I høve til *kontrastive* tilnærmingar vil det òg vere interessant å jamføre dei superstrukturelle konfigurasjonane og/eller bru-

ken av t.d. epistemiske kvalifiseringar i andre *sakprosasjangrar*. Eg vil tru at bruken av t.d. epistemiske kvalifiseringar er ein viktig variabel i høve til den vanskelege grenseoppgangen mellom *fagteksten* og andre sakprosasjangrar.

I den analytiske tilnærminga her har elles ulike typar kvalifiseringar vorte behandla samla som indikatorar på argumenterande tekstparti. I ein annan samanheng kunne det vere interessant å studere bruken av respektive evaluative og epistemiske kvalifiseringar i norske vitskaplege artiklar frå ulike fagområde i større deltalj, slik Hunston har gjort i analysar av engelskspråkleg materiale (jf. Hunston 1994b og 2000).

I høve til dei metodiske problemstillingane som knyter seg til superstrukturomgrepet, burde «bottom-up»-tilnærminga kunne utviklast vidare ved bruk av større elektroniske korpora slik at slike tekstprofilar som eg har bygd på ved hjelp av manuell registrering, kunne genererast elektronisk. Med tanke på påvising av distribusjonen av mikrofenomen ville ein då ha både tyngre og sikrere kvantitative data (sjå òg Biber 1988).

REFERANSAR

- Adam, Jean-Michel 1990: *Eléments de linguistique textuelle. Théorie et pratique de l'analyse textuelle*. Liège: Mardaga.
- Adam, Jean-Michel 1992: *Les textes: types et prototypes. Récit, description, argumentation, explication et dialogue*. Paris: Nathan.
- Adam, Jean-Michel 1994: *Le texte narratif. Traité d'analyse pragmatique et textuelle*. Paris: Nathan.
- Adam, Jean-Michel 1999: *Linguistique textuelle. Des genres de discours aux textes*. Paris: Nathan.
- Adam, Jean-Michel og André Petitjean 1989: *Le texte descriptif. Poétique historique et linguistique textuelle*. Paris: Nathan.
- Adams Smith, Diana E. 1987: «Medical discourse: aspects of author's comment» . *The ESP Journal* 3, 25-36.
- Andersen, Øivin 1989: «Fagspråk som forskningsdisiplin (1. del)», *Hermes. Journal of Linguistics* 3, 73-98.
- Andersen, Øivin 1998: *Lingvistikk og dokumentasjonsbaserte te-sauruskonstruksjoner*. Universitetet i Bergen: HIT-senterets publikasjonsserie 1.
- Aristoteles [1987]: «Om diktekunsten» i E. Eide, A. Kittang og A. Aarseth (red): *Europeisk litteraturteori fra antikken til 1900*, 20-45. Omsett til norsk av S. Ledsaak. Bergen m.fl: Universitetsforlaget.
- Aston, Guy 1977: «Comprehending value: aspects of the structure of argumentative discourse», *Studi italiani di linguistica teorica ed applicata* 6/3, 465-509.
- Austin, John L. 1962: *How to do things with words*. Oxford: Oxford University Press.
- Bakhtin, Mikhail M. [1998]: *Spørsmålet om talegenrane*. Omsett til norsk og med etterord av Rasmus T. Slaattelid. Bergen: Ariadne.
- Banks, David 1994: «Hedges and how to trim them» i M. Brekke, Ø. Andersen, T. Dahl og J. Myking (red): *Applications and Implications of Current LSP Research. Proceedings of the 9th European Symposium on LSP*, bd. 2, 587-592. Bergen: Fagbokforlaget.

- Bazerman, Charles 1988: *Shaping written knowledge. The genre and activity of the Experimental Article in Science*. Madison: The University of Wisconsin Press.
- Benveniste, Emile 1966: *Problèmes de linguistique générale*. Paris: Gallimard.
- Berge, Kjell Lars 1988: *Skolestilen som genre: med påtvungen penn*. Lillehammer: LNU/Cappelen.
- Berge, Kjell Lars 1990: *Tekstnormers diakroni: noen ideer til en sosiotekstologisk teori om tekstnormendring*. Stockholm: MINS 33.
- Berge, Kjell Lars, Patrick Coppock og Eva Maagerø (red) 1998: *Å skape mening med språk. En samling artikler av M.A.K. Halliday, R. Hasan og J.R. Martin*. Oslo: LNU/Cappelen.
- Bhatia, Vijay K. 1993: *Analysing genre. Language Use in Professional Settings*. London: Longman.
- Biber, Douglas 1988: *Variations across speech and writing*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Blom, Kari og Knut Helle 1997: *Historie. Hva, hvordan, hvorfor. Fagdidaktisk innføring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Breivega, Kjersti R. 1994: *Skrivestrategiar i studentars tekstproduksjon. Ein analyse av superstrukturar og metadiskurs i eit utval eksamenssvar frå historie grunnfag. Upublisert hovudfag-soppgåve*. Universitetet i Bergen: Nordisk institutt.
- Breivega, Kjersti R. 1999: «Argumentasjonsstrategiar i den vitenskaplege artikkelen. Døme frå historie, lingvistik og medisin», *Nordica Bergensia* 20, 75-102.
- Breivega, Kjersti R. 2000: «Den vitenskaplege artikkelen som forskingsobjekt. Vitenskapsteoretisk forankring og tekstkonstituering: Samanheng eller samanbrot?» i T. Kinn og R. B. Brodersen (red): *Språkvitenskap og vitenskapsteori. Ti nye vitenskapsteoretiske innlegg*, 1-20. Larvik: Ariadne.
- Breivega, Kjersti R.: 2001a: «Mot ei lingvistisk forankring av superstrukturuomgrepet?» i W. Vagle og K. Wikberg (red): *New Directions in Nordic Text Linguistics and Discourse Analysis: Methodological Issues. Proceedings from the NordText Symposium, University of Oslo, January 7-9 2000*, 59-68. Oslo: Novus

- Breivega, Kjersti R. 2001b: «Enonsiativ forankring av argumenterende tekststrukturar» i K. L. Berge, K. Breivega, T. Roksvold og J. L. Tønnesson: Fire blikk på sakprosaen. Teori og praktisk analyse. Sakprosaskrifter fra prosjektmiljøet Norsk sakprosa., 83-115.
- Breivega, Kjersti R. 2001c: «Epistemic modality as part of superstructural organization in academic prose» i F. Mayer (red): Language for Special Purposes: Perspectives for the New Millennium. Vol. 2: LSP in Academic Discourse and the Fields of Law, Business and Medicine, 480-488. Göttingen: Gunter Narr.
- Breivega, Kjersti R. 2001d: «Modale uttrykksmåtar i vitenskaplege artiklar» i C. Laurén og M. Nordman (red): Från terminologisk teori till vetenskaplig kommunikation. Forskning i Norden, 16-34. Vasa universitet.
- Brekke, Magnar, Øivin Andersen, Trine Dahl og Johan Myking (red): Applications and Implications of Current LSP Research. Proceedings of the 9th European Symposium on LSP. Bergen: Fagbokforlaget.
- Brémond, C.: 1970: «Morphology of the French folktale», *Semiotica* 2, 247-276.
- Brémond, C.: 1973: *Logique du récit*. Paris: Seuil.
- Budin, Gerard (red) 1996: *Multilingualism in Specialist Communication*. Proceedings of the 10th European Symposium on Language for Special Purposes. Wien: International Network for Terminology.
- Butler, Christopher S. 1990: «Qualification in Science: Modal Meanings in Scientific Texts» i W. Nash (red): *The writing scholar*. Studies in Academic Discourse, 137-170. New Bury Park m.fl.: Sage.
- Carr, Philip 1990: *Linguistic realities. An automist metatheory for the generative enterprise*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Chomsky, Noam 1957: *Syntactic Structures*. The Hague: Mouton.
- Clemen, Gudrun 1997: «The Concept of Hedging: Origins, Approaches and Definitions» i R. Markkanen og H. Schröder (red): *Hedging and Discourse. Approaches to the Analysis of a*

- Pragmatic Phenomenon in Academic Texts, 235-248. Berlin m.fl.: Walter de Gruyter.
- Clyne, Micheal 1981: «Culture and discourse structure», *Journal of Pragmatics* 5, 61-66.
- Cortazzi, Martin og Lixian Jin 2000: «Evaluating Evaluation in Narrative» i S. Hunston og G. Thompson (red): *Evaluation in Text. Authorial Stance and the Construction of Discourse*, 102-120. Oxford: Oxford University Press.
- Couture, Barbara 1986: «Effective ideation in written text: a functional approach to clarity and exigence» i B. Couture (red): *Functional Approaches to Writing. Research Perspectives*, 69-92. London: Pinter.
- Crismore, Avon og Rodney Farnsworth 1990: «Metadiscourse in Popular and Professional Science Discourse» i W. Nash (red): *The writing scholar. Studies in Academic Discourse*, 118-136. Newbury Park m.fl.: Sage.
- Dahl, Trine 2000: Lexical cohesion-based text condensation. An evaluation of automatically produced summaries of research articles by comparison with author-written abstracts. Dr.art.-avhandling. Universitetet i Bergen/Norges handelshøyskole.
- van Dijk, Teun A. 1977: «Semantic Macro-Structures and Knowledge Frames in Discourse Comprehension» i M.A. Just og P.A. Carpenter (red): *Cognitive Processes in Comprehension*, 3-32. New York m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- van Dijk, Teun A. 1980: *Macrostructures. An Interdisciplinary Study of Global Structures in Discourse, Interaction and Cognition*. Hillsdale m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- van Dijk, Teun A. 1988a: *News as Discourse*. Hillsdale m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- van Dijk, Teun A. 1988b: *News Analysis. Case Studies of International and National News in the Press*. Hillsdale m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- Dysthe, Olga 1988: *Ord på nye spor. Innføring i prosessorientert skrivepedagogikk*. Oslo: Det norske samlaget.
- Dysthe, Olga og Jens Kjeldsen 1997a: *Skriving på hovudfagsnivå – ei universitetspedagogisk utfordring. Rapport 1*. Universitetet i Bergen. Program for læringsforskning.

- Dysthe, Olga og Jens Kjeldsen 1997b: Fagskriving og rettleiing i faget religionsvitenskap : holdningar og erfaringar blant lærarar og studentar. Rapport 5. Universitetet i Bergen. Program for læringsforskning.
- Dysthe, Olga, Frøydis Hertzberg og Torlaug Løkensgard Hoel 2000: Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning. Oslo: Abstrakt.
- Dyvik, Helge 1992: To forelesninger om lingvistikken vitenskaps-teori, bd. 1-2. Universitetet i Bergen. Institutt for fonetikk og lingvistik. Skriftserie 25. Serie B.
- Dyvik, Helge 1980/1996: Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger. Universitetet i Bergen. Institutt for fonetikk og lingvistik. Skriftserie 41. Serie B.
- Edmondson, W. 1981: Spoken Discourse. A model for analysis. London m.fl.: Longman.
- van Eemeren, Frans, Rob Grootendorst og Snoeck Henkemans 1996: Fundamentals of Argumentation Theory. A handbook of Historical Backgrounds and Contemporary Developments. Mahwah m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- Endresen, Rolf Theil 1996: «Kognitiv lingvistik og kognitiv grammatikk», Norsk lingvistisk tidsskrift 14/2, 97-103.
- Engberg, Jan 1998: Introduktion til fagsprogslingvistikken. Viborg: Systime.
- Engh, Jan 1993: «Tre forelesninger om tempus og om modalverb i norsk» Norskkrift, 80, 1-86.
- Enkvist, Nils Erik 1978: «Coherence, pseudo-coherence, and non-coherence» i J.-O. Östman (red): Reports on text linguistic: Semantics and cohesion, 109-128. Åbo: Åbo Akademi.
- Evensen, Lars Sigfred 1990:«Pointers to Superstructure in Student Writing» i U. Connor og A. M. Johns (red): Coherence in writing: research and pedagogical perspectives, 169-186. Alexandria Va.: Teachers of English to Speakers of Other Languages.
- Evensen, Lars Sigfred, Marte Engdal Halse, Torlaug Løkensgard Hoel, Rutt Trøite Lorentzen, Inge Moslet og Jon Smidt 1991: Utvikling av skriftspråklig kompetanse. Forskningsbakgrunn

- og kunnskapsutfordringer. Rapport 1 frå SKRIVE-PUFF, 2. utgåva. Trondheim: SESAM, Universitetet i Trondheim.
- Fløttum, Kjersti 1990: *La nature du résumé scolaire. Analyse formelle et informative*. Oslo: Solum.
- Fløttum, Kjersti 1998: «Teksttype og polyfoni», *Hermes. Journal of Linguistics* 20, 59-78.
- Fløttum, Kjersti 2000a: «Hvem taler i artikkelsammendragene i *Norsk lingvistisk tidsskrift?*» i Ø. Andersen, K. Fløttum og T. Kinn (red): *Menneske, språk og fellesskap. Festskrift til Kirsti Koch Christensen på 60-årsdagen 1. desember 2000*, 47-52. Oslo: Novus.
- Fløttum, Kjersti 2000b: «La dimension énonciative dans les typologies textuelles» i J. Nystedt (red): *XIV Skandinaviska romanistkongressen. Acta universitatis stockholmiensis, Romanica Stockholmiensia* 19, 523-528. Stockholm: Almqvist & Wiksell Int. (CD-ROM).
- Fløttum, Kjersti 2000c: «De la phrase au texte: un pas en arrière ou une perspective prometteuse pour la linguistique textuelle?» i A. Englebert, M. Pierrad, L. Rosier og D.V Raemdonck (red): *Actes du XXIIe Congrès International de Linguistique et de Philologie Romanes*, bd. 2, 217-222. Max Niemeyer Verlag.
- Fløttum, Kjersti 2001 (under utgj.): «Le résumé scientifique – texte monographique ou polyphonique?», *Technostyle*, Sherbrooke, Canada.
- Flyum, Karl Henrik 1996: «Når litteraturvitenskapen møter vitenskapslitteraturen - en introduksjon til amerikanske studier av naturvitenskapens litteratur: Forskingsfeltet *Relations of Literature and Science*» i E. B. Johnsen (red): *Forbildets forbilder. Norsk sakprosa. Andre bok*, 146-166. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fossestøl, Bernt 1980: *Tekst og tekststruktur. Veier og mål i tekstlingvistikken*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fossestøl, Bernt 1983: *Bindingsverket i tekster*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Frandsen, Finn 1995: «Kategoriseringsmodeller, typer av kriterier og gyldighetsområder», *Netværk LSP-SSP Nyhedsbrev* 10, 31-42.
- Frandsen, Finn 1998: «Tekst, sekvens og heterogenitet. Introduktion til J.-M. Adams teori om teksttyper», *Hermes. Journal of Linguistics* 20, 9-40.
- Frandsen, Finn 2001: «What do Members of Discourse Communities Have in Common?» i W. Vagle og K. Wikberg (red): *New Directions in Nordic Text Linguistics and Discourse Analysis: Methodological Issues. Proceedings from the NordText Symposium, University of Oslo, January 7-9 2000*, 69-78. Oslo: Novus
- Føllesdal, Dagfinn, Lars Walløe og Jon Elster 1986: *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi*, 4. utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gilje, Nils og Harald Grimen (red) 1996: *Kompendium i almen vitenskapsteori for Dr.Polit. og Dr.Art.-graden*, 4. utgåva. Bergen.
- Gnutzmann, Claus og Hermann Oldenburg 1991: «Constrative Text Linguistic in LSP-Research: Theoretical Considerations and Some Preliminary Findings» i H. Schröder (red): *Subject-oriented Texts. Languages for Special Purposes and Text Theory*, 103-136. Berlin: W. de Gruyter.
- Goffman, Erving 1974: *Frame analysis*. New York: Harper and Row.
- Grepstad, Ottar 1997: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grize, J.-B.: «Logique naturelle et explication» i *Revue européenne des sciences sociales*, 56, bd. 19. Genève: Droz.
- Gunnarsson, Britt-Louise 1987: *Facktext*. Malmö: Ord och Stil, Språkvårdsamfundets Skrifter 18.
- Halliday, Michael A. K. 1978: *Language as social semiotic: the social interpretation of language and meaning*. London: Edward Arnold.

- Halliday, Michael A. K. og Ruqaiya Hasan 1976: *Cohesion In English*. London: Longman.
- Halliday, Michael A. K. og Jim R. Martin 1993: *Writing science: literacy and discursive power*. London m.fl.: Falmer Press.
- Heidolph, Karl- Erich 1966: «Kontextbeziehungen zwischen Sätzen in einer generativen Grammatik», *Kybernetika* 2, 274-281.
- Herslund, Michael 1989: «Modality. A Presentation» i M. Herslund (red): *On modality. Papers from meetings and discussions in the linguistic circle of Copenhagen*, 7-16. København: Akademisk forlag.
- Hestmark, Geir 1998: «Når ble naturvitenskapen uleselig?» i E. B. Johnsen og T. B. Eriksen (red): *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995, bd. I*, 659-668. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hertzberg, Frøydis 1995: «Uttalte og uuttalte normer for vitenskapelig skriving» i E. B. Johnsen: *Virkelighetens forvaltere. Norsk sakprosa. Første bok*, 187-205. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hoel, Torlaug Løkensgard 1990: *Skrivepedagogikk på norsk: proessorientert skriving i teori og praksis*. LNU/Cappelen.
- Hoel, Torlaug Løkensgard 1992: *Tanke blir tekst. Skrivehjelp for studentar*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Hoey, Michael 1983: *On the Surface of Discourse*. London og Boston: George Allen & Unwin.
- Hoey, Michel 1991: *Patterns of Lexis in Text*. Oxford og New York: Oxford University Press.
- Hopper, Paul J. og Elizabeth Closs Traugott 1993: *Grammaticalization*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hunston, Susan 1994a: «Modal Meanings in the Structure of Argumentation» i M. Brekke, Ø. Andersen, T. Dahl og J. Myking (red): *Applications and Implications of Current LSP Research. Proceedings of the 9th European Symposium on LSP*, bd. 2, 619-629. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hunston, Susan 1994b «Evaluation and organization in a sample of written academic discourse» i M. Coulthard (red): *Advances in Written Text Analysis*, 191-218. London m.fl.: Routledge.

- Hunston, Susan 2000: «Evaluation and the Planes of Discourse: Status and Value in Persuasive Texts» i S. Hunston og G. Thompson (red): *Evaluation in Text. Authorial Stance and the Construction of Discourse*, 177-207. Oxford: Oxford University Press.
- Hunston, Susan og John Sinclair 2000: «A Local Grammar of Evaluation» i S. Hunston og G. Thompson (red): *Evaluation in Text. Authorial Stance and the Construction of Discourse*, 74- 101. Oxford: Oxford University Press.
- Hyland, Ken 1996: «Writing Without Conviction? Hedging in Science Research Articles», *International Journal of Applied Linguistics* 17/ 4, 433-454.
- Hyland, Ken 1998a: «Disciplinary identity in research writing: Metadiscourse and academic communities» i L. Lundquist, H. Picht og J. Qvistgaard (red): *LSP. Identity, and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th European Symposium on Language for Special Purposes*, bd. 2, 648-655. København: Copenhagen Business School.
- Hyland, Ken 1998b: *Hedging in Scientific Research Articles*. Amsterdam: John Benjamins.
- Hyland, Ken 1999: «Disciplinary discourses: writer stance in research articles» i C. Candlin og K. Hyland (red): *Writing: Texts, Processes and Practices*, 99-121. London m.fl.: Longman.
- Jacobson, Roman 1960/1974: «Lingvistik och poetik» i *Lingvistik och poetik. Litteraturvetenskapliga bidrag valda av Kurt Aspelin och Bengt A. Lundberg*, 139-179. Stockholm: Pan/Norstedts. Omsett av Östen Dahl.
- Jensen, Anders O. og Hans S. Jensen 1976: *Medicinsk Videnskabsteori*. København: Christian Ejlers.
- Kinn, Torodd 2000: «Språk som sosiale objekt og forskjellen mellom noko og inkje» i T. Kinn og R. B. Brodersen (red.): *Språkvitenskap og vitenskapsteori. Ti nye vitenskapsteoretiske innlegg*, 148-165. Larvik: Ariadne.
- Kjørup, Søren 1996: *Menneskevidenskaberne. Problemer og traditioner i humanioras videnskabsteori*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.

- Kleiber, Georges 1990: *La sémantique du prototype. Catégories et sens lexical*. Paris: Presses Universitaires de France
- Koskela, Merja 1996: Tema och rema i vetenskaplig och populärvetenskaplig text. *Acta Wasaensia* 47, *Språkvetenskap* 9. Vaasa: Universitas Wasaensis.
- Koskela, Merja 1999: «Om referenser till vetenskaplig litteratur i svenska filosofiske texter», *Nordica Bergensia* 20, 143-160.
- Koskela, Merja 2000: Svenska som filosofins språk. Vaasan yliopiston julkaisuja, *Tutkimuksia* 235, *Språkvetenskap* 38. Vaasa: Universitas Wasaensis.
- Kourilová, Magda 1994: «Some problems posed by the System of Epistemic Modality in Written Scientific Discourse" i M. Brekke, Ø. Andersen, T. Dahl og J. Myking (red): *Applications and Implications of Current LSP Research. Proceedings of the 9th European Symposium on LSP*, bd. 2, 639-646. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kuhn, Thomas S. 1970: *The Structure of Scientific Revolutions*, 2. utgåva. Chicago: The University of Chicago Press.
- Källgren, Gunnel 1979: *Innehåll i text*. Lund: Studentlitteratur.
- Labov, William [1972]: «The transformation of experience in narrative», opptrykk i A. Jaworski og N. Coupland (red) 1999: *The Discourse Reader*, 221-235. London m.fl.: Routledge.
- Labov, William og Joshua Waletzky 1967: «Narrative analysis: Oral versions of personal experience» i J. Helm (red): *Essays on the Verbal and Visual Arts*. Seattle: University of Seattle Press.
- Langacker, Ronald W 1999: «Assessing the cognitive linguistic enterprise» i T. Janssen og G. Redeker (red): *Cognitive Linguistics: Foundations, Scope, and Methodology*, 13-59. Berlin, New York: Mouton de Gruyter.
- Laurén, Christer 1993: *Fackspråk. Form, innehåll, funktion*. Lund: Studentlitteratur.
- Laurén, Christer 1999: «Den suveräne individen. En sociologs syn på det egna språkbruket», *Nordica Bergensia* 20, 161-172.
- Ledin, Per 1996: *Genrebegreppet – en forskningsöversikt*. Lund: Institutionen för nordiska språk. *Rapporter från projektet Svensk sakprosa* 2.

- Ledin, Per 1999: *Texter och textslag – en teoretisk diskussion*. Lund: Institutionen för nordiska språk. Rapporter från projektet Svensk sakprosa 27.
- Lindeberg, Ann-Charlotte 1988: *Cohesion, coherence and coherence patterns in expository and argumentative studentessays in EFL: An exploratory study*. Åbo Akademi.
- Longacre, Robert 1983: *The grammar of discourse*. New York: Plenum Press.
- Lundquist, Lita 1999: «Le factum textus: fait de grammaire, fait de linguistique ou fait de cognition?», *Langue française* 121, 56-76.
- Lundquist, L, H. Picht og J. Qvistgaard (red) 1998: *LSP. Identity, and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th European Symposium on Language for Special Purposes*. København: Copenhagen Business School.
- Luukka, Minna-Riitta og Raija Markkanen 1997: «Impersonalization as a Form of Hedging» i R. Markkanen og H. Schröder (red): *Hedging and Discourse. Approaches to the Analysis of a Pragmatic Phenomenon in Academic Texts*, 168-187. Berlin m.fl.: Walter de Gruyter.
- Lyons, John 1977: *Semantics*, bd. 1-2. Cambridge: Cambridge University Press.
- Markkanen, Raija og Harmut Schröder 1997: «Hedging: A Challenge for Pragmatics and Discourse Analysis» i R. Markkanen og H. Schröder (red): *Hedging and Discourse. Approaches to the Analysis of a Pragmatic Phenomenon in Academic Texts*, 3-18. Berlin m.fl.: Walter de Gruyter.
- Martin, Jim R. 1993: «Life as a Noun: Arresting the Universe in Science and Humanities» i M.A.K. Halliday og J.R. Martin: *Writing science: literacy and discursive power*, 221-280. London m.fl.: Falmer Press.
- Mauranen, Anna 1993: *Cultural Differences in Academic Rhetoric. A Textlinguistic Study*. Frankfurt am Main m.fl: Peter Lang.
- Mayer, Felix (red) 2001: *Language for Special Purposes: Perspectives for the New Millennium*. Göttingen: Gunter Narr.
- Myking, Johan 1999: «Norsk fagspråkforskning. Ein manglande (?) tradisjon», *Nordica Bergensia* 20, 17-62.

- Nordgård, Torbjørn og Tor A. Åfarli 1990: *Generativ syntaks. Ei innføring via norsk*. Oslo: Novus.
- Nordman, Marianne 1999: «Indviden bakom den vetenskapliga texten: exemplet Rita Liljeström», *Nordica Bergensia* 20, 173-191.
- Norsk referansegrammatikk. Jan Terje Faarlund, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nylenna, Magne og Øivind Larsen 1998: «Medisinsk sakprosa som samfunnsbygger» i E.B. Johnsen og T. B. Eriksen (red): *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995*, bd. I, 302-313. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nølke, Henning 1989: «Polyfoni. En sprogteoretisk indføring», *ARK (Sproginstitutternes Arbejdsblad Handelshøjskolen i København)*, 48.
- Nølke, Henning 1999: «Linguistique modulaire: principes méthodologiques et applications» i H. Nølke og J.-M. Adam (red): *Approches modulaires: de la langue au discours*, 17-73. Lausanne m.fl.: Delachaux et Niestlé.
- Palmer, F.R. 1986: *Mood and Modality*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Paradis, James 1987: «Montaigne, Boyle and the Essay of Experience» i G. Levine (red): *One Culture. Essays in Science and Literature*. Madison: University of Wisconsin Press.
- Pettersen, Tove 1996: *Skriv. Fra idé til fagoppgave*. Oslo: Ad Notam.
- Popper, Karl R. [1996]: «The bucket and the searchlight: two theories of knowledge» i N. Gilje og H. Grimen (red.): *Kompendium i almen vitenskapsteori for Dr.Polit. og Dr.Art.-graden*, 221-231. 4. utgåva. Bergen.
- Polanyi, Michael 1958/1962: *Personal knowledge. Towards a post-critical philosophy*. Chicago: University of Chicago Press.
- Publication Manual of the American Psychological Association*, 1994, 4. Utgåva. Washington, DC.
- Rastier, François 1989: *Sens et textualité*. Paris: Hachette.
- Roald, Jan 1986: «Om begrepet fagspråk» i T. Jacobsen, J.K. Sanaaker, S. Storelv og L. Tufte (red): *Romansk fra Vest. Festschrift til Lars Otto Grundt, Arne-Johan Henrichsen og Hans Aara-*

- as, 177-186. Særnummer av *Tribune*: skriftserie for romansk institutt, Universitetet i Bergen 2.
- Ricoeur, Paul 1980: «L'histoire comme récit» i D. Tiffeneau (red): *La Narrativité*. Paris: Éditions du Centre National de la Recherche Scientifique.
- Salager-Meyer, Françoise, Gérard Defives og Miguel Hamelynck 1996: «A diachronic study of hedges in medical English written discourse» i G. Budin (red): *Multilingualism in Specialist Communication. Proceedings of the 10th European Symposium on Language for Special Purposes*, bd. 1, 267-286. Wien: International Network for Terminology.
- Salager-Meyer, Françoise 1998: «Reference Patterns in Medical English Discourse» i L. Lundquist, H. Picht og J. Qvistgaard (red): *LSP. Identity, and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th European Symposium on Language for Special Purposes*, bd.1, 495-504. København: Copenhagen Business School.
- Schröder, Harmut 1991: «Linguistic and Text-theoretical Research on Languages for Special Purposes. A thematic and bibliographical guide» i H. Schröder (red): *Subject-oriented Texts. Languages for Special Purposes and Text Theory*, 1-48. Berlin: W. de Gruyter.
- Searle, John R. 1969: *Speech acts. An Essay on the Philosophy of Language*. Cambridge m.fl.: Cambridge University Press.
- Searle, John R. 1976: «A classification of illocutionary acts», *Language in Society* 5, 1-24.
- Searle, John R. 1995: *The construction of Social Reality*. London: Penguin Books.
- Simpson, Paul 1990: «Modality in Literary-Critical Discourse» i W. Nash (red): *The writing scholar. Studies in Academic Discourse*, 62-94. *Written Communication Annual. An International Survey of Research and Theory*, bd. 3. New Bury Park m.fl.: Sage.
- Sinclair, John M. 1982: «Planes of discourse» i S.N.A. Rizvi (red): *The Two-Fold Voice: Essays in Honour of Ramesh Mohan*, 70-91. Salzburg: University of Salzburg.

- Skelton, John 1997: «The representation of truth in academic medical writing», *International Journal of Applied Linguistics* 18/2, 121-140.
- Skjelbred, Dagrun 1992: *Elevens tekst. Et utgangspunkt for skriveopplæring*. Gjøvik: LNU/Cappelen.
- Skikk og bruk i Tidsskriftet. Hefte utgjeve av Tidsskrift for Den norske lægeforening. 1997.
- Skulstad, Aud 1997: *Established and emerging business genres: genre analyses of corporate annual reports and corporate environmental reports*. Dr.art.-avhandling. Department of English: Universitetet i Bergen.
- Stålhammar, Mall 1998: «Doctoral Dissertations in different disciplines» i L. Lundquist, H. Picht og J. Qvistgaard (red): *LSP. Identity, and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th European Symposium on Language for Special Purposes*, bd 2, 761-769. København: Copenhagen Business School.
- Swales, John M. 1990: *Genre Analysis. English in academic and research settings*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Swales, John M. 1998: *Other floors, other voices. A Textography of a Small University Building*. Mahwah m.fl.: Lawrence Erlbaum.
- Taylor, J.R. 1995: *Linguistic Categorization. Prototypes in Linguistic Theory*, 2. Utgåva. Oxford: Clarendon Press.
- Tibbo, H.R. 1992: «Abstracting across the disciplines: a content analysis of abstracts from the natural sciences, the social sciences and the humanities with implications for abstracting standards and online information retrieval», *Library and Information Science Research* 14/1, 31-56.
- Tirkkonen-Condit, Sonja 1985: *Argumentative Text Structure and Translation*, Ph.D. *Studia Philologica Jyväskyläensia* 18. Jyväskylä: University of Jyväskylä.
- Toulmin, Stephen E. 1958: *The Uses of Argument*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Vagle, Wenche, Margareth Sandvik og Jan Svennevig 1993: *Tekst og kontekst. En innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk*. Oslo: LNU/Cappelen.

- Vande Kopple, William J. 1985: «Some exploratory Discourse on Metadiscourse», *College Composition and Communication* 36/1, 82-93.
- Vassileva, Irena 1995: «Some aspects of the rhetorical structure of specialized written discourse in English, Bulgarian and Russian», *International Journal of Applied Linguistics* 5/2, 173-190.
- Vassileva, Irena 1998: «Who am I/who are we in academic writing? A contrastive analysis of authorial presence in English, German, French, Russian and Bulgarian», *International Journal of Applied Linguistics* 8/2, 163-190.
- Virtanen, Tuija 1992: «Issues of text typology: Narrative – a basic type of text?», *TEXT An interdisciplinary journal for the study of discourse* 12-1, 293-310.
- Weinrich, Harald 1973: *Le temps: le récit et le commentaire*. Paris: Seuil. Omsett frå tysk av Michele Lacoste.
- Werlich, Egon 1976/1982: *A Text Grammar of English*, 2. utgåva. Heidelberg: Quelle & Meyer.
- West, G. K. 1980: «That-nominal constructions in traditional rhetorical divisions of scientific research papers», *TESOL Quarterly* 14, 483-489.
- Wetlesen, Jon 1983: «Samtaler med tekster i lys av Gadammers hermeneutikk», *Norsk filosofisk tidsskrift* 18, 219-244.
- Wifstad, Åge 1991: *Helhetsforståelse og kommunikasjon. Filosofi for klinikere*. Universitetet i Tromsø: Institutt for Samfunnsmedisin: ISM skriftserie 18.
- Wikborg, Eleanor og Lennart Björk 1989: *Sammanhang i text. En empirisk undersökning och skrivpedagogiske konsekvenser*. Uppsala: Hallgren & Fallgren.
- Winter, E. O. 1971: «Connection in science material: a proposition about the semantics of clause relations» i *Centre for Information on Language Teaching. Papers and Reports* 7, 41-52. London: Centre for Information on Language Teaching and Research for British Association for Applied Linguistics.
- Wittgenstein, Ludvig 1967: *Philosophical Investigations*. Oxford: Basil Blackwell.

- Zuck, Joyce G. og Louis V. Zuck 1986: «Hedging in Newswriting» i A-M. Cornu, J. van Parijs, M. Delahaye og L. Baten (red): *Beads or bracelets? How do we approach LSP? Selected Papers from the Fifth European Symposium on LSP*, 172-180. Oxford: Oxford University Press.
- Øfsti, Audun 1980: *Vitenskapsteori og transcendentalfilosofi. En kritisk kommentar til Føllesdal og Walløe: «Argumentasjonsteori og vitenskapsfilosofi»*. Trondheim: Tapir.

APPENDIKS 1:

Bibliografiske opplysninger om materialet

Artiklar som er datagrunnlag for kapittel 6 (kjernematerialet), er markerte med *

10 artiklar frå Tidsskrift for Den norske lægeforening (TNL):

MED1*

Bjøro, K., E. Schrumpf, A. Bergan, A. Flatmark, Ø. Mathisen, G. Sødal, O. Søreide, T. Sanengen, R. Innes og S. Osnes: «Levertransplantasjon i Norge. Resultater etter ti års aktivitet og 114 transplantasjoner», TNL 1/1996, s. 19-24.

MED2

Sandberg, S., N. G. Christensen, M. Jevnaker, G. Thue og A. Klovning: «Analysekvalitet av hemoglobin og glukose i legepraksis. Resultater fra NOKLUS' utsendelser i 1994», TNL 1/1996, s. 25-29.

MED3

Bringeland, E.A., K. Ramstad, E. W. Nielsen, L. Andersen, W. Amundsen og T. E. Mollnes: «Reduksjon i blodforbruket ved hofteprotesekirurgi. Gjennomføring av et blodspareprogram», TNL 1/1996, s. 30-33.

MED4

Heier, H.E., D. Fugelseth, R. Lindemann og E. Qvigstad: «Blodtype O hos mor som risikofaktor for behandlingstrengende hyperbilirubinemi hos nyfødte», TNL 1/1996, s. 34-36.

MED5*

Tomten, S.E., S. Nilsson, S. E. Kjeldsen og A. S. Westheim: «Effekt av α_1 -blokade på maksimalt oksygenopptak og fysisk utholdenhet hos hypertensive menn», TNL 1/1996, s. 37-40.

MED6

Ryder, T.E., E. A. Haukeland og J. H. Solhaug: «Bilateral infrapatellar seneruptur hos tidligere frisk kvinne», TNL 1/1996, s. 41-42.

MED7

Storaas, B., J. Thesen og K. Malterud: «Gruppeveiledning i psykiatri i allmennpraksis. Prosjekt evaluert med fokusgruppemetodikk», TNL 1/1996, s. 43- 46.

MED8

Trotier, D., K. B. Døving og C. Eloit: «Vomeronasale - et gjenoppgaget sanseorgan», TNL 1/1996, s. 47-51.

MED9

Thoresen, J. E. K., R. Mårvik, Y. Sahlin og H. E. Myrvold: «Transanal endoskopisk mikrokirurgi», TNL 1/1996, s. 52-53.

MED10

Fosse, E. og H. E. Heier: «Endret bruk av albumin ved Oslos sykehus», TNL 1/1996, s. 54-56.

10 artiklar frå *Historisk tidsskrift* (HT):

HIS1

Seland, B. «Grannemøter og gardfutverv – formalisert styre i mangbølte tun», HT 3/1996, s. 303-324.

HIS2

Lie, E.: «Hva førte Norge ut av krisen i 1930-årene?», HT 3/1996, s. 325-336.

HIS3

Borgersrud, L.: «‘Er du blitt gær’n Ljungberg?’ Ordren om stille mobilisering 1940 – militærpolitisk bakgrunn og iverksettelse», HT 3/1996, s. 337-360.

HIS4*

Nedkvitne, A.: «Annales-skolen – en tradisjon i oppløsning?», HT 3/1996, s. 361-369.

HIS5

Thomassen, Ø.: «Teknologirytttere og andre cowboyer. Norsk teknologihistorisk forskning 1970-1995», HT 4/1996, s. 417-453.

HIS6*

Moseng, O. G.: «Gud, pesten, legekunsten, mottiltakene og staten. Kampen mot epidemiene som moderniseringsprosjekt», HT 4/1996, s. 454-473.

HIS7

Knutsen, P.: «Formens innhold og innholdets form: En kritikk av Hayden Whites tropologi», HT 4/1996, s. 475-495.

HIS8

Orning, H. J.: «Håkon Håkonsson, Skule Bårdsson og norsk statsdannelse i første halvdel av 1200-tallet», HT 1/1997, s. 2-19.

HIS9

Kristiansen, T.: «‘Russere ødelægge os; de berøve os vor næring...’ Norge og Russland i nord til ca. 1820», HT 1/1997, s. 20-49.

HIS10

Stensland, R. H.: «Erverv og konsesjon. A/S Bjørkaasen Gruber (Ofoten) 1917», HT 1/1997, s. 50-56.

10 artiklar frå *Norsk lingvistisk tidsskrift* (NLT):

LING1*

Johannessen, J. B.: «DENNE», NLT 1/1996, s. 3-28.

LING2

Worren, D.: «Materialgrunlaget for morsmålsordbøker», NLT 1/1996, s. 29-46.

LING3

Endresen, R. T.: «Kognitiv morfologi i eit faghistorisk perspektiv», NLT 2/1996, s. 105-141.

LING4

Enger, H. O.: «Ledeformer og *telja*-klassen», NLT 2/1996, s. 143-169.

LING5

Neset, T.: «Kasus i russisk, trekk og kognitiv grammatikk», NLT 2/1996, s. 171-188.

LING6*

Bjerkan, K. M. og H. G. Simonsen: «Prosessering av preteritumsformer i norsk: Eksperimentell evidens fra barn og voksne», NLT 2/1996, s. 189-207.

LING7

Grønvik, O.: «Tanker omkring et etterlatt manuskript av Ingerid Dal: negasjonssystemet i eldste norrønt (eddadikt og skaldekvad)», NLT 1/1997, s. 3-32.

LING8

Vangsnes, Ø.A.: «Intensiverende nominalfraser i norsk», NLT 1/1997, s. 35-51.

LING9

Fretheim, T.: «‘Enhedstryk’ (Unit Accentuation): refleksjoner med utgangspunkt i to nye bøker om dansk prosodi», NLT 1/1997, s. 53-82.

LING10

Uri, H.: «Setningsforståelse og vanskelighetsfaktorer», NLT 2/1997, s. 139-164.

APPENDIKS 2:

Klassifisering av empiriske, eksperimentelle og teoretiske artiklar

Artiklar som er datagrunnlag for kapittel 6 (kjernematerialet), er markerte med *

MED1* Empirisk

Artikkelen rapporterer om røynslene med dei levertransplantasjonane som er utførte på Rikshospitalet i ein viss periode, og argumenterer – også på grunnlag av annan medisinsk litteratur – for auka bruk av levertransplantasjonar. Den undersøkinga som blir referert, var ikkje planlagd; data er rett og slett dei levertransplantasjonane som av ymse (og – som artikkelen viser – dels inkonsistente grunnar) vart innvilga i den aktuelle tidsperioden. Artikkelen refererer altså ikkje noko eksperiment.

Data: 114 levertransplantasjonar utførte i perioden 1984-1994.

MED2 Empirisk

Artikkelen rapporterer frå eit kvalitetssikringsprosjekt, der målet var å vurdere kvaliteten på laboratorieprøver utførde på laboratorium utanfor sjukehus. Artikkelen gjev opp resultata frå ei undersøking av hemoglobin og glukose og kjem med framlegg som kan bidra til auka kvalitetssikring. Undersøkinga er planlagd, men ikkje eksperimentell.

Data: Ca. 3000 hemoglobinprøver og ca. 2500 glukoseprøver utførte i 1994.

MED3 Empirisk

Artikkelen rapporterer røynslene med reduksjon av bruken av blodoverføring ved kirurgiske inngrep ved Nordland sentralsykehus i ein viss periode og argumenterer for at dette blodspareprogrammet bør gjennomførast ved alle sjukehus. Same type undersøking som i MED1.

Data: Blodforbruk (blodoverføring) ved 323 hoftekirurgiske inngrep i perioden 1991-1994.

MED4 Empirisk

Artikkelen rapporterer ei systematisk og planlagd undersøking av kva blodtype eit utval barn fødde med behandlingstrengande hyperbilirubinemi og mødrene deira hadde, og konkluderer med at blodtype O hos mora doblar risikoen for at barnet utviklar behandlingstrengande hyperbilirubinemi (alvorleg gulsott). På dette grunnlaget blir det argumentert for blodtyping av alle gravide. Denne artikkelen rapporterer i motsetnad til MED1 og MED3 ei planlagd undersøking, men ho er ikkje eksperimentell.

Data: Blodtypen for alle nyfødde med behandlingstrengande hyperbilirubinemi ved Ullevål sykehus i 1993 og mødrene deira (162 barn og 162 mødrer).

MED5* Eksperimentell

Artikkelen refererer ei planlagd, placebokontrollert dobbeltkontrollert undersøking av kva effekt ein viss type blodtrykksmedisin har på den fysiske yteevna. 16 nøye selekterte mannlege mosjonistar med høgt blodtrykk (mild hypertensjon) vart testa (fysisk yteevne og blodtrykk) over to periodar à fire veker.

MED6 Empirisk

Artikkelen skil seg ut ved å vere ein *kasuistikk*. Han rapporterer om den vanskelege diagnostiseringen av bilateral infrapatellar seneruptur hos ein pasient utan predisponerande sjukdom (noko som altså er uvanleg) og kva behandling som vart gjeven då diagnosen til slutt var klar.

MED7 Empirisk

Artikkelen rapporterer om røynslene frå eit grupperettleiingsprosjekt i psykiatri for allmennpraktikarar. Prosjektet varte i to år og sju kommunelegar deltok. Som MED1 og MED3 refererer altså ikkje artikkelen noka planlagd undersøking, men røynsler ein har gjort over eit visst tidsrom. Artikkelen skil seg elles ut ved å referere til mellommenneskelege røynsler og tankar/kjensler. «Resultata» blir attgjevne som utsegner av typen «Jeg vil anbefale kolleger å prøve».

MED8 Teoretisk

Artikkelen skil seg òg ut blant dei medisinske. Han er ikkje bygd opp rundt ei empirisk undersøking gjennomført av artikkelforfattarane, men gjev eit oversyn over den kunnskapen ein p.t. har om sanseorganet vomeronasale. Artikkelen inneheld mykje faghistorisk stoff.

MED9 Empirisk

Artikkelen rapporterer om røynslene med ein viss operasjonsteknikk ved regionssjukehuset i Trondheim. Argumenterer for fordelane ved denne behandlingsmetoden på grunnlag av desse røynslene.

Data: 20 operasjonar av ulike typar svulstar i endetarmen utførte med transanal endoskopisk mikrokirurgi i 1994-1995.

MED10 Empirisk

Artikkelen rapporterer, som MED1, MED3, MED7 og MED9, om dei røynslene ein har gjort i ein viss tidsperiode, og dokumenterer altså inga planlagt undersøking. Artikkelen rapporterer frå eit kvalitetssikringsprosjekt der ein arbeidde for å få ned bruken av albumin ved Ullevål sykehus. I diskusjonsavsnittet møter vi ein prinsipiell diskusjon på bakgrunn av litteraturen, der det blir argumentert for kvifor albumin ikkje bør brukast.

Data: Kvanta av albumin utlevert til Ullevål sykehus kvart tertial 1991-1994. Samanlikning av tinging av albumin frå Ullevål sykehus og frå dei andre Oslo-sjukehusa ved to tidspunkt i same periode.

HIS1 Empirisk

Artikkelen behandlar formaliserte organisasjonsformer i mangbølte gardstun på 1800-talet i sør- og vestnorske område. Artikkelen drøftar i stor grad *kriteria* for inndeling av ulike organisasjonsformer og gjev i mindre grad eit riss av ei historisk utvikling over tid. Artikkelen refererer til mange historiske kjelder.

HIS2 Empirisk

Artikkelen har ei klart formulert problemformulering: «Hva førte Norge ut av krisen i 1930-årene?». Artikkelen drøftar ulike forklaringsmodellar og argumenterer for at utanrikshandelen må tilleggjast

ei større rolle enn det tidlegare forskning har hevda. Artikkelen tek i større grad stilling til forskingslitteraturen enn det HIS1 gjer.

HIS3 Empirisk

Artikkelen undersøker bakgrunnen for den stille mobiliseringa som vart sett i verk 9. april 1940 og den generelle handlingslamminga som prega norske styresmakter. Artikkelen er svært empirisk; generell forskingslitteratur er ikkje konsultert, men talrike historiske kjelder er nytta for å dokumentere bakgrunnen for situasjonen i 1940 og kva som hende dei første timane Noreg var i krig.

HIS4* Empirisk

Artikkelen komparerer to mentalitetshistoriske skuleretningar, og samanlikninga av desse skulane er dermed studieobjektet. Ein del empirisk stoff er brukt for å illustrere dei ulike skuleretningane, og artikkelen vekslar dermed mellom ulike analysenivå.

HIS5 Teoretisk

Artikkelen er metafagleg; han drøftar utviklinga i norsk teknologihistorie som disiplin i perioden 1970-1995, og er difor klassifisert som teoretisk. Artikkelen inneheld svært mange referansar til annan forskingslitteratur, men har også empiriske innslag; det blir m.a. gjort greie for oppbygginga av ein del institusjonar innanfor norsk teknologiforskning i denne perioden.

HIS6* Empirisk

Artikkelen undersøker statlege mottiltak mot pestepidemiene i Danmark-Noreg på 1300-1600-talet og argumenterer for at konsolideringa av den moderne staten (med miltærvesen og skattesystem) var ein grunnleggjande føresetnad for at situasjonen kom under kontroll, og for at ein ungjekk større demografiske krisar (lenge før legevitskapen var i stand til å bidra med noko). Mange historiske kjelder er refererte.

HIS7 Teoretisk

Artikkelen er ein kritisk gjennomgang av nokre av dei viktigaste ideane til historiografen Hayden White. Denne artikkelen er den mest teoretiske av alle dei 30 artiklane i materialet.

HIS8 Empirisk

Artikkelen argumenterer for at feiden mellom Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson i perioden 1217-1240 var ei viktig drivkraft i statsdanningsprosessen i perioden, og drøftar også Håkon Håkonssons saga sin status som historisk kjelde. Dett er ein svært kjeldekritisk artikkel.

HIS9 Empirisk

Artikkelen gjev ein analyse av tilhøvet mellom Noreg og Russland på Nordkalotten tidleg på 1800-talet og argumenterer for at konfliktnivået var mykje høgare enn det tidlegare forskning har vilja ha det til.

HIS10 Empirisk

Artikkelen er eit døme på eit historisk case-studium (singulært tilfelle) av bakgrunnen for det svenske oppkjøpet av svovelkisfabrikken Bjørkaasen i 1917. Dette er den mest empiriske av dei humanistiske artiklane.

LING1* Empirisk

Artikkelen undersøker bruksvilkåra for pronomenet denne og konkluderer med at dei er syntaktiske. Artikkelen tek stilling til mange andre forskingsresultat, og den utprøvande analysen (hypotesetestinga) av studieobjektet er heile tida den berande tematikken. Dette er lingvistisk laboratoriearbeid.

LING2 Teoretisk

Artikkelen går gjennom ulike typar ordtilfang for eittspråklege ordbøker og argumenterer for at den nye elektroniske teknologien no har gjort det mogeleg å basere nasjonalspråklege ordbøker på både skrift- og talespråk. Det blir hevda at utvikling av denne typen ordbøker er særleg nyttig i den norske språksituasjonen. Artikkelen har empiriske innslag (døme på ordboksformat- og materiale).

LING3 Teoretisk

Artikkelen er ei faghistorisk framstilling som argumenterer for fordelane med kognitiv morfologi etter å ha påvist veikskapar ved modellane «Antikk morfologi» og «Ord og paradigme». Argumentasjonen blir i stor grad underbygd av analysar av verbmorfologi (norsk, norrønt og provençalsk). Artikkelen er altså ikkje fri for

empiriske data, men den empiriske undersøkinga er ikkje hovudmålet for artikkelen.

LING4 Empirisk

Som LING3 inneheld også denne artikkelen både teoretiske drøftingar og empiriske studiar. Symptomatisk for dette er at artikkelen har ein todelt konklusjon: empirisk og teoretisk. Artikkelen er klassifisert som empirisk fordi det berande forskingsspørsmålet er kva som er leieforma i ei av dei norske verbklassane.

LING5 Empirisk

Som LING3 og LING4 inneheld også denne artikkelen både teoretiske drøftingar og empiriske studiar. Artikkelen er primært bygd opp rundt studien av det russiske kasussystemet. Resultata av denne analysen blir så drøfta i lys av kognitiv teori.

LING6* Eksperimentell

Artikkelen dokumenterer ei eksperimentell undersøking av korleis barn og vaksne tileignar seg/prosesserer preteritumsformer, og argumenterer på grunnlag av resultata av denne undersøkinga for at den typen språktileigningsmodellar som opererer med éi (og ikkje to eller fleire) lærings- og prosesseringsmekansime, er den mest plausible. Artikkelen har ein klar teoretisk overbygnad.

Data: 120 forsøkspersonar vart testa på sju grupper norske verb.

LING7 Empirisk

Artikkelen tek utgangspunkt i eit etterlate manuskript av Ingerid Dal som omhandlar suffikset -gi i norrønt. Etter ein presentasjon av Dals arbeid (som aldri vart publisert) gjev artikkelen ein analyse av negasjonssystemet i norrønt og kjem i samband med dette med ei ny forklaring på funksjonen til det omtalde suffikset. Dette er den lingvistiske artikkelen som minner mest om dei historiske fordi dette er filologi og ikkje allmenn lingvistikk.

LING8 Empirisk

Artikkelen gjev ein analyse av ein type dobbelt bestemte nominalfrasar (intensiverande nominalfrasar) i norsk. Analysen munnar ut ei drøfting av kategorien bestemtheit. Artikkelen har ein del til fel-

les med LING1; han er – om ikkje i like stor grad – prega av ei utprøvande tilnærming til stoffet.

LING9 Teoretisk

Artikkelen tek utgangspunkt i to danske bøker om prosodi, og drøftar på dette grunnlaget «enhetstryk/Unit Accentuation» i dansk og norsk. Mykje empirisk materiale er nytta for å argumentere mot den tradisjonelle danske oppfatninga av fenomenet, men artikkelen blir likevel klassifisert som teoretisk då han ikkje primært er bygd opp rundt ei undersøking gjord av forfattaren sjølv.

LING10 Eksperimentell

Artikkelen dokumenterer ei eksperimentell undersøking av korleis afatarar, Alzheimer-pasientar og normalspråklege forstår ulike setningstypar. Det viser seg at dei har problem med å forstå same typen setningar. På grunnlag av dette drøftar artikkelen – innanfor eit generativt rammeverk – kva faktorar som gjer visse setningstypar vanskelege.

Data: tre norske og fem engelske afatarar, tre Alzheimer-pasientar (norske), tre normalspråklege personar (norske) og to kontrollpersonar (éin engelsk og éin norsk) vart testa med ca. 20 setningar frå ti ulike setningstypar (t.d. passivsetningar, avkutta aktivsetningar).